HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 19.01.2016
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 12.01.16

Arnulf Goksøyr
ordførar

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/16	Protokoll frå førre møte
PS 3/16	Delegerte saker
PS 4/16	Referatsaker
PS 5/16	Servicetorget våren 2016
PS 6/16	Klage på vedtak - Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av FV 10 Moltustranda
PS 7/16	Daiva Melynyte 81/35 - Tildeling av tilleggsareal i Ferielia
PS 8/16	U.off. § 15 - Strategisk kjøp av næringsområde
PS 9/16	Høyringsuttale til regional planstrategi 2016 - 2020
PS 10/16	Detaljreguleringsplan for Stokksund B33 - Utlegging til offentleg ettersyn
PS 11/16	Interkommunalt planarbeid for kystsona - val av medlem til styringsgruppa
PS 12/16	Kommunedelplan for Herøy - avlaup 2016-2022 - utlegging til offentleg ettersyn
PS 13/16	Kommunereform 2016 - retningsval
PS 14/16	Folkerøysting om kommunereform
PS 15/16	Ekstra busetting av flyktningar i 2016 og 2017
PS 16/16	Gnr. 53 bnr. 1 Eigar: Geir og Marianne Tjervåg - elveforbygging i Tjørvågelva - vedtak distriktsdel til NVE
PS 17/16	Revidert forskrift for Søre Summøre Reinhalsverk IKS - godkjenning
PS 18/16	Val av avgiftsmodell for utbyggingsavtalar ved bustadbygging - prinsippvedtak
PS 19/16	Bulystprosjektet. Sluttrapport.

Referatsaker

RS 1/16	Melding om vedtak - Kommunereforma - intensjonsavtale med Nordfjordkommunane
RS 2/16	Samferdsel
RS 3/16	Spørmål til reglementet for godtgjersle for kommunale ombod gjeldande frå 22.10.2015
RS 4/16	SSR - Ferdigsignerte protokollar frå møta i representantskapet 5/11 og 25/11, 2015
RS 5/16	Mottak for enslige mindreårige i Herøy kommune
RS 6/16	Tilbakemelding på spørsmål om vedtakspraksis.
RS 7/16	Har kommunen tilstrekkeleg tilbod om sjukeheimsplassar i forhold til lovkrav?
RS 8/16	Vedtak i sak 35/15 frå styret i Søre Sunnmøre Landbrukskontor: Uttale frå fylkesmannen i forvaltningskontrollen.
RS 9/16	Protokoll frå styremøte 03.12.15 i Søre Sunnmøre Landbrukskontor
RS 10/16	Protokoll frå Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal den 18. november 2015

Delegerte saker frå avdelingane

DS 1/16	Sal av tomt 56/54 i Storeneset

PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/16 Protokoll frå førre møte

PS 3/16 Delegerte saker

PS 4/16 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Servicetorget

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	WM	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/43 053

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/16	Formannskapet	19.01.2016

SERVICETORGET VÅREN 2016

Tilråding:

Formannskapet ser at den reduserte bemanning er ei utfordring for drifta i Servicetorget. Opningstida for rådhuset, vert som ei prøveordning, i tida 09.00-14.00.

Dette for at Servicetorget skal kunne utføre dei arbeidsoppgåvene som er tildelt avdelinga og ha nødvendige møter i arbeidstida.

Særutskrift: Servicetorget

Saksopplysningar:
F.o.m mai 2015 har ei 100 % stilling stått ledig i Servicetorget. Ein bad ikkje om å få lyse ut denne stillinga med bakgrunn i den økonomiske situasjonen kommunen er i, men la den inn i budsjett 2016.
Ein person i 100 % stilling søkte om permisjon frå 01. januar 2016, gjeldande som oppseiing om permisjon ikkje vart gitt. Personen hadde tilbod om eit 6 mnd. prosjekt ved Høgskulen i Volda. Etter vurdering av søknaden vart det gitt permisjon.
Begge desse stillingane er tenkt å dekkje innsparingar på budsjettet for 2016.

Servicetorget som tidlegare hadde 5,5 årsverk har no 3,5 årsverk (nedgang med om lag 38 %), inkludert leiarstillinga.

2 heile stillingar kvar dag går til vakt i sentralbord og front. Det vert gjort anna arbeid i tillegg til desse funksjonane, men kapasiteten er naturleg nok redusert då betening av publikum har fokus.
Mest publikumskontakt og telefonar er det i tida 11.00-14.00.

Det er ikkje gjort endringar i arbeidsoppgåver som er lagt til Servicetorget. For 2016 ser ein desse utfordringane:

1. vil ikkje kunne klare alle dei oppgåvene som er tillagt avdelinga
2. sårbart med tanke på bemanningssituasjonen ved avvikling av ferie, avspasering, sjukdom, etc
3. slitasje på dei tilsette vil kunne påverke arbeidsmiljøet og den servicen ein skal yte. I tillegg vil det kunne føre til auka sjukefråvær.
4. vanskar med å få delta i naudsynte møter internt og interkommunale samarbeidsmøter samt å halde seg oppdatert om endringar i organisasjonen og tenester
5. kunne drive utviklingsarbeid, blant anna tilrettelegge for meir sjølvbetjening og vere med ved innføring av nytt telefonsystem

Situasjonen har vore drøfta i personalmøte for avdelinga og det er semje i at noko må gjerast for våren 2016. Alternativa som vart drøfta er:

1. opningstid 09.00- 14.00 på rådhuset alle dagar (både telefon og dører).
2. Stenge rådhuset 1 dg. pr. veke (måndag)
3. Ta inn «gratishjelp» gjennom NAV
4. redusere arbeidsoppgåvene ein gjer for avdelingane

Konklusjonen i personalmøte vart redusert opningstid i kombinasjon med at ein må vurdere å redusere arbeidsoppgåvene ein utfører for avdelingane.
Situasjonen har også vore drøfta i rådmannen si leiargruppe. Leiar må vurderer dei ulike tiltaka og så langt som mogleg unngå å svekke tilbodet til innbyggjarane vesentleg.

Personalavdelinga har fått beskjed om at Servicetorget vil kunne vurdere å ta inn person for arbeidstrenging. For at dette ikkje skal føre til for mykje meirarbeid har ein stilt nokre krav i forhold til kompetanse og kjennskap til organisasjonen.

Saka vert lagt fram for formannskapet til vurdering.

Vurdering og konklusjon:

Servicetorget er kommunen sitt ansikt ut imot publikum og det er viktig at personell i Servicetorget har energi og overskot til å yte det «lille ekstra» i kontakt med publikum. Det vil ha mykje å seie for det omdømet kommuneorganisasjonen får i lokalsamfunnet.
For å sikre dette er det viktig å ha tid til å gjennomføre dei oppgåvene ein har samtidig som ein kan delta i møter i organisasjonen og interkommunalt for å halde seg oppdatert.

Med bakgrunn i dette finn ein det mest formålstenleg at ein reduserer opningstida på rådhuset fram til 01.07.2016. Dette vil skjerme dei tilsette noko og ein vil ha arbeidsro deler av dagen. Om ein klarer alle oppgåvene som ligg til Servicetorget med dette tiltaket er usikkert og må vurderast fortløpande utover våren.

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen

Konsekvensar for beredskap:
Ingen
Konsekvensar for drift:
Arbeidstida vert den same for kvar enkelt, men tiltaket vil frigjere tid til oppdatering, sakshandsaming, personalmøter i arbeidstida og ikkje på kveldstid, samarbeidsmøter med avdelingane, m.m

Fosnavåg, 08.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Wenche Moltu
Avd.leiar

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr: Arkiv:	2013/552 L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/16	Formannskapet	19.01.2016

KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN FOR GANG- OG SYKKELVEG LANGS DELER AV FV 10 MOLTUSTRANDA

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre tek klagene frå Hugo Brathaug, Kristian Driveklepp, samt brev frå Statens Vegvesen av 26.05.2015, delvis til følgje. Godkjent reguleringsplan i k-sak 44/15 i møte av 30.04.2015, vert endra slik;

- Det blir innarbeidd offentleg avkøyrsle med tilhøyrande frisiktlinjer mellom eigedomane gnr 60 bnr 52 og 54, slik det går fram av vedlagt revidert plankart og føresegner.
- Det blir innarbeidd frisiktlinje for gangveg i krysset mot «Nygjerdevegen», slik det går fram av vedlagt revidert plankart.
- Punkt om mellombels parkering innanfor arealformålet «Annan veggrunn – tekniske anlegg» vert fjerna frå reguleringsføresegnene.

2. Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagene frå Jogeir og Inger Skorpen, Sjøsiden Eiendomsselskap AS, eller resterande deler av brev frå Statens Vegvesen Region Midt og klage frå Kristian Driveklepp og Hugo Bratthaug, inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fv 10 gjennom Moltustranda vart vedteken i møte 30.04.2015. Med unntak av det som er nemnt i punkt 1, vert klagene difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 44/15.

3. I samband med forhandlingar om kjøp av grunn til nytt veganlegg innanfor reguleringsplan, skal det søkjast å finne alternative parkeringsløysingar som kan erstatte dei parkeringsplassane som går tapt som følgje av denne reguleringsplanen.

4. Ved utbygging av ny trase for Nygjerdeveg o_V2, skal det gjerast tiltak knytt til bearbeiding av sideareala til vegen, slik at terrenget blir arrondert på ein slik måte at det ivaretek grunneigar sine interesser knytt til drift av gardsbruket og dyrehald. Løysinga skal utformast i samråd med grunneigar.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

Kristian Driveklepp
Inger og Jogeir Skorpen Hugo Brathaug
Statens Vegvesen Region Midt
Sjøsiden Eiendomsselskap AS v/ Per Helge Dybvik
Utviklingsavdelinga her,

Vedlegg:

1 Klage på vedtak
2 Merknader til plan-id 201308
3 Tilleggsopplysningar til klage
4 Klage på vedtak
5 Brev frå Statens vegvesen datert 25.02.15
6 Fv. 10 - Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda
7 Klage på vedtak - Godkjent reguleringsplan for gang- og sykkelveg FV 10 Moltustranda
8 Klage gang- og sykkelveg - FV10 gnr 60 bnr 54
9 Om gang/sykkelveg
10 Klage FV10 gnr 60 bnr 54
11 Klage på vedtak
12 Saksprotokoll
13 Plankart revidert 02.10.2015
14 Føresegner revidert 02.10.2015
15 Bileter frå synfaring
16 Bileter frå synfaring
17 Bileter frå synfaring
18 Bileter frå synfaring
19 Oversiktskart med lokalisering av planområdet M 1:10 000
20 Føresegner
21 Plankart
22 Planomtale
23 Til formannskapet vedrørende sak PS195/15.
24 Vedk ny trase for Nygjerdvegen
25 Klage på vedtak

Saksopplysningar:

Herøy kommune har utarbeidd reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs FV10 gjennom Moltustranda. Planområdet er hovudsakleg lokalisert langs fylkesveg 10, og det er i kommuneplanen frå 2015 vist gang- og sykkelveg langs vegstrekninga. Intensjonen med planforslaget er å legge til rette for løysingar som skal betre trafikktryggleiken i området, særskilt for mjuke trafikantar, slik at desse skal oppnå ein tryggare ferdsel langs hovudvegen. Strekninga er også skuleveg for barn- og unge. Planforslaget viser også eit forslag til ny og framtidsretta vegtrase for Nygjerdevegen, ei vegstrekning som er ein viktig samleveg til dei mest tettbygde delane av bustadområde på Moltustranda.

Kommunestyret i Herøy godkjende i møte den 30.04.2015 reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fv 10 gjennom Moltustranda. Det blei i K-sak 44/15 gjort følgjande vedtak:

«Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 12.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering».

Vedtak om godkjenning av reguleringsplan har vore kunngjort med 3 vekers klagefrist. Det har kome inn 5 klager på godkjenning av reguleringsplan. Desse er Hugo Brathaug (eigar av gnr 60 bnr 52), Kristian Driveklepp for grunneigar Gunnar Moltumyr (eigar av gnr 60 bnr 54), Jogeir og Inger Skorpen (eigar av gnr 60 bnr 73), Sjøsiden Eiendomsselskap AS v/Per Helge Dybvik (eigar av gnr 60 bnr 132 og 183).

Klagene er framsett skriftleg, grunngjevne og innanfor lovfesta klagefrist på 3 veker. Partane er vurdert til å ha rettsleg klageinteresse i saka og vilkåra for å behandle dette som ei klagesak blir vurdert som oppfylt. Klagene skal på vanleg måte handsamast av formannskap og kommunestyre i første instans, før evt nytt vedtak som gir ny klagerett og oversending av klager til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. Før ein går inn på sjølve klagene og handsaming av desse, finn rådmannen det naudsynt med ei oppsummering av planprosessen til no.

Formannskapet hadde saka til handsaming i møte 03.11.2015, der det blei gjennomført synfaring på Moltustranda. I etterkant av synfaring blei administrasjonen beden om å sjå på moglegheitene for å imøtekome klagene frå Rolf Moltu, Inger og Jogeir Skorpen og Sjøsiden Eigedom v/Per Helge Dybvik.

Når det gjeld klagen frå grunneigar Rolf Moltu viser rådmannen til at denne har kome etter at den lovfesta klagefristen over forvaltningsvedtaket er ute. Av omsyn til at klagen har kome inn såpass lenge etter tidsfristen var ute, vil det gi uheldig presidens for andre typer klagesaker dersom ein skal ta denne klagen opp til behandling i samband med reguleringsplanen.

Rådmannen rår til at momenta som har kome frå grunneigar Rolf Moltu, blir teke omsyn til ved utbygging, jfr. punkt 4 i tilråding til vedtak. Dette blir gjort på ein slik måte at det vil bli gjort fysiske tiltak (terrengarrondering) i samband med utbygging av den nye vegen, som skal ivareta grunneigar sine interesser knytt til gardsdrift og dyrehald. Det er lagt vekt på at ei løysing skal utformast i samråd med grunneigar.

Klagene frå Jogeir og Inger Skorpen og Per Helge Dybvik er kommentert og gjort greie for i dette saksframlegget. Av omsyn til formålet med planarbeidet, ser ein det som ikkje tilrådeleg å endre reguleringsplanen på dette punktet. Rådmannen vil likevel vise til at det i tilråding til vedtak, punkt 3, vil ein ved grunnforhandlingar (før utbygging) søkje å finne alternative parkeringsareal for dei som taper sine parkeringsplassar som følgje av denne reguleringsplanen.

Når det gjeld brev frå FAU 02.11.2015, så viser ein tilsvarande vurderingar som er gjort i høve klage frå Rolf Moltu. Klagen har kome inn lenge etter at den lovfesta klagefristen er ute, og det vil gi uheldig presidens for andre typer klagesaker dersom ein skal ta denne klagen opp til behandling i samband med reguleringsplanen.

PLANPROSESS MED REGULERINGSPLAN

Utviklingsavdelinga varsla oppstart av planarbeid med ny gang- og sykkelveg for denne vegstrekninga i juni 2013. Arbeidet med reguleringsplan for gangvegen blei sett i samanheng med reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt. Sistnemnde var ein reguleringsplan som blei godkjent i 2015. Ved oppstart av planarbeid for gangvegen blei grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentlege uttaleinstansar og lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Til den tidleg oppstartsfasen og varsling av planarbeidet kom det inn totalt 10 innspel frå offentlege og private partar. Sjøsiden Eiendomsselskap AS, Statens Vegvesen og Inger og Jogeir Skorpen kom med innspel til varsel om oppstart. Desse innspela blei kommentert og gjort greie for av kommunen i planomtalen.

I samband med utarbeiding av planforslaget blei det gjennomført eit ope informasjons- og medverknadsmøte på Moltu skule der det kom om lag 23 personar. I dette møtet informerte kommunen innleiingsvis om planarbeidet, og så blei det avslutningsvis opna for at deltakarane kunne kome med innspel og stille spørsmål til planarbeidet. Kommunen har her lagt til rette for medverknad i planarbeidet slik det følgjer av krava til saksbehandling av reguleringsplanar etter plan- og bygningslova.

Formannskapet gjorde vedtak i F-sak 144/14 om å legge planforslag ut til offentleg ettersyn. I samband med offentleg ettersyn kom det inn 7 innspel. Statens Vegvesen Region Midt kom i denne fasen med detaljert innspel til planforslaget, der dei påpeika at det måtte gjerast endringa i planforslaget med omsyn til dei krav som gjeld for arealbruk kring slike type veganlegg. Særskilt gjaldt dette areal som inngår som sideanlegg (annan veggrunn – tekniske anlegg) til fylkesvegen som følgje av vegutvidinga og krav til avkøyrsler, frisikt og føresegner rundt desse momenta.

Vidare peika vegvesenet på behovet for ei betre saman kopling med den eldre reguleringsplanen Tarberg - Moltumyr. Som følgje av innspelet frå Statens Vegvesen ved offentleg ettersyn, blei administrasjonen nøydd til å gjere endringar i planforslaget dersom ein skulle kome i mål med planarbeidet. Administrasjonen sende difor eit revidert planforslag med innarbeidde endringar på ei avgrensa høyring til dei som blei vurdert å vere råka av desse endringane. Dei omtalte endringane er nærare skildra i K-sak 44/15. Til den avgrensa høyringa kom det mellom anna innspel frå både Sjøsiden Eiendomsselskap AS og Kristian Driveklepp. Desse innspela blei behandla i samband med godkjenning av reguleringsplan i K-sak 44/15, der det går fram korleis desse innspela er vurdert. For meir detaljar og innhald i reguleringsplanen viser rådmannen til dei godkjende plandokumenta som følgjer vedlagt og saksprotokoll med kommunestyret sitt vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vil i den påfølgjande delen av saka skildre og kommentere dei 5 klagene punktvis.

1. Klage frå Hugo Brathaug, datert 14.05 og 27.05.2015

Klagar forventar eit skriftleg svar angåande motteke brev om godkjent reguleringsplan for gang og sykkelveg FV 10 Moltustranda. Hevder han har sendt inn merknad til planen innan fristen og stiller spørsmål ved kvifor den ikkje er vurdert. Brathaug ber om at merknaden blir vurdert og sendt alle råka instansar som dei andre merknadane til planen. Han viser vidare til saksprotokoll der det blir hevda at avkøyrsle er teikna inn på plankartet til eigedomane gnr 60 bnr 31 og bnr 52 og 54. Han stiller spørsmål ved kvar denne avkøyrsla er lokalisert, og ber om ei forklaring på samankopling av reguleringsplanen med den eksisterande planen for FV10 Tarberg- Moltumyr. Brathaug viser til at det i vedtatt gamal plan ligg gangveg på nordsida av vegen. Han stiller spørsmål ved kvifor ikkje den nye gangvegen kan fortsette på nordsida av vegen forbi busslomma og fram til Myrabakken. Han viser til at her er jorda på nordsida av vegen brukt til veg for pumpestasjon, og meiner at det som er igjen av dette jordstykket ikkje er til noko.

Vidare understreker klagar at han ikkje kan godta dei planane som ligg føre for ny gagnveg. At veg, grøft, gangveg skal ende heilt opp i husveggen er heilt utelukka. Han meiner dette vil medføre ein stor forringelse av eigedomen. Han viser også til at grensene i kartet er forandra. Viser til feil i skylddelingsforretning og at det er gjort kjent med eigarane av eigedom 60/54.

Vurdering av klage:

Det er ikkje praksis i saker som gjeld reguleringsplanar at kommunen informerer kvar enkelt grunneigar eller nabo om kva som skjer i planarbeidet til ei kvar tid. Arbeidet med å utarbeide reguleringsplanar er ein lovbestemt prosess som er regulert etter plan- og bygningslova (PBL). Grunneigarar og naboar blir varsla i eige brev ved oppstart av planarbeid, offentleg ettersyn og godkjenning av reguleringsplan slik dei har krav om. Dersom det er aktuelt med avgrensa høyringar som følgje av endringar i planforslag, blir grunneigarar og naboar som vert råka av desse endringane varsla i eige brev og gitt ein frist for å kome med innspel til planarbeidet. Kommunen kan ikkje sjå å ha motteke det innspelet som Brathaug viser til.

Når det gjeld klagen frå Brathaug, er det riktig slik han påpeiker, at avkøyrsla til gnr 60 bnr 31, 52 og 54 ikkje er avmerka i reguleringsplan. Denne har ved utarbeiding av planen dessverre ikkje kome med i revidert forslag blei godkjent etter avgrensa høyring. Intensjonen var her at avkøyrsla mellom eigedomane skulle vidareførast og innarbeidast i reguleringsplan. Ein vil ta denne klagen til følgje og innarbeide ei offentleg avkøyrsle med tilhøyrande frisiktslinjer mellom eigedomane gnr. 60 bnr. 52 og 54.
Reguleringsplanen som det her blir klaga over, er samankopla med ein eldre plan (Tarberg-Moltumyr) gjeldande i området ved Brathaug sin eigedom. Her møter senterlinjene til fylkesvegen kvarandre og skaper ein overgang mellom ny og eldre plan. Denne overgangen er naudsynt for å oppnå riktig linjeføring i høve vegkurvatur for ein samla fylkesveg og kan ikkje endrast utan at ein går vesentleg utover planen sitt avgrensingsområde vestover. Dette har ikkje vore tema for dette planarbeidet og ein finn, av omsyn til ovannemnde, ikkje å kunne imøtekome denne delen av klagen.

Plassering av fortau på sørsida av fylkesvegen er gjort av omsyn til ei heilskaplege vurdering. I denne vurderinga ligg hovudvekta på trafikktrygging og formålet med reguleringsplanen. Ein har vurdert det slik at eit fortau vil ha mest effekt i høve trafikktryggleiken dersom det er lokalisert på den sida av vegen med mest bebyggelse, og tettast inn mot dei som vert potensielle brukarar av dette fortauet. Eit fortau på sørsida av fylkesvegen vil medføre eit samanhengande gangvegsystem frå Moltu skule og vest til eigedom gnr. 60 bnr. 59 når reguleringsplanen blir realisert. Ved eigedom gnr. 60, bnr. 59, vert det lagt til rette for ei kryssing av fylkesvegen for dei mjuke trafikantane. Gangvegen vil her fortsette vidare vestover via planlagt løysing for gangveg i reguleringsplan for Tarberg – Moltumyr. Ei alternativ løysing vil vere å legge fortauet på nordsida av fylkesvegen, men dette er tidlegare vurdert som ei dårlegare løysing. Dette fordi ein då vil ha behov for fleire kryssingspunkt, noko som ein vurderer som negativt og uheldig av omsyn til ferdsel for mjuketrafikantar. Ei slik løysing er ikkje særleg ønskeleg av omsyn til formålet om betra trafikktryggleik langs fylkesvegen – særskilt i høve skuleveg og ferdsel for barn- og unge.

Når det gjeld planlagt forbruk av areal til nytt veganlegg frå eigedom gnr 60 bnr 52, vil dette etter reguleringsplan vere snakk om 41.5 m2. Det nye veganlegget er planlagt med følgjande breiddeløysing; annan veggrunn tekniske anlegg 2.0 meter, fortau 2.5 meter + 0.25 meter vegskulder + 3.0 m køyrebane + 3.0 m køyrebane + 0.5 meter vegskulder + 3.0 meter annan veggrunn tekniske anlegg. Arealet som det vil vere behov for til veganlegget er regulert som «annan vegrunn – tekniske anlegg» og vil inngå som sideareal til nytt fortau på sørsida av fylkesvegen. Dette er vurdert som naudsynt del offentleg trafikkareal i nytt veganlegg og for å oppnå formålet med reguleringsplanen.

Formålet med bruk av «Annan veggrunn - tekniske anlegg» er at dette arealet skal fungere som sideareal til fylkesvegen som ein del av eit samla offentlege trafikkareal. Statens Vegvesen som fagmyndigheit har stilt krav om at det på nordsida av fylkesvegen skal vere eit areal på 3.0 meter med annan veggrunn – tekniske anlegg i tilknytning til fylkesvegen Innanfor dette arealet er det, utover etablering av tekniske anlegg, tillate med etablering av grøft, vegskulder, mur og skråning. Det er føreset at nærare detaljar kring kva løysing som er mest optimal ved kvar enkelt eigedom vert avklart ved utforming av byggjeprogram for nytt veganlegg når dette skal realiserast. Ein viser til at det i reguleringsføresegnene er sakt at det her skal vere ei best mogleg tilpassing til terreng, landskap og vegetasjon. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som moglege. Vidare er det i føresegnene teke med at areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det føremålet som til liggande areal har. Avslutningsvis for klagen vil ein nemne at dei forholda som grunneigar viser til i høve retting av eigedomsgrenser for gnr 60 bnr 52 er noko som må takast opp med kommunen i eiga sak. Dette er ikkje noko som reguleringsplanen vil endre.

2. Klage frå Sjøsiden Eiendomsselskap AS, datert 22.05.2015

Hevdar han manglar informasjon frå kommunen om kva som har skjedd i saka. Har vore i kontakt med kommunen og fått informasjon om at det ikkje vil bli tillate parkering framfor huset på gnr 60 bnr 132 ved utviding av fylkesveg 10.
Klagar hevdar at parkeringsplassane har eksistert sidan huset blei bygd i 1954 og at desse blei brukt for kundar til butikken på gateplan. Butikken er no nedlagt og det er no tre leilegheiter i bygget som bruker desse parkeringsplassane. Klagar hevdar vidare at tilkomst til garasje på bnr 183 vil forsvinne slik planane ligg føre. Hevdar det ikkje er innteikna avkøyrsle til nokon av eigedomane.

Klagar viser til at planane vil føre til tap av parkeringsplassar til leilegheitene og manglande avkøyrsle til bnr 132, 183 og 44. Han hevdar dette vil sterkt forringe verdien av desse eigedomane. Det blir vist til at gnr 60 bnr 44 driv turismeverksemd og at det til dette er stort behov for parkering sidan der ofte er 4 til 5 bilar, tilhengar og bubilar. For at det skal kunne haldast fram med turisme, hevdar klagar at parkering ikkje kan forringast i det heile tatt. Klagar viser til at han i dag har ein avtale med nabo om ekstra parkering pga mangel på parkering på eige areal. Klagar hevder reguleringsplanen ikkje legg opp til ei fornuftig løysing.

Vurdering av klage:

Det er ikkje praksis i reguleringsplansaker at kommunen informerer kvar enkelt grunneigar eller nabo om kva som skjer i planarbeidet til ei kvar tid. Arbeidet med å utarbeide reguleringsplanar er ein lovbestemt prosess som er regulert etter plan- og bygningslova. Grunneigarar og naboar blir varsla i eige brev ved oppstart av planarbeid, offentleg ettersyn og godkjenning av reguleringsplan. Dersom det er aktuelt med høyring som følgje av endring i planforslag, blir grunneigarar og naboar varsla i brev og gitt ein frist for å kome med innspel til planarbeidet.

Endringar i reguleringsplan etter offentleg ettersyn medførte at ein har vore nøydd til å utvide arealet som er avsett til «anna veggrunn – tekniske anlegg» på nordsida av fylkesvegen til 3.0 meter frå regulert vegkant. Arealbehovet for dette formålet kom i brev frå Statens Vegvesen som fagmyndigheit for fylkesvegar. Arealet skal vere offentleg og inngå i veganlegget. Før reguleringsplanen blei eigengodkjent av kommunestyret, blei grunneigar varsla i eige brev gjennom ei avgrensa høyring. Klagar fekk her moglegheit til å kome med innspel til endringane innanfor ein fastsett tidsfrist, noko som ein har registrert at klagar har nytta seg av ved innsendt brev.

Innspelet som kom frå Sjøsiden Eiendomsselskap har blitt vurdert i samband med sluttbehandling av reguleringsplan. Behandling av innspelet går fram av K-sak 44/15.

Reguleringsplanen som det blir klaga på inneberer ei løysing som vil krevje om lag 40 m2 frå eigedom gnr 60 bnr 132 og 9.5 m2 får bnr 183 og 15 m2 frå bnr 44. Det nye veganlegget er planlagt med følgjande breiddeløysing; annan veggrunn tekniske anlegg 2.0 meter, fortau 2.5 meter + 0.25 meter vegskulder + 3.0 m køyrebane + 3.0 m køyrebane + 0.5 meter vegskulder + 3.0 meter annan veggrunn tekniske anlegg. Arealet som det vil vere behov for til veganlegget er regulert som «annan vegrunn – tekniske anlegg» og vil inngå som sideareal til nytt fortau på sørsida av fylkesvegen. Arealet er vurdert som naudsynt del av nytt veganlegg for å oppnå formålet med reguleringsplanen.

Formålet med bruk av «Annan veggrunn - tekniske anlegg» er at dette arealet skal fungere som sideareal til fylkesvegen som ein del av eit samla offentlege trafikkareal. Statens Vegvesen som fagmyndigheit har stilt krav om at det på nordsida av fylkesvegen skal vere eit areal på 3.0 meter med annan veggrunn – tekniske anlegg i tilknytning til fylkesvegen Innanfor dette arealet er det, utover etablering av tekniske anlegg, tillate med etablering av grøft, vegskulder, mur og skråning. Det er føreset at nærare detaljar kring kva løysing som er mest optimal ved kvar enkelt eigedom vert avklart ved utforming av byggjeprogram for nytt veganlegg når dette skal realiserast. Ein viser til at det i reguleringsføresegnene er sakt at det her skal vere ei best mogleg tilpassing til terreng, landskap og vegetasjon. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som moglege. Vidare er det i føresegnene teke med at areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det føremålet som til liggande areal har.

Klagar viser i sitt brev til at det vert drive turismeverksemd i området, noko kommunen er kjend med. Denne verksemda ligg i all hovudsak utanfor planområdet og blir soleis ikkje direkte berørt av denne reguleringsplanen. Parkeringsplassar knytt til turismeverksemda er vurderer til å ikkje kome i konflikt med dette planforslaget, då det etter observasjonar og synfaring i området kan sjå ut til at turistane parkerer bilane sine vest for den gamle videokiosken og mellom bygningane på eigedomane gnr 60 bnr 132, 183 og 53. Etter observasjonar kan det også sjå ut som om ein av leilegheitene ved i bygget på gnr 60 bnr 132 også nyttar seg av parkeringsarealet her. Parkeringsarealet knytt til turistverksemda ser ut til å ha sin tilkomst via vegen aust for den gamle videokiosken, som i reguleringsplan er teke omsyn til gjennom offentleg avkøyrsle o_V9.

Det er riktig slik klagar viser til at reguleringsplanen, slik den var godkjend, vil få negativ innverknad på parkeringsplassane framfor leilegheitsbygget på bnr 132. Av omsyn til formålet med reguleringsplan og behovet for annan veggrunn – tekniske anlegg vil ein reduksjon av formålet annan veggrunn tekniske anlegg frå 3.0 m til 1.0 meter vere i strid med det planen skal ivareta.

Etter ei samla vurdering og med tilvising til ovannemnde kan ikkje rådmannen tilrå at klagen frå Sjøsiden Eiendomsselskap AS vert tek til følgje. Parkeringsplassane på nordsida av fylkesvegen kan soleis ikkje oppretthaldast.

Med tilvising til punkt 3 i tilråding til vedtak, vil ein ved grunnforhandlingar (før utbygging) søkje å finne alternative parkeringsareal for dei som taper sine parkeringsplassar som følgje av denne reguleringsplanen.

3. Brev frå Statens Vegvesen Region Midt, datert 26.05.2015:

Det har vore avklart om brevet frå Statens Vegvesen Region Midt av 26.05.2015 skal oppfattast som ei klage. Svaret er at dette ikkje skal oppfattast som ei klage, men snarare om ei sterk oppmoding til kommunen. Med bakgrunn i dette finn ein det rimeleg å handsame dette brevet.

Vegvesenet viser til at avkøyrslene til private eigedomar frå fylkesvegen er regulert som offentlege køyrevegar. Vegvesenet har tidlegare framheva at avkøyrslene til private eigedomar må regulerast som private, og då slik at føremålsgrensa mellom offentleg vegareal og privat areal i utgangspunktet vert lagt i ein avstand på 3 m frå kant offentleg veg. Og når det gjeld avkøyrsler må det gjennom planen gå klart og eintydig fram kva eigedomar som skal knytast til dei ulike avkøyrslene.

Det blir vist til at avkøyrsle til private eigedomar bør på plankartet regulerast med avkøyrselspil og visast som illustrasjon. Det må klart og eintydig gå fram av reguleringsføresegnene at avkøyrslene skal ha ei utforming, herunder krav til frisikt, i samsvar med vegnormalen – handbok N100. Og vidare bør det gå fram av planen kva eigedomar som er knytt til dei ulike avkøyrslene/avkøyrselspunkta.

Frisiktsonene i kryss/avkøyrsle i direkte tilknyting til fylkesvegen er - etter det vi kan sjå - i all hovudsak i tråd med vegnormalen. Det bør teiknast inn siktsone i krysset mellom o GSV og f V1, jamfør punkt E.2.3 i vegnormalen. Og det bør også regulerast frisiktsiktsone i kryss/avkøyrsle knytt til det kommunale vegnettet.

I føresegnene § 6 er det teke inn ei setning som lyder slik: *«Areal vist som anna veggrunn på plankartet nord fir Fylkesvegen, kan nyttast til parkeringsareal inntil fylkesvegen er breiddeutvida».* Vegvesenet er spørjande til kva som eigentleg ligg i nemnde formulering. Endra bruk av areala innanfor planområdet, før planen er realisert, må i høve til tiltak/bruk i strid med regulert arealbruk handterast og avklarast i tråd med regelverket i plan- og bygningslova. Og spørsmål om parkering langs fylkesveg, utanom forhold som er regulert gjennom planen, må vurderast og avklarast i medhald av vegtrafikklova/ trafikkreglane. Etter dette føreset vegvesenet at setninga om parkering langs fylkesvegen vert trekt ut av framlegget til føresegner.

Statens Vegvesen rår framleis til samordning av arealbruken i reguleringsplanframlegga for gang- og sykkelveg langs fylkesvegen og bustadfeltet Myrabakken gjennom ein og same plan, fylkesvegstrekninga endrast/gjennomarbeidast i tråd med fylgjande punkt i nemnde uttale: Pkt 7: Profil /pelnummer på fylkesvegen bør leggast inn på plankartet. Pkt 8: Det bør presiserast at tiltak med legging av rør og kablar på/i vegeigedomen- /anlegg må avklarast gjennom løyve og samtykke frå vegeigar/-haldar.

Vurdering av klage:

Når det gjeld avkøyrsler; har ein vurdert det slik at reguleringsplanen vil vere mest mogleg eintydig – sett i høve arealbruk - dersom avkøyrsler viser i reguleringsplan framfor avkøyrseler som pilsymbol. Avkøyrslene vil vere meir eintydig og detaljert enn kva som vert tilfelle for piler som punktsymbol. Slik desse er vist i plan vil dei gi eit mest mogleg eintydig bilete knytt til geometrisk utforming og arealbruk. Dersom ein skal regulere inn avkøyrselspilar framfor fullverdige avkøyrsler, vil avkøyrselspilar vere meir unøyaktige i høve forbruk av areal, plassering, utforming, eigearskap etc.

Bruk av pilsymbol vil heller ikkje gi eit like eintydig bilete i plan i høve innteikna frisiktsoner. Ved at avkøyrslene er regulert som offentleg areal med tilhøyrande frisiktsoner og ligg innanfor den sona frå veg som blir definert som offentleg trafikkareal, vil avkøyrslene kunne nyttast av alle. Areal- og eigarforhold som kjem utanfor det offentleg regulerte trafikkarealet som vist i plan vil vere av privatrettsleg karakter og må avklarast mellom eigarar/rettigheitshavarar av eigedomane. Det er vidare knytt føresegner til avkøyrslene både i høve utforming og frisikt, noko som er knytt opp mot Statens Vegvesen sin vegnormal handbok N100.

På plankartet er det også teikna inn frisiktsoner til dei avkøyrslene som vedkjem fylkesvegen. Etter ei samla vurdering finn ein ikkje grunnlag for å endre på tidlegare vurdering knytt til avkøyrsler i plan.

I høve den delen av innspelet som gjeld areal til fylling-/skjering og profil/pelnummer til senterline på plankartet, kan ein ikkje sjå at gjeldande nasjonal produkt-spesifikasjon for reguleringsplanar inneheld teiknereglar som tillater kommunen å ta inn dette i plankartet. Plankartforskrifta opnar ikkje for å ta inn desse opplysningane i eit juridisk bindande plankart. Når det gjeld profilnummer/pelnummer er også dette noko som kan endre seg ved ei seinare detaljprosjektering og ein finn det som mest hensiktsmessig at ei evt prosjektering kan inneha fleksibilitet knytt til desse forholda. Punktet som vegvesenet tek opp om rør og kablar er noko ein vurderer som vert tilstrekkeleg regulert gjennom veglova sine føresegner. Ein føreset at dette blir regulert og forvalta gjennom gravemeldingstenesta som vegvesenet har. Ein finn soleis ikkje grunnlag for å ta dette inn i planforslaget.

Når det gjeld bruken av arealet «annan veggrun – tekniske anlegg» til parkeringsformål, har ein som ein del av klagebehandlinga valt å ta ut dette punktet frå føresegnene. Etter avklaringar med Statens Vegvesen vil ei slik formulering bli oppfatta som trafikkregulerande og det vil soleis ikkje vere riktig etter PBL at denne formuleringa skal vere med i reguleringsplan.

4. Klage frå Inger og Jogeir Skorpen, datert 27.05.2015

Klagar viser til at slik det går fram av plankartet vil utviding av køyrebana mot nord medføre at deira parkeringsplassar forsvinn. Dei hevdar dei vil få større problem vinterstid ved snøbrøyting, med snøsørpe og isklumper som ofte endar i både husvegg/vindauge. Klagar viser til at verdiforringelsen av deira eigedom gnr 60 bnr 73 er stor frå før (ang.kloakkutbygging) og vil bli ytterlegare større ved utviding av køyrebana. Dei opplever at ulempene blir større enn trivselen/fordelane ved å bu der. Konsekvensen av dette blir derfor å be om innløysing av deira bustadhus på eigedom gnr 60 bnr 73.

Vurdering av klage:

Rådmannen viser til at formålet med bruk av «Annan veggrunn - tekniske anlegg» er at dette arealet skal fungere som sideareal til fylkesvegen som ein del av eit samla offentlege trafikkareal. Statens Vegvesen som fagmyndigheit har stilt krav om at det på nordsida av fylkesvegen skal vere eit areal på 3.0 meter med annan veggrunn – tekniske anlegg i tilknyting til fylkesvegen Innanfor dette arealet er det, utover etablering av tekniske anlegg, tillate med etablering av grøft, vegskulder, mur og skråning. Det er føreset at nærare detaljar kring kva løysing som er mest optimal ved kvar enkelt eigedom vert avklart ved utforming av byggjeprogram for nytt veganlegg når dette skal realiserast. Ein viser til at det i reguleringsføresegnene er sakt at det her skal vere ei best mogleg tilpassing til terreng, landskap og vegetasjon. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som

moglege. Vidare er det i føresegnene teke med at areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det føremålet som til liggande areal har.

Reguleringsplanen inneberer ei løysing som vil krevje om lag 55 m2 frå eigedom gnr 60 bnr 73. Eigedomen har, etter synfaring og bildedokumentasjon, etablert 3 biloppstillingsplassar mellom fasaden til bustadhuset på eigedomen og dagens fylkesveg. Ved utforming av reguleringsplan har ein vore kjend med klagar sine interesser knytt til parkering framfor huset gjennom innspel til oppstart av planarbeid. Det er likevel slik at andre interesser har måtte få sin prioritet. Ved utarbeiding av reguleringsplan har interesser knytt til arealbehovet for ny fylkesveg gått framfor klagar sine interesser knytt til parkering på ein bestemt stad innanfor sin avgrensa eigedom. Det er vurdert at areal til annan veggrunn kan ikkje reduserast til noko mindre enn 1.0 meter i høve arealet sin funksjon. Rådmannen legg vekt på at det innanfor gnr 60 bnr 73 er moglegheiter for parkering andre stader på eigedomen. Klagar har soleis moglegheiter for å flytte parkeringsplassane lenger vekk frå fylkesvegen. Ein har registrert at klagar har oppført garasje lenger nord på tomta (nærare sjøen), og at desse parkeringsplassane har tilkomst frå fylkesvegen via offentleg avkøyrsle og gjennom den private vegen som går ned til sjøen. Ved interesseavveginga har ein lagt vekt på at grunneigar har alternative parkeringsmoglegheiter innanfor eiga tomt.
Når det gjeld ulemper som grunneigar viser til knytt til bygging av nytt kloakkanlegg, er dette ikkje noko som vedkjem reguleringsplan eller noko som denne planen har moglegheit til å gjere noko med. I forhold til dei ulempene som klagar framhevar knytt til snøbrøyting, ser ein vanskeleg korleis reguleringsplanen kan ha moglegheit til å kunne påverke desse forholda. Dette er ei problemstilling som ein vil rå klagar til å ta opp med Statens Vegvesen som myndigheit for snøbrøyting langs fylkesvegar. Ein vil soleis ikkje gå nærare inn på desse forholda i denne saka.

Det nye veganlegget er planlagt med følgjande breiddeløysing; annan veggrunn tekniske anlegg 2.0 meter, fortau 2.5 meter + 0.25 meter vegskulder + 3.0 m køyrebane + 3.0 m køyrebane + 0.5 meter vegskulder + 3.0 meter annan veggrunn tekniske anlegg. Arealet som det vil vere behov for til veganlegget er regulert som «annan vegrunn – tekniske anlegg» og vil inngå som sideareal til nytt fortau på nordsida av fylkesvegen. Arealet er vurdert som naudsynt del av nytt veganlegg for å oppnå formålet med reguleringsplanen.

Når det gjeld eventuell innløysing, vert det vist til plan- og bygningslova sitt kapittel 15. Grunneigar kan krevje innløysing og erstatning som følgje av godkjent reguleringsplan. Ev. krav om innløysing må setjast fram seinast tre år etter kunngjering av planen.

Etter ei samla vurdering og med tilvising til ovannemnde kan ikkje rådmannen tilrå at klagen frå Jogeir og Inger Skorpen vert tek til følgje. Parkeringsplassane på nordsida av fylkesvegen kan soleis ikkje oppretthaldast.

Med tilvising til punkt 3 i tilråding til vedtak, vil ein ved grunnforhandlingar (før utbygging) søkje å finne alternative parkeringsareal for dei som taper sine parkeringsplassar som følgje av denne reguleringsplanen.

5. Klage frå Kristian Driveklepp (Gunnar Moltumyr), datert 01.06.2015
Klagar viser til at sjølv om eigedom gnr 60 bnr 54 hovudsakleg ligg utanfor reguleringsområdet, er det eit krav om at eksisterande funksjonar som biloppstillingspass, garasje og generell tilkomst til eigedomen ikkje vert dårlegare

enn dagen situasjon. Klagar viser til at andre avkjørsler på planen er blitt teikna inn og gitt namn (sjå o-V1-13 og f_V1-3), men det er ikkje teikna inn for fleire av eigedomane, deriblant gnr 60 bnr 54. Klagar ber om at ei ny planteikning vert lagt fram der alle avkjørsler er tekne med, også avkjørsla til gnr 60 bnr 54, slik at det ikkje er tvil om at avkjørslene blir ivaretekne.

Vurdering av klage:

Det som vedkjem avkøyrsle er teke til følgje og vert innarbeidd i plan. Reguleringsplan vert endra slik at gnr 60 bnr 52 og 54 får ei felles avkøyrsle som dei kan nytte til fylkesvegen.

Etter ei samla vurdering og med tilvising til ovannemnde kan rådmannen tilrå at klagen frå Kristian Driveklepp vert tek til følgje. Avkøyrsle er no vist i reguleringsplan.

Avsluttande vurdering

Med bakgrunn i ovannemnde saksutgreiing viser rådmannen til at formålet med planarbeidet er betring av trafikktryggleiken i området og særskilt trygging av skuleveg for born og unge langs fylkesveg 10 gjennom Moltustranda. Rådmannen viser til at godkjend reguleringsplan blei utforma av Herøy kommune i dialog med Statens Vegvesen som fagmyndigheit for planlegging av fylkesvegar. Reguleringsplan for gangvegen blir sett i samanheng med den godkjende planen for det nye kommunale bustadfelt «Myrabakken» som skal realiserast på Moltustranda. Dei to planane grensar til kvarandre og har tekniske løysingar som må sjåast i samanheng i høve framtidig utvikling.

Statens Vegvesen har som sektormyndigheit for trafikkplanlegging vore aktive og kome med detaljerte fråsegner og brev, der det går fram ei rekkje tekniske krav til utforming av veganlegget. Desse har i all hovudsak blitt teke inn i planen.

Rådmannen viser til at løysingane for nytt veganlegg i godkjend reguleringsplan inneberer ei fortausløysing på sørsida av fylkesvegen, utviding av vegbane frå ei til to køyrebaner og tilhøyrande areal for annan veggrunn tekniske anlegg på begge sider av fylkesvegen. Løysinga med fortau på sørsida av fylkesvegen er vurdert som ein mindre arealkrevjande løysing enn kva som hadde vore tilfelle for ein fullskala gang- og sykkelveg med grøft mellom køyreareal og gangveg. Fortau som løysing for mjuke trafikantar er soleis valt med bakgrunn i ei heilskapleg vurdering. Her har det vore lagt sterk vekt på lokale forhold som t.d vegtrase, trafikkmengd, topografi, eksistrande bebyggelse, fartsgrense, skuleveg, avkøyrsler, sidevegar, parkeringsforhold m.m.

I planprosessen har vore gjennomført ei avveging av ulike interesser i reguleringsplanen. Rådmannen viser til at formålet med ein ny gang- og sykkelveg har vore vekta i høve dei ulike interessene til grunneigarar og naboar langs fylkesvegen. I løpet av høyringsperiodene har ein motteke innspel der grunneigarar og naboar sin interesser knytt til bruk av sine eigedomar har kome tydelege fram. Ein har vurdert det slik at viktigheita av å få på plass eit grunnlag for ny vegløysing,

med nytt fortau for mjuketrafikantar, betring av den generelle trafikktryggleiken i området og betre skulevegen for born og unge, har vore overordna andre interesser. Ved godkjenning av reguleringsplanen har omsynet til at dette er skuleveg blitt tungt vekta. Ein har vurdert det slik at ei styrking av barn- og unge sine rettigheiter knytt til trygg skuleveg har vore av overordna interesse, og soleis blitt vekta tyngre enn interessene til den enkelte grunneigar/nabo til fylkesvegen.

Dei lokale forholda for denne delen av Moltustranda, med til dømes orientering av bebyggelse tett inn mot fylkesvegen, gjer at bebyggelsen ber karakteristisk av å vere tett utbygd. Bustadhus ligg her plassert tett inn mot vegbana og eigedomane har eit avgrensa areal til uteopphald og parkering mellom bygningsfasadene og fylkesvegen. Særskilt gjer dette seg gjeldande på nordsida av fylkesvegen. Dei lokale tilhøva gjer det krevjande når ein skal planleggje framtidsretta trafikale løysingar med fortau, utviding av vegbane og areal til anna veggrunn – tekniske anlegg. Når ein skal gjere vegplanlegging i eit området med etablert bebyggelse tett inn mot etablert vegtrase, har det vore tenkt i retning av gateutforming som bakgrunn for valte løysingar. Tett bebyggelse inn mot vegareal gir også stor sjangs for at det kan oppstå interessekonflikter knytt til bruken av areala rundt vegen. Noko som har oppstått i dette tilfellet. På den eine sida vil den nye vegløysinga samla sett krevje meir areal frå tilgrensande eigedomar. Dette fordi at vegbana blir utvida frå ei til to køyrebaner, samt etablering av nytt foratu på sørsida og nytt areal for annan veggrunn – tekniske anlegg på nordsida av fylkesvegen. Dette vil mellom anna medføre at den nye vegløysinga vil få eit auka arealforbruk horisontalt, som igjen kjem i konflikt med etablerte private interessene knytt til utomhusareal og parkeringsforhold. På den andre sida vil grunneigarar og naboar sine interesser her vere å behalde sine etablerte løysingar knytt til parkering, uteareal og avkøyrselsforhold, noko som i enkelte tilfelle kjem i konflikt med formålet til reguleringsplanen som skal danne eit grunnlag for å betre den generelle trafikktryggleiken i området.

Gjennom utforming av reguleringsplan har ein arbeidd med å finn løysingar som, samla sett, minimaliserer inngrepa i private eigedomar langs fylkesvegen innanfor dei rammene som gjeld. Dette har ein lukkast med i mange tilfelle. Men dersom ein skal oppnå målsettinga med planarbeidet, må enkelte grunneigarar langs vegen avstå areal til det nye veganlegget. Dette vil for enkelte grunneigarar medføre ulemper i form av tapt uteareal og parkeringsplasser. Løysinga med nytt veganlegg vil på den eine sida gi ulemper for nokre av grunneigarane langs vegen i form av at desse må avstå areal, mens den på den andre sida gir fordelar for fleire brukargrupper og ålmenta ved at gangvegen vil bidra til auka trafikktryggleik langs fylkesvegen. For born og unge vil dette kunne innebere ei styrking av deira rettigheiter i lokalmiljøet, då gangvegen tilfører eit eige bilfritt areal for denne brukargruppa sin ferdsel langs fylkesvegen, som også er skuleveg. Ein ser også at veganlegget vil kunne få positive effekt knytt til folkehelse, ved at det blir lagt til rette for eit nytt ferdselsareal for turgåarar i området.

Rådmannen vil avslutningsvis vise til at det er kommunestyret som er det øvste planmynde i kommunen, jfr. PBL. § 3-2. Med heimel i plan- og bygningslova § 12-1, avgjer kommunestyret ut frå ei skjønsmessig vurdering kva for områder som skal regulerast og korleis areala skal nyttast i plansamanheng. Denne vurderinga blir gjennomført som ein planprosess med høyring av dei som har interesser i planområdet og av aktuelle fagorgan. I vurderinga vil det ofte vere motstridande interesser som gjer seg gjeldande. Under føresetnad at omsyna er saklege ut frå reguleringsmessige kriterier og alminnelege forvaltningsrettslege krav, er det opp til

kommunestyret å avgjere korleis omsyna / interessene skal vegast i saka. Innafor dei rettslege rammene for lovleg arealbruk, som er sett i PBL§§ 12-5 og 12-6 og moglegheita til å gi nærmare føresegn om utforming og bruk av areal og bygningar etter PBL § 12-7, er det kommunen si skjønnsmessige vurdering kva som er hensiktsmessig arealbruk innanfor eit avgrensa område. Denne skjønnsmessige vurderinga ligg under kommunen, som planmynde, sitt frie skjønn å fastsetje.

Slik rådmannen vurderer det går den skjønnsmessige vurderinga av saka klart og tydeleg fram av kommunestyret sitt vedtak om eigengodkjenning av detaljreguleringsplan i k-sak 44/15. Til dette høyrer det også vurdering av reguleringsplanen sitt planfagleg innhald, løysingar og vurdering av innspel som følgje av planprosessen. Ein vurderer det slik at vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan er grunngjeve, innspel er handsama og korrespondanse med offentleg partar er dokumentert. I tillegg til dette har reguleringsplanprosessen, gjennom offentlege høyringar, gitt dei som har interesse i området moglegheit til å kunne medverke i planleggingsarbeidet. I løpet av tidsavgrensa høyringsperiodar har private og offentlege partar fått moglegheit til å gjere sine interesser og synspunkt gjeldande gjennom skriftlege innspel. Alle innspel som har kome til kommunen innanfor tidsfristane har blitt behandla og vurdert i samband med godkjenning av reguleringsplanen.
Når det gjeld punkt 3 og 4 i tilråding til vedtak, så føreset rådmannen at desse punkta er knytt opp mot utbygging/realisering av veganlegget. Desse punkta er ikkje vurdert til å vere i strid med vedtatt reguleringsplan og ein ser punkta som sjølvstendige moment – politisk prinsippvedtak – som utbyggar skal ta omsyn til ved realisering av reguleringsplan.

Fosnavåg, 21.12.2015

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

Hei

Har ved fleire anledninger prøvd å få tak i deg pr telefon.

Forventer å få et skriftlig svar fra deg/dere angående brevet som er mottatt om godkjent reguleringsplan for gang og sykkelveg FV 10 Moltustranda.

Som Dere ser av vedlegg/mailen sendte eg inn ein merknad til planen innen fristen, kvifor vart ikkje den vurdert? Ber om at den blir vurdert og sendt alle berørte innstanser som de andre merknadane til planen.

2. Eigarane av 3-manns bustaden ber kostnaden med å opparbeide det aktuelle arealet slik at Ragnhild Rinde kan nytte dette som parkeringsareal, (jfr. her skriv frå Herøy kommune til partane av 3.2.03, og tilbod frå Peder Kleppe av 19.05.03. Etter som det ikkje ligg føre planar om bygging av garasje på arealet no, så må arbeidet utførast slik at det ikkje rep. fare for born og andre i området (lagde skråningar).
3. Eigarane av 3-manns bustader syter i felleskap for og kostar etter evt. intern fordeling nødvendig klargjering av garasjeareal på gnr. 81 bnr. 15 det husværet som ikkje har påstarta dette arbeidet, (gnr. 81 bnr. 16).
4. I samband med pkt. 3 så skal det gjerast ei vurdering om det er behov for grense-justering av gnr. 81 bnr. 15 for å få til ei garasjeløysing for gnr. 81 bnr. 16.
5. Gjenverande eigarandeler som Herøy kommune og Ragnhild Rinde har i fellesarealet gnr. 81 bnr. 15 vert overført til eigarane av rekkehuset slik at dei vert eineeigarar av dette. Herøy kommune ber tinglysingskostnadane.

Framdrift:

1. Herøy kommune avklarer det formelle grunnlaget i saka reguleringsmessig og økonomisk i løpet av september d.å.
2. Når slik formell avklaring er gjort så skal alle dokument klargjerast og underteiknast av partane, slik at desse kan sendast samla til tinglysing.
3. Eigarane av rekkehuset syter for å opparbeide garasjearealet i løpet av oktober d.å.
4. Når det gjeld frist for opparbeiding av garasjearealet for gnr. 81 bnr. 16, så vert dette å fastsetje av eigarane av 3-manns bustaden i fellesskap.

Fosnavåg, den 3.9.03.

Hag Jan Kleppe
Eigar av gnr. 81 bnr. 16

Karl Strømsnes
Eigar av gnr. 81 bnr. 17

Peder J. Kleppe
Eigar av gnr. 81 bnr. 18

Ragnhild Rinde
Eigar av gnr. 81 bnr. 19

For Herøy kommune

Sveri Gjerstad

ORDFØRAREN I HERØY

HERØY KOMMUNE

Formannskapet

Saksutgreiing

Saksbehandler: RM-ANLD-ANLD
Journal: 2000/001515

Dato: 01.10.03
Arkiv: 81/15

GARASJEBYGG/FELLESAREAL MM. FEIRELIA.

Som trykkt vedlegg fylgjer:

- avtale av 3.09.03

Saksdokument:
- situasjonskart
- skriv frå adv. Hovde av 18.09.03

Saka gjeld:
Handsaming av avtale som er framforhandla mellom partane og Herøy kommune slik at denne kan iverksetjast.

Saka har for kommunen to sider, den reguleringsmessige og dei økonomiske konsekvensane. Den reguleringsmessige sida vil elles bli framlagt som eiga sak.

Saksopplysningar:
Denne saka har samanheng med arealmangel etter utbyggingar på tomtene 11 og 12 i Feirelia tidleg på 90 talet. Dette har vore ei vanskeleg sak både for tomtekjøparane og for Herøy kommune som berørt part. Under arbeidet med saka så har det og kome til nye eigarar i 2 av husværa i 3-manns bustaden.

I samband med siste del av saka har elles ein av partane valt å knyte til seg advokat for å ivareta sine interesser.

Hovedinnhaldet i den no framforhandla avtalen er som fylgjer:
1. Ein mindre parsell av tomt nr. 43 vert tillagt 81/19 (eigar Ragnhild Rinde) for å løyse denne sitt parkerings- og garasjebehov.
2. Eigarane av 3-manns bustaden klargjer parsellen til parkeringsformål.
3. Herøy kommune og Ragnhild Rinde overfører sine partar av gnr. 81 bnr. 15 til eigarane av 3-manns bustaden slik at desse vert eineeigarar av denne parsellen.

Kostnadane med pkt. 1 og 3 er i foreslått dekt av Herøy kommune medan eigarane av 3 manns bustaden i fellesskap syter for at det alternative garasjearealet vert opparbeidd.

I tillegg til den inngåtte avtalen av 3.9.03 så er det innkome skriv av 18.09.03 frå adv. Hovde der han på vegne av sin klient ber om dekning av sine kostnader på kr. 4.500,- + mva. (jfr. her vedlegg).

Økonomikonsekvensar:
Ut frå avtaleteksten så inneber denne slike kostnader for Herøy kommune:

Nytt garasjeareal til gnr. 81 bnr. 19:	
Grunnavståing garasjeareal ca. 130 m2 a kr.57,50,-*	kr. 07.475,-
Oppmåling garasjeareal:	kr. 02.508,-
Tinglysing skøyte garasjeareal:	kr. 01.730,-
Skøyter:	
Skøyte fellesareal frå HK til rekkehuseigarane:	kr. 01.730,-
Skøyte fellesareal frå 81/19 til d.s.	kr. 01.730,-
Tilsaman kostnader avt.	kr. 15.173,-
Juridisk bistand:	
Jfr. her skriv frå adv. Hovde	kr. 05.580,-
Tilsaman:	kr. 20.753,-

1. Ein gjer merksam på at ein i dette oppsettet har lagt til grunn ein tomtepris på kr. 57,50 pr. m2. Dette er "kampanjepris" i Feirelia gjeldande til 31.12.03 iht. F-sak 4/03.
2. Oppmålingskostnadane er basert på 2003 satsane for tilleggsareal.
3. Tinglysingskostnadane er basert på fast avgift kr. 1480,- og dokumentavgift på kr. 250,- (dok. avg. utgjer 2,5%). Kostnad pr. skøyte vert kr. 1730,-.

Når det gjeld spørsmålet om dekning av juridisk bistand så har ein vore noko i tvil om korvidt også dette bør dekkjast av kommunen. Utfrå saka sin spesielle karakter og det forhold at adv. ikkje tok del i det avsluttande møte med partane som resulterte i den inngåtte avtalen så er ein likevel komen til at ein vil tilrå at desse kostnadane inngår i saka.

Finansiering:
Kostnadane har tilknyting til tomtesal/utbygging, og ein foreslår difor dekning over tomtefondet.

Rune Sjurgard

Roger Myklebust

Saksprotokoll frå Formannskapet

190/03 GARASJEBYGG/FELLESAREAL MM. FEIRELIA.

Sakshandsamar: Roger Myklebust - ANLD
Dato: 17.10.2003
Arkivref.: 2000/001515-22 / 81/15

Utval	Møte-dato	Utvals-saksnr.	Beh.-status	Avgjerande organ
Formannskapet	07.10.2003	190/03	BE	Ja

(Status: SK=Sakliste sendt, BE=Ferdig handsama, UT=Utsett, TB=Tilbakeført til forrige utval)

Melding vert sendt til:
-partar i saka
-andre

Dokument vedlagt saka:

Andre dokument i saka:

Klagerett:
Nei

Framlegg frå rådmannen:
1. Formannskapet godkjenner den framlagde avtalen av 3.9.03.
2. Finansiering av prosjektet vert slik:
   Avslutning garasjeløysing/fellesareal Feirelia - opp kr. 20.753,-.
   Tomtefond - ned kr. 20.753,-.

Møtebehandling:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:
1. Formannskapet godkjenner den framlagde avtalen av 3.9.03.
2. Finansiering av prosjektet vert slik:
   Avslutning garasjeløysing/fellesareal Feirelia - opp kr. 20.753,-.
   Tomtefond - ned kr. 20.753,-.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2015/1594
		Arkiv:	130

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/16	Formannskapet	19.01.2016

HØYRINGSUTTALE TIL REGIONAL PLANSTRATEGI 2016 - 2020

Tilråding:

Formannskapet oversender fylgjande uttale til regional planstrategi 2016-2020:

1. Herøy kommune er samd i dei utfordringane og moglegheitene som regional planstrategi for Møre og Romsdal tek opp. Det kunne likevel vore enno meir synleggjort utfordringar knytt til korleis fylket og kommunane skal handtere flyktningstraumen.
2. Herøy kommune er samd i dei vurderingane og tilrådingane som er gjort med unntak av det som er nemnd i punkt 3 i vår uttale.
3. Herøy kommune har fylgjande kommentar til punkt 3:

- Herøy kommune ber om at det vert utarbeidd ein «utviklingsplan for vidaregåande skular» i Møre og Romsdal.

- Herøy kommune ber om at det vert starta opp eit forarbeid på ein avgrensa regional delplan for samordna areal- og trafikkplanlegging for Søre Sunnmøre eller ytre Søre Sunnmøre.

- Herøy kommune ber om at Møre og Romsdal fylkeskommune sett av økonomiske og planfaglege ressursar til å bidra i eit arbeid med interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune,	Fylkeshuset, pb. 2500,	6404 MOLDE
Hareid kommune	Rådhusplassen 5,	6060 HAREID
Ulstein kommune	Postboks 143,	6067 ULSTEINVIK
Sande kommune		6084 LARSNES
Vanylven kommune	Rådhuset	6143 FISKÅ
Runde Miljøsenter	Rundavegen 237,	6096 RUNDE

Vedlegg
1 Regional planstrategi 2016 - 2020

Saksopplysningar:
Plan- og bygningslova (pbl) stiller krav om at fylkeskommunen minst ein gong kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, skal utarbeide ein regional planstrategi.

Planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige utviklingsmolegheiter og ta stilling til kva spørsmål som skal takast opp gjennom vidare regional planlegging.

Den regionale planstrategien skal dessutan innehalde ei oversikt over korleis dei prioriterte planoppgåvene skal følgjast opp og korleis medverknad skal sikrast i planarbeidet.

Spørsmål fylkeskommunen ønskjer avklaring på i høyringsrunden
Vi ønskjer at den enkelte høyringspart i sin uttale m.a. tek stilling til følgjande spørsmål:

1. Fangar forslaget opp dei viktigaste utfordringane og moglegheitene for Møre og Romsdal framover?
2. Er de einige i dei vurderingane og tilrådingane som blir gjort av den enkelte plan?
3. Støttar de forslaga til nye planoppgåver? (inkludert dei som fylkesutvalet foreslår i sitt vedtak)

I tillegg ønskjer vi at kommunane særskilt vurderer

- Forslaget til regional(e) delplan(ar) for samordna areal- og transportplanlegging. Vi ønskjer tilbakemeldingar på om kommunen meiner dette er aktuelt for dei, og ev. korleis dei ønskjer å medverke og kva tidsperspektiv som er realistisk.
- Forslaget om interkommunale kystsoneplanar på Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre. Også her ønsker vi tilbakemelding på om kommunen meiner dette er aktuelt for dei, og ev. korleis dei ønsker å medverke og kva tidsperspektiv som er realistisk.

Vurdering og konklusjon

Kompetanse og verdiskaping
Kompetanse er eit av fylkeskommunen sine satsingsområde i sin Fylkesplan og evne til å utvikle og trekke til oss den kompetansen arbeidslivet treng er «kanskje den viktigaste faktoren for at fylket skal lykkast over tid».

Herøy har ei utfordring når det kjem til å halde på innbyggjarane i alderen 20-39. Dette har vore og er ein trend for dei kommunane som ikkje kan tilby attraktiv

utdanning innan si eiga kommunegrense. Unge Herøyværingar som er ferdig på vidaregåande skular (eller før vidaregåande skule) søkjer seg i stor grad vekk frå kommunen for å utdanne seg vidare eller søkje seg jobb andre stadar.

For dei som ynskjer å gå rett inn i arbeidslivet etter vidaregåande har Herøy kommune eit godt tilbod med Herøy vidaregåande skule (HVS) som tilbyr yrkesfag innan *bygg- og anleggsteknikk*, *helse- og oppvekstfag*, *restaurant- og matfag*, *naturbruk* og *teknikk og industriell produksjon*. Herøy kommune har historisk sett hatt mange, særleg gutar, som søkjer seg inn på naturbruk og satsar på ei yrkesretning innan fiske og fangst.

Det er i dag ei sterk kopling mellom det maritime miljøet og HVS, men denne kan bli enno betre og vidareutviklast gjennom aktiv bruk og opplæring i samarbeid med bla. Fosnavåg Ocean Academy. Andre næringar kan også med fordel utvikle eit tettare samarbeid med HVS for å synleggjere verdiskapinga i næringa og auke rekrutteringa. Herøy kommune saknar ei sterkare profilering av Herøy vidaregåande skule sine tilbod innan yrkesretta fag.

Herøy kommune støttar fylkeskommunen sine tankar om ei sterkare kopling mellom satsingsområda «kompetanse» og «verdiskaping» og Herøy kommune har sjølv eit satsingsområde i Kommuneplanen sin samfunnsdel som heiter «kompetanse og næringsutvikling» då vi meiner dette må sjåast i samanheng.

Rådmannen meinar det vil vere viktig at fylket som er eigar og drivar av Herøy vidaregåande skule opprettheld tilbodet då den representerer ei direkte kjelde til arbeidskraft som regionen har behov for. Skulen må gjevast prioritet og satsast på der faglinjer må vere oppdaterte både med omsyn til oppdaterte fagplanar og tekniske hjelpemiddel. Ein oppdatert skuleplan for vidaregåande skular vil vere viktig at den er synleggjort ut til kommunane.

Samordna areal- og transportplanlegging på Søre Sunnmøre
Rådmannen ser det som tenleg at det vert utarbeidd eigen «regional/interkommunal areal- og transportplan» for Søre Sunnmøre eller avgrensa til ytre Søre Sunnmøre. Regional delplan for attraktive byar og tettstadar trekk også fram at det ligg store utfordringar i regionen i forhold til senterstruktur då denne regionen har ein polysentrisk senterstruktur med fire sjølvstendige «delregionsenter» i Volda, Ørsta, Ulsteinvik og Fosnavåg.

Ein regional delplan eller interkommunal plan for areal- og transportplanlegging er forankra i Herøy kommune sin samfunnsdel. Utdrag frå Samfunnsdelen:
For eit lokalsamfunn som Herøy er den daglege mobiliteten strategisk viktig for dei busette i kommunen. Kommunikasjonsaksane inn og ut av kommunen og i regionen bør samsvare best med aksane som styrkar komplementariteten for kommunane. Sagt på ein annan måte så bør ein styrkje kommunikasjonen mellom dei Kommunane som utfyller kvarandre best og gjere det lettare å pendle mellom kommunane.

Gode vegsamband i kommunen, mellom kommunane og i regionane vil vere med på å skape ein meir attraktiv arbeid-, bu- og serviceregion på Søre Sunnmøre. Herøy kommune ser derfor nytta av å samarbeide i kommunale og interkommunale prosjekt for å fremje vegsamband som vil betre kommunikasjonen i kommunen og i regionen.

Integrering og asylpolitikk
Rådmannen meiner fylkeskommunen bør ta initiativ til å vidareføre integrerings- og inkluderingsprosjekt i Møre og Romsdal som td. Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein. Det er innvandringa som gir vekst i mange av kommunane i fylket og det er derfor særleg viktig å satse på integrering og inkludering både på eit regionalt og lokalt nivå. Med den auken vi ser i antal asylsøkjarar i dag vil det vere viktig å ta med dette i vidare satsing.

Planarbeid knytt til integrering og inkludering er forankra i Herøy kommune sin samfunnsdel. Utdrag frå Samfunnsdelen:
Herøy kommune ynskjer å liggje langt framme i arbeidet med inkludering og ynskjer å vere ei føregangskommune som er kjend for å ta vare på sine innbyggjarar og vere eit samfunn som kjenneteiknast av å vere ope, raust og tolmodig mot sine medmenneske.

Interkommunal kystsoneplan
Med bakgrunn i prosjekt med marine grunnkart som er i avslutningsfasen ser den fungerande arbeidsgruppa(med medlemmer frå alle dei fem kommunane) det som eit naturleg steg vidare å utarbeide ein interkommunal kystsoneplan. Det må avklarast på kva plannivå kystsoneplanen skal vere(kommunedelplan eller temaplan) og tidsperspektivet på planarbeidet. Vi kan estimere at det truleg vil bli brukt to år på forarbeid/grunnlagsdata(tekst og enkle kartutsnitt) og påfølgande eitt år med utarbeiding av kystsoneplanane(plankart, føresegner, planomtale mm.).

Rådmannen meiner fylkeskommunen må vere engasjert i alle delar av prosjektet og ta størstedelen av kostnadane. Bakgrunnen for dette er at kommunane har teke initiativ til eit prosjekt knytt til marine grunnkart som har utvikla seg til eit spanande, innovativt arbeid som set ytre Søre Sunnmøre på kartet knytt til eit nasjonalt og internasjonalt banebrytande prosjekt. Sunnmøre vil, når karta er publisert i 2016, få ein unik posisjon i forhold til bruk av nøyaktige marine grunnkart til forsking og næringsutvikling som fylkeskommunen bør støtte.

Konklusjon:
1. Herøy kommune er samd i dei utfordringane og moglegheitene som regional planstrategi for Møre og Romsdal tek opp. Det kunne likevel vore enno meir synleggjort utfordringar knytt til korleis fylket og kommunane skal handtere flyktningstraumen.
2. Herøy kommune er samd i dei vurderingane og tilrådingane som er gjort med unntak av det som er nemnd i punkt 3 i vår uttale.
3. Herøy kommune har fylgjande kommentar til punkt 3:

- Herøy kommune ber om at det vert utarbeidd ein offentleg «utviklingsplan for vidaregåande skular».
- Herøy kommune ber også om at det vert starta opp eit forarbeid på ein avgrensa regional delplan for samordna areal- og trafikkplanlegging for Søre Sunnmøre eller ytre Søre Sunnmøre.
- Herøy kommune ber om at Møre og Romsdal fylkeskommune sett av økonomiske og planfaglege ressursar til å bidra i eit arbeid med interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre.

Fosnavåg, 21.12.2015

Olaus-Jon Kopperstad Jarl Martin Møller

Rådmann Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

RPS Regional planstrategi

Møre og Romsdal | **2016 - 2020**

Møre og Romsdal fylkeskommune

UTKAST

Regional planstrategi
for Møre og Romsdal | **2016 - 2020**

Innhald

		Side
1.	**Regional planstrategi som verktøy for regional utvikling**	**4**
	Krav i plan- og bygningslova	4
	Ulike plantypar	4
	Prosess og medverknad	5
2.	**Rammer for den regionale planlegginga**	**6**
	Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging	6
	Forventingar til planprosessar	6
	Forventingar til planoppgåver	6
	Nye retningslinjer og strategiar frå staten	6
	Andre nasjonale føringar	7
	Regionreform og kommunereform	8
	Regionreform	8
	Kommunereform	9
	Økonomiske rammer	9
3.	**Utfordringar, moglegheiter og planar**	**10**
3.1	Bulyst, inkludering og sentrumsutvikling	10
	Utfordringar og moglegheiter	10
	Planar	11
3.2	Kultur- og fritidstilbod	12
	Utfordringar og moglegheiter	12
	Planar	13
3.3	Kompetanse	14
	Utfordringar og moglegheiter	14
	Planar	14
3.4	Verdiskaping	15
	Utfordringar og moglegheiter	15
	Planar	15
3.5	Samferdsel	18
	Utfordringar og moglegheiter	18
	Planar	19
3.6	Oppvekstvilkår, folkehelse og tannhelse	22
	Utfordringar og moglegheiter	22
	Planar	23
3.7	Areal og naturressursar	24
	Utfordringar og moglegheiter	24
	Planar	25
4.	**Prioriterte område for regional planlegging**	**30**
	Prioriterte nye planoppgåver	30
	Planar som er starta opp og skal fullførast	31
	Gjeldande planar som skal vidareførast uendra	32
	Svar på nasjonale forventingar	33

Planlegging krev godt samarbeid

I Regional planstrategi 2016-2020 skal vi prioritere kva planar som trengst for å utvikle Møre og Romsdal dei neste fire åra. Dokumentet summerer opp dei største utfordringane og moglegheitene, og vurderer kva planar vi treng for å møte desse. Her får du oversikt over kva planar fylkeskommunen alt har, og forslag til nye planar.

Formålet med planane er å få til ei utvikling av samfunnet som er ønskt – ikkje tilfeldig. Gjennom planlegginga skal vi bli einige om kva vi treng og ønsker oss *mest*. I forslag til Regional planstrategi 2016¬-2020 er det teke utgangspunkt i følgjande målsettingar:

- Gode og inkluderande lokalsamfunn og byar
- Godt og breitt kultur- og fritidstilbod
- God og tilstrekkeleg kompetanse
- God konkurransekraft og nyskaping
- Gode og samfunnsutviklande samferdselsløysingar
- Gode oppvekst- og levekår
- God miljømessig berekraft

Ein føresetnad for å nå desse måla, er at vi får til godt samarbeid – på tvers av sektorar, geografiske område og forvaltingsnivå. Ein viktig del av planane er derfor å avklare korleis vi i Møre og Romsdal skal arbeide saman for å nå den ønskte utviklinga.

Det å få til godt samarbeid er kjernen i fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør, og det ligg til grunn for visjonen om å vere «ein tydeleg medspelar».

Det er ein tøff konkurranse internasjonalt og nasjonalt om folk, kompetanse og arbeidsplassar. Vi i Møre og Romsdal må sameine kreftene i det som må karakteriserast som ei reformtid. Samarbeid er ein føresetnad for å nå gjennom hos nasjonale styresmakter på dei sakene som er viktige for innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og andre aktørar i Møre og Romsdal.

Samarbeid – og planlegging – er òg nøkkelen til god bruk av dei samla ressursane i fylket.

1 Regional planstrategi som verktøy for regional utvikling

Krav i plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova (pbl) krev at fylkeskommunen skal utarbeide ein regional planstrategi i kvar valperiode, seinast eitt år etter konstituering. Regional planstrategi er no det einaste obligatoriske elementet for planlegging på regionalt nivå.

Regional planstrategi (RPS) er eit overordna dokument som viser kva planoppgåver Møre og Romsdal skal prioritere i åra 2016–2020 for å møte dei viktigaste utfordringane og moglegheitene. Fylkesutvalet vedtok i februar 2015 å begynne arbeidet med ny RPS (sak U-20/15).

Regional planstrategi er eit verktøy for å fremme heilskapleg og målretta regional planlegging. Ifølge plan- og bygningslova § 7-1 skal RPS innehalde

- ei utgreiing av viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar
- ei vurdering av langsiktige utviklingsmoglegheiter
- ei prioritering av spørsmål for vidare regional planlegging
- ei oversikt over prioriterte planoppgåver
- eit opplegg for medverknad i planarbeidet

Den regionale planstrategien skal ta utgangspunkt i samfunnsutviklinga i brei forstand. Det blei våren 2015 utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag som ligg til grunn for forslaget til regional planstrategi.

RPS skal òg innehalde ei oversikt over korleis dei prioriterte planoppgåvene skal følgjast opp, og kven som skal medverke i planarbeidet. Planstrategien skal gjere greie for formål med planane, problemstillingar som skal takast opp i den enkelte planen, og organisering og gjennomføring av planarbeidet.

Ulike plantypar

Den regionale planstrategien skal avklare kva planar som skal avviklast, vidareførast eller reviderast, og identifisere område der det er behov for nye planar eller strategiar. Innanfor regional planlegging opererer vi med ulike plannivå:

1. Planar som blir utarbeidde etter prosesskrava i plan- og bygningslova, blir kalla regionale planar eller regionale delplanar. I Møre og Romsdal blir den overordna regionale planen kalla Fylkesplan for Møre og Romsdal. Prosesskrava er omfattande – det er krav til planprogram og høyringar og nokre gonger også til konsekvensutgreiingar. Det er spesifikke krav til medverknad og offentleg ettersyn. Regionale planar skal ha eit handlingsprogram med tiltak som skal rullerast årleg. (Kommunal- og moderniseringsdepartementet har varsla at formuleringa skal endrast til «bør» her.)

Planprosessen etter krava i plan- og bygningslova



2. I tillegg utarbeider fylkeskommunen ei rekke temaplanar, sektorplanar og strategidokument for ulike område. Desse er ikkje heimla i plan- og bygningslova, men kan vere forankra i for eksempel særlover, stortingsmeldingar og fylkespolitiske vedtak. Dei kan ha ulike nemningar – som fagmelding, strategi eller kunnskapsgrunnlag. Her er prosess og oppfølging mindre omfattande. Desse planane skal vere knytte til eit handlingsprogram i fylkesplanen og blir følgde opp som del av denne.

Planhierarkiet i Møre og Romsdal fylkeskommune

Prosess og medverknad

Regional planstrategi skal bidra til dialog og samhandling mellom ulike aktørar som saman skal komme fram til kva som er hovudutfordringane i fylket. Kommunar, regionale statsetatar, organisasjonar og institusjonar har både rett og plikt til å delta i arbeidet med regional planstrategi.

Mange ulike aktørar og grupper har deltatt i utarbeiding av forslaget til regional planstrategi. I tillegg til fylkesrådmannen si leiargruppe og den interne tverrfaglege fylkesplangruppa, har innspel vore henta inn på møte med

- ungdomspanelet
- rådet for likestilling av funksjonshemma
- fylkeseldrerådet
- likestillingsutvalet
- trafikktryggingsutvalet
- kultur- og folkehelseutvalet, samferdselsutvalet, regional- og næringsutvalet og utdanningsutvalet
- direktørgruppa hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- plannettverka (kommunale plansjefar/-rådgivarar)
- regionalt planforum

I vår og sommar har det vore gjennomført åtte regionale møte med kommunane i fylket (møtt 26 kommunar) der RPS og dei kommunale planstrategiane var blant temaa.

Som eit ledd i evalueringa av gjeldande RPS er det gjennomført ei spørjeundersøking blant medlemmane i fylkestinget. Her var det òg spørsmål om kva som blir oppfatta å vere fylkets største utfordringar og moglegheiter.

I høyringsperioden ønsker vi å diskutere utkastet til RPS med ungdommens fylkesting (UFT), regionråda, plannettverka, partnarskapet for verdiskaping, Forskingsforum Møre og fleire av fylkeskommunen sine nettverk der dette er mogleg. Utkastet til RPS blir offentleggjort i lokalavisene, og det blir lagt opp til at ein kan komme med innspel på nettsida til fylkeskommunen.

Målet er at fylkestinget skal vedta Regional planstrategi 2016–2020 i april 2016.

Lenker til kapittel 1

- Fylkesutvalet sitt oppstartsvedtak: http://einnsyn.mrfylke.no/motedag/index/2075
- Kunnskapsgrunnlaget: http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regional-planstrategi/Utviklingstrekk-i-Moere-og-Romsdal
- Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging: https://www.regjeringen.no/contentassets/2f826bdf1ef342d5a917699e8432ca11/nasjonale_forventningar_nn.pdf
- Rettleiing Regional planstrategi: https://www.regjeringen.no/contentassets/5d516c2c5c3a40e38c7fd67dafa81526/t-1495.pdf
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71
- Førre RPS: www.mrfylke.no/rps

2 Rammer for den regionale planlegginga

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging

Plan- og bygningslova slår i § 6-1 fast at staten skal levere eit innspel til planstrategiarbeidet – dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging. Desse viser til oppgåver og interesser regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunane og kommunane tek opp i planlegginga for å bidra til gjennomføring av nasjonal politikk.

Forventingane er avgrensa til planlegging etter plan- og bygningslova (regionale planer og delplaner) og fokuserer i denne perioden på

- gode og effektive planprosessar
- berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- attraktive by- og tettstadsområde

Dei nasjonale forventingane er retningsgivande for planlegginga i fylkeskommunane og kommunane – og for statlege etatar sin medverknad i planlegginga. Forventingane er ikkje bestemmande for kommunale og regionale planer, men skal vurderast i lys av regionale behov og ressursar i eit heilskapsperspektiv.

Forventingar til planprosessar

Regjeringa har i forventingsdokumentet fokus ikkje berre på plantemaa, men òg på planprosessane. På same måte som fylkeskommunen er regjeringa oppteken av å få til betre samarbeid og tidleg involvering av ulike partar for å kunne handtere motstridande interesser på ein god måte. Regjeringa ønsker ein reduksjon i bruken av motsegner til kommunale arealplanar.

Regionalt planforum skal vere eit viktig forum for tidlege avklaringar. Regjeringa forventar at fylkeskommunen har god administrasjon og leiing av planforumet, og at kommunane nyttar forumet aktivt. Regionale statsetatar er forventa å delta. Informasjon om Regionalt planforum i Møre og Romsdal finn de på nettsida til fylkeskommunen: www.mrfylke.no/planforum

Forventingar til planoppgåver

Desse temaa forventar regjeringa at fylkeskommunane – og kommunane – skal vareta i planlegginga si:

- Eit klimavennleg og sikkert samfunn
- Aktiv forvalting av natur- og kulturminneverdiar
- Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse
- Samordna bustad-, areal- og transportsystem
- Levande by- og tettstadsentrum
- Helse og trivsel

I siste kapittel i RPS blir det vist meir detaljert kva som er forventingane frå regjeringa på desse punkta, og korleis Møre og Romsdal fylkeskommune vil ta desse temaa inn i den regionale planlegginga.

Nye retningslinjer og strategiar frå staten

I forventingsdokumentet varslar regjeringa fleire nye dokument som vil gi føringar for

regional- og kommunal planlegging. Desse vil supplere eller erstatte eksisterande føringar:

- Nye energikrav til bygg
- Klimaprofilar for alle fylka i Noreg
- Statlege planretningslinjer for klimatilpassing
- Nasjonal bioøkonomistrategi
- Nasjonal jordvernstrategi
- Forenkling av utmarksforvaltinga
- Handlingsplan for ein betre fungerande bustadmarknad
- Nasjonal sykkelstrategi
- Nasjonal gåstrategi

Andre nasjonale førin-gar

«Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging» er ikkje uttømmande for alle oppgåver og omsyn som fylkeskommunane og kommunane skal vareta i planlegginga, og dokumentet må sjåast i samanheng med gjeldande regelverk og rettleiing. Plan- og bygningslova (2008) er den mest sentrale lova her, men plankrav blir òg sette i andre lover. Her er nokre eksempel:

- **Opplæringslova (1998)** med forskrifter gir føringar om kva planar fylkeskommunen må ha for vidaregåande opplæring. Lova stiller mellom anna krav om kompetanseplanar for dei tilsette i den vidaregåande skolen (§10-8) og at fylkeskommunen skal planlegge og byggje ut det vidaregåande opplæringstilbodet slik at det tek omsyn til nasjonale mål, søkjarane sine ønske og samfunnet sitt behov for vidaregåande opplæring (§13-3). Fylkeskommunen legg slike planar kvart år i skolebruksplanen, som blir behandla saman med økonomiplanen årleg.

  Forskrift til opplæringslova stiller krav om at skoleeigar skal medverke til å etablere administrative system og hente inn statistiske og andre opplysningar som trengst for å vurdere tilstanden og utviklinga innanfor opplæringa, jf. §2-2. I Møre og Romsdal skal kvalitetsplanen og -rapporten medverke til å oppfylle dette kravet. Kvalitetsplanen blir vedteken i fylkestinget i juni, og kvalitetsrapporten blir vedteken av fylkestinget i oktober.

- **Folkehelselova (2011)** slår fast at fylkeskommunen skal ha oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane i fylket og faktorar som påverkar helsa deira. Denne oversikta skal vere skriftleg og skal leggast til grunn for planstrategien og planarbeidet til fylkeskommunen og kommunane. Oversiktdokumentet til Møre og Romsdal var sist ferdigstilt og publisert våren 2015.

- **Diskriminerings- og tilgjengelova (2013)** gir fylkeskommunen som offentleg verksemd ei plikt til å arbeide aktivt og målretta for å fremme universell utforming (krav i plan- og bygningslova òg).

- **Kulturminnelova (1978).** Fylkeskommunen er sektormyndigheit når det gjeld kulturminne og kulturmiljø i Møre og Romsdal. Fylkeskommunen skal vurdere om omsynet til freda, verdifulle og verneverdige kulturminne blir vareteke i alle arealplanar, og tiltak som blir planlagde, er i samsvar med kulturminnelova.

  Fylkeskommunen har ansvar for å forvalte freda bygg og anlegg og for å tildele tilskot til freda og verneverdige kulturminne. Fylkeskommunen har òg ansvar for automatisk freda kulturminne i fylket. Fylkeskommunen skal varslast dersom det er planlagt inngrep i freda eller verneverdige kulturminne.

- **Folkebiblioteklova (1985)** kapittel 3 gir fylkeskommunen vesentlege oppgåver på bibliotekfeltet. Fylkeskommunen skal vareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, og skal mellom anna gi råd til lokale myndigheiter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål.

- **Vassforskrifta (2006)** er ei oppfølging av EUs rammedirektiv for vatn frå 2000. Hovudformålet er å verne og – om nødvendig – betre tilstanden i ferskvatn, grunnvatn og kystnære område. Forskrifta set miljømål for alt ferskvatn, grunnvatn og kystvatn inntil éi nautisk mil utanfor grunnlinja, og ut til territorialgrensa når det gjeld miljømål for kjemisk tilstand. Det er stilt krav om regionale forvaltingsplanar med tiltaksprogram som skal leggast til grunn for fylkeskommunal verksemd og vere retningsgivande for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen.



Oversikt samarbeid

Samarbeid	Rogaland	Hordaland	Sogn og Fjordane	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Andre
Vestlandsrådet						
Regionalt forskningsfond						
Vest-Norges Brusselskontor						
Fjord Norge AS						
Norskehavsrådet						
Norsk Gassforum						
Tjeldbergodden Utvikling						
Tannhelsetjenestens kompetansesenter						
Bokbåten Epos						
Prosjekt Kystpilgrimsleia						
GIS-Link						
Kystekspressen						
Regional NTP						
Vestnorsk filmsenter						

Regionreform og kommunereform

Nye kommunar/regionar som resultat av kommune- og regionreforma skal først tre i kraft 1.1.2020 og vil såleis ikkje ha nokon direkte verknad på planlegginga i perioden for denne planstrategien. Det vil likevel vere tenleg å vurdere eventuelt endra planbehov ved ulike utfall av reformene.

Regionreform

Møre og Romsdal fylkeskommune samarbeider i dag med nabofylka i sør og nord. Vi samarbeider i liten grad med nabofylka i aust. Når det gjeld villrein og økosystem i høgfjellet, har vi felles planar med nabofylka for Dovrefjell/Sunndalsfjell og Reinheimen. Innretting og geografisk omfang av desse planane er gitt av nasjonale føringar, og eventuelt nye regionar vil ikkje ha direkte innverknad på dette. Innanfor samferdsle er det noko felles planarbeid på gjennomgåande ferdselsårer. Dette er i liten grad planar etter plan- og bygningslova, men ulike strategiar og innspel til NTP. Det er samarbeid med Trøndelag om bestillingsbrev til Regionalt forskingsfond, men ikkje om utarbeiding av FoU-strategien som er grunnlaget for prioriteringane.

Mot sør er aktuelle samarbeid i stor grad knytte opp mot heile Vestlandet, det er ingen formelle samarbeid berre med Sogn og Fjordane. Nordover er det samarbeid både med Sør-Trøndelag åleine og med begge trønderfylka.

Det er i dag relativt lite pendling over fylkesgrensene. Sjølv om det mot Sør-Trøndelag er noko utveksling av arbeidskraft, kan vi ikkje snakke om sterke bu- og arbeidsmarknadsregionar over fylkesgrensene. Når det gjeld serviceregionar, er dette noko sterkare frå delar av Nordmøre mot Trøndelag og frå Nordfjord til Sunnmøre. Dette omfattar mellom anna sjukehus, idrett og næringsliv. Oversikt over samarbeid, sjå figuren over.

Samla er samarbeidet nokså jamt fordelt mellom sør og nord, men samarbeid mot Trøndelag blir vurdert som noko meir formelt og tettare. Når det gjeld inndeling av regional stat, har vi noko meir felles med trøndarane enn med vestlendingane.

Møre og Romsdal fylkeskommune deltek per i dag ikkje i nokon samtalar eller forhandlingar om etablering av større regionar. Seinast i desember 2014 vedtok fylkestinget samstemt at

Møre og Romsdal skal halde fram som sjølvstendig fylkeskommune. Verken sørover eller nordover synest det naturleg at fylket går saman med berre eitt nabofylke om å danne ein ny region. Begge alternativa vil truleg innebere ein ny region som omfattar minst tre fylke og har over 700 000 innbyggarar.

Den førebelse vurderinga er at så store regionar ikkje er nødvendig for å løyse dagens oppgåver og heller ikkje dei oppgåvene som ein vurderer å overføre til nye regionar/fylkeskommunar. Eit fleirtal av desse oppgåvene er i dag organserte fylkesvis, og dei blei dessutan løyste på ein tilfredsstillande måte under forsøket med einskapsfylke i 2004–2010.

Regionreforma i seg sjølv utløyser dermed ikkje noko behov for nye regionale planar.

Kommunereform

Utfallet av kommunereforma er svært usikker i Møre og Romsdal, og det blir ikkje vurdert som særleg sannsynleg at det blir etablert kommunar i vårt fylke som er store nok til å overta oppgåver som vidaregåande opplæring eller kollektivtransport, slik krava til dette er formulert frå statleg side i dag.

Det blir vurdert som svært sannsynleg at det blir kommunesamanslåingar i fylket, noko som vil utløyse behov for å samordne planverka i dei nye kommunane. Ei slik samordning bør starte snarast etter at den nye kommunestrukturen er klar, slik at mest mogleg er gjort før dei nye kommunane blir etablerte 1.1.2020. Fylkeskommunen har lang erfaring med å koordinere planarbeid mellom fleire kommunar (interkommunal/regional planlegging) og kan medverke på to område i ei slik samordning:

- Kunnskapsgrunnlag – statistikk og analyser – tilpassa dei nye kommunane
- Rettleie kommunane når det gjeld prosess- og planarbeid med nye kommuneplanar

Fylkeskommunen må setje av ressursar til dette arbeidet i perioden 2017- 20. Det kan bli aktuelt å komme tilbake til fylkesutvalet med meir spesifikke prioriteringar når resultat av kommunereforma er kjent og behovet for samordning av planverk meir avklara.

Økonomiske rammer

Av plan- og bygningslova § 3-1 går det fram at planlegginga skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige føresetnader for gjennomføring og ikkje vere meir omfattande enn nødvendig. Planambisjonane må tilpassast dei tilgjengelege ressursane og vere realistiske med tanke på gjennomføring.

Høg vekst i skatteinntekter, høg aktivitet i næringslivet og låge lånerenter har medverka til positive økonomiske resultat for Møre og Romsdal fylkeskommune dei siste åra. No har den økonomiske utviklinga for Noreg og norsk næringsliv endra seg. Låg oljepris og fall i oljeinvesteringane har ført til lågare aktivitet i den oljerelaterte industri. Dette fører til at arbeidsløysa er på veg oppover. Lågare aktivitet i næringslivet i Møre og Romsdal, fleire arbeidsledige og moderate lønnsoppgjer vil kunne føre til lågare vekst i dei frie disponible inntektene til fylkeskommunen framover.

Vidare har Møre og Romsdal fylkeskommune i den gjeldande økonomiplanen lagt opp til eit for høgt drifts- og investeringsnivå i forhold til totale frie disponible inntekter. Det har ført til at vi har måtta bruke driftsfondsmidlar til å saldere dei årlege budsjetta. Dersom vi ikkje set i verk innsparingstiltak og bremsar investeringstakten, vil driftsfondsmidlane vere brukte innan to–tre år. Høgt investeringsnivå har ført til at lånegjelda stadig stig. Det bind økonomien til fylkeskommunen i lang tid framover. Oppbrukte reservar og bundne utgifter gjer at handlefridomen og fleksibiliteten vil bli redusert, noko som gjer Møre og Romsdal fylkeskommune meir sårbar med tanke på uføresette situasjonar.

I åra som kjem, må Møre og Romsdal fylkeskommune omstille verksemda og redusere både drifts- og investeringsnivået, slik at drifta blir tilpassa dei økonomiske rammene vi til kvar tid har. Det inneber at vi framover må prioritere mykje strengare mellom oppgåver og prosjekt som skal gjennomførast, enn vi har gjort dei siste åra.

Det blir viktig å nytte den regionale planlegginga som det prioriteringsverktøyet det er. Gjennom planane og handlingsprogramma signaliserer vi tydeleg kva som skal prioriterast. Det er behov for å knyte planane betre saman med budsjett- og økonomiplanen.



3 Utfordringar, moglegheiter og planar

«Utviklingstrekk i Møre og Romsdal», kunnskapsgrunnlaget til den regionale planstrategien, går grundig igjennom utfordringar og moglegheiter på 15 ulike tema der fylkeskommunen kan spele ei rolle. Nedanfor gir vi ei oppsummering og vurdering av planbehov på sju tema basert på målsettingane som blei presentert i forordet:

- Bulyst, inkludering og sentrumsutvikling
- Kultur- og fritidstilbod
- Kompetansebehov
- Verdiskaping
- Samferdsel
- Oppvekstvilkår, folkehelse og tannhelse
- Berekraftig bruk av areal- og naturressursar

3.1 Bulyst, inkludering og sentrumsutvikling

Utfordringar og moglegheiter

Vi ønsker at flest mogleg skal velje å bu i Møre og Romsdal, og at dei skal ha gode liv her. Dei siste ti åra har fylket samla sett opplevd ein vekst i folketalet, men utviklinga er ulik mellom kommunane. Veksten er størst i byane og omlandskommunane. Det er innvandringa som gir vekst i mange av kommunane her. Det har gitt oss eit nytt mangfald, og gjer integreringsarbeidet viktig.

Folketalsveksten framover er avhengig av at innvandringa held fram. Fylket har framleis negativ netto innanlandsflytting. Vi taper ein stor del av ungdomskulla våre, og vi har kvinneunderskot. Samtidig må vi førebu oss på ein situasjon der det blir fleire eldre.

Kvinner, etniske minoritetar, ungdom, funksjonshemma og eldre er underrepresenterte på ei rekke samfunnsarenaer, og tiltak som sikrar inkludering, deltaking og tilgjenge for alle er viktige for å skape bulyst og trivsel.

Stadig fleire ønsker å bu i tettbygde område. Attraktive byar og tettstader fremmar busetting og næringsutvikling, investeringsvilje og rekruttering av kompetansearbeidskraft. For å dyrke denne vekstkrafta best mogleg må det skapast ei god funksjonsdeling og eit godt samspel mellom dei ulike sentera og regionane rundt. Tettstader og bumiljø må planleggast og utformast på ein måte som styrkar trivsel og attraktivitet.

Gode bumiljø føreset òg at innbyggjarane opplever staden som trygg. Klimaendringane gjer at vi må ha meir kunnskap om lokale risikoar. Vi må førebygge naturfarar og andre uønskte hendingar og ha god beredskap som reduserer skadeverknadene dersom noko likevel skulle gå gale.

Planar

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016

Vedteken: Desember 2012 (T-sak 74/12)

Formål: Fylkesplanen er fylkeskommunen sin overordna plan for regional utvikling. Visjonen er «Vi vågar litt meir».

Innhald: Planen er bygd opp rundt fire satsingsområde og seks gjennomgåande perspektiv.

Dei fire satsingsområda er kultur, kompetanse, samferdsel og verdiskaping. Til kvart satsingsområde er det formulert eitt hovudmål og seks til åtte resultatmål. Resultatmåla er følgde opp i årlege handlingsprogram, årleg rapportering og eit sett måleindikatorar. Handlingsprogramma er utarbeidde i samarbeid med partnarskapen og nettverka til fylkeskommunen.

Dei seks gjennomgåande perspektiva er barn og unge; universell utforming; folkehelse; likestilling og inkludering; miljø og klima og internasjonalisering. Dei skal styrke fylkeskommunen si evne til å ta eit heilskapleg grep og ansvar for samfunnsutviklinga. Dei skal òg styrke fylkeskommunen som planmyndigheit. Resultatmåla seier mellom anna at omsynet til desse perspektiva skal vere viktige vurderingskriterium i alle planar og tiltak. Iverksettinga av perspektiva byggjer på sektoransvarsprinsippet, og det er utarbeidd ei handbok for korleis desse perspektiva skal følgjast opp i praksis. Sektorane rapporterer årleg korleis perspektiva er varetekne i verksemda deira.

Vurdering: Fylkesplanen har hatt politisk og administrativ legitimitet, og er mykje nytta i kommunane og av andre regionale aktørar. Å formulere nokre få hovudmål med tilhøyrande resultatmål synes å fungere godt. Iverksettinga og oppfølginga av planen har vore gjort systematisk og handlingsprogramma har vore styrande for fagavdelingane si verksemd. Sjølv om planperioden ikkje er omme, ser vi mange positive resultat innan satsingsområda. Erfaringane er noko meir blanda i høve til oppfølging av dei gjennomgåande perspektiva.

Ein grunn til å vidareføre ein overordna regional plan der vi samlar ulike samfunnsområde, er at det rasjonaliserer fylkeskommunen sitt planarbeid ved å reduserer talet på planprosessar.

Tilråding: Fylkesplanen bør vidareførast, men med nokre endringar. Talet på gjennomgåande perspektiv bør kuttast og må koplast betre til handlingsprogramma. Ein bør òg diskutere om inkluderingsperspektivet blir godt nok vareteke gjennom fylkesplanen, eller om det bør løftast fram i ein eigen regional delplan, ei fagmelding eller eit handlingsprogram. Det bør vurderast om ein kan sjå på satsingsområda verdiskaping og kompetanse samla. Det bør òg vurderast om fylkesplanen skal få nokre tydelegare samfunnsmål som går på tvers av satsingsområda, og der iverksettinga føreset koordinert innsats frå heile Møre og Romsdal.

Regional delplan for attraktive byar og tettstader

Vedteken: Juni 2015 (T-sak 32/15)

Formål: Planen skal bidra til å utvikle funksjonelle arbeids-, bu- og serviceregionar (ABS-regionar), fremme ei meir berekraftig by- og tettstadsutvikling og styrke samordna bustad-, areal- og transportplanlegging i og mellom kommunane.

Innhald: Planen set opp strategiar og mål knytte til fem punkt:

- Funksjonelle arbeids-, bu- og serviceregionar (ABS-regionar)
- Attraktive og robuste kommunesenter
- Byane som regional motor
- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- På veg mot ein samla møreregion

Planen gir retningslinjer for lokalisering av handel og tenester i Møre og Romsdal.

Vurdering: Planen legg til rette for utvikling av ein robust senterstruktur uavhengig av framtidig kommunestruktur og blei til gjennom ein nyleg avslutta prosess med to høyringsrundar. Fylkestinget vedtok at planen skal rullerast innan ein treårsperiode. Dersom kommunane ønsker avgrensa regionale delplanar for areal- og transportplanlegging (jf. punkt 12 i planen), vil desse erstatte rulleringa av Regional delplan for attraktive byar og tettstader.

Tilråding: Planen blir vidareført og rullert innan tre år. Planen blir følgd opp gjennom løpande saksbehandling og eventuelle interkommunale areal- og transportplanar (sjå eige punkt på side 29).

FylkesROS Møre og Romsdal

Vedtak: Risiko- og sårbarheitsanalysen vart gitt status som fagmelding av fylkestinget i juni 2015 (sak T-31/15). Fagmeldinga er under utarbeiding, fylkesutvalet vil få henne til høyring hausten 2015.

Formål: Styrke samfunnstryggleiken i fylket. Målet er at meldinga skal fungere som eit prioriteringsgrunnlag for å utvikle eit meir robust samfunn.
Måla med ROS-analysen:

- Teikne eit realistisk, kunnskapsbasert og heilskapleg risikobilde for fylket
- Klargjere ansvarsforhold
- Vere eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag for førebyggande tiltak
- Vere eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag for beredskap
- Fremme god planlegging og arealbruk i fylket
- Setje søkjelys på samfunnstryggleik gjennom formidling og informasjon

Innhald: Analysen vil gi eit oversyn over viktige risikoforhold i fylket og skildre sårbarheita ved ulike hendingar. Analysen tek for seg forhold og hendingar som kan gi konsekvensar på regionalt nivå. Fylkes-ROS Møre og Romsdal vil òg gi innspel til andre etatar og verksemder som skal utarbeide eigne ROS-analysar og beredskapsplanverk.

Vurdering: Fylkes-ROS Møre og Romsdal vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for å sette samfunnstryggleik og beredskap på den politiske dagsordenen. Analysen skal følgjast opp i handlingsprogramma til sektorane.

Tilråding: Arbeidet med FylkesROS Møre og Romsdal held fram og blir følgt opp i handlingsprogramma til sektorane.

Til Innhald side 2

3.2 Kultur og fritidstilbod

Utfordringar og moglegheiter:

Kulturaktivitetar og kulturopplevingar i vid forstand er viktige for å skape attraktive lokalsamfunn og byar der folk trivst og føler seg heime. Når ein deltek i kulturaktivitetar, gir det ein følelse av å høyre til i lokalsamfunnet. Det føreset at den kulturelle infrastrukturen av kulturfagleg kompetanse, institusjonar, nettverk og organisasjonar er på plass både i kommunane og i fylket.

Biblioteka er viktige lokale møteplassar, aktive kunnskaps- og kulturformidlarar og dessutan arenaer for inkludering og mangfald. Mange av folkebiblioteka treng nye eller renoverte lokale for å vareta denne rolla. Styrka finansiering, meir kompetanse og betre samspel mellom aktørane i sektoren vil kunne løfte biblioteka i framtida.

Bruken av kulturtilboda varierer med utdanningsnivå, yrkesstatus, alder, bustad og kjønn. Tiltak for å jamne ut sosiale forskjellar i kulturbruken, slik at alle får høve til å delta og oppleve gleda av kunst og kultur, er viktig. For å få fleire til å ta del i kulturlivet trengst det ein innsats innanfor formidling og publikumsutvikling – og ein må ha tilpassa lokale.

Ein sterk og variert frivillig sektor og stor frivillig innsats er sentrale berebjelkar i kulturlivet. Det kan òg spele ei viktig rolle i integrering av nye innbyggarar, også innvandrarar frå andre kulturar.

For kvar fylkeskommunal krone som er brukt til kulturformål, får vi ut om lag to statlege kroner. Samtidig viser Norsk kulturindeks 2014 for Møre og Romsdal at fylket sin del av dei sentrale tildelingane er liten. Det er mange årsaker til dette, mellom anna få profesjonelle kunstnarar og tronge kommunale kulturbudsjett. Dei fylkeskommunale kulturtilskota er dermed viktige for å sikre breidd og variasjon i kultur- og fritidstilboda i fylket.

Kreative næringar er i vekst i Møre og Romsdal. Desse næringane er middels store i nasjonal samanheng både når det gjeld sysselsetting, verdiskaping og lønnsemd. Kreative næringar gir større breidd i arbeidsmarkanden og bidreg til auka attraktivitet.

Møre og Romsdal har få profesjonelle kunstnarar samanlikna med landet elles. Profesjonelle kunstnarar er viktige bidragsytarar i det lokale og regionale kulturlivet, og betre tilrettelegging for desse er sentralt for den vidare utviklinga av kulturtilbodet og dei kreative næringane.

Møre og Romsdal har rikt med både fysiske og immaterielle kulturminne, og desse bidreg til identitet, attraktivitet og næringsgrunnlag. Klimaendringar, urbanisering og sentralisering utfordrar kulturminneforvaltinga. Omsynet til kulturminne- og miljø skal sikrast gjennom heilskapleg samfunns- og arealplanlegging.

Planar

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016. Satsingsområdet Kultur

Vedteken: Desember 2012
(T-sak 74/12)

- **Formål:** Planen er fylkeskommunen sitt prioriteringsgrunnlag innanfor kultursektoren.
  Hovudmålet er at Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig og kunnskapsrikt kulturliv, der aktivitetar, opplevingar, inkludering og folkehelse står sentralt.
- **Innhald:** Planen har resultatmål for frivillige lag og organisasjonar, kulturformidlinga, kultur- og idrettsbygg, kulturarven, kulturnæringsarbeidsplassar og turvegar med tilrettelegging.
- **Vurdering:** Vår erfaring er at kultursatsinga i fylkesplanen har vore nyttig for å sette kultur på den regionale agendaen, og at ho har gjort arbeidet på kulturområdet meir systematisk og langsiktig.
- **Tilråding:** Kultur bør framleis vere eit satsingsområde i fylkesplanen. Sjå elles omtale under punkt 1.

Handlingsplan for bibliotek – UNDER UTARBEIDING

Vedtak: Fylkestinget vedtok i juni 2015 (sak T-42/15) å gi planen for biblioteksektoren status som handlingsplan knytt til satsingsområdet kultur i fylkesplanen. Den er under utarbeiding, og målet er at handlingsplanen blir vedteken av kultur- og folkeheleutvalet i juni 2016.

- **Formål:** Gjennom handlingsplanen skal vi utforme ein regional bibliotekpolitikk med ei sentral målsetting om at alle innbyggarane skal få eit likt bibliotektilbod, uavhengig av kvar dei bur. Den regionale bibliotekpolitikken skal vere basert på perspektiv som samhandling, nettverksbygging, kompetanseutvikling og biblioteka si samfunnsrolle.
- **Innhald:** Handlingsplanen skal sette søkelys på utfordringar innan områda struktur og organisering, kompetanse, innhald og tenester.
- **Vurdering:** Fylkestinget har nyleg slutta seg til utabeiding av denne handlingsplanen.
- **Tilråding:** Arbeidet vil bli organisert som eit prosjekt, med representantar frå fagmiljøet i Møre og Romsdal, t.d. frå folkebiblioteka/kommunane og frå ulike avdelingar i fylkeskommunen. Arbeidet med handlingsplanen vil også bli løfta i ulike regionale nettverk som kulturavdelinga har innanfor biblioteksfeltet. Det vil sikre regional forankring og medverknad.

Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi

Vedteken: Juni 2015 (T-sak 33/15)

- **Formål:** Planen skal bidra til å utvikle strategiar for forvalting, formidling og bruk av kulturarven i Møre og Romsdal som flest mogleg er samde om. Gjere fylkeskommunen si forvalting av fagansvaret meir føreseieleg, slik at ho kan fungere som eit grunnlag for prioriteringar av vernetiltak og restaureringsarbeid.
- **Innhald:** Ein sentral del av planen er å få ei oversikt over kva kulturminne frå nyare tid som har regional og nasjonal verdi.
- **Vurdering:** Planen blei til gjennom ein grundigprosess med to høyringsrundar, der planen fekk mange positive tilbakemeldingar. Planen er nyleg vedteken.
- **Tilråding:** Planen blir vidareført med handlingsprogram for korleis kulturminna som er av regional og nasjonal verdi, skal takast vare på. Planen blir lagt til grunn for fylkeskommunen sine innspel til kommunal planlegging og elles for prioritering av vernetiltak, restaureringsarbeid, formidling og tilskotsforvalting. Det er ikkje nødvendig med revidering i kommande planperiode.

Til Innhald side 2

Regional delplan for museum – FORSLAG TIL NY PLAN

Vedtak: Det er eit mål at planen skal leggast fram for politisk behandling våren 2017, med vedtak hausten 2017.

- **Formål:** Planen skal klargjere kva ansvar og rolle Møre og Romsdal fylkeskommune har overfor musea i regionen, og gi tydelege signal om satsingsområde og prioriteringar i planperioden.

  Det er vidare eit mål at planen skal medverke til å styrke den faglege dimensjonen til musea ytterlegare. Planen skal òg tydeleggjere musea si rolle i samfunnet og medverke til at dei blir anerkjende for det.

  Møre og Romsdal fylkeskommune har ei samordnande rolle for musea i fylket og skal medverke til samarbeid og samhandling mellom musea og andre tilskotspartar og mellom musea og andre kulturinstitusjonar.

  Sterk lokal og regional forankring, forsking, forvalting, formidling og fornying bør vere sentrale stikkord i planen
- **Tilråding:** Arbeidet med planprogrammet tek til i januar 2016, og det skal gjere greie for innhald, deltaking og prosess. Organisering og medverknad vil bli avklart i samband med utarbeiding av planprogrammet. Fylkeskommunen vil leie planarbeidet.

Anna planbehov

Innanfor kultur er det fleire fagområde der ein kunne vore tent med ein regional delplan. Det gjeld mellom anna fartøyvern, bibliotek, idrett og fysisk aktivitet og kunstnarpolitikk.

- **Tilråding:** Det blir vurdert som lite tenleg å utarbeide eigne regionale planar for desse fagområda så lenge kultur framleis er eit satsingsområde i ein overordna regional plan og Regional delplan for folkehelse blir vidareført (sjå kapittel xx). På enkelte område kan det likevel vere hensiktsmessig å utarbeide eigne handlingsplanar. Dette gjeld for bibliotek og idrett og fysisk aktivitet. På bibliotekfeltet kan det komme strukturendringar som følgje av kommunereforma. Ein handlingsplan for idrett og fysisk aktivitet vil vere knytt til spelemidlane som fylkeskommunen forvaltar.

3.3 Kompetanse

Utfordringar og moglegheiter:

Den kanskje viktigaste faktoren for at fylket skal lykkast over tid, er at vi klarer å utvikle og trekke til oss den kompetansen som arbeidslivet treng. Det er venta stort behov for fagutdanna arbeidskraft, lærarar og helsepersonell. Eit stadig meir kompetanseintensivt næringsliv aukar òg behovet for høgt utdanna arbeidskraft.

Arbeidslivet og kompetansebehova endrar seg kontinuerleg. Det krev eit utdanningssystem som er i stand til å endre seg i takt med behova i arbeidslivet – og som klarar å få elevane til å fullføre med vitnemål eller fag- og sveinebrev. Det er framleis behov for fleire læreplassar i bedriftene og i offentleg sektor i fylket.

Høgt kostnadsnivå er ei utfordring for næringslivet og gjer at vi må ha fokus på produktivitetsfremmande tiltak og mest mogleg kunnskapsinnhald i produksjonen. Det gjer at vi treng fleire med fagutdanning og høgare utdanning.

Utdanningsnivået i Møre og Romsdal er lågare enn snittet for landet, og det er stor variasjon i utdanningsnivå mellom kommunane. Utfordringa med lågt utdanningsnivå er at arbeidslivet ikkje får tilgang til relevant kompetanse.

For den regionale utviklinga i Møre og Romsdal er det avgjerande å ha høgskolar i nærleiken av dei innovative miljøa her, mellom anna for å kunne fylle lokalt kompetansebehov, og ikkje minst for å kunne vidareutvikle idear som oppstår lokalt. Gjennom etter- og vidareutdanningstilboda er høgskolane viktige tilbydarar av ny kunnskap.

Planar

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016. Satsingsområdet Kompetanse

Vedteken: Desember 2012 (T-sak 74/12)

- **Formål:** Planen er ein del av prioriteringsgrunnlaget til fylkeskommunen innanfor utdanningssektoren.
- **Hovudmål:** Oppvekst- og utdanningssystemet i Møre og Romsdal skal opplevast som attraktivt og godt tilrettelagt for brukarane. Det skal vere god samanheng mellom skolenivåa, og skolane skal levere kompetanse som næringslivet og offentleg sektor har bruk for.
- **Innhald:** Fylkesplanen har resultatmål om overgang mellom skolenivåa, yrkes- og utdanningsrettleiing, tilbod om å ta fag på høgare trinn, lærlingplassar, entreprenørskap, internasjonale program og utvekslingsordningar og dekking av arbeidslivets behov for arbeidskraft.
- **Vurdering:** Handlingsprogrammet for kompetanse har sett fokus på utviklingsoppgåvene innanfor utdanningssektoren, og måla blir vist til i samarbeid med regionale aktørar. Fylkesplanen bør òg koplast betre saman med kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring (sjå kapittel X).
- **Tilråding:** Kompetanse bør framleis vere eit satsingsområde i fylkesplanen, men ein bør vurdere å sjå satsingsområda verdiskaping og kompetanse i samanheng.



3.4 Verdiskaping

Utfordringar og moglegheiter:

Petroleumsnæringa og den eksportretta industrien har vore ei sterk drivkraft for næringsutviklinga i fylket. Det gjer oss sårbare for internasjonale konjunkturar og endringar i oljeprisen. Møre og Romsdal har vore blant fylka med lågast prosentdel arbeidsledige, men det siste året har arbeidsløysa auka meir her enn landsgjennomsnittet.

Møre og Romsdal har sterke næringsklynger spesielt innanfor marin og maritim næring. Framover må vi stimulere utviklinga av innovative bedriftsnettverk og klynger og styrke utdannings- og forskingsmiljøa våre, som er viktige for næringslivet. Kunnskapsoverføring mellom næringane kan utløyse stort potensial, særleg gjeld dette næringane som er knytte til havet.

Sjømatnæringa er stor i fylket vårt, og vi har heile verdikjeda innanfor marin næring. Fylket har òg ein sterk posisjon i den veksande biomarine næringa, der vi trekker til oss internasjonale bedrifter. Og framleis ligg tyngdepunktet for norsk møbelnæring i Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal er eitt av dei største landbruksfylka i landet, ein posisjon vi ønsker å behalde. Næringa bidreg til levande bygder og allsidig næringsstruktur. Landbruket går gjennom store strukturendringar. Næringa har teke i bruk ny teknologi, noko som har ført til at produktiviteten har gått kraftig opp, men klima og landskap vil alltid gjere matproduksjon i Møre og Romsdal krevjande. Kostnadsnivået gjer lønnsemda, og dermed rekrutteringa, svak.

Møre og Romsdal har høg sysselsetting blant innvandrarane, men fylket kan framleis jobbe med få fleire av dei som i dag ikkje er ein del av den ordinære arbeidsstyrken, inn i arbeidslivet.

Fylket har ein svært kjønnsdelt arbeidsmarknad, og vi har relativt sett få statlege arbeidsplassar samanlikna med andre fylke. Større breidd i arbeidsmarknaden vil gjere det meir attraktivt å busette seg i Møre og Romsdal. Dei kreative næringane er viktige her, sjå omtale under punkt 3.2.

Møre og Romsdal har ein låg del av dei totale FoU-utgiftene i Noreg. For å styrke regional innovasjon og konkurranseevne er det avgjerande at vi greier å kople næringslivet og utdannings- og forskingsmiljøa tettare saman og mobilisere fleire bedrifter til forsking.

Entreprenørskap er viktig for å skape arbeidsplassar. Utfordringa framover blir å auke tilfanget av gode entreprenørar og prosjekt med stort nyskapings- og vekstpotensial.

Planar

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016. Satsingsområdet Verdiskaping

Vedteken: Desember 2012 (T-sak 74/12)

- **Formål:** Gjennom handlingsprogrammet for verdiskaping får fylkeskommunen eit prioriteringsgrunnlag for regionale utviklingstiltak.

  Hovudmålet er at Møre og Romsdal skal ha vekstkraftige lokalsamfunn med urbane kvalitetar og eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv.
- **Innhald:** Fylkesplanen har resultatmål for sentrum i byar og tettstader, bruk av forskingsbasert innovasjon, næringsklynger, nyetableringar, petroleumsnæringa, reiselivsnæringa, landbruksnæringa, sjømatnæringa, fornybar energi og forvalting av arealet og naturressane i fylket.

  Internasjonalisering er eit av dei gjennomgåande perspektiva i fylkesplanen. Målet er å legge til rette for aktiv deltaking i internasjonale organisasjonar og i internasjonalt prosjektsamarbeid på prioriterte område for å styrke rammvilkåra for regionalt næringsliv, kommunar og organisasjonar.
- **Vurdering:** Handlingsprogrammet for verdiskaping gjer det føreseieleg kva regionale utviklingstiltak fylkeskommunen vil støtte. Kommunane og andre som skal søke tilskot til utviklingstiltak, nyttar programmet.
- **Tilråding:** Verdiskaping bør framleis vere eit satsingsområde i fylkesplanen, men ein bør vurdere å sjå det i samanheng med satsingsområdet kompetanse.

Planar

Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal

Vedteken: Desember 2012 (T-sak 76/12)

Formål: Målet er å styrke landbruket og den landbruksbaserte næringsutviklinga i fylket. Meldinga skal danne grunnlag for prioriteringar i regionale planar og handlingsprogram.

Innhald: Meldinga omtalar status, utviklingstrekk og utfordringar for næringa og set opp mål innanfor temaa jordvern, beiting, husdyrproduksjon, planteproduksjon, økologisk jordbruk, skogbruk, foredlingsindustri, klima og miljø, omdømmet til næringa, rekruttering, utdanning, forsking og bygdenæringar.

Vurdering: Meldinga tydeleggjer landbrukspolitikken til fylkeskommunen og legg grunnlaget for god koordinering og bruk av dei regionale verkemidla som fylkeskommunen og fylkesmannen forvaltar i samband med landbruk og landbruksbasert næringsutvikling.

Tilråding: Landbruksmeldinga blir vidareført. Det må vurderast om det er behov for å revidere meldinga i den kommande planperioden.

Melding om kystskogbruket 2015

Vedteken: Juni 2015 (T-sak 35/15) – fylkestinget slutta seg til meldinga saman med dei andre fylka langs kysten, frå Vest-Agder til Finnmark.

Formål: Hovudmåla er å firedoble verdiskapinga frå kystskogbruket fram mot 2045, auke karbonlageret til kystskogen og sørgje for at trevirke i aukande grad skal erstatte mindre klimavennlige materiale og energikjelder.

Delmåla:

- Utnytte produksjonspotensialet og skogressursane til kystskogen. Sikre auka skogproduksjon og råstofforsyning på kort og lang sikt
- Auke bruken av tre og treprodukt. Marknaden skal tilførast konkurransedyktige produkt av fornybare materiale med positivt CO2-avtrykk
- Sørgje for rammevilkår som gir konkurransekraft for heile verdikjeda
- Auke vidareutviklinga og innovasjonen i verdikjedene
- Bidra til å utvikle ein nasjonal skogeigarpolitikk
- Etablere og avsette til klimaskogar 1 million dekar med ei opptrapping til 5 millionar dekar i løpet av dei kommande 50 åra

Innhald: Meldinga tek tak i dei felles, overordna utfordringane for kystfylka og peikar på løysingar i eit samarbeid med næringa og statlege etatar. Meldinga tek utgangspunkt i skogbruket både som næring og klimatiltak for framtida.

Vurdering: Det er ein stor fordel for skognæringa langs kysten å kunne stå saman i eit nettverk. Kystskogbruket skil seg frå skogbruket i innlandet både når det gjeld klima og topografi, og når det gjeld eigedomsstruktur og infrastruktur. Det er derfor nyttig at kystfylka står saman om arbeid som kan gi auka verdiskaping frå skogressursane langs kysten.

Tilråding: Meldinga blir vidareført og vil bli følgt opp i samarbeid med dei andre deltakande fylkeskommunane.

Planar

Forskings- og innovasjonsstrategi
Forslag til ny strategi

Vedtak: Målsettinga er vedtak juni 2016.

- **Formål:** Strategien skal mobilisere til forskingsbasert innovasjon i Møre og Romsdal, avdekke flaskehalsar for forskinga og gi grunnlag for politiske prioriteringar og tilpassing av verkemiddel. Strategien vil òg bli nytta som grunnlag for bestillingsbrevet til Regionalt forskingsfond Midt-Norge og vil erstatte FoU-strategi for Møre og Romsdal 2012–2016.

- **Tilråding:** Forskings- og innovasjonsstrategien blir utarbeidd etter malen for smart spesialisering, som er EU sitt metodeverktøy for å utvikle forskings- og utviklingsstrategiar for regionar. Arbeidet tek til hausten 2015. EU har utarbeidd ein mal for korleis strategien skal utformast. Det inneber seks steg:
  - Analysere innovasjonssystemet og -potensialet til regionen
  - Etablere ein inkluderande styringsstruktur
  - Utarbeide ein felles visjon for regional utvikling
  - Prioritere mellom innsatsområde for regional utvikling
  - Velje verkemiddel og politiske initiativ
  - Implementere monitorerings- og evalueringsmekanismar

Det blir oppretta éi styringsgruppe, fokusgrupper og éi prosjektgruppe der aktørar frå akademia, næringslivet og verkemiddelapparatet i fylket er viktige deltakarar.

Strategien skal ikkje vere ein eigen regional delplan. Oppfølging av FoI-strategien skal skje gjennom fylkesplanens handlingsprogram for verdiskaping.

Internasjonal strategi.
Forslag til ny strategi

Vedtak: Målsettinga er vedtak våren 2016.

- **Formål:** Strategien skal klarlegge satsingsområda for det internasjonale arbeidet til fylkeskommunen. Det finst mange moglegheiter for internasjonalt samarbeid: deltaking i internasjonale organisasjonar og nettverk for politisk påverking og kunnskaps- og erfaringsdeling, deltaking i prosjekt, nettverksbygging og solidaritetstiltak. Strategien vil gi eit grunnlag for å prioritere kva internasjonalt arbeid fylkeskommunen skal ta del i, og kva rolle fylkeskommunen skal ha for kommunane og andre regionale aktørar på dette fagområdet.

- **Tilråding:** Arbeidet med strategien tek til hausten 2015. Strategien vil bli utarbeidd gjennom ein intern prosess der alle fagavdelingane blir involverte. Regional- og næringsavdelinga leier arbeidet. Strategien skal ikkje vere ein regional delplan. Det internasjonale arbeidet blir følgt opp av sektorane i handlingsprogramma til fylkesplanen.

3.5 Samferdsel

Utfordringar og moglegheiter

Gode samferdsel- og kommunikasjonsløysingar er ein føresetnad for velferd, økonomisk vekst og attraktivitet for fylket. Det krev at transportsystemet er effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg.

Ved å byggje ut infrastrukturen og ferjeavløysingsprosjekt kan vi utvide bu- og arbeidsmarknadene i fylket og dermed styrke dei kommunale og regionale sentera.

For å klare å møte trafikkveksten og dei aukande miljøkrava og kunne utvikle byar og tettstader med plass til menneske og aktivitetar må vi innrette transportsystemet slik at fleire vel å sykle, gå eller reise kollektivt framfor å køyre privatbil. Auka og betra kollektivtilbod, men òg nye incentiv, avgifter og verkemiddel må vurderast for å få fleire til å velje kollektivtransport.

Det er i byane det er størst potensial for å redusere biltransporten. Det er behov for å utvikle byane våre gjennom å betre trafikksystemet og arealdisponeringa. Det er særleg behov for ei fortetting langs transportårene. Transportplanlegging har konsekvensar for mange andre samfunnsområde, og dei prioriteringane kommunane gjer i arealplanane sine, er ein avgjerande faktor for kor stort transportbehovet blir i framtida.

Topografien gjer Møre og Romsdal til eit krevjande samferdselsfylke, og behova er langt større enn dei tilgjengelege ressursane. Ferjetrafikken har sterk vekst, og det er kapasitetsproblem i rushtrafikken på fleire samband. Vedlikehaldsgapet på fylkesvegnettet aukar, mellom anna fordi rammeoverføringane frå staten ikkje er store nok. Betre statleg kompensasjon og nye modellar for drift er ein del av løysinga.

Ulykkestala og talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken har gått jamt nedover i landet og i fylket over lang tid. Men visjonen om null ulykker må fasthaldast. Haldningsarbeid – spesielt mot unge – og fysisk trafikksikker utforming av vegnettet er tiltak som har virka og som må halde fram.

Utbygging av breiband og mobilnett er avgjerande for at alle delar av fylket skal kunne nytte ny teknologi. Det må arbeidast for at kommunane i fylket får ein større del av dei nasjonale løyvingane til breibandutbygging.



Planar

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016. Satsingsområde Samferdsel

Vedteken: Desember 2012 (T-sak 74/12)

- **Formål:** Gjennom handlingsprogrammet for samferdsel får fylkeskommunen eit heilskapleg prioriteringsgrunnlag for samferdselssektoren i fylket.

  Hovudmålet er å fremme regional utvikling og robuste bu-, arbeids- og serviceregionar gjennom å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem.

- **Innhald:** Samferdsel har seks resultatmål innan områda kollektivtrafikk, ferjetilbodet, transportsystemet, ferjeavløysingsprosjekt, finansieringsmodellar og påtrykk på sentrale styresmakter, og trafikktrygging. Måla gjeld fram til 2022.

- **Vurdering:** Samferdsel som satsingsområde har lagt til rette for å kunne sjå heile samferdselssektoren under eitt og har synleggjort samanhengane i sektoren. Å ha samferdsel som satsingsområdet har òg rasjonalisert planarbeidet i sektoren fordi ein kan ta alt i same prosess.

  I Møre og Romsdal har vi ei rekke strategiar innanfor samferdselssektoren som fylkestinget har vedteke. Måla og prinsippa i desse dokumenta er lagde inn som innsatsområde i handlingsprogrammet for samferdsel. Det er ønskeleg med færrast moglege dokument og kjelder, for då er det lettare å ha oversikt over det målretta planarbeid på samferdselsområdet.

- **Tilråding:** Samferdsel bør framleis vere eit satsingsområde i fylkesplanen. Mål, prinsipp og konklusjonar frå strategiar, grunnlagsdokument eller fagmeldingar blir innarbeidde i handlingsprogrammet for samferdsel.

Transportstrategi for gåande og syklande i Møre og Romsdal 2010–2019

Vedteken: Juni 2007 (T-sak 44/07)

- **Formål:** I den neste tiårsperioden skal vi bygge vesentleg meir gang- og sykkelvegar langs riks , fylkes og kommunevegane enn i dei føregåande ti åra. Behovet for og betydninga av gang- og sykkelvegar skal alltid vurderast i samband med investeringstiltak i vegsystemet.

- **Innhald:** Strategien omtalar status og behov for gang- og sykkelvegar i fylket, ansvarsdeling, ulike samfunnsomsyn for bygging av gang- og sykkelveganlegg og målsettingar for å få fleire til å gå og sykle. Det blir òg gitt ei målsetting for standarden på drift og vedlikehald.

- **Vurdering:** Sjå vurdering under satsingsområdet samferdsel.

- **Tilråding:** Blir vidareført som grunnlagsdokument for satsingsområdet samferdsel i fylkesplanen i handlingsprogrammet for samferdsel.

Ferjestrategi for Møre og Romsdal 2006–2015

Vedteken: Desember 2005 (T-sak 70/05)

- **Formål:** Strategien er å ha eit ferjetilbod vi kan leve med i dag, og som gir grunnlag for vidare vekst og virke i fylket. Gjennom strategien ønsker fylkeskommunen
  - å formulere regionalpolitiske krav overfor nasjonale styresmakter
  - å definere klare prosesskrav i samband med anbodsprosessane
  - å legge til rette for regionalpolitisk samordning av alle ferjesambanda i fylket
  - å avklare korleis fylket best kan utøve ansvarsområda sine med omsyn til ferjetilbodet
- **Innhald:** Strategien tek mellom anna opp materiellsituasjonen, kapasitetsutfordringar, ferjetilbodsstandard, effektiviseringsgevinstar, innkjøps- og kontraktsformer og ruteinformasjon.
- **Vurdering:** Sjå vurdering under satsingsområdet samferdsel.
- **Tilråding:** Ferjestrategien blir avløyst av ferjestandarddokumentet / grunnlagsdokumentet for utforming av ferjetilbodet som er under utarbeiding, når dette er politisk vedteke. Dette dokumentet blir eit grunnlagsdokument til fylkesplanen gjennom handlingsprogrammet for samferdsel.

Planar

Finansieringsstrategi

Vedteken: Ved fylkestinget si behandling av Nasjonal transportplan, handlingsprogrammet 2006-2009 (T-sak 12/05 A), blei det vedteke at det skulle utarbeidast ein finansieringsstrategi for Møre og Romsdal fylke. Denne blei utarbeidd i 2006.

- **Formål:** Strategien skal sette søkelys på sentrale problem knytte til realisering av samferdselsprosjekt. Det eit stort gap mellom ambisjonar og mogleg realisering av viktige utbyggingsprosjekt, derfor ønsker Møre og Romsdal fylkeskommune å sette fokus på sjølve finansieringa av samferdselstiltak. Men det er òg eit formål med strategidokumentet å få politisk gjennomslag for ei sterkare satsing på samferdsel i statsbudsjettet.
- **Innhald:** Strategien drøftar ulike finansieringsformer og kven av desse som kan passe for ulike typar vegprosjekt.
- **Vurdering:** Sjå vurderinga under satsingsområdet samferdsel.
- **Tilråding:** Strategien blir vidareført som grunnlagsdokument for satsingsområdet samferdsel i fylkesplanen i handlingsprogrammet for samferdsel.

Kollektivstrategi 2012–2021

Vedteken: Juni 2012 i (T-sak 42/12)

- **Formål:** Det skal bli lettare for folk å reise kollektivt innanfor tenlege rammer for trafikktrygging, miljø og samfunnets ressursbruk.
- **Innhald:** Strategien omhandlar
  - takst, informasjon og marknad
  - haldeplassar
  - rutestruktur
  - betalingstransport
  - fylkeskryssande reiser
  - samarbeid, innkjøp og organisering

  Strategien er kopla på fylkesplanens resultatmål om kollektivtrafikken.
- **Vurdering:** Sjå vurdering under satsingsområdet samferdsel.
- **Tilråding:** Strategien blir vidareført som grunnlagsdokument for satsingsområdet samferdsel i fylkesplanen i handlingsprogrammet for samferdsel.

Luftfartsstrategi 2007–2015

Vedteken: April 2007 (T-sak 19/07)

- **Formål:** Lufthamnene skal bidra til betre tilgjenge og auka verdiskaping for Møre og Romsdal som region.
- **Innhald:** Hovudfokus er tiltak som kan betre flyrutetilbodet innanlands og til utlandet. Blant desse er oppstartsfond for nye flyruter, betre tilbringartransport, samarbeid om ruteendringsprosessar og vidareutvikling av nettverkskontakt lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Det blir slått fast at Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje bør investere i infrastruktur på enkelte lufthamner.
- **Vurdering:** Sjå vurdering under satsingsområdet samferdsel.
- **Tilråding:** Strategien blir førebels vidareført som grunnlagsdokument for satsingsområdet samferdsel i fylkesplanen i handlingsprogrammet for samferdsel.

Planar

Trafikktryggingsstrategi for Møre og Romsdal 2013–2022

Vedteken: Desember 2012 (T-sak 75/12)

- **Formål:** Fylkeskommunen skal gjennom målretta og langsiktig arbeid bidra til at det blir endå tryggare å ferdast i trafikken, og vi skal medverke til å nå det nasjonale målet for 2024 om færre drepne og skadde i vegtrafikken.

- **Innhald:** Strategien tek opp
  - grunnlaget for trafikktryggingsarbeidet
  - organiseringa av trafikktryggingsarbeidet i Møre og Romsdal
  - ulykkessituasjonen i Møre og Romsdal
  - nasjonale og regionale mål for trafikktrygging
  - strategiar for trafikantane, køyretøy og vegnettet, og organisering og samarbeid

- **Vurdering:** Sjå vurdering under satsingsområdet samferdsel.

- **Tilråding:** Strategien blir vidareført som grunnlagsdokument for satsingsområdet samferdsel i fylkesplanen i handlingsprogrammet for samferdsel.

Andre samferdselsplanar

Innan sektoren er det fleire sentrale planar og planprosessar i tillegg til dei som berre gjeld Møre og Romsdal. Våre innspel til desse må vere forankra i fylkeskommunen sitt eige planverk.

- **Nasjonal transportplan (NTP)** er regjeringa sitt mål- og strategidokument for transportpolitikken (sjø, luft, bane og veg) i Noreg. Her blir det lagt rammer for staten sine økonomiske prioriteringar på samferdselsområdet. I kommande periode vil fylkeskommunen følgje opp handlingsprogrammet og ha fokus på å sikre Møreaksen.

- **Regional transportplan Midt-Norge 2014–2023 (RTP**) er eit samarbeid med trøndelagsfylka basert på behovet for koordinering og utvikling av heilskaplege løysingar på tvers av transportetatane og fylkesgrensene. Planen blei vedteken av fylkestinget i juni 2012 (T-sak 39/12). Ein viktig del av planen er å identifisere og synleggjere transportstraumar og udekte transportbehov i regionen. RTP er òg meint å vere eit grunnlag for innspel til rullering av NTP 2018-2027, og som eit grunnlag i arbeidet med å påverke sentrale styresmakter til å betre rammevilkåra for samferdselsansvaret i fylkeskommunane. Det er no eit tett samarbeid både administrativt og politisk i forhold til innspel til den neste nasjonale transportplanen (2018–-2027). I neste periode vil vi for Møre og Romsdal sin del ha sterkt fokus på Møre-aksen, ferje og rasproblematikk.

- **Transportplan Vestlandet 2007–2019** blei vedteken i fylkesutvalet i sak U-188/2008. Planen trekker opp Vestlandsrådet sine mål og strategiar for ei framtidsretta transportutvikling. Planen omhandlar områda vegsektoren, jernbane, sjøtransport, luftfart, regional kollektivtransport, byområde og finansiering og organisering. Planen blei nytta i utarbeidinga av strategien for ferjefri E39. Det er vedteken eit handlingsprogram for perioden 2012–2015 (sak T-91/11). Møre og Romsdal og dei andre vestlandsfylka må vurdere behovet for eit nytt handlingsprogram.

Anna planbehov

Det er behov for eit dokument som greier ut nærmare om prinsipp, føringar og system for utvikling av fylkesvegnettet.

- **Tilråding:** Dette dokumentet vil bli knytt til handlingsprogrammet for samferdsel på same måten som dei eksisterande strategiane, men vil få nemninga «grunnlagsdokument», «fagmelding» eller liknande.

3.6 Oppvekstvilkår, folkehelse og tannhelse

Utfordringar og moglegheiter

Å legge til rette for at barn og unge får ein god oppvekst er eit samfunnsansvar for både fylkeskommunen, kommunane og staten. Trivsel i barne- og ungdomsåra påverkar òg den framtidige bulysta i fylket.

Barn og unge har rett til medverknad og deltaking, men blir berre i varierande grad involverte. Alle kommunane i fylket har formelle organ for påverknad for barn og ungdom, men det er stor variasjon i korleis desse fungerer. Ein fast tilsett koordinator med tid til tilrettelegging og oppfølging er ein føresetnad for å få det til.

Barn og unge sine interesser i planleggingа skal bli varetekne av ordninga med barnerepresentant i kommunane. Det er behov for tydelegare nasjonale retningslinjer for rekruttering, opplæring og innhald i denne ordninga.

I nyleg gjennomførte undersøkingar svarar dei fleste unge i fylket at dei har det bra både på skolen og i nærmiljøet. Men ein del ungdommar, særleg jenter, opplev psykiske plagar i kvardagen. Tverretatleg og styrkt oppfølging av ungdom med sosiale eller helsemessige problem er viktig.

Dei fysiske omgivnadene i bustadområde, skoleanlegg og i nærområdet generelt er svært viktige for både oppvekstvilkår og folkehelse. Arealplanar skal legge til rette for barn og unge sin leik og aktivitet – og for at alle aldersgrupper skal ha høve til friluftsliv.

Folkehelsa i Møre og Romsdal er generelt god, men vi ser ein auke i livsstilsjukdommar fordi folk har endra mat- og drikkevanane sine og er mindre fysisk aktive. Det er store variasjonar mellom kommunane med omsyn til helsetilstand og faktorar som påverkar folkehelsa.

Helsa i befolkninga blir i stor grad påverka av tilhøve som ligg utanfor helsesektoren. I åra framover er det nødvendig at alle sektorar set seg folkehelsemål og samarbeider for å førebyggje livsstilssjukdommar. Det handlar om å legge til rette for ei samfunnsutvikling som bidreg til god helse.

God tannhelse er god folkehelse. Sjølv om tannhelsa blant folk har blitt god, ser vi eit dramatisk skifte i behandlingsbehovet. Høg endringstakt gir nye premissar og utfordrar tenesta. Demografiske endringar, innvandring, urbanisering og auka mobilitet, teknologisk utvikling og spesialisering er utviklingskrefter som er premissgivande for innretninga av den framtidige tannhelsetenesta.



Planar

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016 – gjennomgåande perspektiv barn og unge og folkehelse

Vedteken: Desember 2012 (T-sak 74/12)

Formål: Planen skal styrke fylkeskommunen si evne til å ta eit heilskapleg grep og ansvar for samfunnsutviklinga på desse felta, og han skal legge til rette for tverrfagleg arbeid internt i fylkeskommunen og eksternt med kommunar, statlege etatar, organisasjonar og andre relevante aktørar.

Innhald: Fokus på at barn og unge skal få delta i og påverke sitt eige oppvekstmiljø, og på å leggje til rette for ein inkluderande, sunn og aktiv livsstil. Dette skal vere viktige vurderingskriterium i alle planar og tiltak.

Vurdering: Andre regionale planar eller strategiar tek ikkje spesielt omsyn til barn og unge, men for folkehelse har vi fått ein eigen regional delplan. I løpet av 2015 vil vi få inn nytt kunnskapsgrunnlag om barn og unge sin situasjon i fylket. I samarbeid med Fylkesmannen er det sett i gang ei kartlegging av kommunane sitt arbeid med barn og unge på ulike sektorar. Sjå elles vurderingar av fylkesplanen på side 11.

Tilråding: Fylkesplanen blir vidareført, men med nokre endringar.

Regional delplan for folkehelse

Vedteken: Desember 2013 (T-sak 78/13)

Formål: Regional delplan for folkehelse skal vere eit grunnlag for det samla arbeidet med folkehelse i Møre og Romsdal. Planen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, institusjonar, organisasjonar og næringsliv eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag. Målet for folkehelsearbeidet er fleire leveår med god helse for den enkelte og reduserte sosiale helseforskjellar i befolkninga.

Innhald: Planen har seks satsingsområde:

- Samfunnsutvikling for ein god start i livet
- Helsevennleg arbeidsliv
- Samfunn som fremmar ein aktiv, trygg og frisk alderdom
- Trygt og helsefremmande fysisk miljø
- Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar
- Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Vurdering: Planen blei til gjennom ein brei prosess med mange deltakarar og er relativt ny. Handlingsprogrammet har vore rullert to gonger. Det er viktig med tverrfagleg og tverretatleg deltaking i rulleringa av handlingsprogrammet.

Tilråding: Delplanen blir vidareført og følgd opp med årlege handlingsprogram.

Regional delplan for tannhelse

Vedteken: Oktober 2013 (T-sak 59/13)

Formål: Planen er eit verktøy for å ta vare på fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag på tannhelsefeltet. Planen skal gi fylkeskommunen eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag i arbeidet med å organisere førebyggande tiltak og gi eit regelmessig og oppsøkande tilbod om tannhelsetenester til prioriterte grupper i befolkninga. Årleg gir fylkeskommunen mellom 70 000 og 80 000 personer i fylket tannbehandling.

Innhald: Regional delplan for tannhelse gjer greie for sentrale utviklingstrekk, utfordringar og strategiske vegval for den offentlege tannhelsetenesta i fylket. Planen tek opp følgjande:

- Kvalitet og pasienttryggleik
- Kompetanse i tenesta
- Berekraftig klinikkorganisering
- Folkehelse og samhandling

Vurdering: Planen fungerer som ein viktig styringsreiskap for den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal.

Tilråding: Delplanen blir vidareført og blir følgt opp gjennom det årlege økonomiplanarbeidet ved at økonomiplan- og budsjettsaken er planens handlingsprogram. Delplanen og økonomisaken får same temainndeling for å tydeleggjere dette.

3.7 Areal og naturressursar

Utfordringar og moglegheiter

Utviklinga i Møre og Romsdal må vere slik at vi klarer å dekke dagens behov utan å redusere moglegheita for at kommande generasjoner skal få dekt sine behov. Den viktigaste reiskapen vi har for å få til berekraftig utvikling, er arealplanlegginga. Her skal ulike omsyn vegast mot kvarandre for å få til resultat som er tenlege for allmenta no og i framtida.

Det er press på arealressursane, særleg på natur- og naturtypar i låglandet. Det urørte naturarealet minkar år for år. Nedbygging av strandsona held fram, og mindre av arealet er attraktivt for allmenta. Jordbruksområda er utsette for utbyggingspress. Det er òg interessekonfliktar knytte til sjøareala, der akvakulturnæringa har behov for område som eignar seg til berekraftig produksjon. Dette føreset interkommunal sjøplanlegging.

Presset på areala aukar når fleire vel å bu i tettbygde strok. Skal vi klare å få til god trafikkavvikling, redusere forureininga og ta vare på naturmangfaldet og kulturminna, er det viktig å organisere arealbruken slik at vi reduserer behovet for transport og legg til rette for miljøvennlege transportformer. I dette ligg òg eit behov for fortetting.

Ifølgje vassforskrifta skal alle vassførekomstar ha mål for ønskt vasskvalitet med tilhøyrande tiltaksprogram. Skal vi nå måla om betre vasskvalitet, er vi avhengige av eit betre kunnskapsgrunnlag om vassførekomstane og statleg medfinansiering.

Møre og Romsdal har ubrukte ressursar som kan gi oss meir fornybar energi. Rammevilkåra for vindkraft gjer at mange konsesjonar står unytta. Bioenergiressursane er òg lite utnytta, det same gjeld solenergi og fjordvarme.

For å minske alvorlege klimaendringar må vi redusere klimagassutsleppa og energiforbruket. Det krev kunnskapsoppbygging, dialog og samarbeid mellom mange aktørar – og ikkje minst konkrete miljøtiltak. Miljøsertifisering og miljøstyring er ein måte å arbeide systematisk med dette på både i offentlege og private verksemder. Energieffektivisering av bygningsmassen krev ei omfattande og langsiktig satsing. Det er i tillegg behov for å avbøte negative følgjer av klimaendringane som alt gjer seg gjeldande (havnivåauke, hyppigare flaum, større nedbørsmengder og meir vind).

Kommunane har ei sentral rolle i klimaarbeidet, både som plan- og bygningsmyndigheit og som byggeigarar. Næringslivet og FoU-institusjonane i fylket har store moglegheiter innanfor innovasjon og utvikling av ny miljøvennleg teknologi. Dette føreset føreseielege rammer og langsiktige mål.



Planar

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016 – gjennomgåande perspektiv klima og miljø og satsingsområdet verdiskaping

Vedteken: Desember 2012 (T-sak 74/12)

- **Formål:** Planen skal styrke fylkeskommunen si evne til å ta eit heilskapleg grep og ansvar for samfunnsutviklinga på klima- og miljøfeltet. Skal legge til rette for tverrfagleg arbeid internt i fylkeskommunen og eksternt med kommunar, statlege etatar, organisasjonar og andre relevante aktørar (meir om dette på side X).
- **Innhald:** Resultatmålet for det gjennomgåande perspektivet er at vi skal legge til rette for berekraftig arealbruk og samfunnsutvikling, og at miljø- og klimaomsyn skal vere viktige vurderingskriterium i alle planar og tiltak.

  Under satsingsområdet verdiskaping er det eit resultatmål om areal- og naturressursane: Dei skal forvaltast på ein slik måte at dei gir grunnlag for næringsutvikling, samtidig som ein skal ta vare på miljøet og artsmangfaldet.
- **Vurdering:** Vi fekk i 2015 ein eigen regional delplan for klima og energi, og vi må derfor vurdere å ta ut dette som gjennomgåande perspektiv i fylkesplanen. Fylkesplanen sitt handlingsprogram verdiskaping bør framleis ha med tiltak som gjeld naturressursane.
- **Tilråding:** Fylkesplanen blir vidareført, men med nokre endringar.

Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde

Vedteken: April 2000 (T-sak 11/00)

- **Formål:** Å halde oppe mest mogleg av dei inngrepsfrie områda i Møre og Romsdal for å verne om det biologiske mangfaldet og sikre at kommande generasjonar kan oppleve urørt natur og sjølve ta avgjerder om forvalting av desse områda.
- **Innhald:** Planen identifiserer og prioriterer dei viktigaste inngrepsfrie områda i fylket. Dette er definert som område som ligg meir enn 1 km frå tyngre tekniske inngrep. Tyngre tekniske inngrep omfattar mellom anna kraftlinjer (> 33 kV), ulike vegtypar, regulerte vassdrag og magasin.

  18 område er prioriterte for skjerming mot inngrep. Planen har tilrådingar om praksis for kommunal arealplanlegging, landbruksforvaltinga, energiforvaltinga og lokalisering av reiselivstilbod.
- **Vurdering:** Den teknologiske utviklinga med utbygging og ressursutnytting har ført til at inngrepsfri natur er eit stadig knappare gode. Det er derfor framleis behov for ein slik plan. Det har ikkje skjedd så store arealendringar i fylket at det er nødvendig å revidere planen.
- **Tilråding:** Fylkesdelplanen blir vidareført, men får namnet «Regional delplan for inngrepsfrie naturområde» for å harmonere med dei andre delplanane.

Regional delplan for klima og energi 2015–2020

Vedteken: Juni 2015 (T-sak 34/15)

- **Formål:** Planen peiker ut retninga for ei felles og heilskapleg satsing, der visjonen er eit Møre og Romsdal med låge klimagassutslepp. Hovudmåla er at klimagassutsleppa i Møre og Romsdal innan 2020 skal reduserast med meir enn 10 prosent samanlikna med utsleppa i 2009 – og at det gjennom ny fornybar energi, energieffektivisering og energiomlegging skal frigjerast minst 2 TWh elektrisitet. Ungdommens miljøkrav blei òg vedteke: Innan 2020 skal det vere gjennomført minst fem konkrete tiltak i kvar kommune i fylket for å betre miljøet og redusere klimagassutsleppa.
- **Innhald:** Planen inneheld målsettingar og strategiar på desse områda:
  - Energiproduksjon og energibruk
  - Stasjonær energibruk
  - Landbruk
  - Marin og maritim industri
  - Petroleumsindustri og annan landbasert industri
  - Samferdsel
  - Folkehelse
  - Kultur og reiseliv
  - Kompetanse
- **Vurdering:** Planen er ei klar forbetring av den tidlegare fylkesdelplanen for klima og energi. Måla er meir konkrete. Planen er nyleg vedteken.
- **Tilråding:** Delplanen blir vidareført og blir følgt opp med eit handlingsprogram. Dette vil bli utarbeidd hausten 2015 og skal vedtakast av fylkesutvalet.

Planar

FylkesROS sjø

Vedteken: April 2007 (T-sak 15/07)

- **Formål:** Å skaffe nødvendig og relevant informasjon for arbeidet med brann- og ulykkesberedskapen til sjøs i Møre og Romsdal.
- **Innhald:** Bakgrunnen for ROS-analysen var at det var meir fokus på den aukande maritime trafikken i fjordane og langs kysten av Møre og Romsdal. Analysen inneheld ei kartlegging av risiko i samband med 27 uønskte hendingar til sjøs. Hendingane er delte inn i fem kategoriar: hendingar med fly/helikopter, hendingar med skip, petroleumsrelaterte hendingar, akutt forureining og andre hendingar. På bakgrunn av risikokartleggingа er det utarbeidd og gjennomført ein beredskapsanalyse med utgangspunkt i to scenario: skipsbrann og grunnstøyting. På grunnlag av denne analysen har ein konkludert og definert behovet for vidare oppfølging.
- **Vurdering:** ROS-analysen gir framleis nyttig kunnskap om risiko til sjøs. Analysen viser at det er behov for betre samordning og samøving, kompetansebygging og kompetansebevaring hos dei regionale aktørane.
- **Tilråding:** Analysen vil fungere som eit tillegg til den nye FylkesROS Møre og Romsdal, som er under utarbeiding.

Regional delplan for villrein – Ottadalen – UNDER UTARBEIDING

Vedtak: Planen er ute til tredje gongs høyring fram til 15.10.2015. Planen blir lagd fram for vedtak i fylkestinget i desember 2015.

- **Innhald:** Plandokumenta består av eit plankart, som viser sonedelinga av området; planheftet, som inneheld planskildring, retningslinjer og konsekvensutgreiing, og eit temakart for infrastruktur, som viser stiar, løyper, hytter, parkeringsplassar, kraftlinjer o.a. I tillegg blir det i planen vist til kartet som ligg ved NINA-rapport 643 «Villreinen i Ottadalen», og som viser det biologiske leveområdet for villreinen og korleis reinen bruker arealet til ulike tider av året.
- **Formål:** Same som for Dovrefjell-planen.
- **Tilråding:** Regional plan for Ottadalsområdet blir lagd fram for endeleg vedtak i desember 2015 saman med eit handlingsprogram. Fylkeskommunen vil følgje opp planen på same måten som Dovrefjell-planen. I Ottadalen skal det gjennomførast eit rådsmøte kvart år. Ansvaret skal rullere mellom dei tre fylkeskommunane. Det skal òg opprettast ei administrativ faggruppe (finst alt i Dovrefjell-området). Det er i tillegg generelle mål om felles sti- og løypeplanlegging, informasjon og skilting og løpande oppdatering av kunnskapsgrunnlaget.

FylkesROS fjellskred

Vedteken: ROS-analysen for fjellskred i Møre og Romsdal har hovudmandat frå eit fylkestingsvedtak om risikoen ved fjellskred i 2004 (T-69/04).

- **Formål:** Hovudmålet med ROS-analysen er å sikre menneskeliv. I nokre kommunar kan faresonene knytte til fjellskred og flodbølgjer dekkje til dels store areal. Det gir føringar for arealbruken. Gjennom risikokartleggingа og aktiv risikohandtering er det også eit mål å medverke til ei positiv samfunnsutvikling.
- **Innhald:** Analysen er utarbeidd i eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Norges geologiske undersøkelse (NGU), og blei avslutta i april 2011. Analysen dokumenterer at fjellskred med tilhøyrande flodbølgjer utgjer ein alvorleg risiko i Møre og Romsdal. Vi kan vente eitt til to store fjellskred for kvart hundreår, med fare for svært store ulykker. Analysen viser at det i fylket er over 80 ustabile fjellsider som kan utvikle fjellskred. Av desse er fire høgrisikoobjekt der store fjellvolum er i sakte rørsle (inntil 10 cm/år), med fare for store skred og påfølgjande flodbølgjer og flaum. Tre av desse fjellpartia er i indre Storfjorden og eitt i Romsdalen. 15 fjellparti er karakteriserte med moderat risiko og 36 med låg risiko. 33 fjellparti er ikkje klassifiserte.

  ROS-analysen gir råd om beredskapstiltak, vidare risikovurderingar og oppfølging gjennom arealplanlegging og utbygging.
- **Vurdering:** ROS-analysen gir framleis nyttig kunnskap om risiko knytt til fjellskred i Møre og Romsdal.
- **Tilråding:** Analysen vil fungere som eit tillegg til den nye FylkesROS Møre og Romsdal, som er under utarbeiding.

Planar

Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion – UNDER UTARBEIDING

Vedtak: Det er gjennomført to høyringsrundar. Planen blir lagd fram for vedtak i fylkestinget i desember 2015.

Formål: Planen skal vere eit oversiktsdokument på regionalt nivå over korleis ein ønsker å forvalte vassmiljøet og vassressursane i vassregionen i eit langsiktig perspektiv. Planen fastset miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn (1 780 til saman). Han er sektorovergripande og skal bidra til å styre og samordne vassforvaltinga og arealbruken på tvers av kommune- og fylkesgrensene.

Gjennom planen blir dei viktigaste utfordringane og dei største påverknadene prioriterte først. Etatane skal òg ta omsyn til kostnadseffektive tiltak. Planen skal bidra til at vassregion Møre og Romsdal oppfyller vassforskrifta sine krav om god økologisk og kjemisk tilstand innan 2021.

Innhald: Planen gir eit samla oversyn over vassressursane, korleis desse er karakteriserte og overvaka, kva analysar, mål og prioriteringar som er gjorde, og kva tiltak det medfører.

Vurdering: For dårleg kunnskapsgrunnlag og manglande ressursar gir store utfordringar for vassforvaltingsarbeidet i Møre og Romsdal. Skal vi klare å oppfylle ambisjonane i vassforskrifta, må ressursbruken frå sentrale styringsmakter trappast opp. Berre då kan vi klare å gjennomføre god nok kartlegging, utføre effektive tiltak og sikre den daglege oppfølginga.

Tilråding: Planen blir lagd fram for endeleg vedtak i desember 2015 saman med eit handlingsprogram for 2016.

Regional delplan for villrein – Dovrefjell – UNDER REVIDERING

Vedtak: To høyringsrundar er gjennomførte. Planen blir lagd fram for vedtak i fylkestinget i desember 2015.

Formål: Intensjonane med Regional plan for Dovrefjellsområdet er å sameine målet om lokal omstilling og utvikling med dei nasjonale måla om langsiktig og heilskapleg forvalting av fjellområda og sikring av leveområda til villreinen.

Innhald: Det er utarbeidd mål og retningslinjer for dei regionale sonene:

- Nasjonalt villreinområde
- Buffersoner
- Bygdenære område (område som ikkje påverkar villreinen sin bruk)

Tilråding: Planen blir lagd fram for endeleg vedtak i desember 2015 saman med eit handlingsprogram. Frå fylkeskommunen si side vil planen bli følgd opp gjennom respons på lokale utviklingsinitiativ og kommunale arealplanar. I tillegg inngår registreringar, tilrettelegging og formidling av kulturminne generelt. Handlingsplanen viser elles tiltak som skal gjennomførast av andre (SNO, villreinutvala, FoU-institusjonar, nasjonalparkstyret). Det skal òg leggast særleg til rette for eitt utvalt kulturminne i kvart av dei fire fylka, og det vil bli utarbeidd ei felles årleg samanstilling av kommunane si arealforvalting i området. Oppland fylkeskommune koordinerer dette.

Interkommunale kystsoneplanar – UNDER UTARBEIDING

Vedtak: I Regional planstrategi 2012–2016 blei det lagt opp til å utarbeide ein regional delplan for kystsona for Nordmøre – etter innspel frå kommunane på Nordmøre. Fylkeskommunen har òg hatt som intensjon å utarbeide liknande planar for Romsdal og/eller Sunnmøre.

Formål: Arealbruken i kystsona og dei kystnære sjøareala er samansett, og det er mange ulike aktivitetar og interesser i området. Ressursane i kystsona blir stadig viktigare for næringsaktivitet og verdiskaping. Konkurransen om desse areala er aukande og ulike og til dels motstridande interesser og omsyn fører til konfliktar om arealdisponeringa. Samtidig er det store biologiske og landskapsmessige kvalitetar som det er viktig å ta vare på.

Ulike brukar- og verneinteresser har ført til eit sterkare behov for offentleg planlegging og forvalting av arealbruken i kystsona. Utfordringa blir å vurdere gode formål, kryssande interesser og lokale, regional og nasjonale omsyn opp mot kvarandre.

Det er eit mål at kystsoneplanane skal legge til rette for auka sysselsetting og berekraftig vekst for nærings livet samtidig som at dei skal ta vare på biologiske og landskapsmessige kvalitetar, friluftsliv, kulturlandskap osv. Andre sentrale perspektiv i planarbeidet er dei nasjonale laksefjordane, marint biologisk mangfald, fiskerihamner, nødhamner og ankringsplassar.

Status: I perioden har desse planprosjekta blitt forankra og drivne fram som to interkommunale planar, med prosjektstøtte frå fylkeskommunen – altså ikkje ein regional delplan. På Sunnmøre har det så langt ikkje blitt formalisert noko planarbeid.

Interkommunal plan for Romsdalsfjorden
Alt i oktober 2011 gav fylkeskommunen tilskot frå Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond (MMV) til «utarbeiding av felles plankart med føresegner knytt til arealbruken i kystsona i kommunane Midsund, Rauma og Vestnes». I 2013 blei det gitt ytterlegare tilskot til prosjektet, som då blei utvida til august 2015 og omfatta kommunane Midsund, Molde, Nesset, Rauma og Vestnes. Det er utarbeidd planprogram for Interkommunal plan for Romsdalsfjorden, og det er gjort eit grundig analysearbeid for å identifisere og vekte alle interesser knytte til sjøareala i fjordsystemet. Fylkeskommunen har støtta den interkommunale arbeidsgruppa med teknisk og planfagleg rettleiing. Eit ferdig planforslag er venta å bli lagt ut til offentleg ettersyn innan utgangen av 2015, og den endelege planen skal vedtakast i dei enkelte kommunestyre for delområda av Romsdalsfjorden.

Interkommunal plan for sjøområda på Nordmøre
Også kommunane på Nordmøre fekk tilskot frå MMV i 2011, til eit prosjekt kalla «Regional plan for kystsona på Nordmøre». I 2012 fekk prosjektet ytterlegare tilskot til planprosjektet, som omfattar alle kommunar med sjøareal på Nordmøre (inkludert Nesset). Lokalt er ORKidé prosjekteigar, og prosjektet har fått tilslutning gjennom lokale vedtak i deltakande kommunar. Planprogram for «Interkommunal kommunedelplan for sjøområdene på Nordmøre» var ferdig utarbeidd i mai 2014, og planarbeidet har nokså lik organisering og metodikk som Romsdalsfjord-prosjektet. Fylkeskommunen har støtta arbeidsgruppa med teknisk og planfagleg rettleiing. Eit ferdig planforslag er venta å vere utarbeidd i løpet av 2016.

Kystsoneplanlegging på Nordre Sunnmøre
Ålesund kommune søkte hausten 2012 om tilskot til kystsoneplanlegging på nordre Sunnmøre på vegner av kommunane Sula, Sandøy, Haram, Giske og Ålesund. Det hadde samanheng med at den gjeldande kystsoneplanen for Ålesund kommune (2006–2010)

var moden for rullering. Fylkeskommunen gav tilskot til prosjektet i november 2012, men prosjektet har ikkje hatt framdrift, og det er til no ikkje utbetalt midlar frå denne tilsegna.

Tilråding: Dei interkommunale planarbeida på Nordmøre og for Romsdalsfjorden er godt politisk forankra og organiserte med eigne prosjektleiarar. Det ligg dermed godt til rette for å få vedteke juridisk bindande arealplanar for Romsdalsfjorden og Nordmøre i 2016. Fylkeskommunen vil gi teknisk og planfagleg støtte ved behov fram til sluttbehandling.

For sjøareal på nordre Sunnmøre er det enno ikkje formalisert regionalt eller interkommunalt planarbeid. Sjøarealplanleggingа for kommunane rundt Ålesund vil bli revurdert i samband med revideringa av kommunale planstrategiar i 2016. Det er foreslått at ei arbeidsgruppe, med representantar frå den administrative leiinga i Giske, Haram, Sandøy, Sula, Ørskog og Ålesund kommunar, skal vurdere planbehovet og moglegheitene for samarbeid generelt. Fylkeskommunen vil bli invitert til møte i ei slik arbeidsgruppe.

For dei resterande kommunane på Sunnmøre har det ikkje blitt teke initiativ til samarbeid om sjøarealplanlegging. Fylkeskommunen vil følgje opp spørsmålet i samband med at kommunane reviderer dei kommunale planstrategiane i 2016. Det kan òg vere aktuelt at fylkeskommunen tek initiativ til å samle kommunane til ei drøfting om felles planlegging, der representantar for prosjekta på Nordmøre og i Romsdal deler erfaringar.

Regionale delplanar for samordna areal- og transportplanlegging i mindre avgrensa område– FORSLAG TIL NY(E) PLAN(AR)

Vedtak: På bakgrunn av innspel som fylkeskommunen fekk ved utabeiding av den regionale delplanen for attraktive byar og tettstader, blei det lagt inn eit nytt punkt 12 om regionale delplanar med eigne arealføresegner for lokalisering av handel og tenester i mindre, avgrensa område (sak T-32/15).

Formål: Sikre effektiv arealbruk, fremme ei meir berekraftig by- og tettstadsutvikling og styrke samordna bustad-, areal- og transportplanlegging mellom kommunane.

Innhald: Jf. punkt 12 i den regionale delplanen for attraktive byar og tettstader skal følgjande retningslinjer skal leggast til grunn:

a) Planen skal omfatte meir enn éin kommune.
b) Planarbeidet skal baserast på ein skriftleg avtale mellom kommunane som er omfatta av planen, og fylkeskommunen.
c) Planen skal utarbeidast av dei aktuelle kommunane i tett samarbeid med fylkeskommunen.
d) Planen kan omfatte regional planføresegn knytt til retningslinjer for arealbruk etter § 8-5 i plan- og bygningslova.
e) Fylkeskommunen kan gi kommunane økonomisk støtte til planarbeidet.
f) Planutvalet/kommunestyret i alle dei aktuelle kommunane gjer ei innstilling til fylkestinget basert på planforslaget etter høyring.
g) Fylkestinget vedtek planen etter føresegnene i plan- og bygningslova.
h) Kommunane innarbeider planen sine verknader i sine eigne planar.

Den nye kommunestrukturen vil truleg vere godt nok avklart til at ein kan starte arbeidet i 2016.

Fylkeskommunen har i sin runde til kommunane om planstrategien i 2015 fått innspel frå kommunane i Ålesunds-regionen om at ein slik avgrensa regional areal- og transportplan er ønskeleg. Slik vi ser det, er det i dette området at det er størst behov for ein slik plan. Også i Kristiansunds-regionen, Molde-regionen og i Ørsta/Volda vil ein slik plan vere nyttig.

Tilråding: Fylkeskommunen vil ta initiativ overfor kommunane for å diskutere framdrift for slike planar. Det kan vere aktuelt for fylkeskommunen å støtte slike samarbeid økonomisk. Det vil vi i komme tilbake til i eit eventuelt planprogram.

4 Prioriterte område for regional planlegging

Prioriterte nye planoppgåver

Planoppgåve *Planar etter plan- og bygningslova:*	**Ansvarleg i fylkeskommunen**	**Medverknad og oppfølging**	**Tidsplan**
Revidering av Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017–2022	Plan- og analyseavdelinga	Fagavdelingane i fylkeskommunen, kommunane, regionale statsetatar, organisasjonar, FoU-institusjonar, næringsliv mfl.	Mai 2016 til april 2017
Regional delplan for museum	Kulturavdelinga	Blir avklart i planprogrammet	Januar 2016 til april 2017
Regionale delplanar for samordna areal- og transportplanlegging i mindre område	Plan- og analyseavdelinga	Samferdselsavdelinga, kommunane, regionale statsetatar	Oppstart 2015 i Ålesunds-regionen hausten. Elles etter initiativ frå kommunane.
Andre planrelaterte oppgåver:			
Forskings- og innovasjonsstrategi	Regional- og næringsavdelinga	Plan- og analyseavdelinga, utdanningsavdelinga, FoU-institusjonar, næringslivet, Innovasjon Norge	Hausten 2015 til hausten 2016
Internasjonal strategi	Regional- og næringsavdelinga	Fagavdelingane i fylkeskommunen	Hausten 2015 til våren 2016
Grunnlagsdokument: ferjestandard	Samferdselsavdelinga	Statens vegvesen	I løpet av 2016
Grunnlagsdokument: utvikling av fylkesvegnettet	Samferdselsavdelinga	Statens vegvesen	Hausten 2017
Innspel til nasjonal transportplan (NTP)	Samferdselsavdelinga	Trøndelagsfylka, Statens vegvesen	Behandling i des. 2015 og april 2016
Samordning av kommunale planar som følgje av kommunesamanslåingar	Plan- og analyseavdelinga	Kommunane	Etter initiativ frå kommunane

4 Prioriterte område for regional planlegging

Planar som er starta opp og skal fullførast

Planoppgåve *Planar etter plan- og bygningslova:*	**Ansvarleg i fylkeskommunen**	**Medverking og oppfølging**	**Tidsplan - vedtak**
Regional plan for vassforvalting for Møre og Romsdal vassregion	Regional- og næringsavdelinga	Plan- og analyseavdelinga, regionale statsetatar, kommunane, organisasjonar, næringslivet	Desember 2015
Regional delplan for villrein – Dovrefjell	Plan- og analyseavdelinga	Fylkeskommunane i Hedmark, Oppland og Sør-Trøndelag, aktuelle kommunar, regionale statsetatar	Desember 2015
Regional delplan for villrein – Ottadalen	Plan- og analyseavdelinga	Fylkeskommunane i Oppland og Sogn og Fjordane, aktuelle kommunar, regionale statsetatar	Desember 2015
Andre planrelaterte oppgåver:			
FylkesROS Møre og Romsdal	Plan- og analyseavdelinga	Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fagavdelingane i fylkeskommunen, kommunane, andre regionale statsetatar	Høyring hausten 2015, vedtak våren 2016
Handlingsplan bibliotek	Kulturavdelinga	Plan- og analyseavdelinga, utdanningsavdelinga/dei vidaregåande skolane, kommunane/ biblioteka og andre relevante aktørar innan kulturfeltet.	Hausten 2015 til våren 2016.
Initiativ til interkommunale kystsoneplanar Romsdalsfjorden, Nordmøre, Nordre Sunnmøre,- Søre Sunnmøre	Plan- og analyseavdelinga	Regional- og næringsavdelinga, kommunane, regionale statsetata	Romsdalsfjorden 2016, Nordmøre 2016, Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre 2019

(Trykk på lenkene for å gå til planane)

4 Prioriterte område for regional planlegging

Gjeldande planar som skal vidareførast uendra

Planoppgåve *Planar etter plan- og bygningslova*	**Ansvarleg i fylkeskommunen**	**Medverking og oppfølging**	**Vedtatt**
Regional delplan for attraktive byar og tettstader	Plan- og analyse-avdelinga	Fagavdelingane, kommunane, regionale statsetatar, private utbyggarar	Juni 2015
Regional delplan for klima og energi	Regional- og næringsavdelinga	Fagavdelingane, plan- og analyseavdelinga, kommunane, regionale statsetatar, organisasjonar, næringslivet	Juni 2015
Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi	Kulturavdelinga	Plan- og analyseavdelinga, kommunane	Juni 2015
Regional delplan for folkehelse	Kulturavdelinga	Fagavdelingane, plan- og analyseavdelinga, kommunane, regionale statsetatar, organisasjonar, næringslivet	Desember 2013
Regional delplan for tannhelse	Fylkestannlegen	Kulturavdelinga, Fylkesmannen, Helse Møre og Romsdal HF	Oktober 2013
Regional delplan for inngrepsfrie naturområde	Plan- og analyse-avdelinga	Kommunane, regionale statsetatar	April 2000
Andre planrelaterte oppgåver			
Landbruksmelding for Møre og Romsdal	Regional- og næringsavdelinga	Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen, Innovasjon Norge, landbruksnæringa	Desember 2012
Melding om kystskogbruket	Regional- og næringsavdelinga	Kystfylka frå Vest-Agder til Finnmark, landbruksavdelinga hos Fylkesmannen, skogbruksnæringa	Juni 2015
Grunnlagsdokument til FylkesROS Møre og Romsdal: • FylkesROS sjø • FylkesROS fjellskred	Plan- og analyse-avdelinga	Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fagavdelingane i fylkeskommunen, kommunane, regionale statsetatar	April 2007 og april 2011
Grunnlagsdokument til satsingsområdet samferdsel i fylkesplanen på desse temaa: • gåande og syklande • finansiering • luftfart • kollektivtrafikk • trafikktrygging	Samferdselsav-delinga	Plan- og analyseavdelinga, fagavdelingane, Statens vegvesen og andre regionale statsetatar	2006–2012

Svar på nasjonale forventingar

Nasjonale forventingar til fylkeskommunen	Regionale prioriteringar
Legge vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester	Blir følgd opp gjennom Regional delplan for klima og energi og Regional delplan for attraktive byar og tettstadar.
Ta omsyn til klimaendringar og risiko og sårbarheit i samfunns- og arealplanleggинga og i byggjesaksbehandlinga	Blir følgd opp i Regional delplan for klima og energi og i FylkesROS Møre og Romsdal, som er under utarbeiding
Identifisere viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og ta omsyn til desse i regionale og kommunale planar. Ta den tilgjengeleg kunnskapen aktivt i bruk, trekke han fram og ta omsyn til dei samla verknadene	Blir følgd opp i Fylkesplan 2017–2022 (satsingsområdet kultur) og gjennom Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi
Legge til rette for betre tilgang på kompetent og relevant arbeidskraft som møter behova i den regionale arbeidsmarknaden. Planlegginga skal skje i partnarskap med utdannings-, arbeidsmarknads- og næringsaktørane, og på tvers av sektorar og forvaltingsnivå.	Blir følgd opp gjennom Fylkesplan 2017–2022 i eventuelle felles satsingsområde for verdiskaping og kompetanse
Samarbeide med kommunane om planlegging for verdiskaping, berekraftig næringsutvikling og innovasjon i partnarskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar. Sette av nok areal til næringsutvikling som bidreg til behova i næringslivet, og som er lokaliserte utifrå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging	Blir følgd opp gjennom Fylkesplan 2017–2022 i eventuelle felles satsingsområde for verdiskaping og kompetanse
Sikre viktige jordbruksområde og legge til rette for nye og grøne næringar som er knytte til jordbruk og skogbruk. Eksempel kan vere grønt reiseliv, mat med lokal identitet og utnytting av bioenergi.	Blir følgt opp gjennom Fylkesplan 2017-2022 i ev. felles satsingsområde for verdiskaping og kompetanse og gjennom Landbruksmeldinga og Melding om kystskogbruket
Sikre naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsutvikling og samfunnsliv og sikre at samiske interesser får ta del i planlegginga der ho rører ved desse.	Dei samiske områda er små i Møre og Romsdal, og dette vil ikkje bli følgt opp som eige plantema
Sikre nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsoneplanlegginga og vege dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Sjå arealbehovet i eit regionalt perspektiv.	Blir følgd opp gjennom Fylkesplan 2017–2022 i eventuelle felles satsingsområde for verdiskaping og kompetanse og gjennom interkommunale kystsoneplanar
Sikre tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og vege det opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Sjå behovet for og tilgangen til byggjeråstoff i ein regional samanheng.	Med det kunnskapsgrunnlaget vi har no, er ikkje dette eit aktuelt plantema. Dersom ein får ny kunnskap, vil ein vurdere å ta han inn i handlingsprogram for verdiskaping
Ta omsyn til arealbehovet til Forsvaret i samband med nasjonale forsvarsplanar og når det er nødvendig for å sikre forsvarsevna til landet.	Kjenner ikkje til at dette er aktuelt i Møre og Romsdal no, men dersom Forsvaret treng areal her, er vi positive til å delta i planarbeidet.
Fastsette regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekka i transportsystemet, medrekna knutepunkt for kollektivtrafikken. Trekke langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde. Staten, fylkeskommunane og kommunane legg vedtekne planar til grunn for eigne vedtak.	Blir følgt opp gjennom Regional delplan for attraktive byar og tettstadar og ev. nye avgrensa regionale delplanar for areal- og transportplanlegging
Legge til rette for nok og variert bustadbygging, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging	Blir følgd opp gjennom den regionale delplanen for attraktive byar og tettstadar og eventuelle nye avgrensa regionale delplanar for areal- og transportplanlegging
Bidra aktivt i arbeidet med konseptvalutgreiingar og statlege planar for store samferdselstiltak	Blir følgd opp gjennom Fylkesplan 2017–2022 i satsingsområdet for samferdsel
Legge til grunn at transportveksten skal skje med kollektivtransport, sykkel og til fots, og følgje aktivt opp bymiljøavtalar og byutviklingsavtalar med staten	Blir følgd opp gjennom Fylkesplan 2017–2022 i satsingsområdet for samferdsel

Eigne notatar

Møre og Romsdal
fylkeskommune

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr: Arkiv:	2015/448 L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
10/16	Formannskapet	19.01.2016

DETALJREGULERINGSPLAN FOR STOKKSUND B33 - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:
Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at detaljreguleringsplan for Stokksund B33, sist datert 19.11.2015, vert lagt ut til offentleg ettersyn med fylgjande endring i *§ 12 – krav om rekkjefølgje* bokstav a, 2. setning:

§ 12 – krav om rekkjefølgje (pbl. § 12-7 nr. 10)
a. Nærleikeplassane BLK1, 3, 4, 5, 6, 8 og 9 skal opparbeidast og ferdigstillast før det vert gjeve ferdigattest til nye bustadar som soknar til den aktuelle nærleikeplassen jfr. maks avstandskrav på 50 m mellom bustad og leikeplass.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, pb. 2500	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset, pb. 2520	6404 MOLDE
Statens vegvesen, region midt	Postboks 2525	6404 MOLDE
Norges vassdrags- og energidirektorat	Naustdalsvn. 1b pb. 53	6801 FØRDE
Søre Sunnmøre Landbrukskontor	Dragsundvegen 6	6080 GURSKØY
Mørenett AS	Langemyra 6	6160 HOVDEBYGDA
Stokksund Grendalag v/ Joakim Eiksund,		6070 TJØRVÅG
Storeneset grannelag v/ Alf Olger Dypvik,		6070 TJØRVÅG
Per-Magne Lillenes		6070 TJØRVÅG
Indre Herøy sokn v/kyrkjekontoret	Lisjebøvegen 1	6091 FOSNAVÅG
Barnerepresentanten i Herøy kommune		

Ungdomsrådet
Eldrerådet
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Vedlegg
1 Plankart - detaljreguleringsplan for Stokksund datert 19.11.2015
2 Føresegn, datert 19.11.2015
3 Planomtale, datert 19.11.2015
4 Rapport - naturmangfald, datert 14.9.2015
5 Sjekkliste Naturmangfald
6 Sjekkliste ROS, datert 19.11.2015
7 Rapport - Støy, datert 26.10.2015
8 Vurdering av merknadar, datert 19.10.2015
9 Merknadar ved varsel om oppstart

Saksopplysningar:
Målet med planarbeidet er å leggje til rette for ulike typar bustadar med tilhøyrande infrastruktur på Stokksund.

Området er i kommuneplanen sin arealdel definert som framtidig bustadområde B33 med plankrav. Vest for B33 ligg TJ18 som er avsett som offentleg/privat tenesteyting.

Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen 6.3.2015 og Formannskapet vedtok i møte 17.3.2015, F-sak 55/15, oppstart av planarbeid. Oppstart av reguleringsarbeid vart varsla i avis og på nett 24.3.2015 med frist for merknadar 5.5.2015.

Med bakgrunn i merknad frå Per-Magne Lillenes ved varsel om oppstart vart det gjennomført ekstra medverknadsmøte på Stokksund skule 1.10.2015 der idrettslag, naboar, skule v/rektor og indre Herøy sokn var inviterte. Hovudprinsippa i planarbeidet vart presentert på møtet.

Plankonsulent har også gjennomført medverknadsmøte 28.10.2015 der fokus var på særskilde grupper der barnerepresentanten, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, norges handikapforbund, ungdomsrådet grendalag, foreldreutvalet ved skulen og rektor på skulen var inviterte.

Omtale av planforslaget:
I sum er det stipulert 80-100 bustadeiningar i området.

<u>Frittliggjande småhusbusetnad (BFS)</u>
38 tomter for einebustadar og to-mannsbustadar. Det er eit siktemål at deler av tomtene skal kunne byggast ut med to-mannsbustader. Slike tomter er gitt ekstra tomtedjupne og breidde.

I føresegnene er tomtebruken definert slik:
I område merka «BFS» kan tomt nyttast til inntil to (2) fullverdige bustadeiningar. Bustadeiningane skal då vere delt vertikalt. Tomt brukt til einebustad kan ev. også ha mindre utleigehusvære som sekundærhusvære, ev inntil to (2) stk. hyblar. Tomt nytta til to (2) fullverdige bustadeiningar kan ikkje ha sekundærbustad/hybel.

<u>Konsentrert småhusbusetnad (BKS)</u>

Seks (6) område for konsentrert småhusbusetnad. I område merka ”BKS1-BKS6” skal det byggjast konsentrerte småhus; rekkjehus, vertikaldelte og/eller horisontaldelte hus. Rekkjehus kan ha inntil 4 bustadeiningar i kvar (vertikalt delt). Bustader som er både vertikalt og horisontalt delte kan ha inntil 4 bustadeiningar.

Avlaupsanlegg (BAV)
I planframlegget er det sett av eit eige areal (BAV) til avlaupsanlegg (pumpestasjon og slamavskiljar i tilknyting til naudoverløp). Som vedlegg til planframlegget følgjer eit prinsippskisse på korleis vass- og avløpsanlegget er tenkt løyst.

Anna kommunalteknisk anlegg (BKT)
Gjennom området går bekkar som kjem frå stikkrenner gjennom fylkesvegen. Planen gjev grunnlag for å samle stikkrennene i eit løp mot sjøen. Særleg ved utbygginga av det nye skuleområdet vil det vere tenleg å få lagt om hovudbekken (største stikkrenna). Kanalen må byggast når for å ta omsyn til overvatn er det lagt til rette for ein drenskanal (BKT) gjennom feltet.

For meir detaljar knytt til avlaup og overvatn sjå planomtale og prinsippskisse.

Leikeplass (BLK)
Det er sett av areal til 9 stk. felles leikeplassar innanfor planområdet. 7 av desse er nærleikeplassar og 2 er kvartalsleikeplassar. Mellom leikeplassane er det gjennomgåande gangareal. Samla areal til nærleikeplass er ca. 50 m2 pr bustadeining. Det er lagt vekt på at leikeplassane skal auke standarden på bustadfeltet og gje grunnlag for eit godt bumiljø og ein god grønstruktur.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg (SKV) og annan veggrunn
SKV1-SKV12 skal vere offentlege vegar. Det same gjeld for tilhøyrande annan veggrunn – teknisk anlegg.Vegane er dimensjonert for 30 km/t (jf. kommunen si «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal»).

Fortau (SF)
I områda merka SF etablerast fortau samtidig med etablering av tilgrensande køyreveg.

Krav om rekkjefølgje
Ved byggesøknad skal det gjerast greie for plassering av minste utomhusareal (MUA). Nærleikeplassane BLK1, 3, 4, 5, 6, 8 og 9 skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når bustadeining nr 5 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk, jfr. maks avstandskrav på 50 m mellom bustad og leikeplass. Kvartalsleikeplassane BLK2 og 7 skal ferdigstillast når bustadeining nr 20 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk, jfr. maks avstandskrav på 250 m mellom bustad og leikeplass.

Adkomstvegane o_SKV1 og o_SKV2 skal utbyggast når eksisterande veg har 50 bustadeiningar som er knytt til vegen frå bustadområda i aust (her langs Grøndalsvegen, Bondestokksund og Prestegardsmyrane).

Tilstøytande reguleringsplanar og trafikkavvikling:
Byggefeltet vert å knyte seg til vegen Grøndalsvegen. Vegen skal gjevast høgre standard og vert knytt til Prestegardsvegen og endeleg til fylkesveg 654. Siste del inngår i nyleg vedteken reguleringsplan.

Vegstandarden i planforslaget er i tråd med Herøy kommune sin vegnormal «rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal».

Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua, planid: 201286:



Reguleringsplan for Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua er ein nyleg vedteken detaljplan for omlegging Fv 654 som også omfattar busshaldeplass og parkering.

Dei fleste kritiske merknadane til planarbeidet for Stokksund B33 går på dagens situasjon knytt til trafikkavvikling rundt skuleområde. I dag er område prega av eit utfordrande køyremønster, men dette er i stor grad betra gjennom Statens vegvesen sitt reguleringsarbeid. Som vi kan sjå av godkjend reguleringsplan over er det planlagt eiga busslomme mot skuleområde der borna kan gå direkte ned på gang- og sykkelveg. For foreldre som skal setje av born i område må desse nytte område SPA og borna går deretter på gang- og sykkelveg på vestsida av SPA, kryssar mot BR og kryssar på nytt over til skuleområde.

Den nye reguleringsplanen til vegvesenet har rydda bort mykje av problema i tilkomstområdet til skulen. Det ligg til foreldra/sjåførane å køyre forsvarleg i samsvar med vegmønsteret. Køyring inne på skuleområdet må skulen sjølv ta tak i og syte for forsvarleg køyremønster. Plankonsulent har laga ei skisse som viser forslag til nytt køyremønster på skuleplassen sjølv om det ligg utanfor planområde, sjå skisse nedanfor.



Oppsummering av dei viktigaste merknadane ved varsel om oppstart:

Merknad nr. 5 - Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Utdrag:
Arealbruken i planområdet er i tråd med nylig vedtatt kommuneplan. I oversendinga blir det vist til at det i kommuneplanen sin KU stillast krav om avklåring av ulike tilhøve ved detaljregulering. Dette gjeld mellom anna kartlagde raudlisteartar i området. Naturbaseregistreringane for dette området er gjort i 1994, så det bør gjerast ei ny registrering av kva fuglar som hekkar i området, slik at ein får oppdatert kunnskap om naturverdiane. Både fiskemåke, tjeld, storspove, rødstilk og tyvjo er registrert her, og fiskemåken er klassifisert som viktigst av desse. Kartlegginga må gjerast av fagkyndige, og arbeidet skal vere i tråd med DNhandbøkene.

Kommentar:
Vidare registreringar og utgreiingar er gjort i samsvar med dei krav kommuneplanen sin KU og fylkesmannen si påpeiking. Vi viser her til utgreiing frå Miljøfaglig utredning AS.

Merknad nr. 6 - Per-Magne Lillenes, Andre Gjerde, Preben A. L. Hestad, Kristoffer Aksnes, Johan Ole Abeltun, Ole Johan Aksnes, Curt Åge Hauge, Ingar Baltzersen, Jarl Åge Vågsholm og Tjørvåg idrettslag
Utdrag:

Ber om at det blir arrangert et møte imellom desse partane og AG Plan og Arkitektur AS. Dette er et så stort prosjekt og vil medføre en vesentlig økning av biltrafikken forbi skulen, idrettsanlegget og eksisterende hus at her må man i fellesskap prøve å kome fram til gode/levelege løsninger.

Kommentar:
Det blei halde medverknadsmøte med grunneigarane 10.10.2015, sjå under pkt. 8.

Merknad nr. 8 - Referat frå møte med idrettslag og naboar
Utdrag:
Utfordringar som kom fram:

- Trafikken rundt skulen er problematisk. Ikkje ordna. Buss og foreldre køyrer på slik måte at det vert lite trygt å ferdast for borna. Parkering inne på skuleområdet er også problematisk.
- Slik trafikksituasjonen er no er det lite ønskjeleg at bustadfeltet knyter seg til vegen som i dag går frå fv 654 til Stokksund (forbi idrettsanlegget). Det vart difor foreslått å nytte anna avkøyrsle som Storenesvegen eller ved å knyte seg inn på noverande kryss inn til skulen (frå fv 654) og føre den langs fv654 tilbake til bustadfeltet.
- Det vart vist til at eksisterande bustader har etablert felles VA-løysingar.

Kommentar:
Køyremønster kring skulen:

- I planen til vegvesenet er det rydda opp i køyremønsteret ved at eine innkøyringa til skulen er stengd. Der er lagt inn busslomme mot fortausside/skuleside. Avstiging frå buss er sikra. Avstiging frå personbil må gjerast frå «rundkøyring mot parkeringsplassen» eller at foreldra køyrer inn på skuleområdet mot eks. parkeringsplass. Internt på skulen er ikkje trafikkmønsteret i gjeldande reguleringsplanar planlagt. Med trafikkmønster som føresett i den «nye» reguleringsplanen vert muligheita for «rotete/uoversiktleg» køyring frå foreldra teke bort. I arbeidet med byggeplanen for bussrundkøyringa og tilgrensande parkeringsplass kan fortau mellom køyreveg og parkeringsplass innarbeidast. Gjer det enno tryggare å setje av born i «rundkøyringa». Gangfelt nyttast for å markere kryssing av køyreveg.

  Alt. vegtilkomstar for feltet:
  Statens vegvesen har i uttale til kommuneplanen sin arealdel uttalt at det ikkje vil vere aktuelt med fleire avkøyrsler frå fylkesvegen i dette område. Kommunen har derfor signalisert dette vidare til plankonsulent og tiltakshavar og det er ikkje lagt arbeid i å teikne forslag til nye avkøyrsler frå fylkesvegen. Trafikken må konsentrerast i eitt kryss og trafikksikre der. Å utvide «skulekrysset» med avkøyring mot sør mellom gangvegen og skulen vil komplisere krysset svært mykje. I området ligg buss-stopp, fortau, parkeringsareal, 4 kryss, ei rekkje kryssingspunkt for gåande og støyskjerming. Tilknyting av ny veg i dette trafikkbildet vert svært komplisert og vil øydelegge mykje av trafikksikringsgevinsten som no er planlagt. Inga god/tenleg løysing, vert ikkje tilrådd.

Konklusjon på trafikksituasjonen:
Den nye reguleringsplanen til vegvesenet har rydda bort mykje av problema i tilkomstområdet til skulen. Det ligg til foreldra/sjåførane å køyre forsvarleg i samsvar

med vegmønsteret. Køyring inne på skuleområdet må skulen sjølv ta tak i og syte for forsvarleg køyremønster.

Merknad nr. 9 - Referat frå møte med «særlege grupper», grendelag og skulen
Utdrag:

- Ser positivt på feltet.
- Trafikken rundt skulen er problematisk. Hastigheita på fv654 burde kunne senkast til 60 km/t forbi skulen.
- Parkeringa inne på skuleområdet er også problematisk. Rektor vil ta trafikkavviklinga opp med kommunen og avklare køyremønster og arealdisponeringa på skuleområdet. Dette er forhold som ligg utanfor vårt planområde og må handsamast som eiga sak.
- Viktig for skulen at der er god kontakt med friluftsområdet i aust mot sjøen. Nyttar grindhuset (uthus) i undervisinga. (etter planframlegget er der tilkomst over kvartalsleikeplass til eksisterande sti).
- Stegvis utbygging av feltet: medfører anleggstrafikk i fleire år. Vil vurdere om det skal setjast krav om at Grøndalsvegen må opprustast med fortau i 1. byggetrinn pga. dette.
- Diverse detaljar i tilknyting til eksisterande bustader på tilgrensande område vart drøfta: avstand til veg/grøfteareal, overvatnet som no går mot veggrøfta i bustadvegen

Kommentar:

- Konklusjonen var at den nye reguleringsplanen har organisert trafikken annleis i området ved inngangen til skuleområdet. Ikkje grunnlag for å diskutere vedteken plan.
- Vedkomande skilting av fv 654: slik krav må sendast som innspel til Trafikktryggingsutvalet i kommunen.
- Nytt køyremønster må på plass. Rektor tek opp saka med kommunen.

Vurdering:
Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 8-12
§8 Kunnskapsgrunnlaget
Generelt vurderast kunnskapsgrunnlaget for planområdet som relativt godt i forhold til naturtypekartlegging og raudlisteartar. Den offentlege tilgjengelege kunnskapen var på førehand middels godt til dårlig, og det var naudsynt med feltarbeidet i 2015 for å kunne bruke denne paragrafen på aktuelle tiltak i området. Innhenting av eldre, upublisert materiale fra Alv Ottar Folkestad (Sjå *rapport – naturmangfald, datert 14.9.2015*), var samtidig ei vesentleg tilleggskilde.

§9, Føre-var-prinsippet
Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som godt, vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

§10, Økosystemtilnærming og samlet belastning
Berørte naturmiljø omfattar i hovudsak nokså vanlege og artsfattige miljø utan innslag av spesielt kravfulle artar av planter. Den samla belastninga på desse naturtypane vil derfor være liten sjølv om forekomstane her går tapt. For hekkande fugl vil tiltaket derimot redusere arealet der fuglane no har koloniar, og den negative betydninga for dei lokale hekkebestandane av måkefugl vil vere stor i og med at dei to utbyggingsområda (Prestegardsmyrane og Grøndal) vil redusere hekkeområda for måkekolonien, og auka busetting vil truleg føre til meir aktivitet og meir forstyrring i hekketida.

Måkefugl har i fleire år hatt problem å få fram ungar langs kysten og mange koloniar er nedgåande. Dette gjeld også for artane silde-, grå- og fiskemåke, som alle hekkar på Prestegardsmyrane. Sildemåkekolonien har auka siste åra på Prestegardsmyrane. Det er derfor uheldig å bygge ned areal der måkekolonien er veksande og ikkje minst sidan dei her lukkast med å få fram ungar. Alv Ottar Folkestad skriv i sitt notat fylgjande om Sildemåkekolonien (Sjå *rapport – naturmangfald, datert 14.9.2015*): *Innafor Stokksundområdet er det framleis viktige naturområde og ei rekkje fugleartar som har verdi og treng omsyn i arealbrukssamanheng, men desse nyttar i dag andre delar av området, stort sett dei best avskjerma terrengavsnitta med minst menneskeleg aktivitet, slik som silde- og gråmåsekolonien ved Oksen…*

Alv Ottar Folkestad (Sjå *rapport – naturmangfald, datert 14.9.2015*) skriv i sitt notat : *På 1970-talet hadde desse myrane ein definitiv verdi som hekkelokalitet for sjøfugl- og kystfugl-artar, men endringar og inngrep i området, saman med generell nedgang og markerte bestandsendringar for eit fleirtal av dei artane som tidlegare nytta området, har redusert den naturfaglege verdien og funksjonen av området radikalt*

Forslag til avbøtande og kompenserande tiltak

- Det bør ikkje leggast til rette for tilkomst til strandengområda.
- Sikre at den nordlegaste vika vert skjerma.
- Ferdselsforbod i hekketida.
- Forby kattehald evt. innføre bandtvang på katter i bustadfeltet.

Det er i planframlegget teke inn avbøtande tiltak der det har vore mogleg. Det vert ikkje lagt til rette for tilkomst til strandengområda. Dette i fomr av at vegar ikkje går ut i LNF-området, gangkorridorane (del av leikearealet) er avgrensa slik at desse i varetek berre tilkomst til leikeareal. Den nordlegaste vika ligg i god avstand frå planområdet. Andre utlagde byggefelt grensar meir til området. Når det gjeld ferdselsforbod, vil alminnelege omsyn i hekketida vere avbøtande. Dette kan opplysast om med skilt ved inngangar til LNF-området. Å innføre ferdselsforbod ligg evt. til fylkesmannen. Når det gjeld forbod mot kattehald og evt. bandtvang på kattar finn vi det vanskeleg å innføre slike påbod/restriksjonar i plansamanheng.

Med dei avbøtande tiltaka som er lagt inn i planen vil den samla belastninga vere akseptabel då det ligg andre bustadområde nærmare hekkeområde enn det som er planlagt.

§ 11 kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad
Ikkje relevant i denne saka.

§12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar
Ikkje relevant i denne saka.

Konklusjon:

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
Planframlegget vil ha positive konsekvensar for folkehelsa då det vert planlagt bustadar med tilnærma universell utforming (ift. stigning, bustadar og leikeareal).

<u>Konsekvensar for drift:</u>

Planframlegget medfører økonomiske konsekvensar for kommunen. Tilkomstvegane i feltet er regulert offentlege. Dette gjeld også fortaua. Før utbygging vil det kunne bli søkt om godkjenning av utbyggingsavtale. Kommunen overtek då alle veg, leidningsanlegg og VA-anlegg elles for drift og vedlikehald. Dette vil i så fall medføre drift- og vedlikehaldskostnadar.

Planforslaget er godt gjennomarbeidd løysingane som er valt er godt dokumenterte. Tilkomstvegen og dei interne vegløysingane i feltet tilfredsstiller krava i Herøy kommune sin «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal». Trafikkløysingane rundt skuleområde er i stor grad ordna gjennom Statens vegvesen si regulering og rådmannen ser derfor ikkje at det kan gjerast meir i dette reguleringsarbeidet for å løyse dei utfordringane som er der. Dette vil bli løyst ved utbygging.

Det biologiske mangfaldet i området er sårbart og kommunen har fått ein god dokumentasjon på naturmangfald og naturverdiar i Stokksund. Med dei avbøtande tiltaka som er lagt inn i planforslaget vil rådmannen, etter ei heilskapleg vurdering, tilrå at kommunen går vidare med saka.

Rådmannen meiner rekkjefølgjekravet i føresegna om å avvente utbygging av nærleikeplassar til det 5.huset tilhøyrande leikeplassen vert teke i bruk ikkje er godt nok for å ta omsyn til barn og unge sine behov. Rådmannen vil foreslå at føresegna vert endra til at nærleikeplass skal byggast ut før det vert gjeve ferdigattest til nye hus som soknar til den aktuelle leikeplassen.

Etter ei heilskapleg vurdering av saka vil rådmannen rå til at planforslaget i medhald av plan- og bygningslova, §12-10, vert lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker med endringa nemnd ovanfor.

Fosnavåg, 05.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn
Lenke til plankartet digitalt:
https://www.kommunekart.com/?funksjon=vispunkt&x=62.302802708341034&y=5.7318806648254395&zoom=17&bakgrunnskart=0&kartlag=1515%3A%3AHer%C3%B8y%20kartlag%3AReguleringsplanar%20under%20arbeid%3B&

BFS1
A=5,1 daa
BYA=30%
f_BLK1
A=1,0 daa
f_BLK2
A=2,4 daa
BKS1
A=3,7 daa
BYA=40%
BFS2
A=2,9 daa
BYA=30%
f_BLK3
A=0,9 daa
BFS3
A=4,8 daa
BYA=30%
BKS2
A=4,1 daa
BYA=40%
f_BLK4
A=1,2 daa
BKS4
A=1,4 daa
BYA=40%
BKS3
A=4,6 daa
BYA=40%
BKS5
A=4,5 daa
BYA=40%
BFS4
A=2,1 daa
BYA=30%
f_BLK5
A=1,1 daa
BFS5
A=1,5 daa
BYA=30%
BKT2
A=1,9 daa
BKT3
A=0,9 daa
f_BLK6
A=1,4 daa
f_BLK7
A=2,8 daa
BKS6
A=3,0 daa
BYA=40%
BFS6
A=2,5 daa
BYA=30%
BFS8
A=2,7 daa
BYA=30%
f_BLK8
A=0,6 daa
BKT1
A=2,6 daa
BFS9
A=7,2 daa
BYA=30%
BFS10
A=0,9 daa
BYA=30%
BFS11
A=2,7 daa
BYA=30%
BFS7
A=3,2 daa
BYA=30%
f_BLK9
A=1,0 daa
o_SKV1
o_SKV2
o_SKV3
o_SKV4
o_SKV5
o_SKV6
o_SKV7
o_SKV8
o_SKV9
o_SKV10
o_SKV11
o_SKV12
o_SKV13
o_SKV14
o_SKV15
o_SKV16
o_SKV17
o_SKV18
o_SKV19
o_SKV20
o_SKV21
o_SKV22
o_SKV23
o_SKV24
o_SKV25
o_SKV26
o_SKV27
o_SKV28
o_SKV29
o_SKV30
o_SKV31
o_SKV32
o_SKV33
o_SKV34
o_SKV35
o_SKV36
o_SKV37
o_SKV38
o_SKV39
o_SKV40

DETALJPLAN FOR "STOKKSUND, GNR. 58 BNR. 1 MFL."

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
1515201504		xx.xx.2015	Herøy kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:
I nord: Grensar til eller går dels inn på gnr. 58 bnr. 1, 38, 53, 53 og 5438
I sør: Grensar til gnr. 56 bnr. 70
I aust: Grensar til gnr. 58 bnr. 51, 52 og gnr. 51 bnr. 2 og 3
I vest: Går dels inn på gnr. 58 bnr. 48

§§ 1-3 GENERELT

§ 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med pbl til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)
- Bustader – frittliggjande småhusbusetnad (BFS)
- Bustader – konsentrert småhusbusetnad (BKS)
- Avlaupsanlegg (BAV)
- Anna kommunalteknisk anlegg, drenskanal (BKT)
- Energianlegg (BE)
- Leikeplass (BLK)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)
- Køyreveg (SKV)
- Fortau (SF)
- Gangsti (ev gangveg)
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Annan veggrunn - grøntareal
- Kollektivhaldeplass

Faresone (PBL § 11-8 a.3, jf. § 12-6)
- Høgspenningsanlegg (H370)

Sikringssone (PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)
- Frisikt (H140)

§ 5 - FELLESFØRESEGNER

a. Busetnaden skal plasserast innanfor regulert byggegrense.

b. Alle inngrep skal planleggjast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

c. Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf TEK10.

§ 6 – AREALBRUK

a. I område merka "BFS" skal det byggjast frittliggjande småhus – einebustadar, eventuelt to- (2) manns bustadar. I einebustad kan utleigedel/sekundærhusvære (leilegheit) byggast. Anlegg som garasje, bod og liknande kjem i tillegg.

I område merka "BKS" skal det byggjast konsentrerte småhus, rekkjehus, vertikaldelte og/eller horisontaldelte hus. Rekkjehus kan ha inntil 4 bustadeiningar i kvar (vertikalt delt). Bustader som er både vertikalt og horisontalt delte kan ha inntil 4 bustadeiningar.

I område merka "BE" skal det byggjast trafostasjon for EL-anlegg.

I område merka "BLK" skal det leggjast til rette for felles leikeplassar.

I område merka "BKT" skal det byggjast drenskanal for å ta unna overflatevatn som vert tilført området. Mellom vegane o_SKV3 og o_SKV8 skal sidearealet utformast slik at vedlikehald av kanalen kan utførast maskinelt.

Det skal ikkje førast opp plasthallar, skur eller midlertidige konstruksjonar innanfor områda som denne planen omfattar.

b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):

Maks BYA for BFS-områda er 30 %
Maks BYA for BKS-områda er 40 %

BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 18 m^2 pr. bilplass.

c. Innanfor byggjeområde kan det førast opp mindre pumpestasjonar, El-skap, gatelys, del av veggrøfter/skråningsareal som ikkje inngår i «anna trafikkareal», overvass- og drenskummar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området. Slike innretningar skal godkjennast av kommunen.
I område sett av til felles leikeareal kan etablerast leidningsnett og nødvendige kummar for VA-anlegg, overvassanlegg og kabelanlegg. Kummar skal som hovudregel plasserast i gangkorridorane til leikearealet (-plassane).

§ 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

Generelt:
Bygningar på same tomt skal gjevast ei harmonisk utforming. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade.

Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal. Kommunen kan, om utbygginga på tomta gjer det nødvendig med garasje med innkøyring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eiga tomt eller fellesareal for fleire tomter for 1 bil per bueining pluss 0,5 bil per bueining til gjesteparkering. Dersom samla antal bueiningar overstig 10 vert kravet for gjesteparkering redusert til 0,25 bil frå og med bueining nr. 11. For sjølvstendige einebustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vil likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil per bueining. For hybel er kravet 1 biloppstillingsplass per hybeleining utan krav til gjesteparkering.

På situasjonsplan skal utomhusareal og plassering av garasje/carport/parkeringsplass visast.

1. Bustader – frittliggjande småhusbusetnad (BFS):

I område merka «BFS» kan tomt nyttast til inntil to (2) fullverdige bustadeiningar. Bustadeiningane skal då vere delt vertikalt. Tomt brukt til einebustad kan ev. også ha mindre utleigehusvære som sekundærhusvære, ev inntil to (2) stk. hyblar. Tomt nytta til to (2) fullverdige bustadeiningar kan ikkje ha sekundærbustad/hybel.

Bustadbygningar kan ha gesimshøgd og mønehøgd innanfor rammene Plan- og bygningslova.

Carport/garasje med utvendig bod kan oppførast med grunnflate inntil 50 m^2 og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3,5 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

2. Bustader – Konsentrert småhusbusetnad (BKS):

Område merka «BKS» skal planleggjast under eitt, men kan byggjast ut i trinn. Tomtedeling vert å fastsetje som del av utbyggingsplan/situasjonsplan.
I område merka «BKS» skal bygningar ha gesimshøgd og mønehøgd innanfor rammene i Plan- og bygningslova.
Carport/garasje kan oppførast med grunnflate inntil 50 m^2 og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3,5 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

3. Avlaupsanlegg (BAV):
I område merka «BAV» skal det byggjast avlaupsanlegg (pumpestasjon og slamavskiljar i tilknyting til naudoverløp).

4. Anna kommunalteknisk anlegg (BKT):
I område merka “BKT” skal det etablerast naudsynt drensgrøft/-kanal for overflatevatn. Langs veg o_SKV3 kan etablerast mellombels overvassgrøft/-kanal inntil regulert kanal vert fullt utbygd, jf. eksisterande vassvegar som går gjennom områda BKS1 og BKT2. Naudsynte drensgrøfter/-kanal skal etablerast før utbygging av bustadareal. Som del av drenskanal kan mindre driftsveg etablerast.

I tillegg til vist areal kjem nødvendig areal til skjeringar og fyllingar som følgje av detaljprosjektering. Slikt areal kan leggast på tilgrensande grunn.

5. Energianlegg (BE):
I område merka «BE» skal det byggjast trafostasjon/nettstasjon for EL-anlegg.

6. Leikeplass (BLK):
Leikeplassane BLK er felles for BFS- og BKS-områda innanfor planområdet. Leikeplassane skal, ved utbygging, setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald, jf. TEK § 10-2 og REN § 10-2. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast på områda BLK1, 3, 4, 5, 6, 8 og 9 (nærleikeplassar). Leikeplassane skal minimum ha sandkasse, benk og noko fast

dekke. Leikeplassane BLK2 og 7 skal nyttast til kvartalsleikeplassar. Areala kan nyttast til ballspel, aking, sykling mv og andre leikeaktivitetar som elles fell naturleg innan området.

Opparbeiding av leikeplassen skal skje i samsvar med forskrift om tryggleik ved leikeplassutstyr frå Barne- og familiedepartementet. Området skal sikrast forsvarleg mot vegareal. Tilkomsten til og forminga av leikeplassar skal bygge på prinsippa for universelle utforming. Kommunen kan gi løyve til seinare ferdigstilling dersom det vert stilt nødvendig garanti eller annan tryggleik godkjent av kommunen for opparbeiding.

§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon tilpassa føresett arealbruk. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.

b. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

c. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.

d. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong oppretthalde sin stadeigne vegetasjon så langt råd. Uteareal skal elles opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget

e. Innanfor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.

f. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

g. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsle gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.

h. På privat bustadareal skal det som minste uteopphaldsareal (MUA) opparbeidast min. 20 m² areal eigna til leik pr. bueining. Areal mot veg skal vere inngjerda. Arealet skal gå fram av situasjonsplan. Innan område med konsentrert bebyggelse kan MUA-areal samlast som ein eller fleire felles plassar med min. storleik lik 60 m².

i. Dei fysiske inngrepa i terrenget skal så langt det let seg gjere gjennomførast på ein slik måte at ein tek vare på eksisterande vegetasjon og unngår sår i terrenget. Fyllingar skal plantast til med vegetasjon som er naturleg for kringliggande område. Der det let seg gjere skal skjeringar plantast til, tilsåast eller plastrast så raskt som råd.

§ 9–SAMFERDSELSANLEGG OG TEKN. INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr. 2)

Køyreveg (SKV) og annan veggrunn
I trafikkområde kan det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar).

SKV1-SKV12 skal vere offentlege vegar. Det same gjeld for tilhøyrande annan veggrunn – teknisk anlegg.

Vegane er dimensjonert for 30 km/t (jf. kommunen si «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal»).

Avkøyrsler til bustadtomter skal som hovudregel leggast til adkomstveg utan fortau.

I vegareal og på tilstøytande tomtegrunn kan det også leggjast VA-leidningar/kummar, el-, fiber- og telekablar.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal – ut over vist «anna trafikkareal». Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.

Fortau (SF)
I områda merka SF etablerast fortau samtidig med etablering av tilgrensande køyreveg.

Gangsti
I området kan etablerast gangsti, ev. gangveg. Som del av arealet ligg ½ del av støyvoll på området så langt det er vist symbol for støyskjerm på plankartet.

Annan veggrunn – grøntareal
Arealet langs gang-/sykkelvegen nyttast til støyvoll. På arealet kan monterast støyskjerm. Arealet kan plantast til med stadeigen vegetasjon langs støyskjermen.

Kollektivhaldeplass
Arealet inngår i busslomme i tilgrensande reguleringsplan.

§ 10 – SIKRINGSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

Frisiktsone (H140):
Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. I desse sonene kan det ikkje plantast vegetasjon som kan hindre sikta.

§ 11 – FARESONE (PBL. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

Høgspenningsanlegg (H370), område BE:
Med omsyn til eventuell stråling frå høgspent i trafostasjon er det i planen vist omsynssone, kode H370 på BE-føremålet samt tilgrensande «anna trafikkareal». Dette gjev då avstand lik 5 m mellom høgspenningsanlegg og framtidig byggeareal.

§ 12 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7 nr. 10)

a. Ved byggesøknad skal det gjerast greie for plassering av minste utomhusareal (MUA). Nærleikeplassane BLK1, 3, 4, 5, 6, 8 og 9 skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når bustadeining nr 5 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk, jfr. maks avstandskrav på 50 m mellom bustad og leikeplass. Kvartalsleikeplassane BLK2 og 7 skal ferdigstillast når bustadeining nr 20 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk, jfr. maks avstandskrav på 250 m mellom bustad og leikeplass.

b. Kanalanlegg kan opparbeidast stegvis, men slik at bustadtomter ferdigstilt for utbygging er sikra. I høve eksisterande vassvegar kan vassveg mot nord nyttast mellombels inntil regulert drenskanal er fullt utbygd. Utvida veggrøft kan nyttast som vassveg saman med eksisterande bekk til sjø.

c. Støyskjerm/voll langs fv654 og langs bustadområdet skal byggast samtidig som andre tekniske anlegg tilhøyrande det aktuelle byggeområdet som er utsett for støy ut over krava i T-1442. Vi viser her til eigen støyrapport som følgjer reguleringsplanen.

d. Adkomstvegane o_SKV1 og o_SKV2 skal utbyggast når eksisterande veg har 50 bustadeiningar som er knytt til vegen frå bustadområda i aust (her langs Grøndalsvegen, Bondestokksund og Prestegardsmyrane).

Herøy kommune, xx/xx/2015

_____	_____
ordførar	rådmann

AG Plan og Arkitektur AS
Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •Rådgivande ingeniørers forening RIF

Ørsta 19.11.2015

Herøy kommune
Formannskapet
Rådhuset
6099 Fosnavåg

Framlegg til detaljplan for Stokksund gnr. 58 bnr. 1 mfl. Herøy kommune

Planområde

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

www.agplan.no
firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

AG Plan og Arkitektur AS

Oppdraget sitt namn:	Stokksund gnr. 58 bnr. 1 mfl.
Dokumentet sitt namn:	Planomtale
Saksnr:	2230
Nasjonal arealplan-ID:	1515201504
Oppdragsgjevar:	Opplysningsvesenets Fond
Oppdragsgjevar sin representant:	Anne-Kari Drønen Mathiesen (OVF) Morten O. Kildahl (Terra Eiendomsutvikling AS)
AG Plan og Arkitektur AS: Oppdragsleiar:	Kåre Gjengedal (sivilingeniør/planleggar)
Medarbeidar:	Eldar Hansen (GIS-ingeniør)

	19.11.2015	34		KG	KG	MOK
Rev.nr	Dato	Tall sider rapport (+ appendix)		Utarbeida	Kontrollert	Godkjent

Signert rapport original er arkivet hjå AG Plan og Arkitektur AS

Oppdragsnr.	Dokumentnr	Filnavn
2230	1	P:prosjekt/2230-Stokksund/Prosjektmappe/ Plandata/Tekstdokument/Planomtale.doc

1. Samandrag 6
2. Nøkkelopplysningar 7
3. Bakgrunn 8
3.1. Føremålet med planen 8
3.2. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold 8
3.3. Tidlegare vedtak i planen 8
3.4. Utbyggingsavtale 8
3.5. Krav om konsekvensutgreiing 8
4. Planprosessen 9
4.1. Medverknad, oppstart, ev. planprogram 9
5. Planstatus og rammevilkår 10
5.1. Overordna plan 10
5.2. Gjeldande reguleringsplanar 11
5.3. Temaplanar 12
5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar 12
6. Skildring av planområdet 14
6.1. Plassering 14
6.2. Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk 14
6.3. Området sin karakter 14
6.4. Landskap 14
6.5. Kulturminne og kulturmiljø 15
6.6. Naturverdiar 15
6.7. Rekreasjonsverdi, uteområde 15
6.8. Landbruk 15
6.9. Trafikkforhold 16
6.10. Born sine interesser 16
6.11. Sosial infrastruktur 16
6.12. Universelt tilgjenge 16
6.13. Teknisk infrastruktur 16
6.14. Grunnforhold 16
6.15. Støyforhold 16
6.16. Luftforureining 16
6.17. Risiko- og sårbarheit (ROS) 16
6.18. Næring 17
6.19. Analysar/utgreiingar 17

7. Skildring av planforslaget ... 17
7.1. Planlagt arealbruk ... 17
7.2. Reguleringsføremål ... 17
7.3. Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål og beskriving av løysingane ... 18
7.4. Bustadar – plassering/utforming ... 22
7.4.1. Bustadar - høgde ... 22
7.4.2. Grad av utnytting ... 22
7.4.3. Tal arbeidsplassar, næringsareal ... 22
7.4.4. Tal bustadar, leilegheitsfordeling (nye) ... 22
7.5. Bustadmiljø ... 22
7.6. Parkering ... 22
7.7. Tilknyting til infrastruktur VA- og El anlegg ... 23
7.8. Trafikkløysing ... 23
7.8.1. Køyretilkomst ... 23
7.8.2. Utforming av vegar ... 23
7.8.3. Krav til samtidig opparbeiding, jf føresegnene §12 ... 23
7.8.4. Tilkomst vedlikehald avlaupsanlegg ... 24
7.8.5. Tilgjengelegheit for gåande/syklande ... 24
7.8.6. Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold ... 24
7.9. Planlagde offentlege anlegg ... 24
7.10. Miljøoppfølging ... 24
7.11. Universell utforming ... 24
7.12. Uteopphaldsareal ... 24
7.13. Estetikk ... 25
7.14. Energi ... 26
7.15. Landbruksfagleg vurdering ... 26
7.16. Kollektivtilbod ... 26
7.17. Kulturminnemiljø/kulturminne ... 26
7.18. Sosial infrastruktur ... 26
7.19. Plan for vatn/avlaup, tilknyting off. nett ... 27
7.20. Plan for avfallshenting/søppelsug ... 27
7.21. Avbøtande tiltak / løysingar ROS ... 27
7.22. Avbøtande tiltak/ løysingar Naturmangfaldlova ... 27
7.23. Rekkjefølgje - bestemmingar ... 28
8. Konsekvensutgreiing (KU) ... 28
8.1. Samandrag ... 28

8.2. Grunngjeving for ikkje KU ... 28
9. Verknadane/konsekvensane av planframlegget ... 28
9.1. Overordna planar ... 28
9.2. Landskap ... 29
9.3. Planområdet sin karakter ... 29
9.4. Byggeform og estetikk ... 29
- Naturmangfald: rapporten konkluderer ikkje eintydig i forhold til ev avgrensing av byggefeltet, jf også kompenserande tiltak. OK at tiltakshavar no opprettheld tenkt utbygging/avgrensing mot aust samt fjernar deler av tilkomstane/stiane ut mot LNF-området for å ikkje invitere til «for mange» stiar ut i LNF-området, jf som skissert i notat. KG tek inn i planomtalen litt om at bebuarar/brukarara av LNF-området må vise hensyn i hekketida. Kanskje ei infortavle ved sti (-ane) ut i område kan vere tenleg.

MØTEREFERAT FRA MØTE MED NABOAR OG IDRETTSLAG – SAMT AVKLARINGAR I ETTERKANT

Korleis fylkesmannen (FM) vil tolke dei siste registringane er vanskeleg å vite. KG argumenterer for løysinga i planomtalen og ev avgrensing vert i fall å vurdere i høve svar frå FM ved offentleg ettersyn.

- kanalen opp mot fv654:
  Vidareføring nedover: flytt inn til/utvid plangrensa og ta med i planen.

Kåre Gjengedal, 09.10.2015

utsendtsom **førebels internt arbeidsdokument** til tiltakshavar og sakshandsamar i kommunen. Dok vert lagt ved som vedlegg/merknad i vedlegg A2 ved ferdig plan.

Kåre Gjengedal

Fra:	Kåre Gjengedal
Sendt:	22. september 2015 18:00
Til:	'per-magne@gpmgarage.no'; 'kyrkjekontoret@heroy-kyrkje.no'; Ole Magne Rotevatn <ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no> (ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no)
Emne:	Drøftingsmøte vedkomande regulering bustadfelt B33 Stokksund
Vedlegg:	Førebels Planskisse 1.pdf; 2230-Førebels planskisse 2x (1-750).pdf

Per-Magne Lillenes (med fleire; idrettslag, naboar mv)
Indre Herøy Sokn v/ kyrkjekontoret
Herøy kommune ved Ole Magne Rotevatn

SAK: Drøftingsmøte vedkomande regulering bustadfelt B33 Stokksund

Vi viser til pågåande arbeid med utarbeiding av detaljreguleringsplan for bustadfeltet B33 i området Stokksund. Vi viser også til tidlegare utsendt forvarsel om saka.

I merknad frå Per-Magne Lillenes (med fleire; idrettslag, naboar mv) er det sett fram ønskje om eit møte for drøfting av saka.
Det vert i merknaden vist til:
«Dette er et så stort prosjekt og vil medføre en vesentlig økning av biltrafikken forbi skulen, idrettsanlegget og eksisterende hus at her må man i fellesskap prøve å kome fram til gode/levelege løsninger».

Som grunnlag for drøfting av vegløysinga langs idrettsanlegget og eksisterande hus legg vi ved førebels planskisser. Vi ber om at desse vert brukt internt og ikkje offentleggjort då dei er å sjå på som førebelse interne arbeidsdokument.

I samråd med Per- Magne Lillenes byr vi difor inn til drøftingsmøte slik:

Stad: Skulen (Per-Magne Lillenes avklarer rom og videokanon/skjerm)

Tid: Torsdag 01.10.15 kl. 19.00

Agenda:

- Innleiing ved Kåre Gjengedal (AG Plan...)
  - Generelt og «førebels» om planen
    Og meir konkret:
  - Vegføringar langs idrettsanlegget
  - Vegføring inntil eksisterande bebyggelse

- Drøfting av vegløysingar

Vedlegg:
- Planskisser (2)

Vel Møtt !

PS: Per-Magne Lillenes sender denne E-posten vidare til idrettslag og andre naboar

Mvh

Kåre Gjengedal
Sivilingeniør, RIF

Mob.: 95 13 89 22
E-post: kaare.gjengedal@agplan.no

AG Plan og Arkitektur AS
RÅDGJEVANDE ARKITEKT OG INGENIØR

Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf.: 70 06 16 00
E-post: firmapost@agplan.no
Heimeside: www.agplan.no

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

Arbeids journal **Side 1**	PROSJEKT: PROSJEKTNR : 2230	Møtedato: 01.10.2015

MØTE I HHT PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 5-1: Medverknad i planlegginga

Namn	td. organisasjon, grunneigar
Kristoffer S. Aksnes	58/53
Curt-Atle Hauge	58/52
Andre N. Gjerde	58/39
Ingar S. Baltzersen	58/54
Ole Magne Rudsund	Herøy kommune
Elise Vågsholm	58/41

Blankett nr
12-032

MØTEREFERAT FRA MØTE MED «SÆRSKILDE GRUPPER», GRENDELAG, SKULEN

Prosjektnr	Prosjekt	Arkivnr
2230	«STOKKSUND GNR. 58 BNR. 1 MFL.» I TJØRVÅG, HERØY KOMMUNE	

Dato	Møtetid fra - til	Sted
28.10.2015	19-21	Skulen på Stokksund

Møteleder	Referent
Kåre Gjengedal (KG)	KG

Tilstede	Fraværende
Viser til vedlagt innbyding og skjema med påteikning møtedeltakarar.	

Kopi av møtereferatet sendes også til

Sendast ikkje ut. Vert nytta som dokument til vedlegg A1.

Sak	Referat	Ev kommentarer
1	Generel orientering om førebels plan: Innleiing ved Kåre Gjengedal (AG Plan…) o Generelt og «førebels» om planen Og meir konkret: o Vegføringar, vegstandard, skisse intern trafikkavvikling på skuleområdet, ny regulert trafikkmønster i hht nyleg vedteken reguleringsplan o Arealbruk (byggeareal, grønstruktur, tilgjenge sideareal, type bustader, eksempel på tilpassa universell bustad) o Leikeareal (type areal, storleik, gangavstandar mv) o Tilgjengelegheit, universell utforming o Naturmangfald o Overvatn, prinsipp VA-løysingar	
2	Drøfting- moment som kom fram: - Ser positivt på feltet - Trafikken rundt skulen er problematisk. Hastigheita på fv654 burde kunne senkast til 60 km/t forbi skulen. - Parkeringa inne på skuleområdet er også problematisk. Rektor vil ta trafikkavviklinga opp med kommunen og avklare køyremønster og arealdisponeringa på skuleområdet. Dette er forhold som ligg utanfor vårt planområdet og som handsamast som eiga sak. - Viktig for skulen at der er god kontakt med friluftsområdet i aust mot sjøen. Nyttar grindhuset (uthus) i undervisinga. (etter planframlegget er der tilkomst over kvartalsleikeplass til eksisterande sti). - stegvis utbygging av feltet: medfører anleggstrafikk i fleire år. Vil vurdere om det skal setjast krav om at Grøbdalsvegen må opprustast med fortau i 1. byggetrin pga dette. - diverse detaljar i tilknyting til eksisterande bustader på tilgrensande område vart drøfta: avstand til veg/grøfteareal, overvatnet som no går mot veggrøfta i bustadvegen	Konklusjonen var at den nye reguleringsplanen har organisert trafikken ansleis i området ved inngangen til skuleområdet.Ikkje grunnlag for å diskutere vedteken plan. Vedkomande skilting av fv654: slik krav må sendast som innspel til Trafikktryggingsutvalet i kommunen. Nytt køyremønster må på plass. Rektor tek opp saka med kommunen. Det vart elles vist til offentleg ettersyn og at det då vert høve til å kome med innspel og merknader.

Kåre Gjengedal, 29.10.2015. utsendtsom **førebels internt arbeidsdokument** til tiltakshavar og sakshandsamar i kommunen. Dok vert lagt ved som vedlegg/merknad i vedlegg A2 ved ferdig plan

Kåre Gjengedal

Fra:	Kåre Gjengedal
Sendt:	21. oktober 2015 14:54
Til:	'camilla.storoy.hermansen@heroy.kommune.no'; 'arve.moltubakk@tussa.com'; 'smyr54@hotmail.com'; 'Mona-Grete.Ryssevik@heroy.kommune.no'; 'aodypvik@tussa.com'; 'joakim@jeik.no'
Kopi:	Ole Magne Rotevatn <ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no> (ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no)
Emne:	Møte vedkomande arbeid med reguleringsplan for B33 - Stokksund.
Vedlegg:	Førebels Planskisse 1.pdf

Barnerepresentant Camilla Storøy
Leiar Eldrerådet Arve Moltubakk
Leiar i råd for menneske med nedsett funksjonsevne Sølvi Voldsund Myrhol
Møteleiar for ungdomsrådet Mona-Grete Ryssevik
Storeneset Grannelag v/ Alf Olger Dybvik
Stokksund Grendalag v/ Joakim Eiksund
- Foreldreutvalet v/ Idar Louis Dahl. | Norges handikapforbund Heroy v/ Trine E. Eiksund. Holmsild Bygge 203 6090 Fosnavåg.
- Rektor Vidar Kallanol.

SAK: Drøftingsmøte vedkomande regulering bustadfelt B33 Stokksund

Vi viser til pågåande arbeid med utarbeiding av detaljreguleringsplan for bustadfeltet B33 i området Stokksund. Vi viser også til tidlegare utsendt forvarsel om saka.

I samsvar med plan- og bygningslova - §5.1 Medverknad - inviterer vi til orientering og drøfting.

Som grunnlag for drøfting legg vi ved førebels planskisse. Vi ber om at denne vert brukt internt og ikkje offentleggjort då den er å sjå på som førebels internt arbeidsdokument.

Stad: Skulen. Ok.
Vi har diverre ikkje fått avklara dette med rektor enno, men kjem tilbake med stadfesting, ev om vi skal møtast annan stad. Sender denne no slik at de kan få møtet inn på kveldsplanen i neste veke.

Tid: onsdag 28.10.15 kl. 19.00

Agenda:

- Innleiing ved Kåre Gjengedal (AG Plan...)
  - Generelt og «førebels» om planen
    Og meir konkret:
  - Vegføringar, vegstandard
  - Arealbruk (type bustader)
  - Leikeareal
  - Tilgjengelegheit

- drøfting

Vedlegg:
- Planskisse

Vel Møtt !

Mvh

Kåre Gjengedal
Sivilingeniør, RIF godkj.rådgjevar

Mob.: 95 13 89 22
E-post: kaare.gjengedal@agplan.no

AG Plan og Arkitektur AS
RÅDGJEVANDE ARKITEKT OG INGENIØR

Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf.: 70 06 16 00
E-post: firmapost@agplan.no
Heimeside: www.agplan.no



REVISJON	TEGNINGSNUMMER: 2230-001
TITTEL: Skisse med VA-linjer	

TILTAKSHAVER:
Opplysningsvesenets Fond

PROSJEKT:
Regulering Slakksund

AG Plan og Arkitektur AS
Besøksadresse : Weltjern Svendsensgt. 12,
Postadresse : Weltjern Svendsensgt. 12, 6150 Ørsta
Tlf. 70 06 16 00
E-mail: firmapost@agplan.no
arkitektbedriftene

SIGNATUR: kg	FUNKSJON:	MÅL: 1:1000 (A1)
TEGN.: kg	KONTROLL: kg	DATO: 22.09.2015
REVISJON:	TEGNINGSNUMMER: 2230-001	

© Kopiering eller bruk av denne tegningen er forbudt uten skriftlig samtykke

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

Arbeids journal **Side 1**	PROSJEKT: BUSTADFELT STOKKSUND PROSJEKTNR : 2230	Møtedato: 28.10.2015

MØTE I HHT PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 5-1: Medverknad i planlegginga

Namn	td. organisasjon, nabo, grunneigar
Ole Magne Rodevatn	Herøy Kommune
Idar Dahl	FAU INDRE HERØY
Oddvin Seikanger	
Camilla Stang	Barnerepresentant Herøy kommune
Ole Johan Akshes	Nabo
Kristoffer Akshes	Nabo
Magnar Standy	Leiar Stokksund Grendalag
Preben Hestad	Nabo
Vidar Kalland	Rektor Stokksund

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2015/1770
		Arkiv:	P11

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/16	Formannskapet	19.01.2016
	Valnemnd	
	Kommunestyret	28.01.2016

INTERKOMMUNALT PLANARBEID FOR KYSTSONA - VAL AV MEDLEM TIL ARBEIDS- OG KOORDINERINGSGRUPPA

Tilråding:

Formannskapet vedtek å starte opp arbeid med eit interkommunalt planarbeid for kystsona saman med dei fem andre kommunane på ytre Søre Sunnmøre.

Valnemnda vel ein politisk representant til å sitje i arbeids- og koordineringsgruppa frå kommunen.

Rådmannen vel ein representant til å sitje i arbeids- og koordineringsgruppa frå administrasjonen.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, pb.2500,	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset, pb.2520,	6404 MOLDE
Hareid kommune	Rådhusplassen 5,	6060 HAREID
Ulstein kommune	Postboks 143,	6067 ULSTEINVIK
Sande kommune		6084 LARSNES
Vanylven kommune	Rådhuset	6143 FISKÅ
Runde miljøsenter	Rundavegen 237,	6096 RUNDE

Saksopplysningar:

Dei fem kommunane Herøy, Ulstein, Hareid, Sande og Vanylven starta i 2014 prosjektet «Marine Grunnkart Søre Sunnmøre». Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Norges Geologiske undersøkelser (NGU) og Runde Miljøsenter (RMS). Statens Kartverk har levert høgoppløyselege djupnedata innhenta med moderne fleirstråle ekkolodd. Det vart søkt til forsvaret om å få lage kart med oppløysing på 1*1 meter. Dette vart innvilga som det einaste området i Norge.

Det er gjennomført prosjekt i regi av Kartverket og NGU der kystsona (0-5 meter) er laserkartlagt frå fly for å få til saumlause kart mellom sjø og land.

Dette prosjektet vil bidra til at Søre Sunnmøre kan vidareutvikle berekraftig verdiskapning og ressursforvaltning basert på eit kunnskapsgrunnlag som vil vere heilt unikt for Norge. Regionen vil framstå som et fyrtårn når det gjeld kunnskapsbasert forvaltning og næringsutvikling.

Dei fem kommunane har eit næringsliv som i dei siste åra har hatt ei eventyrleg utvikling, særleg innan olje, gass og offshore. Men den brå nedgangen i oljepris og aktivitet innan oljenæringa er i ferd med å gi kraftige negative utslag for næringslivet i desse kommunane. Kommunane ser det derfor som ei interkommunal oppgåve å vere med på å legge forholda til rette for ny næringsutvikling. Ein vil bringe inn nasjonal og internasjonal FOU kompetanse og kople denne opp mot næringslivet i regionen. Kommunane sin felles kompetanse på GIS og planlegging skal koplast mot det mangfaldige marine og maritime næringslivet i regionen.

Arbeidsgruppa for «Marine Grunnkart Søre Sunnmøre» har sett på moglegheita for å nytte karta til å utarbeide ein «kystsoneplan» for dei fem kommunane som er involverte. Ytre Søre Sunnmøre er i dag i ein unik posisjon i forhold til å utnytte den kunnskapen som dei marine grunnkarta vil bringe. Arbeidsgruppa ser det derfor som tenleg at det vert starta arbeid med eit interkommunalt plan/kartarbeid der styrings- og arbeidsgruppa kan legge strategiar for utnytting av sjøområda på tvers av kommunegrensene.

Målet er at kommunar, næringsliv og forskingsmiljø i fellesskap skal utforske og utvikle idear som kan skape nye arbeidsplassar. Denne ideutviklinga vil avdekke arealbehov både på sjø og på land som igjen vil gi viktige innspel for kystsoneplanlegginga.

Gjennomføring:

<u>Marin Næringsutviklingsplan (temaplan/forarbeid)</u>
1. Idédugnad, alle idear opp i lufta (Intervju-workshop-fokusgrupper)
2. Innhenting av informasjon, litteratur, rapportar og marknadsinformasjon mm.
3. Evaluering
4. Konkretisering

<u>Arealplan (temaplan eller kommunedelplan)</u>
1. Etablering av interkommunal arbeidsgruppe
2. Innsamling av informasjon, litteratur, rapportar og marknadsinformasjon mm.
3. Innspel frå diverse prosjektgrupper
4. Planutforming
5. Høyring
6. Politisk handsaming

Budsjett og Finansiering:

Marin Næringsplan (del 1)
For marin næringsplan er det budsjettert med ei halvt årsverk i 2016 og 2017 I tillegg til prosjektstillinga vil kommunar og andre som medverkar bidra med omfattande eigeninnsats. Denne er ikkje tatt med i budsjett og finansieringsplan.

Budsjett

	2016	**2017**	**Total**
Prosjektkoordinator	575 000	575 000	1 150 000
Reiser møter arrangement	40 000	40 000	80 000
Diverse	10 000	10 000	20 000
Total	**625 000**	**625 000**	**1 250 000**

Finansiering

	2016	**2017**	**Total**
Herøy Kommune	125 000	125 000	250 000
Ulstein Kommune	125 000	125 000	250 000
Sande Kommune	125 000	125 000	250 000
Vanylven Kommune	125 000	125 000	250 000
Hareid Kommune	125 000	125 000	250 000
Total	**625 000**	**625 000**	**1 250 000**

Arealplan/temaplan/kommunedelplan (del 2)
Det er budsjettert med eit halvt årsverk i 2016 og det same i 2017. Kostnader til prosjektleiing og organisering er tenkt finansiert som eit spleiselag mellom kommunane og Møre og Romsdal Fylkeskommune. I tillegg kjem eigeninnsats i kommuane. Ein må truleg kome attende i eiga sak om finansiering av denne delen og tidspunkt for gjennomføring. Under står eit forslag til budsjett over to år.

Budsjett

	1.år	**2.år**	**Total**
Prosjektkoordinator	575 000	575 000	1 150 000
Reiser møter arrangement	50 000	50 000	100 000
Formidling	20 000	20 000	40 000
Diverse	15 000	15 000	30 000
Total	**660 000**	**660 000**	**1 320 000**

Finansiering

	1.år	**2.år**	**Total**
Herøy Kommune	72 000	72 000	144 000
Ulstein Kommune	72 000	72 000	144 000
Sande Kommune	72 000	72 000	144 000
Hareid Kommune	72 000	72 000	144 000
Vanylven Kommune	72 000	72 000	144 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	300 000	300 000	600 000
Total	**660 000**	**660 000**	**1 320 000**

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at det vert starta opp arbeid med ein interkommunal kystsoneplan og den vert organisert med ei arbeids- og koordineringsgruppe som er samansett av politisk og administrative deltakarar frå dei fem kommunane samt ein deltakar frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Detaljar knytt til gjennomføring av «del 1» og «del 2» må

takast opp til drøfting i første møte i arbeids- og koordineringsgruppa. Utgangspunktet for prosjektet er slik Runde Miljøsenter har skissert er med to relativt samkøyrde prosessar.

Forslag til arbeids- og koordineringsgruppe:

- Ein representant frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Ein politisk representant frå kvar kommune.
- Ein representant frå plan- eller kartavdelinga frå kvar kommune.

Runde miljøsenter fungerer som sekretariat for gruppa.

Fosnavåg, 21.12.2015

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr: Arkiv:	2012/4 143

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/16	Formannskapet	19.01.2016

KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY - AVLAUP 2016-2022 - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-14 å leggje *Kommunedelplan for Herøy – avlaupsplan 2016-2022,* sist revidert 11.1.2016, ut til offentleg ettersyn i seks veker.

Særutskrift:
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Eldrerådet i Herøy
Ungdomsrådet i Herøy
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Vedlegg
1 Kommunedelplan for Herøy - avlaupsplan 2016-2022
2 Vedlegg 1 Handlingsplan 2016-2019
3 Vedlegg 2 område utan offentleg avlaup

Saksopplysningar:

Planprosess for kommunedelplan for avlaup:

Utvalssak	**Utval m.m**	**Emne**	**Dato**
78/11	Kommunestyret	Vedtak om oppstart med planprogram	22.6.2011
		Høyring av planprogram: 1.7.2011-26.8.2011	
273/11	Formannskapet	Stadfesting av planprogram	11.10.2011
	Formannskapet	Vedtak om offentleg ettersyn	xx.xx.2016
		Høyring av kommunedelplan i perioden:	
	Formannskap	Vedtak av kommunedelplan innstilling	xx.xx.2016
	Kommunestyret	Vedtak av kommunedelplan	xx.xx.2016

Kommunedelplan for avlaup er ei rullering av tidlegare hovudplan avløp som vart vedteken i K-sak 107/2000 og som omfatta perioden 2000-2004. Planen er såleis på «overtid» i høve ei ny rullering. Kommunedelplan for avlaup har eit langsiktig perspektiv og alle tiltaka i planen er ikkje gjennomførbare i eit fire-årsperspektiv og det er derfor planlagt at denne planen skal vere gjeldande til 2022.

Handlingsprogrammet ser arbeidsgruppa føre seg må rullerast oftare og er derfor lagt ved som eit vedlegg til planen for å gjere revideringane meir oversiktlege. Det vert lagt opp til at handlingsprogrammet skal reviderast kvart 2.år. Neste revidering er derfor planlagt 2018, 2020 og 2022(full rullering av heile planen).

Føremålet med «kommunedelplan for avlaup 2016 – 2022» er å leggje til rette for at det vert bygd ut berekraftige og gode løysingar for oppsamling, reinsing og utslepp av avlaupsvatn i heile Herøy kommune.

Avlaupshandtering er ei av kommunen sine primæroppgåver og kommunedelplanen vil legge grunnlaget for overordna infrastruktur som gjeld avlaup. Den nye kommunedelplanen skal såleis leggast til grunn for overordna og langsiktig styring av avlaupshandtering i Herøy kommune.

Gebyrgrunnlag/kostnadsutvikling
Avlaupssektoren skal i prinsippet vere sjølvfinansierande. Grunnlaget for avlaupsgebyra er renter og avskrivingar frå tidlegare utbyggingar av avlaupsanlegga og kostnader knytt til FDV. Med bakgrunn i store utbyggingar siste åra er gebyra rimeleg høge.

Forventa kostnadsutvikling er at ein med ei balansert utbygging dei neste åra vil kunne halde gebyra omlag på dagens nivå.

Avlaup
Omlag 55 % av befolkninga i Herøy er i dag knytta til offentleg avlaupssystem medan omlag 45% har private avlaupsløysingar. På dei fleste stader med kommunal avlaupsløysing går avlaupet via felles slamavskiljar eller silanlegg før den

vert ført i sjøen. Kommunen har iverksett tvungen slamtøming frå slamavskiljarar. Den praktiske delen av dette arbeidet vert gjennomført i regi av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk.

Hovudutfordringar for kyst og vassmiljøa
Hovudutfordringane her vert:

- Sikring av kvaliteten i vassdraga og kystområda mot forureining for å oppretthalde eit naturleg artsmangfald, sikre god vassforsyning og tilfredsstille krava til rekreasjon.
- Vidareføring av oppryddingsarbeidet på avlaupssektoren gjennom kommunedelplan avlaup.
- Avveging av inngrep og aktiv utnytting av areala i forhold til dei miljøkvalitetane som vert berørt. Kommuneplanen sin arealdel vert ein viktig reiskap for å avklare konflikter mellom dei ulike brukarinteressene og mellom ressursutnytting og kravet om artsmangfald.
- Med bakgrunn i at kommunen og regionen er satsingsområde for reiselivet må omsynet til miljøressursane også avvegast mot reiselivsutvikling og hyttebygging.
- Ta vare på verdfulle naturområde, friluftsområde og kulturmiljø langs kysten.

Det er viktig med god tilgang til attraktive areal samstundes som sårbare område vert best mogleg verna. Kysten og strandområda ved sjøen er sentralt prioriterte område i arbeidet med å ta vare på areal og for å legge til rette for friluftsliv. Ei utfordring for kommunen vert såleis å fremje natur- og kulturbaserte opplevingsverdiar i kommunen, mellom anna ved å sikre areal og betre mulegheitene for allmenn ferdsel og eit naturvennleg friluftsliv.

Tilstandsvurdering av resipientar**:**
I samband med arbeidet med avlaupsplanen er det gjort ei klassifisering av resipientane utifrå resipientens tilstand. Desse vurderingane kjem fram i avlaupsplanen.

Prioritering utifrå resipienttilstand
Den innbyrdes prioriteringa av dei ulike resipientane sitt behov for forbetring av avlaupstilhøva vil vere avhengig av:

- om den er karakterisert som ein dårleg, moderat eller god resipient
- noverande og forventa avlaupsbelastning
- mengda av allmenne og kommersielle bruker- og verneinteresser

I forhold til **resipienttilstand** og krava i forureiningsforskrifta vil det vere naturleg å vurdere resipientforholda opp mot utbygging av kommunale avlaupsanlegg og evt. krav om oppgradering av private avlaupsanlegg i sårbare resipientar

Tiltak og målsettingar for avlaupssektoren
Overordna målsetting og ambisjonsnivå
Målsetting og ambisjonsnivå for avlaupssektoren har utgangspunkt i EU's vassdirektiv som tilseier at alle resepientar skal ha **god** miljøtilstand innan 2021.

Fylkesmannen si målsetting
I Møre og Romsdal fylkeskommune sin *Forvaltningsplan for vassregionen Møre og Romsdal 2016 – 2021* er det lagt til grunn fylgjande tiltak som ein meiner skal til for å oppnå miljømåla i planen:

Tiltak for kommunalt avlaupsvatn

- Fortsette utbygginga av avløpsnettet i samsvar med hovudplanane for avløp
- Samle utslepp og overføre avløpsvatn til god resipient på tilstrekkeleg djupne.
- Sikre god drift av anlegg med minimum av overløp og lekkasjar frå avløpsnettet
- Sikre forsvarleg deponering og bruk av slam og avløpssøppel

Tiltak for spreidde avlaup

- Unngå nye utslepp til sårbare resipientar
- Oppdatere dårlege anlegg
- Drive aktivt tilsyn med anlegga, registrere volum på slamavskiljarar ved tømming
- Tømme slamavskiljarar 2. kvart år, evt. oftare ved behov.

For at Herøy kommune skal oppnå måla innan 2021 vil dette innebere at:

- Alle avlaup må minimum tilfredsstille til ei kvar tid gjeldande krav i forureiningsforskrifta.
- Eksisterande og nye utslepp må samlast til færrast mogleg i den grad dette er totaløkonomisk lønsamt vurdert på kort og lang sikt.
- Det vert etablert teknisk drift/vakt med driftskontrollsystem og rutiner for oppfølging og lukking av avvik.
- Det vert utarbeidd eit handlingsprogram for dei tiltak som er naudsynte for å oppnå miljømåla innan tidsfristen.
- Det vert stilt til rådvelde nok ressursar til at handlingsprogrammet kan gjennomførast.

Kommunen si målsetting:

- Målsettinga for hovudplan avlaup er å utarbeide ein oversiktsplan for framtidig utbygging av avlaupsanlegg i kommunen, samordna med kommunen sine planar for framtidig arealbruk. Det skal utarbeidast leidningskart over avlaupsanlegg.
- Planen skal gjere greie for miljømål og innehalde vurderingar av behovet for tiltak i dei ulike resipientane. Nye leidningsanlegg skal samordnast med bygging av andre tekniske anlegg, evt. i samarbeid med andre partar, i den grad det er formålstenleg.
- Kommunen må vere restriktiv med tanke på bustadbygging som krev separate løysingar, og resipientforholda må vere avgjerande for kvar større utbyggingar skal lokaliserast.

Prioritering av utbygging av avlaupsanlegg

Gjennom arbeidet med rullering av avlaupsplanen er det sett på dei ulike områda i kommunen og kvar ein meiner det er formålsteneleg å byggje ut offentleg avlaup. Det er laga ein handlingsplan som syner kva område ein meiner at bør prioriterast utbygt i perioda 2016 – 2019 og ei liste over resterande område i uprioritert rekkefølgje. Det hovudsakleg område som også sto i førre avlaupsplan, men omfang og trasear er noko endra. (Sjå vedlegg 1 til avlaupsplanen).

Vurderingskriterier ved ny prioritering av tiltak i handlingsplanen:

Gjennom arbeidet med ny avlaupsplanen er det gjort vurderingar av utslepp og eventuelle tiltak i heile kommunen med bakgrunn i:

- resipienttilstand og miljømål for resispient

- noverande og forventa avlaupsbelastning
- tilstand og forbedringspotensiale i eksisterande anlegg
- mengda av allmenne og kommersielle brukarinteresser
- økonomi
    - forbruk/løyvingar i avlaupsplanen
    - auka inntekter pga. nye abonnentar
    - storleiken på avlaupsgebyra
- kommuneplanen
- kommunen sin kapasitet til å gjennomføre utbygging av avlaupsprosjekt

Handlingsplan for avlaupsinvesteringar 2016-2019

Årstal	**Område**	**Kostnadsoverslag***
2016	Sjøleidning frå Vågsholmen til Ytre Almenningskai	1,3 mill
	Sæviktunnellen - Remøy gravplass	4 mill
2017	Fosnavåg aust (Nørvåg)	6 mill
	Slamavskiljar Nykrem	2 mill
2018	Separering i FV654 frå Mikkelhaugen – Eggesbøvegen	6 mill
2019	Kvalsvik hamn	8 mill

**Kostnadsoverslag er gjort utan at prosjektering er gjennomført og må sjåast på som grove estimat.*

Område utan offentleg avlaup
I samband med ein gjennomgang av dei ulike områda i kommunen er det også sett på kva område ein anser som spreidd busetnad og lite formålstenelege å bygge ut offentleg avlaup i. I desse områda vurderer ein det til å vere tilstrekkelig med private løysingar. Det er laga eit vedlegg til avlaupsplanen som listar opp dei aktuelle områda. (Sjå vedlegg 2 til avlaupsplanen.)

Av tidlegare prioriteringar er området Munkestranda til Moltu skule no vurdert som eit område der det ikkje er formålsteneleg med offentleg avlaup. Dette med bakgrunn i at lista over vurderingskriterier ovanfor, med særlig vekt på:

- at resipienttilstanden er allereie god, jmf. EU's vassdirektiv som tilseier at alle resipientar skal ha god resipienttilstand innan 2021
- at forventa avlaupsbelasting ikkje er venta å auke monaleg dei komande åra
- kommuneplanen sin arealdel, der området er satt av til LNF
- økonomi, då området er langstrakt med spreidd busetnad som gjer det kostbart å bygge ut avlaupsanlegg knytt opp mot tal abonnentar som vert knytt til (kost/nytte). Det gir også dårlig kost/nytte då resipienten alt er god.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen legg fram ein plan som vil betre avlaupssituasjonen i Herøy med det administrasjonen ser som dei viktigaste kortsiktige tiltaka. Handlingsdelen av planen er balansert med ei gradvis utbygging som gjer at kommunen ikkje har behov for å auke avlaupsgebyra i planperiode på grunn av auka investering. Handlingsplanen er

kortsiktig og rådmannen tek sikte på å gjennomføre ei revidering av handlingsdelen kvart 2. år eller ved behov.

Planen er no klar til å leggast ut på høyring for å få innspel frå grunneigarar, grendalag og regionale høyringspartar.

Rådmannen rår derfor til at formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-14 å leggje *Kommunedelplan for Herøy – avlaupsplan 2016-2022* ut til offentleg ettersyn i seks veker.

Fosnavåg, 11.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

KOMMUNEDELPLAN FOR

HERØY –

AVLAUPSPLAN

2016-2022

Herøy kommune

Sist revidert 11.1.2016	
Vedtak om oppstart med planprogram	**22.6.2011, K-sak 78/11**
Stadfesting av planprogram	**11.10.2011, F-sak 273/11**
Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn,	**xx.xx.xxxx, F-sak xx/xx**
Offentleg ettersyn i perioden xx – xx	
Kommunedelplanen er vedteken i Kommunestyret	**xx.xx.xxxx, K-sak xx/xx**
PlanID	**1515 201245**

INNHALD

1. Innleiing og skildring av planarbeidet 3
1.1 Finansiering og kostnadsdekking – avgiftsnivå 3
1.2 Herøy kommune 4
1.3 Befolkningsutvikling 4

2. Rammevilkår 6
1.4 Vassressursdirektivet 6
2.2 Klimaendringar 7
2.3 Kommuneplan 7
2.4 Budsjett/økonomiplan 9
2.5 Utsleppsløyve 9

3. Tilstands- og situasjonsskildring av resipientar og avlaupsanlegg 9
1.5 Sjøresipientar 10
3.2 Ferskvassresipientar 15
3.3 Prioritering utifrå resipienttilstand 16
3.4 Rutiner for kontroll av vasskvalitet. 16
3.5 Avlaupsanlegg 17
3.6 Mindre avlaupsanlegg 17
3.7 Fornminne/kulturminne 17

4. Tiltak og målsettingar for avlaupssektoren 17
4.1 Overordna målsetting og ambisjonsnivå 17
4.2 Tiltak i dei ulike resipientane 18

5. Søknad om utsleppsløyve 19
Utslepp frå separate avlaupsanlegg 19
Vedlegg 19

1. Innleiing og skildring av planarbeidet

Kommunedelplan for avlaup er ei rullering av tidlegare hovudplan avløp som vart vedteken i K-sak 107/2000 og som omfatta perioden 2000-2004. Planen er såleis på «overtid» i høve ei ny rullering. Kommunedelplan for avlaup har eit langsiktig perspektiv og tiltaka i planen er ikkje gjennomførbare i eit fire-årsperspektiv og det er derfor planlagt at denne planen skal vere gjeldande til 2022.

Handlingsprogrammet ser arbeidsgruppa føre seg må rullerast oftare og er derfor lagt ved som eit vedlegg til planen for å gjere revideringane meir oversiktlege. Det vert lagt opp til at handlingsprogrammet skal reviderast kvart 2.år. Neste revidering er derfor planlagt 2018, 2020 og 2022(full rullering av heile planen).

Føremålet med «kommunedelplan for avlaup 2016 – 2022» er å leggje til rette for at det vert bygd ut berekraftige og gode løysingar for oppsamling, reinsing og utslepp av avlaupsvatn i heile Herøy kommune.

Avlaupshandtering er ei av kommunen sine primæroppgåver og kommunedelplanen vil legge grunnlaget for overordna infrastruktur som gjeld avlaup. Den nye kommunedelplanen skal såleis leggast til grunn for overordna og langsiktig styring av avlaupshandtering i Herøy kommune.

Planen er avgrensa til å gjelde dei kommunaltekniske avlaupsanlegga. Vassressursar og forholdet til EU sitt vassdirektiv vert ikkje vektlagt i denne planen, men kort gjort greie for.

Arbeidsgruppa for planarbeidet har bestått av fylgjande medlemmer:

Jon Rune Våge	**Leiar Anleggs- og driftsavdelinga, leiar for arbeidsgruppa**
Fred Arnesen	Driftsingeniør Anleggs- og driftsavdelinga
Lene Huldal	Prosjektleiar anlegg, Anleggs- og driftsavdelinga
Ole Magne Rotevatn	Planleggar, Utviklingsavdelinga

1.1 Finansiering og kostnadsdekking – avgiftsnivå

Gebyrgrunnlag/kostnadsutvikling

Kloakksektoren skal i prinsippet vere sjølvfinansierande. Grunnlaget for avlaupsgebyra er renter og avskrivingar frå tidlegare utbyggingar av avlaupsanlegga og kostnader knytt til FDV. Med bakgrunn i store utbyggingar siste åra er gebyra rimeleg høge.

Forventa kostnadsutvikling er at ein med ei balansert utbygging dei neste åra vil kunne halde gebyra omlag på dagens nivå.

Områdeinndeling av kommunen

I planen er områda delt inn i:

- *Avlaupsområde*; viser til resipienten
- *Sone*; viser til dei einskilde tettbygde strøk
- *Forskriftsområde*; refererer til område med spreidd busetnad, altså dei områda i kvart avlaupsområde som ikkje kjem inn under sonene.

AVLAUPSOMRÅDE - SONE	AVLAUPSOMRÅDE - SONE
BERGSØY Sone Fosnavåg Sone Eggesbønes Sone Flusund Forskriftsområde RUNDE Sone Runde Forskriftområde LEINØY Sone Leine Sone Voldsund Sone Frøystad Sone Torvik – Sande Forskriftsområde	REMØY Sone Sævik Sone Myrane Forskriftsområde NERLANDSØY Sone Kvalsund Sone Kvalsvik Forskriftsområde GURSKØY Sone Moldtustranda Sone Stokksund – Tjørvåg Sone Dragsund – Myrvåg Sone Leikong – Nykrem Sone Djupvik Forskriftsområde

1.2 Herøy kommune

Herøy har eit landareal på ca 135 km² og ligg sørvest for Ålesund på søre Sunnmøre. Herøy består av seks øyer som er knytt saman med bruer og to øyar, Skorpa og Svinøya, der ein må nytte sjøvegen. Runde er den mest kjende øya og det sørlegaste fuglefjellet i Skandinavia. Frå Runde(ytste) til Jøsok (inste) er det om lag 45 min køyring. Herøy er ei langstrakt kommune med ca. 13 store og små bygdelag der Bergsøya har den største innbyggjarandelen med om lag 40% av innbyggjarane. Dei fleste bygdelag ber preg av spreidd busetting langs hovudvegen.

1.3 Befolkningsutvikling

Som ein kan sjå ut frå folketalsutviklinga siste 10 åra i figur 1 har folketalet i Herøy gått jamt opp med om lag 600 personar. Dette er ei god utvikling, men ein må merke seg at næringslivet har gått bra, særleg siste fem åra ,noko som har medført auka behov for arbeidskraft. Dette vert også synleg i figur 2 som viser folketalsutviklinga inkl. innvandrarar og befolkningsframskriving fram til 2035. Den gule og raude delen av grafen i figur 2 viser innvandrarar i kommunen og det har vore større auke i antal innvandrarar enn den samla befolkningsauken i kommunen. Ut frå dette kan vi seie at *utan innvandring til kommunen ville Herøy hatt ei negativ utvikling i folketalet i perioden 2000-2015*. Dette er ikkje ulikt andre kommunar på vestlandet som også har opplevd folketalsauke på grunn av arbeidsinnvandring.



Figur 1 Kvartalsvis folketalsutvikling 2006-2015 (statistikk frå www.mrfylke.no)



Figur 2 Folketal 2005-2035 inkl. innvandrarar (statistikk frå www.mrfylke.no)

2. Rammevilkår

- Lover og forskrifter
- Retningsliner og rundskriv
- Overordna administrative pålegg/krav
- Kommunale plansystem

Staten har i dei seinare år gjennomført ei omfordeling av ansvar og mynde innan avløpssektoren. Meir av ansvaret for miljøforvaltninga blei frå januar 2007 lagt på eit lokalt nivå.

Samstundes har Norge som ein konsekvens av felles europeisk regelverk gradvist gått bort i frå prinsippet om "resipienttilpassa avløpspolitikk". Med få unntak er det no etablert felles europeiske reinsekrav. Dette medfører at samstundes som mange kommunar har fått auka ansvar, har ein fått redusert mynde med omsyn til korleis ein skal nå lokale miljømål.

I samband med forvaltning av avløpsanlegg er det *Lov om vern mot forureiningar og om avfall* (forureiningslova) som er styrande. Forureiningslova sitt føremål er å **"verne det ytre miljø mot forureining samt å redusere eksisterande forureining"**.

Av særskilt betyding for avløpshandteringa i kommunane er *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta), FOR 2004-06-01 nr 931.

I tillegg er og følgjande lover og forskrifter sentrale for verksemda:

- Plan- og bygningslova
- Lov om vass-og kloakkavgifter
- Lov om helsetenesta i kommunane
- Arbeidsmiljølova
- Forskrift om internkontroll

Av dei ulike rammevilkår som dannar basis for ein kommunedelplan avlaup vil ein i denne samanheng avgrense kommentarane til det kommunale plansystemet. Gjeldande lover, forskrifter m.v. vil imidlertid uansett ligge i botn for dei vurderingar som skal gjerast og dei avgjerder som skal takast.

Målet for Staten/Fylkesmannen var tidlegare å få gjennomført ei tilnærma full opprydding på avlaupssektoren innan år 2000. I Herøy har fortsatt ein veg å gå før ein kan seie å ha tilfredsstillande offentleg kloakkering for dei område der dette er naturleg og ein ligg såleis langt etter den opprinnelege målsetjinga. Gjennom det forestående planarbeidet skal mellom anna det vidare ambisjonsnivå på avlaupssektoren fastsetjast.

1.4 Vassressursdirektivet

EUs rammedirektiv for vatn har som hovudmål å sørgje for at medlemsstatane trygger, og om naudsynt, betrar miljøstatus i alt ferskvatn, brakkvatn, kystnært vatn og grunnvatn.

Vassregionmyndigheita i Møre og Romsdal (Møre og Romsdal fylkeskommune) skal innan 1. juli 2014 sende på høyring eit utkast til regional forvaltningsplan for vatn med tiltaksprogram for
perioden 2016-2021. Denne tiltaksanalysen inngår i dette planarbeidet, og er eit fagleg innspel frå Søre Sunnmøre vassområde til kva som bør gjerast for å nå målet om god vassmiljøtilstand. Etter vassforskrifta skal alle vassførekomstar innan 2021 oppnå god økologisk og kjemisk tilstand.

Poenget med karakterisering er å skilje ut dei vassførekomstane som er i risikosona for ikkje å nå miljømålsettinga om god status seinast 15 år etter at direktivet er gjort gjeldande. For desse må det gjennomførast spesiell overvaking og miljøforbetrande tiltak.

Noreg er delt inn i 11 vassregionar. Møre og Romsdal er ein av desse vassregionane der Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvaltningsansvaret. Vassforvaltingsforskrifta vart gjort gjeldande frå 1. januar 2007.

2.2 Klimaendringar

Som følgje av auka drivhuseffekt er det venta at vi i mange 10-år framover vil få større, hyppigare og meir intense nedbørhendingar over landet. Klimaprognosar tilseier ei auke i nedbørvolum på vestlandet med inntil 20-30% på årsbasis. Ekstremhendingane vil kunne auke med 40-60% i intensitet, det vil seie kraftig auke i intensitet for dei dimensjonerande nedbørhendingane. Historiske data frå nedbørmålingar syner at ein dei siste 10 åra allereie har hatt ei markert auke i nedbørvolum, og at ekstremhendingane kjem stadig hyppigare. Utviklinga er såleis allereie ein realitet som ein må ta omsyn til mellom anna ved planlegging av vatn- og avløpsanlegg.

Klimaendringane vil mellom anna kunne medføre auke i overløpsdrift/ureining av resipientar, auka flomfare, auka belastning på avløpssystemet og redusert kapasitet på leidningsanlegg og utsleppsanlegg som kan verte påverka av flom og/eller høgare vassnivå i vassdrag og grunnvatn.

For å redusere og motverke negative effektar av klimaendringar, må ein ta omsyn til desse ved planlegging av nye VA-anlegg og ved tiltak på eksisterande anlegg. Det må nyttast heilheitlege løysingar der særleg arealplanlegginga er ein viktig faktor for å oppnå gode resultat.

2.3 Kommuneplan

Kommunedelplan avlaup skal inngå som delplan i kommuneplansystemet og må difor tilpassast dei overordna føresetnader som kommuneplanen byggjer på.
Det er også viktig at utbyggingane som følgjer av kommuneplanen, vert tilpassa framdrifta i den avlaupsmessige tilrettelegginga. Gjeldande arealdel av kommuneplanen vart vedteken av kommunestyret i oktober 2014.

Utvikling/utbygging
Herøy sine målsetjingar når det gjeld utvikling av kommunen går fram av samfunnsdelen av kommuneplanen 2013-2025. Samfunnsdelen har fylgjande målsettingar og strategiar for perioden:

- Herøy kommune skal levere tenester med god kvalitet til alle sine innbyggjarar.
- Kommunen skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen.

- Ein skal auke antal innbyggjarar i Fosnavåg sentrum.
- Busetting skal etablerast i størst mogleg grad i tilknyting til kommunikasjonsaksane i kommunen.
- Kommunen skal ha offentleg avlaupsnett knytt til dei større bustadsentera.
- Utbetre kloakktilhøva ved Fosnavåg hamn

Som ein ser ut frå målsettingane og strategiane i samfunnsdelen vil det vere ynskjeleg både med busetting i etablerte bustadområde og i bygdene. Dette vil vidare forsterke utfordringane ein har knytt til private avlaupsløysingar i spreiddbygde område.

Kommunedelplan avlaup vil vere eitt av verkemidla for å oppnå den ønska utviklinga.

Når det gjeld utbyggingsmønsteret så baserar kommuneplanen seg på ei vidareføring med utgangspunkt i dei bygder og tettstader vi har i dag. Målet som vert klargjort gjennom kommuneplanen, skal nåast gjennom slike verkemiddel:

- Fortetting/utviding av eksisterande utbyggingsområde
- Plankrav (jfr. kommuneplanen) som grunnlag for utbygging
- Ei bevisst haldning til spreidd utbygging

Avlaup

Omlag 55 % av befolkninga i Herøy er i dag knytta til offentleg kloakk medan omlag 45% har private avlaupsløysingar. På dei fleste stader med kommunal avlaupsløysing går kloakken via felles slamavskiljar eller silanlegg før den vert ført i sjøen. Kommunen har iverksett tvungen slamtøming frå septiktankar og slamavskiljarar. Den praktiske delen av dette arbeidet vert gjennomført i regi av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk.

Hovudelementa i avlaupsanlegga i Herøy er leidningsnettet på land, silanlegg, pumpestasjonar, slamavskiljarar og utsleppsleidningar. Om lag halvparten av kommunen sin samla busetnad og næringsverksemd er i dag tilknytt kommunale avlaupsanlegg. Pr. 31.12.2014 var talet på kloakkabonnentar, store og små, på 1107.

Lokalisering av forureinande verksemd bør leggast til område der den vil gi minst mogleg ulempe for miljøet og sjenanse for innbyggjarane. Kommunale avlaup, industriutslepp og avrenning/erosjon frå landbruket er hovudkjeldene til desse forureiningane. Andre kjelder til forureining kan vere fiskeindustri / oppdrett. Hovudutfordringane for kyst- og vassmiljøa vert å bevare produksjonsevna og mangfaldet i desse områda, og samstundes utøve ein langsiktig og forsvarleg bruk av desse ressursane.

Hovudutfordringar for kyst og vassmiljøa

Hovudutfordringane her vert:

- Sikring av kvaliteten i vassdraga og kystområda mot forureining for å oppretthalde eit naturleg artsmangfald, sikre god vassforsyning og tilfredsstille krava til rekreasjon.
- Vidareføring av oppryddingsarbeidet på avlaupssektoren gjennom kommunedelplan avlaup.
- Avveging av inngrep og aktiv utnytting av areala i forhold til dei miljøkvalitetane som vert berørt. Kommuneplanen sin arealdel vert ein viktig reiskap for å avklare konflikter mellom dei ulike brukarinteressene og mellom ressursutnytting og kravet om artsmangfald.
- Med bakgrunn i at kommunen og regionen er satsingsområde for reiselivet må omsynet til miljøressursane også avvegast mot reiselivsutvikling og hyttebygging.

- Ta vare på verdfulle naturområde, friluftsområde og kulturmiljø langs kysten.

Det er viktig med god tilgang til attraktive areal samstundes som sårbare område vert best mogleg verna. Kysten og strandområda ved sjøen er sentralt prioriterte område i arbeidet med å ta vare på areal og for å legge til rette for friluftsliv. Ei utfordring for kommunen vert såleis å fremje natur- og kulturbaserte opplevingsverdiar i kommunen, mellom anna ved å sikre areal og betre mulegheitene for allmenn ferdsel og eit naturvennleg friluftsliv.

2.4 Budsjett/økonomiplan

Budsjett og økonomiplan gir dei økonomiske rammene for utbyggingane på avlaupssektoren. Det er lagt til grunn at avlaupstenestene skal vere sjølvfinansierande. Dvs. at kostandene vert dekt ved innkreving av kommunale eigedomsavgifter frå abonnentane. Det vert ført adskilt sjølvkostrekneskap for kommunale avlaupsanlegg og private avlaupsanlegg.

2.5 Utsleppsløyve

Kommunen er forureiningsmynde for utslepp opp til 2000pe for utslepp til ferskvatn / elveos og utslepp opp til 10000pe til sjø utanom dei tilfelle der det er tale om særskilt løyve til forureining frå bedrifter/industri. I slike tilfeller er det Fylkesmannen som har mynde.

3. Tilstands- og situasjonsskildring av resipientar og avlaupsanlegg

Ein har her valt å vurdere miljøkvalitet etter tidlegare utførte undersøkingar og noverande og forventa framtidig press på resipienten. Dette kan vere auka bustadbygging, industrietablering og landbruksavrenning.

I dei fleste av dei belasta resipientane ligg det føre tidlegare undersøkingar. Dette er mellom anna følgjande:

- *Resipientundersøkelse av fjordområdet mellom Gurskøy og Hareidlandet, Møre og Romsdal, NIVA 1985*
- *Resipientundersøkelse i Eggesbøstraumen, Herøy komm., Universitetet i Bergen,UIB 1991*
- *Overvåking av små og mellomstore landbruksforurensede vassdrag i Møre Romsdal, NIVA 1994*
- *Vasskvalitet i Holmefjorden, NIVA 1995*
- *Kartlegging av miljøgifter i marine sediment i Møre og Romsdal, FM i Møre og Romsdal, 1997*
- *Amfibieregistreringer i Møre og Romsdal, Del 13: Herøy, Leif Åge Strand 1998.*
- *Prøver av termotolerante koliforme bakterier på mykje brukte badeplassar i Herøy kommune98/99, Næringsmiddeltilsynet for Søre Sunnmøre(NTSS)*
- Resipientundersøkelse, Herøy kommune juli - oktober 2012

Ein reknar med å gjere undersøkingar ved seinare rulleringar dersom ein ser behov for det.

Når det gjeld ulike interesser i og rundt resipientane vert det her delt inn i allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresse.

Allmenne brukar- og verneinteresse er naturvern, bading og rekreasjon, turgåing og friluftsliv, båtfriluftsliv, miljøundervisning, fritidsfiske, m.m.

Kommersielle brukarinteresser er akvakultur, turisme, yrkesfiske, foredling av fisk, m.m.

1.5 Sjøresipientar

Herøy kommune hyra i 2012 inn Runde miljøsenter til å føreta undersøkelser av nokre utvalgte sjøresipienter. Det vart utført 3 typer undersøkelser for å kartlegge tilstanden på dei ulike resipientane etter kriterier brukt i EU vanndirektivet: 1. bedømmelse av økologisk miljøtilstand etter algesamfunnet i fjæresonen. 2 Oksygeninhald i bunn-nær vann, målt i dei djupaste bassengene gjennom CTD- oksygen profil. 3 Næringssaltinnhald på utvalgte stasjonar for å kunne spore kjelda til spesielt forsfor og nitrogen.

Herøyfjorden

Herøyfjorden er resipient for både Moltu og sørsida av Bergsøya. Det er ein open fjord med gode gjennomstrøymingstilhøve og må totalt sett reknast som ein **god** resipient. Runde miljøsenter utførte strandsoneundersøking og måling av oksygeninnhald nær botnen, undersøkingane viser at forholda i strandsona er god, oksygenprøvene syner at botnforholda er meget gode i storparten av Herøyfjorden, då med untak av ei prøve ut for Skinneset som viser moderat tilstand og ei prøve i Sandvika som viser meget dårleg tilstand.

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

Herøyfjorden er viktig for mange interesser og er saman med Holmefjorden den resipienten det knyter seg flest interesser til. Det er særleg i området Eggesbønes - Moltu - Herøybrua at det kan verte konflikter mellom desse interessene. Det fins tre off. sikra friluftsområde tilknytt sjøen her, i Toftestøa, på sørsida av Nautøya og på Herøy. Området er viktig for sjøfugl, og inneheld 4 område av lokal- og 3 område av regional naturverninteresse. (Naturatlas). Samtidig fins industri (først og fremst fiskeindustri) som har området både som vasskjelde og resipient. Området inneheld fleire matfisklokalitetar utan at alle er i bruk i dag.

Ein har hatt problem med utslepp av både mineralolje og fiskeolje, og området er sårbart for slik påverking. Ei auke i matfiskproduksjonen i området vil auke belastninga i området.

Miljømål

Framtidig bruk av Herøyfjorden som resipient krev at ein tek særleg omsyn til dei krava som fiskeforedling, akvakultur, bading og rekreasjon set til resipienten. Området er godt egna for alle dei ovanfor nemnde interessene. Store delar av arealet har i kommuneplanen område-kategorien *kombinert føremål* (natur, ferdsel, fiske, friluft, akvakultur). Full utnytting av desse områda til akvakultur vil krevje overvaking av utviklinga.

Dei viktigaste oppgåvene i forhold til miljømål er difor å få inn rutiner for kontroll av vasskvalitet i forhold til prosessvatn til industrien og at ein får sanert punktutslepp som kjem i konflikt med bading og rekreasjon.

Straumane

Straumane er resipient for delar av Eggesbønes og busetnaden sør for RV 654. Det er eit smalt sund med varierande breidder og djupner og med ein del holmar og skjer. Straumane varierer frå **meget god** til **meget dårlig** resipient.

I resipientundersøking i Eggesbøstraumen utført av Runde miljøsenter i 2012 så er prøvene som er tekne i Eggesbøvågen til Stridestraumbrua meget gode, medan prøvene som er tatt i Bergshølen er i kategorien meget dårlig. Univ. i Bergen i 1991 vart det tatt undersøkingar i

fjøresona og undersøkingar av sediment- og botndyr. I konklusjonen står det at fjøreundersøkinga viser ei fin fjøre med tilfredsstillande forhold, medan botnforholda var dårlege over store område og at delar av området "vanskeleg kan bli dårlegare".

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser
Straumane er nærfriluftsområde og rekreasjonsområde for heile Bergsøya. Området er i naturatlas sett opp som område med lokal naturverninteresse. Når det gjeld naturvern må området sjåast i samanheng med Myklebustvatnet. Området er òg viktig i undervisningssamanheng.

Størstedelen av strandsona rundt Straumane er i k-plan sett av som LNF-område, og sjøområda er avsett til NFFF, område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv.

Miljømål
Det vert rekna som sannsynleg at botnforholda i delar Straumane er naturleg oksygenfattige. Miljømålet bør difor rette seg inn mot bruksbehova, og Straumane som eit sentralt nærfriluftsområde og dei formåla som står i kommuneplanen sin arealdel. Det bør også med jamne mellomrom bli tatt prøver i området.

Frøystadvågen
Frøystadvågen er ei arm frå Herøyfjorden på sørsida av Leinøya og er resipient for Frøystad. Fjorden er om lag 1,2 km lang. Den er breiast ytterst mot Herøyfjorden og smalnar inst inne i fjorden. Strandsoneundersøkinga som Runde miljøsenter utførte i Frøystadvågen i 2012 syner **god** miljøtilstand og oksygeninnhaldet vart her målt til meget god. I kommuneplanen sin arealdel er det her to område regulert til bustader, og eitt område der ein legg opp til spreidd bustads,- og fritidshusbebyggelse.

Målingar av botnsediment rundt Frøystad fiskevegnfabrikk (FM 1997) viser at verdiane for metall ligg på tilstandsklasse I og II, frå ubetydelig til moderat forureina.

Allmene og kommersielle brukar- og verneinteresser
Frøystadvågen er nærområde for Skinneset og Espeseth, og det vil vere naturleg at området er nytta til bading / rekreasjon.

Miljømål
Området er ein god resipient etter prøveresultata til Runde miljøsenter 2012. Sjølv om desse prøvene var gode, så var prøva som var tatt ut om Skinneset klassifisert som moderat. Dette vil seie at ein bør vere forsiktige med å auke utsleppa vesentleg i dette området. Ein har frå tidlegare prøver sett at den største forureininga kjem frå elva som renn ut i botenen av Frøystadvågen. Difor vil satsingsområdet her vere naturleg knytt opp mot aktiviteten som fell mot denne elva. Området slik det er i dag er likevel godt egna i forhold til den arealbruken som er sett opp i kommuneplanen. Ein bør ta prøver i dette området med jamne mellomrom for å kontrollere tilstand og utvikling.

Holmefjorden
Holmefjorden ligg mellom Bergsøya, Nerlandsøya, Remøya og Leinøya og er resipient for nordre del av Bergsøya, sørsida av Remøya og vestsida av Leinøya (Myrane på søraustsida drenerer til Storevika, utanfor Nøre Vaulen). Fjorden må seiast å vere noko innelukka sjølv om den på det djupaste er ca. 90 m. Det er grunnar og tersklar på innløpa til fjorden. Runde miljøsenter utførte her måling av oksygenverdien på dei djupaste punkta i bassenget. Verdiane var her så lave at dei kom inn under kategorien meget dårlig. Som resipient må

Holmefjorden også sjåast i samanheng med Bergshølen som også fekk kategorien **meget dårlig**.

Målingar foretekne av NIVA mars 1995 indikerer redusert sirkulasjon frå 60 m djup og nedover. Særleg var oksygentilhøva ved 85 m djup dårlege.

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser
Resipienten ligg inntil relativt store befolkningskonsentrasjonar og kommersielle interesser særleg i sør. Bading, rekreasjon og fritidsfiske er allmenne brukarinteresser som må takast omsyn til. I friluftsdelen av naturatlas er området sett opp som mykje brukt båtutfartsområde. Vaulane er også interessante i forhold til kyst- og vassfugl, og er sett opp i naturatlas som område med lokal naturverninteresse.

Miljømål
Sjølve fjorden er i kommuneplanen FN – område med fleire ulike fiskeområde, og nokre fiskeforedlingsbedrifter har inntak til fiskeforedling her. Målet må vere at kloakkutslepp skjer på ein slik måte at desse interessene vert ivaretekne. Ein bør få i gang overvaking av vasskvaliteten gjennom samarbeid med fiskeforedlingsbedriftene.

Leinevika
Leinevika er ein del/arm av Holmefjorden og har gjennomstrøyming frå Straumen. Gjennomstrøymingsmassene er rekna for så små at dei har liten innverknad på vatnet i Leinevika. Som resipient vil Leinevika ha same status som Holmefjorden, dvs **meget dårlig**, men ein bør også sjå i samanheng til Bergshølen som også er ein meget dårlig resipient.
I undersøkinga i Straumen i 1990 var det tatt prøver i Leinevika, og mengd av ulike artar i bunnfaunanen var her god.

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser
Analysene av badevassprøver teke av NTSS sommaren 98 konkluderer med "bra badevatn" eller egnetheitsklasse 1: "Godt eigna" for bading og rekreasjon. Det knyter seg ein del turistinteresser til området t.d. småbåthamn og hyttesenter.

Leinevika er pressområde i høve til bustadbygging/industriutvikling. Området er i kommuneplanen sett opp med område for naust, industri, service og bustader

Miljømål
Stor aktivitet innan industri, bustadbygging og reiseliv. Dette set krav til at ein så raskt som mogleg sikrar at vasskvaliteten ikkje vert forringa i forhold til desse interessene. Området er eit pressområde for bustadbygging og næringsutvikling og ein må difor stille strenge krav til kloakkløysingane i området. Prøvetaking av vasskvaliteten på badeplassar i området bør halde fram og supplerast med analyser frå bedrifter med saltvassinntak i området.

Fosnavåg hamn
Fosnavåg hamn er innelukka og utskiftinga i vatnet er truleg minimal. Som resipient må hamna derfor seiast å vere **meget dårleg**. Hamna ligg i sentrum av Fosnavåg og ein må difor ikkje tillate utslepp hit. Det må også vere strenge restriksjonar på utslepp frå fartøy.

Miljøundersøking i regi av Kystverket 2010 (NGI) viste at det er behov for miljøtiltak i hamna. Rambøll AS gjennomførte nye utvida undersøkingar i regi av Kystverket i 2013. Delar av hamna (utanfor Slippen, Notbøteriet og Sævik Eigedom) er svært forureina (tilstandsklasse 4

og 5). Tilstandsklasse 4 (dårleg, helsebaserte akseptkriterier): Kopar, PAH og TBT. Tilstandsklasse 5 (svært dårleg, nivå som vert vurdert som farleg avfall: TBT.

Undersøkingar i tilknyting til forureining på land er gjennomført. Det ligg forureina masser på land, som bidreg til utlekking i hamnebassenget. Tiltaksplan er under utarbeiding (forventa ferdigstilt i begynnelsen av sept).

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser
På Fosnavåg hamn er det store brukarinteresser både av kommersiell og rekreasjonsmessig karakter. Samtidig er hamna sårbar mot forureining slik den ligg til kloss inn mot busetnad og verksemder i sentrum.

Miljømål
Målet må vere å samla opp all kloakk rundt hamna til eit samla utslepp på Kleivaneset, slik at den vert best mogleg eigna som sentrumsnært hamneområde og må sjåast i samanheng med arbeidet med tettstadsutvikling. Hamna bør vidare overvakast gjennom jamleg prøvetaking. Vidare skal Kystverket utdjupe hamna og kommunen har vedteke at det også vert gjennomført eit miljøprosjekt for å fjerne ureine masser frå Fosnavåg hamn. Dette gjeld også ureine masser på land.

Flåværleia
Søre del av Nerlandsøya har området Flåverleia inn mot Igesundsvaulen som resipient. Utskiftinga i vatnet er rekna å vere god, og resipientforholda reknast å vere **gode**. Området må seiast å vere ope havområde og ein kan forvente at forureiningsproblem her vil vere av lokal karakter rundt punktutslepp.

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser
Området er av svært stor interesse med tanke på rekreasjon, friluftsliv, naturvern og fritidsfiske og den vestlege delen av Nerlandsøya er sett opp i Naturatlas som område med nasjonal naturverninteresse. Sørsida av Nerlandsøya er LNF – område og det er i kommuneplanen merka av ei rekkje fiskeplassar i området her.

Miljømål
Målet her vil vere å få ordna opp i punktutslepp som lokalt skaper problem.

Breisundet
Deler av området Kvalsvik har Breisundet som resipient, og forholda her er **gode**. Nedre del av Kvalsvik har utslepp til området innanfor moloen. Runde miljøsenter fekk etter strandsoneundersøkinga her meget god, men utifrå ei totalvurdering av området. Då med bakgrunn i at der var delar av hamna som var tydleg forureina i bunnsedimenta og det at området vert brukt til bading / rekreasjon, så vil ein her ikkje tillrå yterligare kloakkutslepp. Langeneset på Nerlandsøya er i kommuneplanen lagt ut som planlagt masseuttak. Eit slikt uttak vil kunne medføre auka partikkelmengd i sjøområda rundt.

Miljømål
Det er særleg i det området som er oppsett som hamneområde i kommuneplanen ein har problematiske kloakkforhold, og ein har her ei konflikt til interessene som knyter seg til hamneområdet: Fiskeri, turisme, fritidsbåtbruk, nærfriluftsliv. Målet for dette området vert difor å ordne opp i kloakkforholda inne på hamna.

Steinsfjorden

Området Bø på austsida av Leinøya har Steinsfjorden som resipient. Steinsfjorden har utløp til Rundefjorden og er ein **god** resipient.
I tilknyting til undersøkingar i området mellom Gurskøy og Hareidlandet (1985) står det om Steinsfjorden -Tjørvåg at området har "ein mangfoldig bunnfauna og ingenting som tyder på forureiningsbelastning."

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser
Det er i området ein del sjø- og vassfugllokalitetar av regional og lokal verdi (Naturatlas). Området har akvakulturinteresser, per i dag ein samlokalitet. (3 gongar større enn vanleg, men ligg brakk kvart 3.år).

Miljømål
Målet her vil vere å setje krav til vidare bustad- og industriutbygging om tilfredsstillande kloakkering, samt ordne opp i punktutslepp som lokalt gjer området mindre eigna for særleg bading og rekreasjon.

Sandevika (Leinøya)
Resipienten er rekna for å vere **god**. Området er resipient for Sande

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser
Området har ei av dei mest nytta sandstrendene i Herøy og Bøneset er sett opp i Naturatlas med lokal naturvernverdi.

Miljømål
Området er i kommuneplanen LNF-område. Kloakk til elva må sanerast, då denne går rett igjennom badeområdet.

Stokksund - Tjørvåg
I følgje rapporten frå Runde miljøsenter, så viser oksygenprøvene som er tatt frå Røyrasundet og til Dragsundbrua tistandar frå **dårleg** til **meget dårleg**.

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser
Området har sterke interesser innafor området friluftsliv/rekreasjon, naturvern og akvakultur. Her ligg fuglefredningsområdet Stokksund – Blikkvågane og sør i Tjørvågbukta ligg Tjørvåg naturreservat (verneplan for elveos og havstrand).

Miljømål
Ein bør ta fleire vassprøver i dette området for å sjå utviklinga over ei større periode.

Dragsund
Dragsundet er resipient for området frå Myrvåg i vest til Dragsund i aust. Det er òg ein del utslepp til området frå Garnes i Ulstein kommune. Området Dragsund er eit "inneklemt" fjordområde med varierande breidde, smale sund og ein del holmar. Utskiftinga i vatnet i området er venta å vere dårleg. Oksygenprøvene og strandsoneprøvene som Runde miljøsenter tok i prøvepunkta - Dragsund, Budaneset, Leikong/Nykrem og Kleppeneset) synte alle **god** miljøtilstand på begge prøvetypane.

NIVA-undersøking frå 1985 viser at det er nettopp i dette området at ein i periodar vil kunne få størst problem med oksygenfattig botnvatn grunna belastning av organisk materiale.

Planlagde utbyggingar som vil auke utsleppa i til resipientane: I området fins det reguleringsplan med store reservar av bustadtomter, jfr. Plan for bustadbygging.

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser
Det er mange interesser knytta til friluftsliv, bading og rekreasjon, miljøundervisning og turisme i området. Det er i Naturatlas oppført 2 område med lokal naturverninteresse og området er ein del av fjordområdet mellom Hareidlandet og Gurskøya, også kalla "den grøne korridor."

Miljømål
Eit viktig miljømål vil vere å sikre at vasskvaliteten i dette området også i framtida skal tilfredsstille dei krav som interessene i området set. For å oppnå dette vil det vere avgjerande å stille strenge krav til bruk av Dragsund som resipient, og få innarbeidd rutiner for kontroll av vasskvalitet.

Djupvik - Måløya
Prøvene som er tekne i dette området av Runde miljøsenter syner **god** miljøtilstand for dei aktuelle prøvepunkta. I NIVA undersøking frå 1985 står det om områda Budaneset og Leikong: "Dårlege oksygenforhold kan inntreffe, men forholda blir neppe kritiske." Vidare utbygging i Feirelia vil auke utsleppa til resipientane, noko som vil medføre auka tilførsel av næringsstoff (jfr. Plan for bustadbygging).

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser
Området har regional naturvernverdi i naturatlas og sterke akvakulturinteresser. Det er vidare oppført i friluftslivdelen i naturatlas som eit mykje brukt båtutfartsområde, og med fleire friluftsområde av lokal verdi i fjøresona.

Miljømål
Området er eigna til dei interessene som er oppsett i kommuneplanen og i Naturatlas. Vassutskiftinga er likevel slik at ein bør halde området under oppsikt. Dei viktigaste oppgåvene i forhold til miljømål er difor å få inn rutiner for kontroll av vasskvalitet. Her bør det opparbeidast eit samarbeid med næringsmiddeltilsynet og akvakulturinteressene i området.

Kystfarvatna rundt Runde
Området er resipient for Runde og resipientforholda vert rekna som **gode**.

Allmenne og kommersielle bruker- og verneinteresser
Det er knytt sterke naturvern- og reiselivsinteresser i området

Miljømål
Dagens miljøtilstand er godt eigna til dei ovanfor nemnde formåla.

3.2 Ferskvassresipientar

Myklebustvatnet
Vatnet er freda som fuglereservat, og skal ikkje sjåast på som resipient. Utslepp til vatnet er i dag svært avgrensa.

Området er ureina av ulike organiske stoff og gjengroing skjer. Dette må tilleggast vekt i vurderinga av miljømål då ein kan stå i fare for å påverke verneverdien i negativ lei.

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser
Området er bandlagt i medhald av naturvernlova. Området sin verdi for rekreasjon vil kunne auke vesentleg dersom tilgjengeligheita vert betra.

Miljømål
Det vil vere viktig å auke gjennomstrøyminga ved å føre meir overflatevatn inn i vatnet.

Tuftevatnet
Det er i dag nokre private utslepp til Tuftevatnet. Dette vatnet må sjåast på som ein **dårleg** resipient.

Miljømål
Det må ikkje tillatast ny tilførsel av kloakk til vatnet. Kloakktilførselen må kartleggjast, og ein må leite etter felles løysingar som kan gå ut i Tjørvågbukta ved vidare utbygging i området.

Aspevikvatnet
Aspevikvatnet er truleg resipient for 8-10 hus, og må også sjåast på som ein **dårleg** resipient

Miljømål
Det må ikkje tillatast ny tilførsel av kloakk til vatnet. Kloakktilførselen må kartleggjast, og ein må leite etter felles løysingar, som kan få noverande kloakk sanert frå vatnet.

Djupvikvatnet
Det er per i dag ingen utslepp til Djupvikvatnet, og kloakk frå eventuell bustad-/fritids-bebyggelse i området må ikkje sleppast ut her.

3.3 Prioritering utifrå resipienttilstand

Den innbyrdes prioriteringa av dei ulike resipientane sitt behov for forbetring av kloakktilhøva vil vere avhengig av:

- om den er karakterisert som ein dårleg, moderat eller god resipient
- noverande og forventa kloakkbelastning
- mengda av allmenne og kommersielle bruker- og verneinteresser

I forhold til **resipienttilstand** og krava i forureiningsforskrifta vil det vere naturleg å vurdere resipientforholda opp mot utbygging av kommunale avlaupsanlegg og evt. krav om oppgradering av private avlaupsanlegg i sårbare resipientar.

3.4 Rutiner for kontroll av vasskvalitet.

Som nemnt ovanfor vil det vere formålstenleg å skaffe seg metodar for overvaking av miljøtilstanden. Dette gjeld særleg i resipientar som er rekna som dårlege, men kan òg gjelde for både moderate og gode resipientar, med tanke på å overvake ei utvikling over tid.

I Herøy kommune er det fiskeforedlingsbedrifter som bruker sjøvatn frå djupvassinntak i sin foredlingsprosess. Det vert teke prøver av desse inntaka som vert analysert på laboratorium.

Det vil vere naudsynt med prøvetaking utover dette. Kva omfang dette vil få vil vere avhengig av pris og grad av auke i belastninga av dei ulike resipientane, men det vil vere naturleg at resipientane som kjem dårleg ut i raporten til Runde miljøsenter vert sett nærmare på. Ein bør og sjå på moglegheitene for å vere med i regionale overvakingsprogram for resipientane.

Prøvetaking av dei mest brukte badeplassane i kommunen er viktig og bør prioriterast.

3.5 Avlaupsanlegg

Tidlegare kloakkrammeplan

Siste vedtekne kloakkrammeplan gjalt for perioden 1999 - 2004. Av ymse årsaker har prioriteringane som vart gjort i planen vorte endra då utviklinga har skjedd andre stadar.

Investeringar siste 5 år har vore omlag 45 mill. kroner.

Status
Pr. idag er det rydda opp i dei største forureiningskildene frå kloakk. Det som står igjen av utbyggingar; sjå handlingsprogram.

Slam
Det vil i dag og framtidig bli produsert slam i private/kommunale slamavskiljarar og silanlegg. Gjennom avtale med SSR er kommunen sikra ei godkjent ordning for handtering av slam.

3.6 Mindre avlaupsanlegg

Den 01.07.2004 vart alle forskrifter i forurensningloven slått saman til 3 store forskrifter: 1. Avfallsforskriften, 2.Produktkontrollforskriften og Forurensningsforsklriften. Forurensningsforskriften er delt inn i 11 deler der del 4 avløp trådde i kraft frå 01.01.07, kapittel 11-16 omfatter avløpsbestemmelsene.

Område for spreidd busetnad og fritidsbusetnad
For dei områda som er avsett til spreidd busetnad og fritidsbusetnad må reinseløysingane tilfredsstille krava i forurensningsforskrifta i forhold til den aktuelle resipienten sin tilstand. Av vedlegg 2 framgår det kva område ein vurderer at det er lite formålstenleg å bygge ut kommunalt avlaup.

3.7 Fornminne/kulturminne

Før detaljprosjektering må undersøkingar vedk. kulturminne avklarast med kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune.

4. Tiltak og målsettingar for avlaupssektoren

4.1 Overordna målsetting og ambisjonsnivå

Målsetting og ambisjonsnivå for avlaupssektoren har utgangspunkt i EU's vassdirektiv som tilseier at alle resepientar skal ha **god** miljøtilstand innan 2021.

Fylkesmannen si målsetting
I Møre og Romsdal fylkeskommune sin *Forvaltningsplan for vassregionen Møre og Romsdal 2016 – 2021* er det lagt til grunn fylgjande tiltak som ein meiner skal til for å oppnå miljømåla i planen:

Tiltak for kommunalt avlaupsvatn

- Fortsette utbygginga av avløpsnettet i samsvar med hovudplanane for avløp
- Samle utslepp og overføre avløpsvatn til god resipient på tilstrekkeleg djupne.
- Sikre god drift av anlegg med minimum av overløp og lekkasjar frå avløpsnettet
- Sikre forsvarleg deponering og bruk av slam og avløpssøppel

Tiltak for spreidde avlaup

- Unngå nye utslepp til sårbare resipientar
- Oppdatere dårlege anlegg
- Drive aktivt tilsyn med anlegga, registrere volum på slamavskiljarar ved tømming
- Tømme slamavskiljarar 2. kvart år, evt. oftare ved behov.

For at Herøy kommune skal oppnå måla innan 2021 vil dette innebere at:

- Alle kloakkavlaup må minimum tilfredsstille til ei kvar tid gjeldande krav i forureiningsforskrifta.
- Eksisterande og nye utslepp må samlast til færrast mogleg i den grad dette er totaløkonomisk lønsamt vurdert på kort og lang sikt.
- Det vert etablert teknisk drift/vakt med driftskontrollsystem og rutiner for oppfølging og lukking av avvik.
- Det vert utarbeidd eit handlingsprogram for dei tiltak som er naudsynte for å oppnå miljømåla innan tidsfristen.
- Det vert stilt til rådvelde nok ressursar til at handlingsprogrammet kan gjennomførast.

Kommunen si målsetting

- Målsettinga for hovudplan avlaup er å utarbeide ein oversiktsplan for framtidig utbygging av avlaupsanlegg i kommunen, samordna med kommunen sine planar for framtidig arealbruk. Det skal utarbeidast leidningskart over kloakkeringa.
- Planen skal gjere greie for miljømål og innehalde vurderingar av behovet for tiltak i dei ulike resipientane. Nye leidningsanlegg skal samordnast med bygging av andre tekniske anlegg, evt. i samarbeid med andre partar, i den grad det er formålstenleg.
- Kommunen må vere restriktiv med tanke på bustadbygging som krev separate løysingar, og resipientforholda må vere avgjerande for kvar større utbyggingar skal lokaliserast.

4.2 Tiltak i dei ulike resipientane

Sjå vedlagt handlingsprogram.

Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV)

Det eksisterande avlaupssystemet representerar store verdiar. Det er naudsynt med ei fornuftig og god forvaltning av det, både for å oppretthalde funksjonen og for at det skal kunne drivast forsvarleg. Dersom ein ikkje får dette til vil det føre til hyppigare driftsforstyrrelsar, meir overløp, meir tungvint drift og meir kostbare reparasjonar.

Målsettingar for FDV

Både fylkesmannen og kommunen har satt mål for FDV, viser til kap. 4.1.
For å nå desse måla er det viktig å ha tilstrekkelig med ressursar og kunnskap om leidningsnettet.

Tiltak for forvaltning drift og vedlikehald (FDV) 2015-2019

- Ferdigstilling av leidningskartverket.
- Ha fokus på HMS og gode arbeidsforhold for driftspersonale
- Kontrollordning for private anlegg
- Forebyggande drift og vedlikehald for å unngå forureining frå kloakk.

Økonomi
Dei siste 15 åra har kommunen investert mykje i avlaupsnettet og det har betra avlaupssituasjonen betraktelig. Med dette følgjer også auka FDV-kostnadar.
Tal frå 2014 viser at det er nytta omlag 4 mill. kr til FDV.

5. Søknad om utsleppsløyve

Sjølv om kommunen har mynde til å gi utsleppsløyve inntil 10.000pe må kommunen også søkje om utsleppsløyve for eigne anlegg.

Utslepp frå separate avlaupsanlegg

Herøy kommune vil gje utslepp for separate avlaupsanlegg/utslepp i samsvar med det mynde kommunen har etter forureiningsforskrifta.

Vedlegg

Vedlegg 1: Handlingsprogram til kommunedelplan avlaup 2016-2019 inkl. kartvedlegg.
Vedlegg 2: Oversikt over område utan offentleg avlaup.

HANDLINGSPLAN FOR AVLAUP

2016-2019



Herøy kommune

Sist revidert 6.1.2016	
Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn,	**xx.xx.xxxx, F-sak xx/xx**
Offentleg ettersyn i perioden xx – xx	
Handlingsplanen er vedteken i Kommunestyret	**xx.xx.xxxx, K-sak xx/xx**
PlanID	**1515 201245**

Handlingsplan for avlaupsinvesteringar 2016-2019

Årstal	Område	Kostnadsoverslag*
2016	Sjøleidning frå Vågsholmen til Ytre Almenningskai	1,3 mill
	Sæviktunnellen - Remøy gravplass	4 mill
2017	Fosnavåg aust (Nørvåg)	6 mill
	Slamavskiljar Nykrem	2 mill
2018	Separering i FV654 Mikkelhaugen til Eggesbøvegen	6 mill
2019	Kvalsvik hamn	8 mill

**Kostnadsoverslag er gjort utan at prosjektering er gjennomført og må sjåast på som grove estimat.*

Kartvedlegg

Vedlagt handlingsprogrammet ligg kart over dei ulike områda med skissert plassering av leidninganlegg. Det er ikkje utført detaljprosjektering no, så skisserte leidningstrasear må ikkje sjåast på som endelege. Endeleg plassering av leidningstrasear med tilhøyrande installasjonar må fastleggast gjennom detaljprosjektering.

Prioritering

Vurderingskriterier ved prioritering av tiltak i handlingsplanen:

Gjennom arbeidet med ny kloakkrammeplan er det gjort vurderingar av utslepp og eventuelle tiltak i heile kommunen med bakgrunn i:

- resipienttilstand og miljømål for resisipient
- noverande og forventa kloakkbelastning
- tilstand og forbedringspotensiale i eksisterande anlegg
- mengda av allmenne og kommersielle brukarinteresser
- økonomi
    - forbruk/løyvingar i kloakkrammeplan
    - auka inntekter pga. nye abonnentar
    - storleik avlaupsgebyr
- kommuneplanen
- kommunen sin kapasitet til å gjennomføre avlaupsprosjekt

Med bakgrunn i vurderingane er det satt opp ny prioriteringsliste med eit handlingsprogram for dei neste fire åra. Nedanfor er ei oversikt over dei prioriterte tiltaka med argumentasjon (Allereie oppstarta prosjekt vert ikkje tatt med). Omprioriteringar kan skje om utviklinga skjer andre stadar/politiske vedtak gjer at områder må omleggast/ombyggast.

1. **Sjøleidning frå Vågsholmen til Ytre Almenningskai**

- Leidninga skal samle avlaupet frå Nørvågen samt frå eksisterande og planlagt utbygging på Vågsholmen og føre det til eksisterande renseanlegg RA1 Kleivaneset.
- I K-sak 19/15 er det vedtatt at kommunen skal koste sjøleidning mellom Vågsholmen og Ytre Almenningskai.
- Utbygginga skjer i regi av Herøy Vasslag.

2. **Sæviktunnellen - Remøy gravplass**

- Tiltaket vert eit samarbeid med Mørenett og omfattar 600m leidningstrase, samt pumpestasjon og slamskiljar med sjøleidning.
- Tiltaket gir nye abonnentar

3. **Fosnavåg aust (Nørvåg)**

- Tiltaket gjeld frå svingen ved verftet til over brua til Vågsholmen, det vert 650m fall- og pumpeleidning og ein pumpestasjon.VegutbyggingDet er konsentrert busetnad i området og det er pr. i dag ikkje kommunalt leidningsnett i bydelen.
- Eksisterande utslepp går til hamnebassenget som er klassifisert med meget dårlig vasskvalitet og har i tillegg forureining frå industrien. /
- Miljømål:Målet må i første omgang vere å få samla opp all kloakk rundt hamna til eit samla utslepp på Kleivaneset, slik at den vert best mogleg eigna som sentrumsnært hamneområde og må sjåast i samanheng med arbeidet med byutvikling.
- Det er forventa at sanering av avlaupet i Nørvågen er på plass når mudring av hamnebassenget er fullført.
- Det er vedtatt i *"Handlingsdel til kommuneplanen sin samfunnsdel"* å utbetre kloakktilhøva ved Fosnavåg hamn.
- Tiltaket gir nye abbonentar.

4. **Slamskiljar Nykrem**

- Tiltaket består av å setje ned regnvassoverløp istaden for separering og slamskiljar med ny sjøleidning som rensetiltak.
- Avlaupet frå bustadfeltet ved Nykrem går i kommunal fellesleidning til sjø utan rensetiltak. Etter forureiningsforskrifta er det minimumskrav til reinsetiltak og ein slamskiljar vil stette kravet.

5. **Separering FV654 frå Mikkelhaugen - Eggesbøvegen**

- Tiltaket vert eit samarbeidsprosjekt med Herøy Vasslag og omfattar omlag 600m med separering av avlaupsvatn og overvatn.
- Separering vil optimalisere drifta av fire pumpestasjonar og silanlegget RA2 Klubben. Ved mykje vatn i avlaupsleidningane nyttar ein pr. i dag mykje pumpekapasitet og overløp unødig, noko som også er kostbart. Største risikoen er ved overløp i Eggesbøvalen nær lakseoppdrettsanlegget.
- Eksisterande utslepp til Straumane frå sørsida av riksvegen og utslepp frå Breideneset vil bli sanert og overført til silanlegget RA2 Klubben.

6. **Kvalsvik hamn**

- 700m leidning i Hamnevegen frå krysset ved Nerland til eksisterande slamskiljar med pumpestasjon i lavbrekk. Tiltaket vil samle avlaup frå bebyggelse som har utslepp innanfor moloen og føre det til eksisterande slamskiljar. Miljømålet for resipienten er å rydde opp i kloakktilhøva innanfor moloen.

Resterande område/tiltak i uprioritert rekkefølge sortert pr. resispient:

Herøyfjorden
Resipienttilstand: God

Område	Skildring/tiltak
FV654 frå Mikkelhaugen - Eggesbøvegen	Prioritert tiltak

Straumane
Resipienttilstand: Varierer frå meget god til meget dårlig resipient.

Område	Skildring/tiltak
Verket	– 500m pumpe- og falleidning til eksisterande avlaupsanlegg. Vil føre avlaupet til RA2 Klubben – Området er regulert til meir utbygging. – Eksisterande busetnad har utslepp til sjø
Breideneset	– 300m falleidning til eksisterande avlaupsanlegg. Vil føre avlaupet til RA2 Klubben.

Frøystadvågen
Resipienttilstand: God resipient etter prøveresultata til Runde miljøsenter 2012. Sjølv om desse prøvene var gode, så var prøva som var tatt ut om Skinneset klassifisert som moderat. Dette vil seie at ein bør vere forsiktige med å auke utsleppa vesentleg i dette området. Ein har frå tidlegare prøver sett at den største forureininga kjem frå elva som renn ut i botenen av Frøystadvågen. Difor vil satsingsområdet her vere naturleg knytt opp mot aktiviteten som fell mot denne elva.

Område	Tiltak
Nord for Frøystadvågen	Falleidning til eksisterande slamskiljar
Kryss FV 654 og FV 16 nordover mot Steinsvika	I samband med andre tiltak i området, som bygging av gang- og sykkelveg. Avskjærande leidning til eksisterande slamskiljar

Holmefjorden
Resipienttilstand: Meget dårlig. Som resipient må Holmefjorden også sjåast i samanheng med Bergshølen som også fekk kategorien meget dårlig.

Område	Tiltak
Fosnavåg Vest	Separering av ulike kombileidningar
Fosnavåg Aust	Prioritert tiltak
Sæviktunellen- Remøy gravplass	Prioritert tiltak

Leinevika

Resipienttilstand: Meget dårlig, men ein bør også sjå i samanheng til Bergshølen som også er ein meget dårlig resipient.

Område	Tiltak
Flusund	350m falleidning i veg frå gravplassen på Flusund til Hetta.
Leine	Leine bustadfelt - ytre Leite vert samla til eksisterande slamskiljar. Må sjåast i samanheng med andre tiltak, som gang- og sykkelveg.

Flåværleia

Resipienttilstand: God

Område	Tiltak
Kvalsund mot Kopperstad	Tiltaket omfattar 500m falleidningar vestover frå eksisterande slamskiljar.
Kvalsund hamn	Pumpestasjon på parkeringsplass, omlag 300m fallleidning og 250m pumpeleidning, knytast til eksisterande kommunalt nett.
Kvalsund bustadfelt	Separering av kombileidningar

Breisundet

Resipienttilstand: God**.** Nedre del av Kvalsvik har utslepp til området innanfor moloen. Delar av hamna er tydleg forureina i bunnsedimenta og det at området vert brukt til bading / rekreasjon, så vil ein her ikkje tillrå yterligare kloakkutslepp.

Område	Tiltak
Kvalsvik Sanering innanfor moloen	Prioritert tiltak.

Steinsfjorden

Resipienttilstand: God

Område	Tiltak
Steinsvik - Herøyterminalen	Føreset falleidningar, ny slamskiljar og nytt utslepp ved Herøyterminalen. Bør sjåast i samanheng med evnt. andre utbyggingar i området, td. gongveg.
Bø-Arhaug	Falleidningar og ny slamskiljar med nytt utslepp for å samle avlaupet frå bustadfeltet ved Bø-Arhaug

Stokksund-Tjørvåg

Resipienttilstand: Dårleg til meget dårleg.

Område	Tiltak
Stokksund -Tjørvåg	Tiltaket inneberer å forlenge eksisterande kommunalt avlaupsnett med 850m falleidning frå Tjørvåg til Tuftene.

Dragsund

Resipienttilstand: Varierar mellom god og dårlig

Område	Tiltak
Myrvåg	Avlaupsnett frå området Skyttenesvågen i sør til Myrvågnes i nord vil verte overført til ny slamskiljar og nytt utslepp.
Dragsund- Nytt næringsområde kommuneplanen	Ved ei detaljregulering av område satt av til næringsområde må avlaupssituasjonen for heile Dragsund vurderast. Resipienten er dårlig (den grøne korridor) og det kan vere aktuelt med anna rensetiltak enn slamskiljar.

Djupvik - Måløya

Resipienttilstand: God

Område	Tiltak
Nykrem	Prioritert tiltak
Øyraelva - Leikanger kyrkje	Avlaupsvatnet er føresett samla til ny slamavskiljar og nytt utslepp. Det må byggjast ein ny pumpestasjon i området.

Verket

Mikkelhaugen til Eggesbøvegen

Breideneset

N

Kommunedelplan Avlaup
Område Eggesbøneset, Breideneset og Verket
08.01.2016
Målestokk 1:5000



Kommunedelplan Avlaup
Område Frøystad
08.01.2016
Målestokk 1:5000



Kommunedelplan Avlaup
Område Fosnavåg
08.01.2016
Målestokk 1:5000



Kommunedelplan Avlaup
Område Remøya
07.01.2016
Målestokk 1:5000

Leine

Flusund

N

Kommunedelplan Avlaup
Område Leine og Flusund
08.01.2016
Målestokk 1:5000

Kvalsund bustadfelt

Kvalsund hamn

Kvalsund mot Kopperstad

N

Kommunedelplan Avlaup
Område Kvalsund
08.01.2016
Målestokk 1:5000



Kommunedelplan Avlaup
Område Kvalsvik
07.01.2016
Målestokk 1:3000

Bø - Arhaug

Steinsvik - Herøyterminalen

N

Kommunedelplan Avlaup
Område Steinsvik og Bø
08.01.2016

Målestokk 1:6000



Kommunedelplan Avlaup
Område Stokksund - Tjørvåg
08.01.2016
Målestokk 1:5000



Kommunedelplan Avlaup
Område Myrvåg
06.01.2016
Målestokk 1:5000

Slamskiljar Nykrem

Øyraelva - Leikanger kyrkje

N

Kommunedelplan Avlaup
Område Leikong
06.01.2016
Målestokk 1:5000

OMRÅDE UTAN OFFENTLEG AVLAUP

2016-2019

Herøy kommune

Sist revidert 22.12.2015	
PlanID	**1515 2012 45**

Områder utan offentleg avlaup

Nedanfor er det opplista områder pr. øy som vert ansett som spreidd busetnad og lite formålstenlege med offentleg avlaup. Vurderingane er gjort med bakgrunn i:

- Busetnad i området pr. i dag.
- Arealformål for området i kommuneplan.
- Topografi (vanskelege høve vedr. høgder o.l.).
- Resipienttilstand.
- Miljømål for resipienten.
- Kost/nytte.

Øy	**Område**
Nerlandsøy	Kopperstad
Skorpa	Skorpa
Bergsøy	Vikane Igesund
Leinøy	Yste Leite – Voldsund Sande Bø – Bøholmen Espeset Skinneset Røyra
Remøy	Yste Sævikane
Runde	Heile øya
Nautøy	Heile øya
Gurskøy	Tarberg Munkestranda – Moltu skule Sandvika Djupvika Feirelia – Jøsok Tuftene - Aurvågen

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2014/412
		Arkiv:	000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/16	Formannskapet	19.01.2016
	Kommunestyret	28.01.2016

KOMMUNEREFORM 2016 - RETNINGSVAL

Tilråding:

Herøy kommunestyre gir forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram ein intensjonsavtale både med Sande åleine og med Hareid, Ulstein, Sande og Vanylven om å danne ein ny kommune.

Dersom forhandlingane ikkje gir eit tilfredsstillande resultat for innbyggarane i Herøy, er det eit reelt alternativ å stå aleine (0-alternativet).

Kommunestyret vedtek at innbyggjarane skal høyrast gjennom rådgjevande folkerøysting. Detaljar om folkerøystinga må avklarast i eiga sak i Kommunestyret.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune,	postboks 2500,	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal,	postboks 2520	6404 MOLDE
Hareid kommune	Rådhusplassen 5,	6060 HAREID
Ulstein kommune	Postboks 143,	6067 ULSTEINVIK
Sande kommune		6084 LARSNES
Vanylven kommune	Rådhuset	6143 FISKÅ
Volda kommune	Stormyra 2,	6100 VOLDA
Ørsta kommune	Dalevegen 6,	6153 ØRSTA

Vedlegg

1 Innbyggarundersøking 2015
2 Ungdomsundersøking 2015
3 SWOT-rapport ytre Søre Sunnmøre

Saksopplysningar:
Den formelle oppstarten med arbeidet av kommunereform starta med brev av 27. august 2014 frå statsråd Jan Tore Sanner, der kommunane blir bedt om å ta del i prosessar med sikte på å vurdere og avklare om det er aktuelt å slå seg samen med nabokommunar – målet for kommunereforma er uttrykt slik:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane våre
- Heilskapeleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og robuste kommunar
- Styrke lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver

Arbeidet med kommunereforma var inndelt i tre fasar:

- Oppstartsfasen 2014 (hausten)
- Utgreiingsfasen 2015
- Beslutningsfasen 2016 (våren)

Innbyggarundersøking 2014:

Sentio gjennomførte på vegne av Sunnmøre regionråd ei innbyggjarundersøking i kommunane på Sunnmøre i september 2014, der det m.a. vart spurt om innbyggarane si haldning til kommunesamanslåing og preferansar med omsyn til kven ein ev. vil slå seg saman med. Undersøkinga viste følgjande resultat: (svar i prosent av dei spurde):

Kommune	Andel pos. til samansl.	Pos. til samansl. m/ Herøy	Pos. til samansl. m/ Sande	Pos. til samansl. m/ Vanylven	Pos. til samansl. m/ Ulstein	Pos. til samansl. m/ Hareid	Pos. til samansl. m/ Volda	Pos. til samansl. m/ Ørsta
Herøy	**63**	**-**	**73**	**10**	**65**	**42**	**9**	**10**
Sande	75	68	-	24	46	44	14	13
Vanylven	90	48	53	-	50	32	32	24
Ulstein	69	48	33	10	-	92	12	14
Hareid	78	20	19	4	91	-	11	11
Volda	68	12	8	12	13	11	-	86
Ørsta	78	10	9	9	19	17	94	-

Som statistikken frå spørjeundersøkinga viser er det Sande og Ulstein som peikar seg ut av respondentane som aktuelle kommunar å slå seg saman med over 50%. Det vart også svart frå respondentane at 33% ville halde på dagens organisering.

Innbyggarundersøking 2015:

Kommune	Andel pos. til samansl.	Pos. til samansl. m/ Herøy	Pos. til samansl. m/ Sande	Pos. til samansl. m/ Vanylven	Pos. til samansl. m/ Ulstein	Pos. til samansl. m/ Hareid	Pos. til samansl. m/ Volda	Pos. til samansl. m/ Ørsta
Herøy	**47**	**-**	**69**	**19**	**46**	**28**	**16**	**17**
Sande	64	72	-	21	42	40	9	11
Vanylven	62	32	50	-	42	24	25	19
Ulstein	70	47	33	16	-	91	20	19
Hareid	68	30	28	8	78	-	9	9
Volda	69	10	7	10	10	9	-	86
Ørsta	46	5	4	4	7	6	93	-

I undersøkinga vart det stil spørsmål om kommunen bør slåast saman med en eller fleire av nabokommunane, slå saman heile Sunnmøre eller vere organisert som i dag.

	2014	2015	Sunnmøre totalt
Samanslåing med ein eller fleire nabokommunar:	59%	38%	49%
Vere organisert som i dag	33%	50%	40%

Dersom kommunesamanslåing, vil den nye kommunen vil løyse fylgjande oppgåver betre eller dårlegare samanlikna med kommunen i dag:
0 = mykje dårlegare og 100 = mykje betre

	2014	2015	Sunnmøre totalt
Politisk styring:	55	46	52
Innbyggarmedverknad:	52	46	46
Helsetenester:	59	56	56
Eldreomsorg:	55	49	52
Barnehagetilbod:	58	52	54
Skule og SFO:	56	54	53
Byggesakshandsaming:	51	48	52

Dersom samanslåing, kor viktig meinar du plassering av rådhuset i ei ny kommune er – kor viktig for deg vil namn på den nye kommunen vere?
0 = ikkje viktig og 100 = svært viktig

	2014	2015	Sunnmøre totalt
Plassering av rådhus i ny kommune:	61	70	55
Namn på den nye kommunen:	51	55	44

Innbyggarundersøkinga frå 2015 viser mellom anna desse signala:

- For Søre Sunnmøre er det blitt meir skepsis til kommunesamanslåing i dei aller fleste kommunane, jf. tabellen over. Herøy har gått tilbake frå 63% til 47%.
- Deltakarane i undersøkinga trur det vil vere om lag lik kvalitet på samtlege tenester med ny kommuneorganisering samanlikna med dagens organisering.
- Det viser seg langt viktigare å behalde rådhus og kommunenamn for innbyggarane i Herøy enn i nabokommunane.
- Det er om lag gjensidig interesse mellom innbyggarane i Sande og Herøy for å gå saman i ei ny kommune med henholdsvis 72% og 69% som er for samanslåing. For Ulstein og Herøy er det også gjensidig interesse for å gå saman i ei ny kommune, men klart færre med henholdsvis 47% og 46%.

Workshop Sæbø om 5 YSS (Ytre søre Sunnmøre):
Dei fem kommunane i Ytre Søre Sunnmøre-alternativet møttest i 2015 til nabopratar om kommunereforma. Den siste tida har dei fem kommunane hatt fleire arbeidsmøte om kommunereforma:

- *Arbeidsverkstad på Sæbø 2.–3.12.2015 med formannskapa og rådmennene*

Her vart fordelar og ulemper ved samanslåing kontra å stå åleine analysert. Ei koordineringsgruppe med representantar frå kvar kommune vart oppnemnd.

- *Møte i Fosnavåg 18.12.2015 mellom forhandlingsutvala*

Her vart det mellom anna konkludert med at alle fem kommunane framleis er med/for Ytre Søre Sunnmøre-alternativet.

- *Møte i Fosnavåg 6.1.2015 mellom forhandlingsutvala*

Her vart koordineringsgruppa beden om å legge fram eit grunnlag for forhandlingar til neste møte mellom forhandlingsutvala.

Sjå vedlegg 3 *SWOT-rapport ytre Søre Sunnmøre* og http://www.heroy.kommune.no/nyhende/kommunereform.14360.aspx for meir informasjon.

Ungdomsundersøking 2015:
Det vart i desember 2015 gjennomført spørjeundersøking blant ungdomskuleelevane i Herøy kommune om kommunereforma. Dei fekk på førehand kjennskap til signala frå nasjonalt og regionalt hald og bakgrunnen for samanslåinga. Kommunen fekk svar frå 180 elevar fordelt på 8., 9. og 10.klasse.

- Resultat frå spørjeundersøkinga viser at dei aller fleste meinar Herøy bør vere organisert som i dag 74%.
- Sande vert sett som næraste alternativ dersom Herøy vart tvinga til å slå seg saman med nokon (52%). Sekundært ser dei til Ulstein som alternativ med 32%.
- Ungdomen meinar det vil vere viktig kvar rådhuset ligg (66%) og kva kommunen skal heite (82%).

Vurdering og konklusjon:
Vanylven har vedteke å gjennomføre rådgjevande folkerøysting på tre alternativ. Dei har foreslått å gjennomføre denne i første veka i april, med moglegheit for førehandsrøysting frå midten av mars. Herøy kommune har signalisert at det i ei så viktig sak for kommunen vil vere viktig at innbyggjarane får høve til å uttale seg.

Det vert vist til ordlyden i inndelingslova § 10:
§ 10.Innbyggjarhøyring - Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte."

Rådmannen rår til at det vert gjennomført folkerøysting i Herøy kommune og at dette vert i størst mogleg grad samkøyrd mellom kommunane på Ytre Søre Sunnmøre med felles valdato eller at nabokommunar som gjennomfører tidlegare held att resultatet til alle har gjennomført folkerøysting. Dette slik at ikkje innbyggjarane vert påverka av andre sine val.

Uansett kva retningsval kommunen går for i denne saka vil 0-alternativet ligge som ein konsekvens dersom det ikkje vert gjort vedtak om kommunesamanslåing med andre kommunar. Herøy sine innbyggarar har gjennom to innbyggarundersøkingar og ei ungdomsundersøking peika på at det er eit reelt alternativ å stå aleine og trua på at kommunen vil klare seg sjølv er stor.

Av dei alternative kommunestrukturmodellane som har vore aktuelle, ser ein det som mest naturleg og i tråd med innbyggarane sine meiningar å framforhandle ein intensjonsavtale med Sande eller med Hareid, Ulstein, Sande og Vanylven (5 YSS).

Målet med forhandlingane vil vere ein intensjonsavtale om å danne ein ny kommune bygd på ein eller fleire av kommunane på Ytre Søre Sunnmøre.

Fosnavåg, 11.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

2015

Innbyggerundersøkelse om kommunestruktur på Sunnmøre

Hovedrapport

Sentio Research Norge AS
November 2015

Innhold

Innledning 2
Metode, utvalg og gjennomføring 2
Beskrivelse av utvalget 3
Feilmarginer 4
Signifikanstesting 4
Om rapporten 5
Hovedfunn 6
Kommunereform 7
Fremtidig kommunestruktur 8
Oppgaveløsning ved sammenslåing av kommuner 9
Plassering av rådhus hvis kommunesammenslåing 12
Valg av kommunenavn hvis kommunesammenslåing 13
Valg av kommune hvis kommunesammenslåing 14
Kommunesammenslåing Ørsta-Volda 15
Kommunesammenslåing Ålesunds-området 16
Kommunesammenslåing Hareidlandet 17
Kommunesammenslåing Sørvest 18
Kommunesammenslåing Sørøst 19
Kommunesammenslåing Nordøst 20
Kommunesammenslåing Nordvest 21
Kommunesammenslåing Sunnmøre 22

Vedlegg 1: Enkeltresultater kommuner 23
Vedlegg 2: Hovedtabeller med signifikanstesting 93
Vedlegg 3: Spørreskjema 119

Innledning

Denne rapporten presenterer resultater fra en undersøkelse gjennomført oppdrag for Sunnmøre regionråd IKS. Undersøkelsen er en oppfølging av tilsvarende undersøkelse gjennomført i oktober 2014, og er rettet mot befolkningen i de 19 kommunene som hører inn under Sunnmøre regionråd.

Sentio Research Norge AS har stått for utarbeidelse og gjennomføring av undersøkelsen som har hatt som mål å få kunnskap om følgende:

- Innbyggernes oppfatning, herunder hva innbyggerne i hver enkelt kommune og i regionen mener om kommunesammenslåing (blant annet i hvilken grad de støtter en reform der flere kommuner blir slått sammen til en).

- Innbyggernes preferanse, herunder å kartlegge hvilken kommune(r) innbyggerne foretrekker sammenslåing med.

- Innbyggernes forventninger, herunder i hvilken grad innbyggerne mener kommunesammenslåing vil gi et bedre tjenestetilbud.

Metode, utvalg og gjennomføring

Feltarbeidet for undersøkelsen er gjennomført av Norstat som en CATI-undersøkelse. (Computer-assisted telephone interviewing) i uke 42-44, 2015.

Målgruppen for undersøkelsen har vært tilfeldighetsutvalg over 15 år i 19 kommuner på Sunnmøre. Til sammen er det gjennomført 2500 intervju. Det ble på forhånd satt en kvote på 200 intervju i Ålesund og 100 intervju i de resterende 18 kommunene. Dette ble gjort for å sikre god representasjon i hver kommune. I tillegg ble det åpnet for at kommunene selv kunne bestille flere intervju i sin kommune. Kommunene Skodje, Sula, Sykkylven, Ulstein og Vestnes benyttet seg av dette og økte utvalget til 200 intervju.

Utvalget er vektet for kjønn og alderssammensetning i enkeltkommuner. Alle totaltall er i tillegg også vektet i forhold til kommunestørrelse slik at totalresultatene er representative for populasjonen i Sunnmøre som helhet.

Beskrivelse av utvalget

Figur 1: Fordeling bakgrunnsvariabler vektet, kommuner er vektet internt. Prosent. (n=2501).



Feilmarginer

I enhver utvalgsundersøkelse er det grader av feilmarginer for fordelinger (prosentuering). Feilmarginene gir oss et intervall rundt den målte verdien, og sannsynligheten for at den reelle verdien i populasjonen vil ligge innenfor dette intervallet er på 95 prosent. Størrelsen på feilmarginen avhenger av utvalgets størrelse, og av resultatet i utvalget. Jo mer prosenten som har en bestemt egenskap nærmer seg 50, dvs. jo mer heterogent utvalget er, desto større feilmargin må vi regne med.

Figur 2 viser hvordan feilmarginene utvikler seg ved ulike utvalgsstørrelser og fordelinger. I denne undersøkelsen med et utvalg på 2500 personer, vil feilmarginene på totaltallene variere fra 1,2 prosentpoeng ved en 10/90-fordeling til 2,0 prosentpoeng ved en 50/50-fordeling.

For eksempel, hvis 50 prosent av utvalget svarer at de er enig i målsetningene i kommunereformen, vil den reelle andelen, med 95 prosent sikkerhet, være mellom 48 og 52 prosent.

Når utvalget brytes ned på kommuner vil feilmarginene være betydelig større.

Figur 2: Fordeling feilmarginer i ulike utvalgsstørrelser



Signifikanstesting

Det er gjennomført signifikanstesting på bakgrunnsvariabler. Det er testet om resultatene for hver undergruppe er signifikant forskjellige fra motsatsen, for eksempel om menn svarer annerledes enn kvinner, eller om innbyggerne i Giske svarer annerledes enn innbyggerne resten av Sunnmøre. Dersom en forskjell er signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerhet hevde at den er reell i populasjonen, og ikke skyldes tilfeldigheter i utvalget. Når det gjelder nedbrytinger på bakgrunnsvariabler, vil kun signifikante forskjeller bli presentert og kommentert i rapporten. Nedbrytinger på bakgrunnsvariabler finnes i tabellvedlegget bakerst i rapporten, og her er også signifikante forskjeller markert med pil og fargekode. Endringer fra undersøkelsen i 2014 er også testet statistisk. Også her er signifikante forskjeller markert i vedleggstabellene.

Om rapporten

I rapporten presenteres hovedfunnene fra undersøkelsen. Resultatene blir presentert ved bruk av figurerer, og alle tall er oppgitt i prosentfordelinger eller som standardiserte gjennomsnitt. Hvilke tall som presenteres er presisert i overskriften til hver figur.

Ved bruk av standardiserte gjennomsnitt tar tolkningene utgangspunkt i hvordan snittet plasserer seg på en skala fra 0 til 100. Dette må ikke forveksles med fordelinger, men heller tolkes som en slags poengskala. Standardisert gjennomsnitt er godt egnet for å fremstille resultater på en pedagogisk måte, og for å sammenlikne resultat mellom ulike brukergrupper. Denne fremstillingen brukes ofte ved spørsmål som måler noe på en skala, for eksempel fra *helt enig* til *helt uenig*. Skalaen blir omkodet til en 0 til 100 skala, og *vet ikke*-kategorien tas bort. Skalaen er konstruert slik at høye gjennomsnittsskårer skal tolkes som høy grad av enighet, mens lave skårer betyr lav grad av enighet.

Figur 3: Standardisering av gjennomsnitt

	Helt uenig				Helt enig
	1	2	3	4	5
Omkodet verdi	0	25	50	75	100

Hovedfunn

Oppslutningen om ny kommunereform har blitt svekket siden tilsvarende måling for ett år siden. Resultatene i denne rapporten viser at sunnmøringene er langt mer skeptisk til kommunesammenslåing generelt også når det gjelder egen kommune spesielt. I seks av kommunene går andelen som ønsker kommunesammenslåing signifikant tilbake sammenlignet med 2014. I tillegg er det færre som tror en eventuell ny kommune vil kunne gi innbyggerne bedre løsninger enn dagens ordning. Noen hovedfunn fra undersøkelsen kan oppsummeres i følgende punkter:

- Halvparten av innbyggerne på Sunnmøre er *enig i* kommunereformen som har som mål å redusere antall kommuner i landet. Dette er en nedgang på seks prosentpoeng sammenlignet med 2014. Videre er 36 prosent *uenig i* reformen om å redusere antall kommuner, noe som er en økning på ti prosentpoeng sammenlignet med 2014.
- 49 prosent mener egen kommune i en fremtidig kommunestruktur bør bli sammenslått med en eller flere nabokommuner. Dette er en nedgang fra 57 prosent i 2014. Videre har andelen som mener kommunen skal være organisert som i dag økt fra 33 prosent i 2014 til 40 prosent i 2015. Andelen som mener hele Sunnmøre bør bli en kommune er på ni prosent, mot syv prosent i 2014.
- I seks av kommunene (Giske, Stordal, Sula, Sykkylven, Vestnes og Ørsta) er det flertall mot kommunesammenslåing. Dette er tre flere kommuner enn i 2014.
- Når innbyggerne blir stilt overfor valget om hvilke(n) av nabokommunene en ønsker å slå seg sammen med, både frivillig og hvis en må, velger de fleste en eller to av nabokommunene. I ni av tilfellene oppnår en gjensidige valg, det vil si over 50 prosent av innbyggerne i to kommuner velger hverandre. Vi ser av kombinasjonene med høyest gjensidig andel at geografisk nærhet betyr mye. Som i 2014 er Ørsta og Volda de to kommunene som har høyest andel gjensidig valg. 86 prosent av innbyggerne i Volda ønsker å slå seg sammen med Ørsta, mens 93 prosent av innbyggerne i Ørsta ønsker å slå seg sammen med Volda. På andreplass finner vi kombinasjonen Ulstein-Hareid, som er ønsket av 78 prosent av innbyggerne i Hareid og 91 prosent av innbyggerne i Ulstein. Videre er kombinasjonene Sande-Herøy, Ørskog-Skodje og Ørskog-Stordal ønsket av mer enn 60 prosent av innbyggerne i begge kommuner.
- Innbyggerne ble bedt om å ta stilling til hvordan de tror den nye kommunen ved eventuell kommunesammenslåing ville løst sentrale oppgaver sammenlignet med dagens kommune. På en skala fra 0 (mye dårligere) til 100 (mye bedre) varierer gjennomsnittet fra 46 på innbyggermedvirkning til 56 på helsetjenester. Dette betyr at innbyggerne i snitt forventer en svak forbedring av helsetjenester ved kommunesammenslåing, men litt mindre innbyggermedvirkning. På øvrige tjenesteområder (barnehage, skole, SFO, politisk styring, byggesaksbehandling og eldreomsorg) varierer gjennomsnittene fra 52-54 poeng. Dette indikerer at innbyggerne i snitt forventer forholdvis liten endring i tjenestene ved en kommunesammenslåing.
- Dersom det ble kommunesammenslåing svarer 46 prosent av innbyggerne at plasseringen av rådhuset ville vært viktig, mens 34 prosent svarer at navn på den nye kommune ville vært viktig. Som i 2014 er altså plasseringen av rådhuset viktigere enn det nye kommunenavnet.

Kommunereform

Stortinget har tatt til orde for en storstilt kommunereform som har som mål å redusere antall kommuner i landet. Halvparten av innbyggerne på Sunnmøre er enig i målsetningen med reformen. 36 prosent er uenig, mens 13 prosent har svart *både og*.

Andelen som er *uenig* i målsetningen med kommunereformen har økt med ti prosentpoeng sammenlignet med 2014. Samtidig har andelen som er *enig* blitt redusert med seks prosentpoeng. Over tid har det altså blitt sterkere motstand i Sunnmøre mot kommunereformen som har som mål å redusere antall kommuner i landet.

Figur 4: Generelt, hvor enig er innbyggerne i Sunnmøre om å redusere antall kommuner i landet. Prosent, (N=2494 i 2015 og N=2000 i 2014).



Brutt ned på bakgrunnsvariablene finner vi:

- En større andel menn enn kvinner er enig i målsetningen med kommunereformen.
- De yngste (under 30 år) og de eldste (60 år +) er minst enig i målsetningen, mens innbyggerne i alderen 30 – 59 år er mest enig.
- Grad av enigheten med kommunereformens målsetning øker med utdanningsnivå.
- Minst enig i målsetningen er innbyggerne i Giske, Stordal, Sula, Sykkylven og Ørsta (skårer fra 39-44). Innbyggerne i Ulstein og Ålesund er mest enig, med skårer på henholdsvis 62 og 66.

Fremtidig kommunestruktur

Innbyggerne ble spurt om hvordan de mener den fremtidige kommunestrukturen for sin kommune bør være. 49 prosent mener egen kommune bør bli sammenslått med en eller flere av nabokommunene. Dette er en reduksjon på åtte prosentpoeng sammenlignet med 2014. En høyere andel i 2015 enn i 2014 ønsker at kommunen skal være organisert som i dag (40 mot 33 prosent). Videre ønsker ni prosent at hele Sunnmøre skal bli en kommune, mens tre prosent ikke har noen formening. Den samlede andelen som ønsker kommunesammenslåing med en eller flere kommuner og hele Sunnmøre som en kommune, faller fra fra 64 til 57 prosent for Sunnmøre totalt sammenlignet med 2014. Denne andelen er signifikant lavere i 6 av kommunene sammenlignet med 2011.

Figur 5: Innbyggernes vurdering av den fremtidige kommunestrukturen for sin kommune. Prosent, (N= 2497).



Brutt ned på bakgrunnsvariabler finner vi at:

- En høyere andel kvinner enn menn mener at kommunen bør være organisert som i dag (43 mot 36 prosent).
Hvilket av dei to alternativene mener du er best?
Alternativa er:

1. Regionkommune Sunnmøre – Inntil 13 kommunar i Ålesundsregionen
2. Indre Storfjord – samarbeid med Stranda og evt. Stordal og Norddal.
3. Vet ikke

TIL ALLE
4. Hvis kommunesammenslåing, hvordan tror du denne nye kommunen ville løse sentrale oppgaver sammenlignet med kommunen du bor i dag. Vi ønsker din vurdering på om du vil få bedre eller dårligere løsninger i forhold følgende oppgaver på en skala fra 1 -5, der 1 = mye dårligere og 5 = mye bedre. 6= IKKE LES Vet ikke

1. Politisk styring
2. Innbyggermedvirkning
3. Helsetjenester
4. Eldreomsorg
5. Barnehagetilbud
6. Skole og SFO
7. Byggesaksbehandling

TIL ALLE
5. Hvis kommunesammenslåing, hvor viktig mener du plassering av rådhuset i en ny kommune er? Vurder på en skala fra 1 -5 der 1 = ikke viktig og 5 = svært viktig. 6= IKKE LES Vet ikke

TIL ALLE
6. Hvis kommunesammenslåing, hvor viktig for deg vil navnet på den nye kommunen være? Vurder på en skala fra 1 -5 der 1 = ikke viktig og 5 = svært viktig. 6= IKKE LES Vet ikke

7. Hva er din høyeste fullførte utdannelse?

- Grunnskole
- Videregående skole/gymnas (1-3 år etter grunnskole)
- Universitet/høyskole (1-3 år etter videregående skole)
- Universitet/høyskole (4 år eller mer etter videregående skole)
- Ubesvart

Tilleggsspørsmål Ulstein

1. Hvor ofte bruker du offentlige tjenester i andre kommuner enn din hjemkommune?
   - A Ca. daglig
   - B Ca. en gang i uka
   - C Ca. en gang i måneden
   - D Sjeldnere
   - E Aldri
   - F Vet ikke / varierer

2.Hva gjør du til daglig?
   - A Skoleelev
   - B Student
   - C Jobber
   - D Pensjonist
   - E Annet, noter

Hvis A, B eller C på tilleggsspørsmål 2:
3. I hvilken kommune går du på skole / studerer / jobber du?
   - Giske kommune
   - Haram kommune
   - Hareid kommune
   - Herøy kommune
   - Norddal kommune

Sande kommune
Sandøy kommune
Skodje kommune
Stordal kommune
Stranda kommune
Sula kommune
Sykkylven kommune
Ulstein kommune
Vanylven kommune
Vestnes kommune
Volda kommune
Ørskog kommune
Ørsta kommune
Ålesund kommune
Annen – noter:

4. Hvor ofte benytter du fritidstilbud innenfor kultur, friluftsliv eller idrett – i andre kommuner enn hjemkommunen din?

A Ca. daglig
B Ca. en gang i uka
C Ca. en gang i måneden
D Sjeldnere
E Aldri
F Vet ikke / varierer

5. Dersom fastlandssambandet HAFAST nordover fra Hareidlandet ble bygd: Vil det da være naturlig for Ulstein kommune å knytte seg tettere mot Nordre Sunnmøre, med Ålesund som regionsenter?

A. Ja
B. Nei
C. Veit ikke

6. Hva tror du en ny og større kommune vil bety for hvor attraktivt det blir å bu i ditt nærområde i framtida? LES OPP

A. Mer attraktivt
B. Mindre attraktivt
C. Det vil ikke ha noe å si
D. IKKE LES Vet ikke

Tilleggsspørsmål Sula

1. Dersom Ålesund, Haram, Skodje og Giske kommuner slår seg sammen til en storkommune, bør Sula ta del i en slik ny kommune?

A. Ja
B. Nei
C. Vet ikke

2. Ålesundsregionen konkurrerer med andre byregioner om å være et attraktivt vertskap for både offentlige virksomheter og privat næringsliv. Trur du en større regionkommune vil styrke regionens konkurransekraft?

A. Ja
B. Nei
C. Vet ikke

3. Hvis kommunesammenslåing blir vedtatt for Sula sin del, hvor stor betydning tror du dette vil ha for din identitet som Sulalending? Les opp:

A Stor betyding
B Noko/litt betyding
C Ingen betyding
D Vet ikke (ikke les)

Hvis spm 2 = C
4. Dersom du mener Sula ikke bør inngå i en større kommune med Ålesund med flere, hvilke av følgende alternativ vil være den **viktigste** grunnen for deg:

Les opp svaralternativ:
A Sula vil bli nedprioritert som en utkant i en ny kommune
B Tjenestene vil bli dårligere i en større kommune
C Lokaldemokratiet blir svekket om kommunen blir større
D Den lokale identiteten og samholdet på øya vil bli svekket
E Vet ikke (ikke les)

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Samandrag av svar frå spørjeundersøking blant ungdom om kommunereforma.

Det er kome inn svar frå 180 elevar fordelt på ungdomstrinna på Møre barne- og ungdomskule, Stokksund skule og Ytre Herøy ungdomskule.

Dersom vi MÅ slå oss saman med ei anna kommune. Kven bør vi slå oss saman med?



Sande	**93**	52.2 %
Ulstein	**58**	32.6 %
Hareid	**6**	3.4 %
Vanylven	**0**	0 %
Ørsta	**8**	4.5 %
Volda	**3**	1.7 %
Heile Sunnmøre	**10**	5.6 %

Bør Herøy kommune slå seg saman med andre kommuner, eller bør vi fortsette å stå på eigne bein?



Stå på eigne bein	**134**	74.4 %
Slå oss saman med andre	**46**	25.6 %

Kva trur du vert betre med ei kommunesamanslåing



Politisk styring	**27**	17.2 %
Kommuneøkonomien	**49**	31.2 %
Helsetenester	**21**	13.4 %
Eldreomsorg	**17**	10.8 %
Barnehagetilbod	**2**	1.3 %
Skule og SFO	**20**	12.7 %
Andre	**21**	13.4 %

Vil det vere viktig kvar rådhuset ligg?



Ja	**107**	66.5 %
Nei	**54**	33.5 %

Vil det vere viktig kva kommunen skal heite?



Ja	**131**	82.4 %
Nei	**28**	17.6 %

Bør Herøy kommune slå seg saman med andre?



Sande	**65**	47.1 %
Ulstein	**61**	44.2 %
Hareid	**18**	13 %
Vanylven	**1**	0.7 %
Ørsta	**8**	5.8 %
Volda	**8**	5.8 %
Heile Sunnmøre	**8**	5.8 %

Kommunereform

Hareid, Ulstein, Sande, Herøy og Vanylven

SWOT-ANALYSE AV REFORMALTERNATIVET YTRE SØRE SUNNMØRE.


fagmiljø
Større
tenester
Søre
kommune
Politisk
næringsliv
Kommunane
avstand
samarbeid
Mindre
Politikarar
kompetanse
Sentralisering
Fleire
ei
pog
Lokalkunnskap
investeringar
dag
Betre
få
Valdeltaking
engasjement
Kommunen
byråkrati
Demokrati
region
Manglande
Sårbare
Lite
nye
Lågare
Skule
utvikling
Inntektssystem
Auka
Meir
store
mindre
Liten
meir
Oversiktleg
innbyggarane
Svakheit
Habilitet
forhold
utfordring
representasjon
Hareid
Styrke
innbyggarar
Dårleg
sentralisering
Moglegheiter
ressursar
Fleire
Høg
Samarbeid
politiske
oversikt
lånegjeld
lokal
Få
avstandar
Oppdrag
kontakt
Svekka
tid
Små
vert
lokaldemokrati
Nærleik
Rekruttering
utkantar
Gildskap
styring
Økonomi
saksbehandlingstid
ligge
stat
Fare
ser
frå
Einsidig
Geografisk
Lågare
Sande
Vanylven
Herøy
Lågare
gjere
folk
Lettare
Politisk
Sårbare
planarbeid
Ulstein
Stor
parti
Auka
lokalkunnskap
oppgåver
grunn
Inntektssystem
Meir
Styrke
Liten
Moglegheiter
Høg
Fleire
Samarbeid
politiske
oversikt
lånegjeld
Svekka
Få
lokal
Oppdrag
kontakt
Mindre
Politikarar
Nærleik
Rekruttering
Små
vert
lokaldemokrati
Gildskap
styring
Økonomi
Sentralisering
Søre
tenester
Større
kommune
Fleire
Skule
utvikling

INNHALDSLISTE

OM DOKUMENTET 3
GJENNOMFØRING OG METODE 4
OPPSUMMERING AV ARBEIDET FORDELT PÅ HOVUDMÅLSETTINGANE 5
Samfunnsutvikling og samfunnsposisjon 5
Tenesteprodusent og utøving av mynde 5
Demokrati og styringsform 6
Økonomi i den nye kommunen 6
IDENTIFISERTE UTFORDRINGSPUNKT FORDELT PÅ HOVUDMÅLSETTINGANE 7
Samfunnsutvikling og samfunnsposisjon: 7
Tenesteprodusent og utøving av mynde: 7
Demokrati og styringsform: 7
Økonomi i den nye kommunen: 7

OM DOKUMENTET

Som ein del av arbeidet med kommunereforma for ytre Søre Sunnmøre vart det i desember 2015 gjennomført SWOT-analyse for reformalternativet «Ytre Søre Sunnmøre». Analysen vart gjennomført på ein felles workshop for kommunane Hareid, Ulstein, Sande, Herøy og Vanylven på Sæbø 3. og 4. desember 2015.

Dette dokumentet gjer greie for arbeidet som er gjort og presenterer resultata av analysen og drøftingane. Arbeidet inngår i kartlegging av status og moglegheitsbilde for framtida for to reformalternativ, fortsetje slik kommunane er i dag eller slå saman dei fem kommunar på ytre Søre Sunnmøre, og er innspel til vidare lokal prosess.

Føringar for arbeidet kjem fram av rettleiaren frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet; *Veien mot en ny kommune. Veileder for utredning og prosess*.

GJENNOMFØRING OG METODE

Deltakarar

Deltakarar i SWOT-analysen er Formannskapa i dei ulike kommunane saman med rådmann og økonomileiar. Til saman 34 deltakarar. Analysen vart gjennomført over to dagar der deltakarane i første delen var delt kommunevis og andre del vart deltakarane sett saman i interkommunale grupper.

Prosessleiar for gjennomføring av SWOT-analysen var rådgjevar Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd. Han har også bidrege i den kvalitativ analysen av materialet.

Gjennomføring av SWOT-analyse

SWOT-analyse inneber ei kartlegging av styrker, svakheiter, moglegheiter og trugslar. Rettleiaren *Veien mot en ny kommune* legg føringar for å nytte SWOT-analyse opp mot dei fire hovudmåla i reformarbeidet:

- Samfunnsutvikling og samfunnsposisjon
- Tenesteprodusent og utøving av mynde
- Demokrati og styringsform
- Økonomi i den nye kommunen

Kvart hovudmål er vurdert i høve ein ny kommune bestående av Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.

SWOT - Kvalitativ analyse av resultat

Alle tilbakemeldingar som kom fram gjennom SWOT-analysen er overført og samanstilt i eitt skjema. Denne samanstillinga er underlag for kommunane sitt vidare arbeid med kommunereforma.

Samanstillinga representerer kvalitative rådata som er vidare bearbeidd gjennom gruppeanalyse. Dette går ut på at ein namngir eller eksemplifiserar eit ”høgre nivå” av tekst eller ein fellesnemnar innanfor kvar matrisedel og som oppsummerar dominerande tendensar og tilbakemeldingar frå analysen og drøftingane. Kvar matrisedel inneheld ei verbal skildring. Resultatet står i påfølgjande kapittel.

OPPSUMMERING AV ARBEIDET FORDELT PÅ HOVUDMÅLSETTINGANE

Alle SWOT-analysene frå gruppene er oppsummert av den interkommunale gruppa og samanstilt i ei skjematisk oversikt under.

Samfunnsutvikling og samfunnsposisjon

Kommunane i dag	**Ytre Søre Sunnmøre**
Styrke: Kommunane har sterke nærdemokrati og vert opplevd ubyråkratisk med korte avstandar. Ein opplever sterkt samhald og dugnadsinnsats, særleg i dei mindre kommunane. Nyskapande og ekspansivt næringsliv er ein sentral styrke.	**Moglegheiter:** Kommunane forventar styrka fagmiljø og kompetanse, betre planarbeid og ikkje minst større gjennomslagskraft ovanfor region og stat. Auka kapasitet og profesjonalisering av kommunale oppgåver og prosjekt er sannsynleg.
Svakheit: Fleire kommunar opplever sviktande driftsøkonomi og handlingsrom. Små og sårbare fagmiljø svekkar kommunane si handlekraft og kvalitet. Demografiske utfordringar er ulike, men store for alle kommunane.	**Trugsel:** Demokratisk og geografisk avstand opplevast negativt, og prioriteringskonflikt kan også skape avstand og splid, mellom anna grunna ulikt gjeldsnivå. Sentraliseringstrendane kan akselerere, og stagnasjonen vedvarer trass ny kommune.

Tenesteprodusent og utøving av mynde

Kommunane i dag	**Ytre Søre Sunnmøre**
Styrke: Kommunane er oversiktlege med nærleik til eigne innbyggarar og tilbyr målbart gode tenester. Politisk og administrativ leiing har god lokalkunnskap. Det er eit utstrakt interkommunalt samarbeid på tvers av kommunegrensene.	**Moglegheiter** Eit større og sterkare fagmiljø kan gjere det lettare å rekruttere nødvendig kompetanse. Stordriftsfordelar vil kunne frigi ressursar til meir innovativ tenestetilbod. I ei større kommune kan ein lettare få ei meir objektiv sakshandsaming som kan gi likeverdige tenester.
Svakheit Vi har små fagmiljø i «smale» tenesteområde, noko som kan føre rekrutteringsvanskar. Gildskap ved tildeling av tenester kan i enkelte høve vere ei utfordring. Manglande ressurstilgang gjer det vanskeleg å skape likeverdige tenester.	**Trugslar** Det er grunn til å tru at tenester vert sentraliserte og at det vert vanskeleg å opprettholde tilbodet i utkantane. Større forhold kan gjere terskelen for å ta kontakt med kommuneleiinga høgare.

Demokrati og styringsform

Kommunane i dag	Ytre Søre Sunnmøre
Styrke: Kommunane verkar samde om at dei har politikarar og tenesteytarar med god lokalkunnskap. Ein opplever nærleik mellom politikarar/tenesteytarar og innbyggarane. Eit velfungerande lokaldemokrati er med på å skape engasjement blant innbyggarane.	**Moglegheiter:** Ein ser for seg at «YSS» kan ha større påverknadskraft mot sentrale og regionale myndigheiter, samt dei store byane. Fleire tenkjer at det kan verte fleire «profesjonelle» politikarar med spissa kompetanse. Ein kan få ei meir heilskapleg og langsiktig planlegging. Fleire oppgåver(frå td. fylket) gir større nærleik til same tenester. Færre ulemper med gildskap.
Svakheit: Det kan vere eit utfordring å sikre gildskap i små miljø. Rekruttering til politiske lister kan og vere vanskeleg. Stor saksmengd og mangel på tid/ressursar kan og vere ei svakheit. Alle er samde om at ein ønskjer større valdeltaking	**Trugsel:** Kommunane er redd for at det skal verte mindre engasjement og lågare valdeltaking, kanskje pga. større avstand til politikarar og administrasjon, og mindre lokal forankring. Dersom ei storkommune fører til meir byråkrati og sentralisering kan det og vere ei demokratisk utfordring.

Økonomi i den nye kommunen

Kommunane i dag	Ytre Søre Sunnmøre
Styrke: Kommunane er ikkje større enn at vi har god oversikt og kontroll, sjølv om utfordringane er forskjellige. Vi har eit kort, oversiktleg og fleksibelt avgjerdssystem.	**Moglegheiter:** Ein større region gir stordriftsfordelar, meir føreseielege inntekter og auka kompetanse.
Svakheit: Vi har små kommunar som er sårbare med lite rom for investeringar/endringar , enten pga. liten investeringsevne, høg gjeldsgrad eller stramme driftsbudsjett.	**Trugsel:** Frykt for at ein større region gir ei sentralisering som kan medføre ei skeivfordeling med omsyn til investeringar og tenestetilbod. Også ei frykt for auka transaksjonskostnadar i form av byråkratisering.

IDENTIFISERTE UTFORDRINGSPUNKT FORDELT PÅ HOVUDMÅLSETTINGANE

Samfunnsutvikling og samfunnsposisjon:

- **Samfunnsutvikling og næringsstruktur.** Kva modellar er aktuelle for å sikre strategisk samfunnsutvikling og styrka næringsstruktur i alle delar av den nye kommunen? Internorganisering ift. plan, teknisk, eigedom, påverknadskraft opp mot stat og fylke og næringslivsutvikling.
- **Distanse til tenester, sentrale eller desentraliserte tenester.** Ein geografisk større kommune innebere for nokre større avstandar og lengre reisetid til kommunesenter og kommunale tenester. Kva funksjonar må ligge på rådhuset og kva kan ligge desentralisert. Dette må avklarast i forhandlingane.
- **Lokalisering av stab/støttefunksjonar**. Kvar skal stab/støttefunksjonar lokaliserast? Denne utfordringa må drøftast gjennom forhandlingar.
- **Kommunikasjonar**. Den nye kommunen må løfte saman om dei større samferdselsprosjekta i regionen.

Tenesteprodusent og utøving av mynde:

- **Struktur på basistenester.** Korleis skal strukturen ift. skule, barnehage, helse og omsorg vere? Kva er minstegrunnlaget for å oppretthalde ei teneste?
- **Interkommunale selskap.** Det må avklarast kva som skal gjerast med dagens interkommunale selskap i dei vidare forhandlingane.
- **Dagens samarbeidsavtalar.** Det må avklarast kva vi gjer med samarbeida der ikkje alle er med? Eller der er med fleire enn dei fem kommunane?
- **Realistiske intensjonsavtalar.** Det må inngåast intensjonsavtalar som er berekraftige over tid og ikkje berre «gode ønsker».
- **Tidsplan.** Det kan vere behov for ein tidsplan for kor lang tid ein vil bruke på overgangen til ny kommune.

Demokrati og styringsform:

- **Dei desentraliserte tenestene.** Tenesteytinga må vere der folk er.
- **Bygdeutval og lokal representasjon.** Fare for bygdelister og svekka lokaldemokrati. Lågare valdeltaking og engasjement. Det må vere likt antal politiske representantar frå kvar gamal kommune. Dette må avklarast i dei vidare forhandlingane.
- **Fredningsperiode.** Ingen eldre skal flyttast og ingen skule skal leggast ned. Kor lenge fredningsperioda skal vare må avklarast i forhandlingane.
- **Overbyråkratisering.** Unngå ei overbyråkratisering og eit skeivt maktforhold mellom administrasjon og politisk. Administrasjon og politikarar spelar på «same lag».
- **Politiske prioriteringar.** Det må gjerast politiske prioriteringar av investeringar i ei 4års periode og bygdene/tidlegare kommunar har innstillingsrett.

Økonomi i den nye kommunen:

- **Gjeld og planlagt investeringsnivå.** Kommunane må avklare korleis handtere ulikt gjeldsnivå og planlagde investeringar dei komande åra.

- **Verdiar og ulike avgiftsgrunnlag.** Tussa-aksjar, RDA-midlar, eigedomsskatt, arbeidsgjevaravgift, avgiftsgrunnlag for vatn, avløp og renovasjonstenester må avklarast.
- **Vedlikehaldsetterslep.** Sett i lys av behov for framtidige investeringar må det avklarast kva som ligg av vedlikehaldsetterslep i dei enkelte kommunane.
- **Aksjeselskap og interkommunale selskap.** Korleis forhalde seg til kommunane sine ulike aksjeselskap og interkommunale selskap som td. SSR, Landbrukskontoret, legetenester, barnevern må avklarast i dei vidare forhandlingane.
- **Omstillingsmidlar.** Avklare bruk av ekstramidlar i samband med kommunereform og fordelingsmekanismer (prinsipp) i ei ny kommune.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr: Arkiv:	2014/412 000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/16	Formannskapet	19.01.2016
	Kommunestyret	28.01.2016

FOLKERØYSTING OM KOMMUNEREFORM

Tilråding:
Kommunestyret vedtek at røysteretten fyl vilkåra for røysterett ved fylkestingval og kommunestyreval (valgloven § 2-2,(1) og (2)). I tillegg har alle som fyl 16 år i løpet av valåret røysterett gitt at dei for øvrig oppfyller vilkåra.

Folkerøystinga er avgrensa til dei som bur innanfor kommunegrensa.

Skjeringsdato for manntal er 1.1.2016.

Det vert oppnemnd 4 røystekrinsar med vallokale på følgjande stadar:
- Møre barne- og ungdomskule
- Stokksund skule
- Einedalen skule
- Kulturhuset

Det vert opna for førehandsrøysting 4 veker før valet.

Klagerett vert sett til 1 veke etter valdagen til valstyret.

Valdagen vert sett til søndag 22.5.2016.

Valstyret tilleggast ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga.

Særutskrift:

Saksopplysningar:
Om lokal folkeavstemming

Kommuneloven §39 b fastslår at kommunestyret sjølv kan bestemme at det skal avhaldast rådgjevande lokal folkerøysting.

Kompetansen til å sette i gang ei folkerøysting er lagt til kommunestyret sjølv og denne kompetansen kan ikkje delegerast.

Kommuneloven bygger på eit system med representativt demokrati. Det er derfor ikkje adgang til å halde bindande folkerøystingar. Kommunestyret kan ikkje fråskrive seg sitt rettslege og politiske ansvar for dei vedtak som vert gjort. Ei folkerøysting kan vere nyttig innspel for kommunestyret for å få tilbakemelding frå innbyggarane i viktige og prinsipielle saker.

Gjennomføring av folkerøysting:
Kommunestyret sjølv vedtek korleis ein vil gjennomføre ei folkerøysting. Under er opplista ein del punkt som kommunestyret må ta stilling til:

<u>Røysterett ved folkerøysting</u>
- Skal nedre aldersgrense settast ved 16år?
- Er folkerøystinga avgrensa til å dei som bur innanfor kommunegrensa?
- Skjeringsdato for manntal?
- Kor mange røystekrinsar skal oppnemnast?
- Skal det vere mogleg å førehandsrøyste?
- Klagerett?
- Tidspunkt for val?

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen rår til at røysteretten fyl vilkåra for røysterett ved fylkestingval og kommunestyreval (valgloven § 2-2.(1) og (2)). I tillegg har alle som fyl 16 år i løpet av valåret røysterett gitt at dei for øvrig oppfyller vilkåra.

Folkerøystinga er avgrensa til dei som bur innanfor kommunegrensa.

Skjeringsdato for manntal er 1.1.2016.

Det vert oppnemnd 4 røystekrinsar med vallokale på følgjande stadar:
- Møre barne- og ungdomskule
- Stokksund skule
- Einedalen skule
- Kulturhuset

Det vert opna for førehandsrøysting 4 veker før valet.

Klagerett vert sett til 1 veke etter valdagen til valstyret.

Valdagen vert sett til søndag 22.5.2016.

Valstyret tilleggast ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga.

Fosnavåg, 11.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad Jarl Martin Møller

Rådmann Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

HERØY KOMMUNE

NAV Herøy

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	BERLYN	Arkivsaknr: Arkiv:	2013/1318 F31

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/16	Formannskapet Kommunestyret	19.01.2016

EKSTRA BUSETTING AV FLYKTNINGAR I 2016 OG 2017

Tilråding:

1. Herøy kommune vil ikkje ta i mot ekstra flyktningar i 2016, utover vedtak i K-sak 66/15 om å auke mottak av flyktningar frå 10 til 20 i 2016. Dette gjeld både vaksne, familiar og einslege mindreårige.

2. Herøy kommune vil ta stilling til busetting av flyktningar for 2017 i 2. halvår 2016.

Særutskrift:
IMDI

Vedlegg:

1 Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016.
2 K-sak 66/15. Busetting av flyktningar 2014-2016

Saksopplysningar:
Herøy kommune vedtok i K-sak 66/15 å auke busetting av flyktningar for 2015 og 2016, frå 10 personar kvart år til 20 personar. I brev frå Imdi av 23.11.2015 blir vi oppmoda om å busette 40 flyktningar i 2016, kor av 10 einslege mindreårige frå 15 år.

I november 2015 gjorde UDI avtale med to ulike private aktørar om å etablere asylmottak i Herøy kommune. Den eine avtalen gjaldt eit akuttmottak med 180 plassar, fordelt på Christineborg Gjestehus (105 plassar) og hybelhuset til North-West Eiendom i Tjørvåg (75 plassar). Avtalen med UDI var for ei periode på 2 månadar, med opsjon på 2+2 månadar til. Den andre avtalen gjeld eit permanent asylmottak for einslege mindreårige asylsøkjarar frå 15 år. Avtalen blei gjort med Hero Norge AS, og har ei varigheit på tre år. I skrivande stund er det usikkert om og når det kjem asylsøkjarar til akuttmottaket

Desse to avtalane vil setje dei kommunale tenestene under press. Alle asylsøkjarar har rett på helsehjelp. Dei som kjem til akuttmottaket har rett på naudsynt helsehjelp, og det er uklårt i kva grad dei har teke dei naudsynte undersøkingane for mellom anna tuberkulose før dei kjem til kommunen. Dei ordinære asylsøkjarane, dei einslege mindreårige, har rett på fastlege og anna helsehjelp på lik linje med andre som bur i kommunen. Avdeling for Barn,- familie- og helse veit ikkje på noverande tidspunkt kor mykje ressursar dette vil krevje, om det er behov for å auke ressursane og om tilskot frå UDI vil vere tilstrekkeleg. Det er og rett å nemne at kommunen allereie har ei stor utfordring når det gjeld å rekruttere fastleger.

Asylsøkjarar i grunnskulealder i akuttmottak har rett på opplæring dersom det er sannsynleg at dei vert her lenger enn 3 månader. I så fall slår retten inn frå første dag Dette i følgje Opplæringslova. . I den situasjonen ein har i landet no, varslar Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen at ein i vurderinga må ta høgde for at opphaldet kan strekkje seg lenger enn dette. Det er mangel på ordinære mottak, og det kan derfor ta tid å få flytta asylsøkjarane frå dei akutte mottaka. Einslege mindreårige i mottak har rett på norskopplæring, samt grunnskuleopplæring , dersom dei ikkje har dette frå før. Dette betyr at alle som vert busett i asylmottaket i Fosnavåg, i alle fall vil ha rett på norskopplæring.

Skuleavdelinga treng å få oversikt over kor mange asylsøkjarar i dei to mottaka som vil ha rett på opplæring, og deretter vurdere kapasitet, organisering og kompetanse. Ein ser uansett at dette vil by på utfordringar.

Vurdering og konklusjon:

I denne nye og uoversiktlege situasjonen kan ikkje rådmannen sjå at det er forsvarleg å vedta enda ei auke av busetting av flyktningar. I løpet av første halvår 2016 vil kommunen ha ei mykje betre oversikt, både når det gjeld kven som kjem og kva alder dei har, og kva ressursar som trengst. Det vil gje eit grunnlag får ei ny vurdering både med tanke på busetting av vaksne og einslege mindreårige

flyktningar. Det er også viktig å ikkje gløyme at Herøy kommune skal busette 20 flyktningar i 2016, og at dette er ei dobling frå det opphavlege vedtaket.

Fosnavåg, 08.12.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Berit Lyngstad
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Lyngstad

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Postadresse:
Postboks 8059
Dep.
0031 OSLO

Besøksadresse:
Kjøpmannsgata
ved nr 32,
Trondheim

Internett:
www.imdi.no

E-post:
post@imdi.no

Sentralbord:
24 16 88 00

Telefaks:
24 16 88 01

1515

HERØY KOMMUNE
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Ber om at brevet vert distribuert til:
Ordførar
Rådmann

DYKKAR REF	VÅR REF	DATO
	06-01179-20	23.11.2015

Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016

Flyktningkrisa og det store talet asylsøkarar som kjem til Noreg, førar til eit auka behov for busetting av flyktningar generelt og einslege barn og unge flyktningar spesielt. Difor må kommunane busette langt fleire flyktningar enn det talet IMDi tidlegare samla har oppmoda kommunane om.

Nasjonalt utval, som er samansett av representantar frå kommune og stat, har oppjustert tidlegare busettingsbehov og fastsatt at det vil være behov for å busette minst 18 000 flyktningar i 2016. Det er ein auke på nær 30 prosent samanlikna med tidlegare oppmoding på 14 000 for 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjustert til minst 21 000 flyktningar, som er ein auke på nær 60 prosent samanlikna med tidlegare plantal på 13 200. For meir informasjon om behovet for busetting av flyktningar, sjå IMDi sine heimesider www.imdi.no/bosettingsbehov.

Det er ein særs stor auke i talet på einslege barn og unge under 18 år (einslege mindreårige) som skal busettast i 2016. Oppdaterte prognosar viser at det er behov for å busette minst 4 400 einslege mindreårige i 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjustert til minst 7 000 einslege mindreårige. Om lag 20 prosent av de einslege mindreårige er under 15 år. I 2014 vart det busett 536 einslege mindreårige (EM) i Noreg. Berre nokre av kommunane vart oppmoda om å busette EM. Behovet i 2016 er meir enn åttedobla frå fjolåret. IMDi må difor oppmode dei fleste kommunane om å busette einslege mindreårige. Og dei som har busett EM tidligare, må verte oppmoda om å busette mange fleire.

IMDi ber kommunar som ikkje blir bede om å busette dei yngste EM – og likeins kommunar som ikkje i det heile teke er oppmoda om å busette EM – om å vise god vilje til samarbeid når Bufetat skaffar fosterheim i kommunen. Alle kommunar kan også gjere ein aktiv innsats ved å vere formidlar av kontakt mellom moglege fosterfamiliar for EM og Bufetat.

Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber IMDi kommunen om å ta imot 40 flyktningar i 2016, kor av 10 er einslege barn og unge.

IMDi ber ikkje kommunen om særskilt å ta imot EM under 15 år. Men behovet er stort og denne gruppa burde raskt få eit tilbod i ein kommune. Om kommunen ser det som mogleg også å busette nokre einslege mindreårige under 15 år, ta kontakt med IMDi om dette.

Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber IMDi kommunen om å leggje til grunn følgjande førebels plantal for 2017:

- **Minst 42 flyktningar i 2017, kor av minst 15 er einslege barn og unge.**

Det er stor uvisse knytt til kor mange asylsøkarar som kjem til Noreg i 2016 og 2017. IMDi vil i løpet av 2016 oppdatere kommunen på busettingsbehovet for 2017 i det årlege oppmodingsbrevet, og så langt som mogleg gje førebels plantal for 2018 og 2019.

IMDi understreker betydinga av presise vedtak for det talet flyktningar som kommunen skal busette. Vedtak må fattast utan atterhald. Vi ber om at det ikkje fattast vedtak som inkluderer familiesameinte eller som ikkje gjer det mogleg å gjennomføre busettingsarbeidet. Skulle det av ulike grunnar ikkje la seg gjere å realisere alle busettingsplassane, skal plassar som ikkje er vorte brukt overføras til kommande års busetting.

Økonomi og rammevilkår
I statsbudsjettet for 2016 og i tilleggsnummer om auka asyltilstrøyming føreslår regjeringa å auke det særskilde tilskotet med 100 000 kroner per einsleg mindreårige flyktning som vert busett i 2016, og eit ekstratilskot på kr. 50 000 per flyktning som kommunen busett i 2016 utover det talet kommunen ble oppmoda om for 2015. For meir informasjon om dei ulike tilskotsordningane som følgjer med busetting av flyktningar, sjå IMDi sine heimesider (www.imdi.no).

Kommunar som busetter einslege mindreårige, vil få vanleg integreringstilskot for kvar EM som vert busett. Og i tillegg det særskilde tilskotet ved busetting av EM som i 2015 var kr 191.300 per born. Det særskilde tilskotet får kommunen frem til og med 20 års alder for kvar EM. For komande år føreslår regjeringa altså også å auke dette tilskotet med kr 100.000 for kvar EM i busettingsåret 2016. Busette einslege mindreårige vil også telle med i det samla talet som kan gje ekstratilskot på kr 50.000; sjå over.

Kontakt med IMDi om oppmodinga
Kommunen kan ta kontakt med IMDi i tida fram mot vedtak. Om kommunen ønskjer meir informasjon om oppmodinga eller om busetting av flyktningar generelt, ta gjerne kontakt med IMDi Midt-Norge ved Karin Erland; e-post ker@imdi.no eller telefon 46548025.

For å leggje til rette for ei mest mogleg føreseieleg busetting i 2016, ber vi om tilbakemelding frå kommunen innan 31.12.2015. Vi ber dykk sende vedtaket skriftleg og på e-post til IMDi post@imdi.no med kopi til KS v/Nina Gran nina.gran@ks.no.

Vi ser fram til fortsatt godt samarbeid!

Venleg helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Rune S Foss
regiondirektør IMDi Midt-Norge

Karin Erland
sakshandsamar

Kopi:
Fylkesmannen

HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

Det kongelige barne-, likestillings- og inkluderingsdepartement

Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2013/1318	F31		FEL / BRB	02.06.2015

K-SAK 66/15. BUSETTING AV FLYKTNINGAR 2014-2016

Vedlagt fylgjer K-sak 66/15.
Kommunestyret gjorde i møte 28.05.2015 slikt vedtak i saka:

1. *Herøy kommune kan ta i mot og busette inntil 10 ekstra kvoteflyktningar i 2015 og 2016. Dette kjem i tillegg til dei 10 vi har vedtatt å ta i mot i K-sak 153/09.*
2. *Det ekstra integreringstilskotet skal gå uavkorta til arbeidet med flyktningane, jmfr utrekning i saka. Avdelingane vil justere budsjettet når kommunen veit kor mange born og vaksne som kjem. Det vert lagt til grunn at det ikkje er rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet.*
3. *Alle ressursar knytt til stillingar skal vere engasjementsstillingar på 2 år, med moglegheit for forlenging gitt den vidare situasjonen.*
4. *Eigedomsavdelinga må skaffe private bustadar om der ikkje er ledige kommunale bustader*

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Kopi: Rådmannen si leiargruppe

HERØY KOMMUNE

NAV Herøy

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	BERLYN	Arkivsaknr: Arkiv:	2013/1318 F31

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
102/15	Formannskapet	19.05.2015
66/15	Kommunestyret	28.05.2015

BUSETTING AV FLYKTNINGAR 2014-2016
Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune kan ta i mot og busette inntil 10 ekstra flyktningar i 2015 og 2016. Dette kjem i tillegg til dei 10 vi har vedtatt å ta i mot i K-sak 153/09.
2. Det ekstra integreringstilskotet skal gå uavkorta til arbeidet med flyktningane, jmfr utrekning i saka. Avdelingane vil justere budsjettet når kommunen veit kor mange born og vaksne som kjem. Det vert lagt til grunn at det ikkje er rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet.
3. Alle ressursar knytt til stillingar skal vere engasjementsstillingar på 2 år, med moglegheit for forlenging gitt den vidare situasjonen.
4. Eigedomsavdelinga må skaffe private bustadar om der ikkje er ledige kommunale bustader

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet 19.05.2015

1. Herøy kommune kan ta i mot og busette inntil 10 ekstra flyktningar i 2015 og 2016. Dette kjem i tillegg til dei 10 vi har vedtatt å ta i mot i K-sak 153/09.
2. Det ekstra integreringstilskotet skal gå uavkorta til arbeidet med flyktningane, jmfr utrekning i saka. Avdelingane vil justere budsjettet når kommunen veit kor

mange born og vaksne som kjem. Det vert lagt til grunn at det ikkje er rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet.
3. Alle ressursar knytt til stillingar skal vere engasjementsstillingar på 2 år, med moglegheit for forlenging gitt den vidare situasjonen.
4. Eigedomsavdelinga må skaffe private bustadar om der ikkje er ledige kommunale bustader

Møtebehandling:
Uttale frå komite for helse og omsorg vart lagt fram i møte.
Det vart halde gruppemøte.

Egil leikanger kom med framlegg om å endre «10 ekstra flyktningar» til «10 ekstra kvoteflyktningar».

1. Herøy kommune kan ta i mot og busette inntil 10 ekstra flyktningar i 2015 og 2016. Dette kjem i tillegg til dei 10 vi har vedtatt å ta i mot i K-sak 153/09.
2. Det ekstra integreringstilskotet skal gå uavkorta til arbeidet med flyktningane, jmfr utrekning i saka. Avdelingane vil justere budsjettet når kommunen veit kor mange born og vaksne som kjem. Det vert lagt til grunn at det ikkje er rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet.
3. Alle ressursar knytt til stillingar skal vere engasjementsstillingar på 2 år, med moglegheit for forlenging gitt den vidare situasjonen.
4. Eigedomsavdelinga må skaffe private bustadar om der ikkje er ledige kommunale bustader

Formannskapet si tilråding med framlagt endring vart vedteken mot 1 røyst.

Vedtak i Kommunestyret - 28.05.2015

1. Herøy kommune kan ta i mot og busette inntil 10 ekstra kvoteflyktningar i 2015 og 2016. Dette kjem i tillegg til dei 10 vi har vedtatt å ta i mot i K-sak 153/09.
2. Det ekstra integreringstilskotet skal gå uavkorta til arbeidet med flyktningane, jmfr utrekning i saka. Avdelingane vil justere budsjettet når kommunen veit kor mange born og vaksne som kjem. Det vert lagt til grunn at det ikkje er rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet.
3. Alle ressursar knytt til stillingar skal vere engasjementsstillingar på 2 år, med moglegheit for forlenging gitt den vidare situasjonen.
4. Eigedomsavdelinga må skaffe private bustadar om der ikkje er ledige kommunale bustaderMøtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Særutskrift:
- Likestillings- og inkluderingsdepartementet
- Rådmannen si leiargruppe

Vedlegg:

- Brev frå Barne- og likestillings- og inkluderingsdepartementet

Saksopplysningar:

Herøy kommune vedtok i K-sak 153/09 å busette 10 flyktningar. Ut frå ressurssituasjonen i kommunen og det store talet på arbeidsinnvandrarar blei det vurdert som det eit øvre tak for å kunne gje gode nok tenester. Krigshandlingane i Syria, og dei tragiske dødsfalla i Middelhavet har ført oss i ein ekstraordinær situasjon. Det er eit fleirtal på Stortinget for å ta i mot ekstra flyktningar frå Syria, og statsråd Solveig Horne har bedt kommunane vurdere om dette er realistisk. Avdelingane i Herøy kommune har alle vore positive til å kunne bidra i denne situasjonen. Saksframlegget vil synleggjere under kva føresetnadar avdelingane meiner ein kan ta i mot 10 ekstra flyktningar.

Anmodninga frå IMDi og departementet

IMDi rettar kvart år ein førespurnad til kommunane om å ta i mot flyktningar. Dei siste åra har det også kome ei ekstra anmodning frå Imdi, då det blir busett for få flyktningar i forhold til talet på flyktningar som sit på asylmottak og har fått opphaldsløyve. Anmodninga frå statsråden kjem i tillegg til anmodningane frå IMDi

Opphaveleg anmodning frå Imdi 2015	30
Vedtak Herøy kommune 2015	10
Justert anmodning 2015	38
Tillegg utover IMDi`s anmodning	**10**
Samlet anmodning 2015	48
Justert anmodning 2016	27
Vedtak Herøy kommune	10
Tillegg utover IMDI`s anmodning	**13**
Samlet 2016	40

Som tabellen viser har IMDi bedt Herøy kommune ta i mot totalt 38 flyktningar for 2015. No har departementet bedt oss ta i mot 10 ekstra. For 2016 har IMDi bedt oss ta i mot 27 flyktningar, og i tillegg har departementet bedt oss ta i mot 13 flyktningar. Herøy kommune har eit vedtak om å ta i mot 10 flyktningar i 2015 og 2016, totalt 20.

Samla sett er Herøy kommune bedt om å ta i mot 88 flyktningar i 2015 og 2016. Om Herøy kommune seier ja til å ta i mot 10 ekstra flyktningar i 2015 og 13 flyktningar i 2016, vil vi totalt ta i mot 43 flyktningar desse to åra, 45 færre enn det vi er spurde om.

Avdelingane har med utgangspunkt i dei ressursane vi veit vi har og kunnskap om kva som trengs, vurdert saka ut frå å ta i mot 10 ekstra flyktningar i 2015, totalt 20, og 10 ekstra flyktningar i 2016, totalt 20.

Bustad

Den viktigaste og mest krevjande føresetnaden for å busett flyktningar er at vi har nok ledige bustader. Uttale frå Eigedomsavdelinga viser at det kan bli ledige kommunale bustadar i løpet av sommaren. Dette gjeld til dels store leilegheiter med 3-5 soverom. Hittil i 2015 har NAV busett 3 flyktningar, og skal busette 6-7 til hausten. Det er viktig at vi også har ledige bustadar til dei 10 flyktningane vi allereie har vedtatt å ta i mot. Om det ikkje skulle bli ledigheit i dei kommunale bustadene, må Eigedomsavdelinga vende seg til private huseigarar for å leige seg inn der. Det er ein del meir krevjande enn å bruke kommunale bustadar, og det vil kunne bety at Eigedomsavdelinga treng noko ekstra ressursar.

Integreringstilskot

Kommunane får eit integreringstilskot for kvar flyktning, både vaksne og born, dei fem første åra dei bur i kommunen. Det er nokre forskjellar på tilskota i år 1, mens dei er lik for alle flyktningane år 2-5. I tillegg er det nokre eingongstilskot i år 1.
Tilskotssatsane pr 2015 er slik:

År	Vaksne og born	Einslege vaksne	Barnehagetilskot	Eldretilskot
1	182 000	232 000	24 000	157 500
2	210 000			
3	152 000			
4	82 200			
5	70 000			

Ekstra busetting 2015 og 2016

Tabellen viser kor mykje Herøy kommune vil få overført i integreringstilskot ved å ta i mot 10 flyktningar i 2015 og 10 flyktningar i 2016.

År	**2015**	**Tilskot**	**2016**	**Tilskot**	**Totalt**
1-x	10 x 182 000	1 820 000			1 820 000
2-1	10 x 210 000	2 100 000	10 x 182 000	1 820 000	3 920 000
3-2	10 x 152 000	1 520 000	10 x 210 000	2 100 000	3 620 000
4-3	10 x 82 200	820 000	10 x 152 000	1 520 000	2 340 000

5-4	10 x 70 000	700 000	10 x 82 000	820 200	1 520 000
x-5			10 x 70 000	700 000	700 000

Behov for ekstra ressursar
Avdelingane har gjort ei kartlegging av kva ressursar dei treng ved mottak av 10 ekstra flyktningar i 2015 og 2016. Kartlegginga er omtrentleg, då vi ikkje veit kor mange barn og vaksne som kjem, eller kva behov dei har for tenester. Derfor må budsjettet justerast når dette er klart.

Barnehageavdelinga
Det er eit eige barnehagetilskot på kr 24 000. Dette er eit eingongstilskot år 1. Tilskotet er ikkje medrekna i budsjettet over, då vi ikkje veit kor mange born som kjem. I utgangspunktet skal dette tilskotet gå til barnehageavdelinga direkte. Om barnehagane treng meir ressursar til oppfølging, også utover det første året, skal det så langt det lar seg gjere dekkes av det ordinære tilskotet.

Skuleavdelinga – grunnskulen
Grunnskulen har allereie i dag liten kapasitet til ekstra norskundervisning til born av framandspråklege, enten det er born av flyktningar eller arbeidsinnvandrarar. Ekstra mottak av t.d 5 + 5 born vil krevje ei ressursauke på 50 % stilling i grunnskulen, som eit minimum i skuleåret 2015-2016 og 2016-2017.

Skuleavdelinga – Internasjonal skule
Nye flyktningar treng ofte litt meir og litt annleis undervisning enn dei som har vore her ei stund, eller dei som allereie snakke engelsk. Det er hensiktsmessig å starte opp ei nybegynnargruppe på 4 timar undervisning 4 dagar i veka, noko som utgjer ein 68 % lærarressurs.

Flyktningtenesta – Programarbeid
Kva enkelt flyktning skal ha eit eige Introduksjonsprogram. Dette inneber kartlegging og oppfølging, samt planlegging av innhald utanom norskundervising, og i skuleferiane. Med ekstra mottak av flyktningar må det vurderast om det skal settast av ressursar til stilling som Programrådgjevar, noko ein ikkje har i dag. Ei 50 % ressurs i gjeldande periode vil vere dekkande.

Flyktningtenesta – Introduksjonsløn
Om ei reknar med å busett 10 barn og 10 vaksne, vil det gje lønskostnadar på 10 x 176 740 pr år.

Flyktningtenesta - andre utgifter
I tillegg vil det kome andre laupande utgifter. Sjølve busettinga krev ein del ressursar

til møblar, inventar og anna utstyr dei treng. Det må også påreknast ein del skysskostnadar frå bustad til skule/barnehage.

NAV – økonomisk stønad

Alle flyktningane får økonomisk stønad frå NAV. I første omgang får dei stønand til livsopphald, husleige og straum i månadene til dei begynner på Introduksjonsprogrammet og får Introduksjonsløn. Løna utgjer 2 x grunnbeløpet i Folketrygdlova, pr dato 2 x 88 370. Veldig få av flyktningane klarar seg på denne løna og får supplerande stønad frå NAV. I tillegg dekkjer NAV utgifter til barnehage og SFO. Denne utgifta skal så langt det er råd refunderast frå Integreringstilskotet.

Utgifter til tolketeneste - felles for avdelingane:

Mange av avdelingane har store utgifter til tolketenester. Ekstra utgifter til tolk knytt til flyktningar bør så langt som råd dekkast av integreringstilskotet.

Stipulert budsjett:

Avdeling	Ressursbehov	Stilling	Kostnad år 1	Kostnad år 2	Kostnad år 3
Barnehage	Assistentar og tolk Barnehagetilskot 24 000 pr barn første år		30 000	150 000	150 000
Grunnskule	Norsklærar	68,8 %	350 000	350 000	350 000
Internasjonal skule	Norsklærar	50 %	350 000	350 000	350 000
Flyktningtensta	Programrådgjevar	50 %		320 000	320 000
Barn-familie-helse	Tolk		50 000	50 000	50 000
Flyktningtenesta	Busetting		150 000	150 000	
NAV Sosial	Sosialhjelp			500 000	300 000
Intro-løn	Løn til deltakarar		5 x 176 740 = 883 700	10x 176 740 = 1 767 400	5 x 176 740= 883 700
Utgifter			1 813700	3 637 400	2 403 700
Tilskot			1 820 000	3 920 000	3 620 000

Resultat			6 300	282 600	1 216 300

Det er viktig å understreke at budsjettet er justert etter tilskotet. Om barnehageavdelinga treng meir ressursar år 1 vil det ikkje vere midlar til det. NAV utbetalar mykje meir i sosialhjelp enn det som er lagt inn i budsjettet, og det er også usikkert om Barn-, familie- og helseavdelinga treng meir. Derfor har avdelingane sagt ja til å ta i mot 10 ekstra flyktningar i 2015 og 2016 under føresetnad at det ekstra integreringstilskotet i si heilheit går til arbeidet med flyktningane. Om ein ser på det ordinære flyktningbudsjettet, vil det vere kostnader der som ikkje er med her. Til dømes gjeld det løn til flyktningkonsulent og miljøterapeut, husleige og andre kontorkostnader, samt leasing og drift av ein bil.

Vurdering og konklusjon:

Oppstillinga ovanfor byggjer på visse føresetnader om mottak og samansetjinga av 10 ekstra flyktningar i to år. Rådmannen legg til grunn at i den økonomiske situasjonen kommunen står oppe i, er det ikkje rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet. Tiltak og tenester må tilpassast denne føresetnaden.

Konsekvensar for folkehelse:
Positiv for flyktningane.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen.

Konsekvensar for drift:
Føresetnad om at auka drift skal tilpassast og dekkast av integreringstilskotet.

Konsekvensar for økonomi:
Føresetnad om at auka drift skal tilpassast og dekkast av integreringstilskotet.

Fosnavåg, 11.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Berit Lyngstad
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Lyngstad

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr: Arkiv:	2014/751 K54

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
16/16	Formannskapet Kommunestyret	19.01.2016

GNR. 53 BNR. 1 EIGAR: GEIR OG MARIANNE TJERVÅG - ELVEFORBYGGING I TJØRVÅGELVA - VEDTAK DISTRIKTSDEL TIL NVE

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre godkjenner avtale med NVE «Kommunevedtak for sikringsanlegg mot flaum og skred – plan for utbetring etter naturskade i Tjørvågelva.» Ordføraren får fullmakt til å underteikne avtalen.

2. Det vert løyv inn til 80.000 kroner eks.mva. til dekning av kommunal distriktsdel til NVE. Løyvinga vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond.

3. Eigar av anlegget, grunneigar(ar), vert gjort merksam på at dei har ansvaret for drifta av anlegget inkludert utføring og dekking av kostnader til nødvendig ettersyn, drift og eventuell skjøtsel.

Særutskrift:

- Geir og Marianne Tjervåg, Tjørvågvegen 364, 6070 Tjørvåg
- NVE Region Vest, Postboks 53, 6801 Førde
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Vedlegg

1. Oversiktskart datert 02.12.2015
2. Kopi av søknad om bistand til bygging av flaumvollar for Tjørvågelva av 02.06.2010 frå Geir Tjervåg til Søre Sunnmøre Landbrukskontor(SSL)
3. Kopi av oversendingsbrev av 26.06.2012 frå SSL til Norges vassdrags- og energidirektorat(NVE)
4. Kopi av e-post av 16. september 2015 vedlagt mal for kommunevedtak og skisseplan for utbetring etter naturskade i Tjørvågelva

Bakgrunn

Tunet på gnr. 53 bnr. 1 i Tjørvåg har vore utsett for flaum i mange år. Eigar søkte i 2010 om bistand til bygging av flaumvollar i Tjørvågelva. Normal sakshandsaming er at slike søknadar vert handsama av NVE og at kommunen får oversendt førespurnad om å gjere vedtak om betaling av distriktsdel før tiltak vert iverksett. I dette tilfellet har imidlertid NVE gjennomført tiltaket hausten 2015 utan at kommunen har fått oversendt saka for handsaming på førehand. Denne saka gjeld såleis handsaming av spørsmålet om kommunal distriktsdel i etterkant av at tiltaket er gjennomført.

Saksopplysningar

Generelt:

NVE har det overordna ansvaret for statlege forvaltingsoppgåver innan førebygging av flaumskader og skredulykker. Dette inneber å yte hjelp til kommunar og samfunnet elles med kompetanse og ressursar til kartlegging, arealplanoppfølging, sikring, overvaking, varsling og beredskap.

Det er i utgangspunktet kommunane som kan søke om bistand. Dersom grunneigarar eller andre ønskjer bistand må søknad sendast via kommunen, og kommunen må uttale seg til søknaden før den vert sendt NVE. Det må framgå om søknaden gjeld tilskot eller om kommunen ber NVE om å ta på seg oppgåva med planlegging og gjennomføring av tiltaket.

NVE kan dekke inntil 80% av kostnadene ved eit tiltak. Kommunen er ansvarlig for å dekke dei resterende 20%, distriktsandelen. Dersom kommunen ønskjer at grunneigarane eller andre skal dekke distriktsandelen heilt eller delvis, er det kommunen som må ordne dette i form av frivillige avtalar eller pålegg. Naturskadeloven § 24 gir kommunane heimel til å krevje utgifter til sikringstiltak refundert av dei som eig eller festar eigedom innafor det området sikringstiltaket vernar.

Anten NVE tek på seg alt ansvar for planlegging og gjennomføring av eit tiltak eller berre yter bistand i form av tilskot vil kommunen måtte stå som formell tiltakshavar. Derfor må kommunen stå som formell byggherre etter byggherreforskrifta, og ha ansvar for avklaring i forhold til plan- og bygningslova og andre lovverk, og for informasjon til og oppfølging av berørte partar. Kommunen må også ordne rettigheiter til å anlegge sikringstiltak på aktuelle eigedomar.

Omsøkt tiltak:

Det vert vist til oversiktskart, vedlegg 1. Eigar av eigedomen sende 02.06.2010 søknad til Søre Sunnmøre Landbrukskontor(SSL) om bistand til bygging av

flaumvollar for Tjørvågelva, sjå vedlegg 2. Av ulike årsaker vart ikkje søknaden vidaresendt frå SSL til NVE før 26.06.2012, sjå vedlegg 3. I samband med flaum på Sunnmøre den 19 og 20 august -13 gjekk Tjørvågelva over breddene og det var fare for at bustadhuset i gardstunet til Geir Tjørvåg skulle bli skada. I 2014 var det 2 flaumar og elvekanten mot bygningane vart øydelagt og låg open utan noko form for steinsetting. Kommunen har følgt opp saka jamleg med tilbakemeldingar og purringar til NVE om prioritering av tiltaket.

14. september 2015 tok NVE telefonisk kontakt med kommunen v/Anleggs- og driftsleiar og opplyste at dei no hadde ledig kapasitet og ville starte opp arbeidet med tiltaket i Tjørvågelva innan nokre få dagar. Tiltaket var av ein slik art at det ikkje var naudsynt med særskilde løyve.

16. september 2015 mottok ein e-post frå NVE, sjå vedlegg 4, med mal for kommunevedtak og skisseplan for utbetring etter naturskade i Tjørvågelva.

13. oktober 2015 mottok ein melding frå NVE om at tiltaket var gjennomført og at totalkostanden vart lågare enn i kostnadsoverslaget i planen.

Kostnad, finansiering, kommunal distriktsdel og plikter:
I vedlagt skisseplan oversendt frå NVE 16.09.2015 med plandato 14.09.2015 er tiltaket og plan for utføring skildra og kostnadsrekna. **Total prosjektkostnad var rekna til 391.875 kroner eks.mva.** Det er rekna med at NVE dekkjer 80% av kostnaden, medan kommunen dekker distriktsandelen på 20%.

Av vedlagt mal for kommunevedtak(sjå vedlegg 4) oversendt frå NVE 16.09.2015 må ein spesielt merke seg at

- *Kommunen forpliktar seg til å betale ein distriktsdel på 20% av faktiske utgifter. Ut frå kostnadsoverslaget vil det sei **om lag 78.000 kroner eks.mva**. Kommunen tek sjølv ansvaret om kommunen vil vidareføre innbetalingsplikta for distriktsdelen til grunneigarane som har nytte av tiltaket.*
- *Kommunen forpliktar seg til å gjere eigarane av anlegget merksam på at dei har ansvaret for drifta av anlegget. Dette ansvaret inneber at eigaren må uføre og dekkje kostnader til nødvendig ettersyn, drift og evt. skjøtsel av anlegget.*
- *Kommunen pliktar seg til å føre tilsyn med anlegget. Tilsynsansvaret og oppgåvene som dette inneberer følgjer av Forskrift av 17. juni 2005 nr. 655 om kommunalt tilsyn med anlegg for sikring mot flom, erosjon og skred og anlegg for å betre vassdragsmiljøet.*

Naturskadelova § 24 gir kommunane heimel til å krevje utgifter til sikringstiltak refundert av dei som eig eller festar eigedom innafor det området sikringstiltaket vernar.

Vurdering og konklusjon:
Herøy kommune har ikkje hatt særleg store utfordringar med omsyn til flaum. Med dei store nedbørsmengdene ein har hatt siste åra kan dette imidlertid bli eit aukande problem. Så vidt ein kjenner til har tidlegare gjennomførte flaumsikringstiltak i store

Når det gjeld kommunen sitt val mellom anleggsbidragsmodellen og justeringsreglane, framstår anleggsbidragsmodellen totalt sett som det beste avgiftsmessige alternativet ved bustadutbygging (vurderinga kan bli ei anna for næringsprosjekt). Fordelane med denne modellen er at den klart gir best likviditet i prosjekta for utbyggar. Dette bidreg til å gjere Herøy kommune til ein meir attraktiv stad for bustadutbygging, enn om den ikkje skal tilbydast i samband med utbyggingsavtalane. Kostnadene ved etablering av offentleg infrastruktur kan utgjere betydelige beløp. Ein reduksjon på inntil 25 % av totalkostnadene kan ha betyding for kva utbyggar ser seg i stand til å ta på seg av offentleg utbygging.

Dersom kommunen brukar den såkalla «Valdresmodellen», som er skildra ovanfor, vert meirverdiavgifta gjort opp løpande og avslutta ved ferdigstilling av anlegga, og kommunen treng ikkje å ha eit kontraktforhold med utbyggar etter ferdigstilling (evt. med unntak for avtale om momsrisikoen i ein 10-årsperiode). Ulempa med anleggsbidragsmodellen er at kommunen må være byggherre for utbygging av infrastrukturen og at dette medfører risiko for evt. etterfølgjande problem og tvistar med entreprenørane. Denne risikoen kan imidlertid reduserast gjennom utbyggingsavtalen med utbyggar. Ved bruk av justeringsreglane vil det derimot vere utbyggar som er byggherre og har risikoen for dette åleine – noko som er fordelen med justeringsreglane.

Ulempene ved justeringsreglane vil være at kommunen må oppretthalde eit kontraktforhold med utbyggar i ein 10-årsperiode etter ferdigstilling for refusjon av meirverdiavgifta. Dette vurderer ein å være tyngre og meir tidkrevjande for kommunen å administrere m.a. fordi momsoppgåvene må sendast skattemyndigheitene **på termin 6 kvart år** gjennom heile 10-årsperioden. Ved anleggsbidragsmodellen vert avgiftsforpliktingane som nemnt gjort opp ved ferdigstilling av anlegga. Ved bruk av denne modellen får utbyggar dessutan dårlegare likviditet i prosjektet sidan meirverdiavgifta vert tilbakebetalt over ein 10-årsperiode.

Uavhengig av val av modell vil kommunen få auka administrativt arbeid og kostnad. Spesielt ved bruk av anleggsbidragsmodellen der kommunen har byggherreansvar som vil medføre at ein vil måtte følgje opp byggeprosessen og delta på byggemøte og synfaringar m.m. Dette kan sjølvsagt medføre at andre oppgåver vil måtte vente/utsettast.

For god ordens skuld vurderer rådmannen at det ved bruk av anleggsbidragsmodellen bør vedtakast at utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

Konklusjon:
Etter ei totalvurdering tilrår rådmannen at:

1. Anleggsbidragsmodellen kan nyttast i **utbyggingsavtaler inngått etter 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 50 bustadar og ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbyggar. Utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

2. Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbyggar nyttast for utbyggingsavtalar **inngått før 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 50 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 40/60.

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen.

Konsekvensar for drift:
Administrasjonen ved Anlegg og drift/Utvikling og Økonomi vil få meir administrative arbeidsoppgåver ved innføring av avgiftsmodell som tilrådd. Dette skal ikkje medføre auka kostnader for kommunen då dei to tilrådde ordningane skal kostast gjennom anten administrasjonsbidrag eller del av refundert meirverdiavgift.

Fosnavåg, 09.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2012/2440 L02

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
19/16	Formannskapet	19.01.2016
	Kommunestyret	29.01.2015

BULYSTPROSJEKTET. SLUTTRAPPORT.

Tilråding:

Kommunestyret viser til sluttrapporten for Bulystprosjektet og ber om at dei gode tiltaka for integrering av arbeidsinnvandrarar og andre tilflyttarar vert fylgde opp og vidareutvikla innanfor dei ulike tenesteområda.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe.

Vedlegg:

- Bulystsøknaden frå 2012.
- Sluttrapport Bulyst.
- Tilleggsrapport Bulyst.
- Evaluering av pilotprosjekt.

Saksopplysningar:

Bulysprosjektet i Herøy og Ulstein starta opp i november 2012 med Camilla Storøy som prosjektleiar.

Styringsgruppa for prosjektet har hatt slik samansetjing:

- Arnulf Goksøyr, leiar
- Olaug Andreassen, nestleiar
- Jan Berset, ordførar Ulstein kommune
- Mariann Flusund, Marine Harvest
- Magne Gurskevik, Kleven Maritime
- Finn Ove Båtevik, Møreforsking
- Stein Mathiesen, Marine Harvest
- Eivind Vartdal Ryste/Gunhild Dahle, Møre og Romsdal fylkeskommune

Prosjektet har vore finansiert med tilskot frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det kommunale bidraget har vore bruk av arbeidstid for prosjekteigar (assisterande rådmann/rådmann) og andre tilsette.

Prosjektet vart avslutta 31.12.2015.

Det går fram av sluttrapporten at det viktigaste resultatet av prosjektet har vore haldningsendringar. Mange tenester har endra arbeidsmåten med eit større fokus på innvandrarane. Dei har også fått meir kulturforståing og kunnskap om fleirkulturell kommunikasjon.

Det har vore ein viktig premiss for prosjektet at dei gode tiltaka i integreringsarbeidet ikkje skal vere avhengig av prosjektet og prosjektleiaren, men kan halde fram etter at prosjektet er avslutta.

Det er elles grunn til å merke seg dei gode tilbakemeldingane prosjektet har fått.

Vurdering og konklusjon:

Eg vil konkludere med at prosjektet har vore vellukka og svart til forventningane. Det er likevel slik at dersom prosjektet skal ein langsiktig effekt, er det avhengig av at tiltaka vert fylgde opp og vidareutvikla. Ansvaret for dette ligg på leiarar og medarbeidarar i dei ulike tenesteområda.

Fosnavåg, 05.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2012-0066	**Søknadsår**	2012	**Arkivsak**	
Støtteordning	Bolyst 2012				
Prosjektnavn	Bolyst 2012				

Kort beskrivelse
Herøy kommune og nabokommunane på Sunnmøre har store utfordringar når det gjeld å rekruttere og behalde arbeidskraft/å inkludere invandrarar og andre tilflyttarar.

Det vert søkt om midlar til 100 % stilling som prosjektleiar for å prøve ut nye tiltak for å inkluderer innnvandrarar og andre tilflyttarar i lokalsamfunnet.

Prosjektbeskrivelse
Herøy kommune har hatt ein positiv folketalsvekst siste åra, mykje på grunn av stor arbeidsinnvandring. Kommunen har store utfordringar i forhold til å legge til rette for at tilflyttararane, særleg dei frå utlandet, skal verte inkluderte og integrerte i lokalsamfunnet på ein positiv måte.

I planlegginga av prosjektet har kommunen hatt kontakt med 2 bedrifter på Sunnmøre. Det er Marine Harvest i Herøy og Kleven Maritime som har bedrifter i Ulstein, Sande og Vanylven. Bedriftene har fast tilsette og korttidstilsette frå mange nasjonalitetar som har utfordringar i forhold til busetjing og integrering i lokalsamfunnet.

Det vil vere ei sentral oppgåve for prosjektet å knyte kontakt med leiinga i bedriftene, den enkelte tilsette og familien, det offentlege tenesteapparatet, frivillige lag og organisasjonar for å kartlegge utfordringane, legge til rette for tiltak, teste ut nye tiltak og drive nytenking i forhold til integrering og inkludering.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse	Poststed	Mobil
Søker/prosjekteier	Herøy kommune	Postboks 274	6091 FOSNAVÅG	95131204
Kontaktperson	Olaus-Jon Kopperstad	Postboks 274	6091 FOSNAVÅG	95131204
Prosjektleder	Olaus-Jon Kopperstad	-	6091 FOSNAVÅG	95131204

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

RF13.50 – www.regionalforvaltning.no

Folketalet i Herøy kommunen auka frå 8383 i 2009, til 8533 i 2010 og til 8728 i 2011. Mykje av dette skuldast arbeidsinnvandring.

Marine Harvest (Herøy) har ca 180 tilsette der ca halvparten kjem frå utlandet. Bedrifta har tilsette frå 16 ulike nasjonalitetar. Bedrifta har utfordringar i forhold til busetjing, språkopplæring, kulturforståing, skaffe arbeid til partneren, kultur/fritid m.m. for sine tilsette.

Prosjektmål
Hovudmål: Prosjektet skal bidra til å gjere distriktskommunane meir attraktive for busetjing ved hjelp av auka kompetanse på praktiske tiltak for auka integrering og inkludering i lokalsamfunna. I oppstartsfasen vil prosjektet konsentrere innsatsen mot Herøy og bedrifta Marine Harvest (Herøy).

Delmål:

1. Inkludering og integrering av innvandrarar og andre tilflyttarar. Prosjektet skal bidra til at området innan 2015 har eit omdøme for å gjere eit godt arbeid for å inkludere og integrere innvandrarar og andre tilflyttarar. Innvandrarar og andre tilflyttarar etablerer seg og vert buande i kommunane.

2. Nye løysingar for offentlege tenestefunksjonar. Prosjektet skal bidra til at offentlege instansar utviklar nye og betre løysingar for tenestene sine og styrkar vertskapsrolla si i samarbeid med med leiinga i bedriftene, den enkelte tilsette og familien og frivillige lag og organisasjonar.

3. Utvikle rutiner og verktøy. Prosjektet skal utvikle rutiner og verktøy for å sette i verk konkrete planmessige tiltak, m.a. utvikling av handlingsplanar.

Forankring
1. I styringsgruppa for forprosjektet var det med representantar frå Herøy kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, fylkesmannen i Møre og Romsdal og NHO i Møre og Romsdal.

2. I K-sak 162/10 vedtok Herøy kommunestyre å arbeide for at det vert etablert eit senter for inkludering og mangfald i Herøy.

3. Søre Sunnmøre regionråd har gjort vedtak om å støtte planane.

4. ÅRU (Ålesundsregionens utviklingsselskap) har gjort vedtak om å støtte planane.

5. I foresightanalysen "Sunnmøre i framtida" er etablering av eit regionalt senter for mangfald og inkludering ei prioritert og aktuell oppgåver.
http://www.sunnmoreiframtida.no/default.aspx?menu=257&id=871

6. Forprosjektrapporten Regionalt senter for inkludering og mangfald er presentert for fylkesutvalet i Møre og Romsdal.

7. Representantar frå Herøy kommune, Møreforsking og Høgskulen i Volda har diskutert korleis ein kan samarbeide dersom det vert etablert eit slikt kompetansesenter i Herøy. Kompetansesenteret skal omsette teori til praktisk handling.

Prosjektorganisering
Det skal tilsettast prosjektleiar i 100 % stilling i 3 år. I oppstarten vert det teke sikte på å gå inn i 1 større bedrifter i Herøy som har konkrete utfordringar i forhold til busetjing/inkludering/integrering av innvandrarar og andre tilflyttarar.

Styringsgruppe: Det vert oppretta ei styringsgruppe for prosjektet med representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunane, NHO, LO og lokalt næringsliv.

Arbeidsgruppe: Det vert oppretta arbeidsgrupper i forhold til det enkelte prosjektet der bedrifta er representert ved leiing og tillitsvalde og der også kommunen er representert.

Samarbeidspartnere
Herøy kommune i samarbeid med Marine Harvest, Herøy Næringsforum, Møre og Romsdal fylkeskommune, Høgskolen i Volda, NHO og LO.

Aktiviteter
Prosjektleiaren skal samarbeide med kommunen, bedrifta, representantar for innvandrarane, lag og organisasjonar om tiltak for inkludering og integrering i lokalsamfunnet.

Målgrupper
Målgruppene vil vere kommunen, bedrifta, innvandrarane, lag og organisasjonar.

Prosjektleiaren skal samarbeide med kommunen, bedrifta, representantar for innvandrarane, lag og organisasjonar om tiltak for inkludering og integrering i lokalsamfunnet

Resultat
1. Bulyst: Positiv folketalsutvikling.
2. Inkludering og integrering: Auke i tilflytting og reduksjon i utflytting frå kommunen.

Effekter
Tiltaka for inkludering og integrering skal føre til auka bulyst og trivsel for innvandrarar og andre tilflyttarar. Dette vil føre til auka tilflytting og mindre utflytting. Auka bulyst og trivsel for innvandrarar og andre tilflyttarar vil også føre til færre sosiale og psykososiale problem, mindre kriminalitet, - altså færre samfunnsmessige problem og oppgåver for det offentlege hjelpeappartatet.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Sjå vedlegg.

Det vert søkt om eit 3- årig prosjekt. Dersom det er behov for å forlenge prosjektet utover prosjektperioden, vil det vere avhengig av at lokale aktørar er villige til til å finansiere prosjektet/prosjektet er sjølvfinansierande.

Budsjettplan

Tittel	2012	2013	2014	2015	2016	SUM
Løn og kontotrutgifter	870 000	870 000	870 000			2 610 000
Marknadsføring m.m.	100 000	100 000	50 000			250 000
Prosjektleiing/prosjektansvar	320 000	320 000	320 000			960 000
					SUM	3 820 000

Finansieringsplan

Tittel	2012	2013	2014	2015	2016	SUM
Herøy kommune	320 000	320 000	380 000			1 020 000
Kommunal- og regionaldepartementet	670 000	670 000	560 000			1 900 000
Møre og Romsdal fylke	300 000	300 000	300 000			900 000
					SUM	3 820 000

Geografi

1515-Herøy

Vedlegg

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Budsjett finansiering framdrift 2012.xls	28 160	01.03.2012
Marine Harvest.doc	23 040	01.03.2012

Inkludering og mangfald. Budsjett, finansiering, framdrift, milepælar.

Aktivitet 1	Omfattar	Framdriftsplan	Milepælsplan	Kostnadsart	Kost 2012/2013
Delprosjekt 1	**Etablere Regionalt senter for inkludering og mangfald**				
Aktivitet 1.1	Prosjektleiar i 100 % stilling i 3 år	3. kv 2012: Tilsetting	1. kv 2013 Operativ	Løn m.m.	750
Aktivitet 1.2	Kontor	3. kv 2012: Avklaring	4. kv 2013 Klargjort	Husleige	30
Aktivitet 1.3	Utstyr og inventar	3. kv 2012: Avklaring	4. kv 2012 Klargjort	Investering	50
Aktivitet 1.4	Etablere styringsgruppe	3. kv 2012: Avklaring	3. kv 2012 Operativ	Møtegodtgjering	40
Delprosjekt 2	**Prosess bedrifter og kommunar**				
Aktivitet 2.1	Gjere avtalar med aktuelle bedrifter og kommunar	1. kv 2013: Avklaring	2. kv 2013: Operativ	Eige arbeid	0
Aktivitet 2.2	Etablere arbeidsgrupper	1. kv 2013: Avklaring	2. kv 2013: Operativ	Eige arbeid	0
Aktivitet 2.3	Kartlegging av utfordringar	1. kv 2013 Oppstart	3. kv 2013: Kartlagt	Eige arbeid	0
Aktivitet 2.4	Utarbeiding av handlingsplanar	3. kv 2013 Oppstart	1. kv 2014: Planar	Eige arbeid	0
Aktivitet 2.5	Iverksetting av tiltak	3. kv 2013 Oppstart	Løpande i perioden	Kommune, bedrift	0
Delprosjekt 3	**Marknadsføring og nettverksbygging**				
Aktivtet 3.1	Web-side/facebook og anna informasjonsmateriell	1. kv 2013: Avklaring	3. kv 2013: På nett	Konsulent	50
Aktivtet 3.2	Nettverksbygging bedrifter og offentlege institusjonar	4. kv 2013: Oppstart	Løpande i perioden	Reiseutgifter m.m.	50
Prosjektleiing heile perioden				Herøy kommune	150 } 320
Prosjektansvar heile perioden				Herøy kommune	170
Sum aktivitet					1290

Finansiering

	Finan: 2012/2013
Bulystmidlar KRD	670
Herøy kommune	320
Møre og Romsdal fylke	300
	1290

Inkludering og mangfald. Budsjett, finansiering, framdrift, milepælar.

Aktivitet 1	**Omfattar**	**Framdriftsplan**	**Milepælsplan**
Delprosjekt 1	**Regionalt senter for inkludering og mangfald**		
Aktivitet 1.1	Prosjektleiar i 100 % stilling i 3 år	3. kv 2012: Tilsetting	1. kv 2013 Operativ
Aktivitet 1.2	Kontor	3. kv 2012: Avklaring	4. kv 2013 Klargjort
Aktivitet 1.3	Utstyr og inventar	3. kv 2012: Avklaring	4. kv 2012 Klargjort
Aktivitet 1.4	Etablere styringsgruppe	3. kv 2012: Avklaring	3. kv 2012 Operativ
Delprosjekt 2	**Prosess bedrifter og kommunar**		
Aktivitet 2.1	Gjere avtalar med aktuelle bedrifter og kommunar	1. kv 2013: Avklaring	2. kv 2013: Operativ
Aktivitet 2.2	Etablere arbeidsgrupper	1. kv 2013: Avklaring	2. kv 2013: Operativ
Aktivitet 2.3	Kartlegging av utfordringar	1. kv 2013 Oppstart	3. kv 2013: Kartlagt
Aktivitet 2.4	Utarbeiding av handlingsplanar	3. kv 2013 Oppstart	1. kv 2014: Planar
Aktivitet 2.5	Iverksetting av tiltak	3. kv 2013 Oppstart	Løpande i perioden
Delprosjekt 3	**Marknadsføring og nettverksbygging**		
Aktivtet 3.1	Web-side/facebook og anna informasjonsmateriell	1. kv 2013: Avklaring	3. kv 2013: På nett
Aktivtet 3.2	Nettverksbygging bedrifter og offentlege institusjonar	4. kv 2013: Oppstart	Løpande i perioden

Prosjektleiing heile perioden
Prosjektansvar heile perioden
Sum aktivitet

Finansiering

Bulystmidlar KRD
Herøy kommune
Møre og Romsdal fylke

Frist:
Sendes til: postmottak@kmd.dep.no

Sluttrapport BOLYST

Til: **KMD**

Fra: **Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein**

Dato:

Innledende tekst som sier noe om formålet med rapporteringen…

Kommune:	**Herøy og Ulstein**
Prosjektnavn:	**Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein**
Prosjektleder:	Camilla L. Storøy
Leder i styringsgruppen:	Arnulf Goksøyr, ordførar i Herøy
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Gunhild Dahle
Hvilke mål og eventuelle delmål har prosjektet hatt?	Hovudmål: Prosjektet skal bidra til å gjere distriktskommunane meir attraktive for busetjing ved hjelp av auka kompetanse på praktiske tiltak for auka integrering og inkludering i lokalsamfunna. Delmål: 1. Inkludering og integrering av innvandrarar og andre tilflyttarar. Prosjektet skal bidra til at området innan 2015 har eit omdøme for å gjere eit godt arbeid for å inkludere og integrere innvandrarar og andre tilflyttarar. Innvandrarar og andre tilflyttarar etablerer seg og vert buande i kommunane. 2. Nye løysingar for offentlege tenestefunksjonar. Prosjektet skal bidra til at offentlege instansar utviklar nye og betre løysingar for tenestene sine og styrkar vertskapsrolla si i samarbeid med leiinga i bedriftene, den enkelte tilsette og familien og frivillige lag og organisasjonar. 3. Utvikle rutinar og verktøy. Prosjektet skal utvikle rutinar og verktøy for å sette i verk konkrete planmessige tiltak, m.a. utvikling av handlingsplanar.
Hvilke hovedaktiviteter og tiltak er gjennomført i prosjektet?	Fagdagar, fagsamlingar, frukostseminar for folk frå ulike avdelingar i kommunane, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar. Ulike typer «kurs», fks foreldrekurs og samfunnskurs med norsktrening for arbeidsinnvandrarane. Hovudpunkta i prosjektet var: Språk, bustad, kultur. Det har vore mykje fokus på desse, blat anna gjennom det som over er nemnt men også ved å arrangere ei Bustadkonferanse fks.
Hvilke resultater er oppnådd i	Det har vore mykje god vilje og ønskjer om kva prosjektet skal bety, men det har vore mindre med vilje til å faktisk bruke tid på tiltak som

prosjektperioden?	har vore sett i verk. Det er liten tvil om at prosjektet har betydd ein forskjell! Det viktigaste er nok at ein ser haldningsendring. I fleire avdelingar vert det gjort forskjellig på nye måtar og med eit større fokus på desse nye landsmennene våre, og i fleire avdelingar er det meir kunnskap om kulturforståing og fleirkulturell kommunikasjon no enn for 3 år sidan. Prosjektet har også ført til at det no lettare vert etablert kontakt mellom kommunane og mellom avdelingar slik ein kan utveksle ulike problemstillingar og korleis ein løyser dei.
I hvilken grad har prosjektet nådd sine mål? Sett ett kryss	- Resultater og mål er i hovedsak realisert X - Forventer resultater først innen to år fra nå - Forventer resultater først etter to år eller mer - Forventer ikke vesentlige resultater
Hvilke uventede resultater har prosjektet hatt (positive og/eller negative)?	Ingen
På hvilken måte har prosjektresultatene kommet målgruppene til nytte?	Betra forståing og kommunikasjon! Fleire har funne seg godt til rette i samfunnet vårt. Meir kunnskap om Norge og det norske samfunn.
Hvor, geografisk, har prosjektet hatt sine resultat? (Kryss av)	a) Helt lokalt nedslagsfelt b) Egen kommune c) Effekten kommer innen flere kommune i regionen. X
Hvilke målsettinger for distrikts- og regionalpolitikken kan prosjektet bidra til? (Sett kryss ved svaret, max tre kryss)	a) Stabilisere eller øke befolkningen X b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og bredbånd) g) Styrke regionale senter h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? X i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål?
Hvilke arbeidsformer og metodikk er brukt i prosjektarbeidet?	Mange ulike måtar har det blitt jobba på, men i hovudsak har desse to blitt brukt: Relasjonsbygging: Det er påvist at relasjonsbygging opnar dører samt at det er teamutviklande. Dette er hovudgrunnen til at dette er hovudmetodikk i dette prosjektet. For å få tilført

	kunnskap har prosjektet hatt opne dører overfor målgruppa gjennom heile perioden. For å ha fått utført tiltak har prosjektet hatt ulike team rundt seg, både offentleg og privat. Prosessleiing: Det har vore viktig for oss å tenkje at dette prosjektet skal vere bærekraftig. Det vil seie at ting som har blitt gjort skal ha vore forankra i organisasjonen slik at organisasjonen er i stand til å føre arbeidet vidare når prosjektet er slutt. Det har langt frå vore lett. Det er viktig med planlegging, og det er viktig med heilskapleg tenking.
På hvilken måte har kommunen/ prosjektet fått ny/endret kunnskap om lokalt utviklings-arbeid som følge av prosjektet?	At dette er tema som vi må jobbe med heile tida, og at fokus på innvandring må ligge i botnen saman med andre viktige ting i alt planleggingsarbeid.
Deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet og ekstern kommunikasjon	Har dere deltatt på samlinger i forbindelse med prosjektet? Ja Hvordan har ekstern kommunikasjon bidratt til prosjektresultatet? Har fått ein del god hjelp og råd frå fylket blant andre. Samlingar som distriktssenteret har invitert til har også vore nyttige, og ei samlinga som departementet inviterte til tidleg i prosjektfasen. Har dere delt kunnskap med andre underveis i prosjektperioden? Ja. Både på ulike organiserte samlingar, men andre bulystprosjekt i området, og ulike andre ting. (Fks Sett sjøbein, Vestlandskonferansen, tur til Hjelmeland for å nemne noko)
Hva har forankringen betydd for resultatene?	I Rapporten som de skal få i tillegg til dette skjemaet vil de sjå at vi ikkje er heilt fornøgd med den forankringa, eller mangel på forankring, som har vore. Vi trur på endå meir utretta dersom foramnkringa hadde vore betre. Fks frå før prosjektet starta opp. Men samstundes har forankring, eller samarbeid med næringsliv og ulike avdelingar i kommunane gjort at ulike tiltak har blitt godt «testa ut» og evaluert.
Hva har bolysttilskuddet betydd for prosjektet?	- Utløsende for igangsetting? Absolutt! - bidratt til at prosjektet er gjennomført i større skala? - Raskere prosjektgjennomføring? - Sterkere kompetanse og kvalitetssikring?
Gi en kort omtale av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)	Marine Harvest skal køyre eit lite internt prosjekt med kulturforståing ved å leige inn Bjørn Christian Nørbeck. Ulike avdelingar, særleg barnevern og helsestasjon, vil invitere seg inn i dei største bedriftene å ha informasjonsmøter ein gong i året, og bedriftene må legge til rette for at dette vert muleg. Ulike avdelingar, bedrifter, lag og organisasjonar organiserer seg slik at dei årleg inviterer til informasjonsmøter og ein prat over kaffekoppen . (Fks at biblioteket inviterer til ei samling kvart år i september, idrettslaget kvart år i november, servicetorget kvart år i februar og ei bedrift kvar gong i april- og at dei inviterer andre til å vere der saman med dei på sine samlingar fks NAV, Frivilligsentral, kulturkonulent, norsklærar, ordførar/utvalsleiarar, barnevern. Berre

	fantasien kan sette grenser!) Ei utfordring til kommunane er å halde fram å samarbeide. Kva med at Herøy og Ulstein kvart anna år arrangerer ei fagsamling med kulturforståing som tema og inviterer den andre kommunen? Skape møter/møteplassar mellom innvandrarar, lokalbefolkning og representantar frå ulike organisasjonar/næringsliv/avdelingar i kommunen. Media må halde fram med å fortelje dei gode historiene. Oppslaga og reportasjane i media som har kome som følgje av prosjektet, har i seg sjølv vore med på å betre haldningane i regionen vår. Dette arbeidet må halde fram.
Overføringsverdi / hva kan andre lære av deres prosjekt?	Anbefalar å lese rapporten i si heilheit samt vedlegga. Ulike arrangement der fokus på kulturforståing er noko det viktigaste og «lettaste». Fagdagar, fagsamlingar og frukostseminar av ulik art og med ulike tema. Men også informasjonssamlingar i form av foreldrekurs og samfunnskurs er svært viktig for å auke forståinga over for kvarandre. Dei ulike «prosjekt i prosjektet» kan også gi gode innspel på ferdige konsept andre bør prøve ut.
Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)	

«Å bli sett, tatt vare på og være sammen med noen er avgjørende for om innvandrerene slår rot i et nytt lokalsamfunn. Samordning for tiltak og politikkområder øker sjansen for å lykkes med integreringen» Mona Handeland, Distriktssenteret

Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein 2012-2015

Rapporten som du no har framføre deg, har til hensikt å gje deg eit bilete av det som har skjedd som eit resultat av Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein.

Prosjektet var eit fellesprosjekt mellom Herøy og Ulstein, og med det private næringslivet. Mange har møtt kvarandre på tvers av avdelingar, arbeidsområde, kommunar, frivillig-, offentleg og privat verksemd. Dette har i seg sjølv vore ein gevinst! Ein har fått innblikk i kvarandre sin arbeidskvardag, utfordringar og måtar å løyse desse på.

Vi har blant anna arrangert arbeidsdagar i oppstarten og avslutninga av prosjektet. Dette for å involvere flest muleg. Begge desse samlingane var vi saman på tvers av ulike einingar, og vart lagt opp til mykje arbeid både sjølvstendig og i grupper. Alle som var der måtte bidra, og det var rom for alle sin kreativitet og meiningar. Arbeidsdagen i starten gav oss motivasjon til vidare å bidra inn i prosjektet, og dei som var der fekk eit visst eigarskap til prosjektet. Dei som var samla på arbeidsdagen i sluttfasen fekk dele av sine erfaringar gjort undervegs, kva forventingar som har blitt innfridd og ikkje innfridd, samt ein fekk dele av tankar rundt vegen vidare og kven som kan bidra med kva vidare.

Rapporten prøver å vere realistisk, å ikkje ta til inntekt noko meir enn det vi meiner vi har dekning for, men det er vanskeleg å vite om endringar som har funne stad, hadde funne stad sjølv om prosjektet ikkje var gåande.

Til slutt i rapporten prøver vi å seie litt om nytteverdien av prosjektet. Dette er vanskeleg, for svaret er ulikt alt etter kven du spør, og det er mange å spørje! Det mest interessante er å sjå at vi kan sjå ein del endra haldningar. Det er svært gledeleg! Vi prøvar oss også på å oppsummere vegen vidare samt nokre utfordringar til forpliktande samarbeid.

Erfaringar og utfordringar

Arbeidet med prosjektet har vist oss mange utfordringar, men dei viktigaste utfordringane for integreringa av arbeidsinnvandrarar er:

- Språk. Då gjeld det både språkopplæringa, korleis den er organisert, kor lett/vanskeleg det er å gjere seg nytte av den, tilrettelegging for å kunne lære seg norsk. Men det gjeld også språket vi brukar i offentlege papir, i organisasjonane våre og med all informasjon som nye landsmenn er mottakarar av. Å forstå er viktig, og det er vanskeleg.
- Det offentlege. Her er det også fleirdelt kva som ligg i den utfordringa. Det eine er at det tok lang tid å bygge tillitsfulle relasjonar med arbeidsinnvandrarane slik det vart nyttige relasjonar inn i arbeidet. Dette har sin grunn i skepsis til staten og det offentlege som

mange av dei har med i bagasjen. Vanskeleg å forstå vårt system, og vår oppbygging av det offentlege systemet. Dette løyste vi gjennom ulike kurs der det vart gitt meir kunnskap om systemet vårt. Her kan barnevern nemnast spesielt som eit utfordrande område. Og det siste er fjerning av offentlege etatar i distrikta frå statleg hald som har gjort det vanskelegare for næringslivet vårt og arbeidsinnvandrarane våre å bli ein del av vårt samfunn.

- Kulturforståing. Det å forstå kvifor vi gjer som vi gjer, både vi (norske) om dei (Innvandrarane)og dei om oss er vanskeleg. Det er frå utetid i barnehagane sjølvom det regnar, om born vert tatt frå foreldra dersom dei går ut med bosset, retten om språkopplæring, uteliv, arbeidsrettar, respekt og talemåte overfor sjefar og mykje meir.

Dei mest vellukka tiltak i prosjektet her vore:

- Ulike arrangement med fokus på kulturforståing. Fagdagar, fagsamlingar og frukostseminar for å nemne noko. Nokre har vore spesielt retta for nokre yrkesgrupper/avdelingar, andre har vore opne for alle som kjenner at temaet for samlinga har vore viktig. (Vedlegg opplegg på nokre av samlingane)
- Samfunnskurs med munnleg norsk trening vart arrangert i Herøy, fire samlingar for påmelde. Dette kurset har det kome utelukkande positiv respons på. (I Ulstein var det få påmelde så vi køyrde berre to samlingar)
- Ressursgruppa av arbeidsinnvandrarar. Desse har vore ein stor ressurs, og dei vil halde fram med å vere ein ressurs for samfunnet vårt inn i framtida.

Dei viktigaste utfordringane vidare er:

- Framhald av fokus på tilrettelegging for nye landsmenn
- Framhald av samarbeid mellom kommunane og mellom offentleg, privat og frivillig verksemd.
- Språkopplæringa. Kven skal ta kostnadane? Når vi veit at norsk er nøkkelen til Norge burde staten ta ein større kostand med at alle som kjem får lære noko norsk. Språkbruken bør alle halde fram å ha eit fokus på. Gjerne omsett noko viktig informasjon ti dei største morsmålsgruppene. Dette sikrar at informasjonen vert rett forstått.
- Tidsbruken som arbeidstakarar og arbeidsgivarar må bruke for å oppsøke offentlege etatar, fks skattekontor. Noko som før var gjort i nærmiljøet på under halvparten av tida.

Kort bakgrunn for prosjektet

Bakgrunnen for søknaden på Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein som no har blitt gjennomført gjennom tre år, var at Herøy kommune og nabokommunane på Sunnmøre hadde store utfordringar når det gjaldt å rekruttere og behalde arbeidskraft samt å inkludere innvandrarar og andre tilflyttarar.

Det vart søkt om midlar til 100 % stilling som prosjektleiar for å prøve ut nye tiltak for å inkludere innvandrarar og andre tilflyttarar i lokalsamfunnet. Kommunen hadde store utfordringar i forhold til å legge til rette for at tilflyttarane, særleg dei frå utlandet, skulle verte inkluderte og integrerte i lokalsamfunnet. I søknaden stod det at ei sentral oppgåve for prosjektet skulle vere å knyte kontakt med leiinga i bedriftene, den enkelte tilsette og familien, det offentlege tenesteapparatet, frivillige lag og organisasjonar for å kartlegge utfordringane, legge til rette for tiltak, teste ut nye tiltak og drive nytenking i forhold til integrering og inkludering.

Folketalet i Herøy kommune auka frå 8383 i 2009, til 8533 i 2010 og til 8728 i 2011. Frå 2011 til utgangen av 2014 har folketalet auka med 207 personar til 8934. Samanlikna med 4. kvartal 2011 var det i 4. kvartal 2014 166 fleire sysselsatte utlendingar busett i Herøy. Mykje av veksten i folketalet skuldast difor arbeidsinnvandring. Folketalet i Ulstein kommune auka frå 7461 i 2009, til 7751 i 2010 og til 7828 i 2011. Frå 2011 til utgangen av 2014 har folketalet auka med 464 personar til 8292. Samanlikna med 4. kvartal 2011 var det i 4. kvartal 2014 241 fleire sysselsatte utlendingar busett i Ulstein. Mykje av veksten i folketalet skuldast difor arbeidsinnvandring.

Mangfaldet i Herøy og Ulstein består av mange ulike nasjonalitetar, etnisk tilhørsle, utdanningsbakrunn og grunnen til at ein har innvandra til Noreg . Ulik årsak til innvandring gir ulike rettar og plikter. Dette er ofte vanskeleg å forstå. Akkurat dette prosjektet har valt å fokusere på arbeidsinnvandrarane. Dei fleste innvandrarane som kjem til Norge, kjem i sin mest produktive alder. Dette gjer dei attraktive for oss. Dei gir oss befolkningsvekst som vi ønskjer oss, og dei er stabil arbeidskraft.

Introduksjonslova gir kommunane eit overordna ansvar for å koordinere ulike etatar sin innsats/ansvar overfor flyktningane. Ei liknande ansvarsplassering fins ikkje for arbeidsinnvandrarar og familieinnvandrarar. Dette er årsaka til ulik behandling. Det er sannsynleg at ein går glipp av viktige ressursar på grunn av mangel på system for å fange opp innvandrarar som introduksjonslova ikkje hjelper. Det kan sjølvsagt vere at ulike og uklare rettar og svake strukturar fører til at ein blir ståande på sida av det norske samfunnet utan mulegheiter for å vere ein fullverdig deltakar.

Mål for prosjektet

Hovudmål: Prosjektet skal bidra til å gjere distriktskommunane meir attraktive for busetjing ved hjelp av auka kompetanse på praktiske tiltak for auka integrering og inkludering i lokalsamfunna.

Delmål:

1. Inkludering og integrering av innvandrarar og andre tilflyttarar. Prosjektet skal bidra til at området innan 2015 har eit omdøme for å gjere eit godt arbeid for å inkludere og integrere innvandrarar og andre tilflyttarar. Innvandrarar og andre tilflyttarar etablerer seg og vert buande i kommunane.
2. Nye løysingar for offentlege tenestefunksjonar. Prosjektet skal bidra til at offentlege instansar utviklar nye og betre løysingar for tenestene sine og styrkar vertskapsrolla si i samarbeid med leiinga i bedriftene, den enkelte tilsette og familien og frivillige lag og organisasjonar.
3. Utvikle rutinar og verktøy. Prosjektet skal utvikle rutinar og verktøy for å sette i verk konkrete planmessige tiltak, m.a. utvikling av handlingsplanar.

Organisering

Prosjektleiar har vore tilsett på heiltid og hatt det daglege ansvaret for prosjektet. Camilla Storøy har hatt denne stillinga i heile prosjektperioden.

Prosjektet har hatt ei eiga styringsgruppe. Styringsgruppa har bestått av Arnulf Goksøyr (Ordførar i Herøy og leiar av styringsgruppa), Jan Berset (Ordførar i Ulstein. På siste møtet Knut Erik Engh), Olaug Andreassen (politikar i Herøy, nestleiar av styringsgruppa) Magne Gurskevik (Kleven Maritime), Mariann Flusund (Marine Harvest), Eivind Vartdal Ryste (Frå Møre og Romsdal Fylke først, så vart det bytte) Gunhild Dahle (Møre og Romsdal fylke), Finn Ove Båtevik (Møreforsking), Olaus-Jon Kopperstad (Prosjekteigar, Herøy kommune), Camilla Storøy (prosjektleiar). Det er styringsgruppa som til slutt har gjort nokre val om kvar vegen går, kvar satsingane skal gjerast og kva avgrensingar som måtte gjerast. Det har handla om både strategi, arbeidsmengd og økonomi. Dette har til tider vore vanskelege val, men heilt nødvendige. Det har vore uråd å nå alle som først vart definert som ei målgruppe, og nokre forslag på tiltak har vore heilt nødvendig å plukke vekk. Styringsgruppa har hatt møte 7 gongar.

I tillegg har det vore oppretta ei ressursgruppe med arbeidsinnvandrar som har vore her mellom 4 og 9 år. Dei kjem frå Russland, Polen, Litauen og Latvia. I starten var der også med ei frå Tyskland, men ho flytta heim. Det har vore gjennomført 6 slike møter. Målet med denne gruppa har vore å drøfte og utforme tiltaka som har blitt prøvd ut, i nært samarbeid med målgruppa.

Det har også vore to samlingar med nokre arbeidsinnvandrarressursar i Ulstein. Dette har vore ein frå Russland, ein frå Filippinane og ein frå Frankrike. Dei har gitt nyttige og konstruktive innspel. Han frå Frankrike var innleiiar på eine fagdagen som var, i september 2014.

Arbeidsgrupper prøvde vi oss på heilt i starten av prosjektet. Det vart bestemt dei skulle vere på tvers av kommunane, bortsett frå den eine. 1) Ei gruppe skulle sjå på dette med språkopplæring. Her var det representantar frå dei kommunale vaksenopplæringane, frå Marine Harvest og Kleven samt ein arbeidsinnvandrar. Vi hadde eitt møte der det vart klarlagt kva tilbod som fins, kva ønskjer ein har og dei ulike rettane som er å forhalde seg til. 2) Ei gruppe såg på det med bustad. Her var til stades ein frå kvar av kommunane. Det kom fram at kommunane har hatt ganske ulik praksis på dette med tilrettelegging av bustad for «vanskelegstilte», korleis vi definerer det og tildeling av startlån. No har det kome felles retningslinjer for tildeling av startlån, og vi arrangerte ei «Bustadkonferanse» i oktober 2014 saman med Møre og Romsdal fylke for å sette fokus på denne utfordringa. 3) Ei gruppe hadde fokus på kultur. Her var det ei gruppe i kvar kommune, og det var ulik samansetting i dei to kommunane. I Ulstein var to tilsette på kulturkontoret og ei frå Frivillegsentralen saman. Der var to møter. Vi var igjennom aktuelle tiltak som kunne startast opp, og det vart jobba ein del med tilrettelegging av informasjon om ulike tilbod slik dei skulle verte meir tilgjengelege. I Herøy var folk frå Frivillegsentralen, Bergsøy Idrettslag, Utviklingsavdelinga i Herøy kommune, biblioteket og eit par arbeidsinnvandrarar samla. Dette resulterte i blant anna at ulike aktørar møtte på kurssamlingar både på foreldrekurs og samfunnskurs året som følgte. Nettopp for å få møte dei nye som har kome hit samt gje informasjon med mulegheit for å svare på spørsmål dei måtte ha.

Ei form for arbeidsgrupper har det også vore gjennom samlingar på tvers av avdelingar og kommunar. Vi har hatt eitt møte der barnehageavdelingane og skuleavdelingane i dei to kommunane var saman, eitt møte der kulturavdelingane, frivillegsentralane og bibliotekleiarane i dei to kommunane var saman samt eitt møte der NAV, barnevern, helsestasjon, jordmor og helseleiarar frå dei to kommunane var saman. Det at mange har møtt kvarandre på tvers av avdelingar og kommunane meiner vi i seg sjølv har vore ein gevinst. Ved å få innblikk i

kvarandre sin arbeidskvardag og utfordringar har ein fått lære av kvarandre og gitt kvarandre nyttige innspel.

Aktivitetar og bidragsytarar i prosjektet

«Prosjektleiaren skal samarbeide med kommunen, bedrifta, representantar for innvandrarane, lag og organisasjonar om tiltak for inkludering og integrering i lokalsamfunnet.» Gjennom dei arrangerte aktivitetane og tiltaka som er nemnt under, viser at det har skjedd eit betydeleg samarbeid mellom både kommuneorganisasjonen, bedrifta og frivillige lag og organisasjonar.

- Alle utanlandske foreldre i skulane i Herøy vart inviterte til «kulturforståingskurs for foreldre». Dette vart gjennomført med to samlingar våren 2014 og to samlingar hausten 2014. Det vart ikkje gjennomført i Ulstein då Asylmottaket der arrangerte noko liknande for den største gruppa der. (Vedlegg)

- Gjennom annonsering og artiklar i lokalavisene i Herøy og Ulstein samt på kommunane sine heimesider og facebooksider vart alle som var interessert i det, invitert til å melde seg på samfunnskurs med norsktrening. I Herøy vart det god påmelding, og det vart 25 påmelde til dette kurset. Det vart køyrt fire samlingar. I Ulstein var det berre 8 påmelde, så vi kunne ikkje ha same tidkrevjande opplegg der. Men vi hadde to samlingar der også, ei på rådhuset og ei på biblioteket. (vedlegg)

- Ulike fagsamlingar og frukostseminar har blitt arrangert. Folk er relativt flinke til å uttrykke ønskjer og behov, men ikkje like flinke til å prioritere å kome. Desse samlingane har hatt ulike aktuelle tema. Hovudsakleg for å auke kulturforståinga. Dette gjeld også norske og tilsette i både kommuneorganisasjonen og næringslivet. Det kan nemnast frukostseminar med blant andre: Bjørn Christian Nørbeck (Kulturtolk), Ole Helge Haugen, Kirsti Hasselø (Møre og Romsdal fylkeskommune), Kristian Tronstad (NIBR). To fagdagar med Sigurd Haus (SIK, senter for interkulturell kommunikasjon i Stavanger), ein fagdag for tilsette i barnevern og helsestasjon med Sharam Shaygani, Mehdi Farshbaf, Jørn Holm Hansen og Sigurd Haus, og fagdagen «Ett barn, to språk, fleire muligheter» for tilsette i barnehage, skule og helsestasjon med Gunhild Thunem, Mariann Skålvold, Yulia Rodina. (Vedlegg på nokre av desse samlingane)

- Det har vore to arbeidsdagar. Ein i oppstarten og ein i avsluttinga av prosjektet. Her var det invitert inn folk frå både kommunane, frivillige lag og organisasjonar samt frå næringslivet. På første samlinga var det nærmare 50 tilstades, på den siste ca 30. Begge samlingane har vore leia av prosessleiar Tryge Sivertsen. Og på den siste samlinga bidrog også Alin Radulescu, arbeidsinnvandrar frå Romania og utdanna psykolog, med eit svært interessant og nyttig innlegg.
- Det vart arrangert opne møter i både Herøy og Ulstein i oppstarten av prosjektet.

- Samlingar/dialogmøter med ulike avdelingar i dei to kommunane vart gjennomført våren 2015 (samt arbeidsdagen) for å sette på planen kva dei ulike avdelingane skal gjere etter prosjektet sin slutt.

- Bustad er eit sentralt tema, og det vart arrangert ei bustadkonferanse oktober 2014 der vi sette fokus på viktige tema, samt auka fokus på samarbeid offentleg/privat. Dette var eit samarbeid mellom Bulystprosjektet, kommunane og fylkeskommunen.

- Våren 2015 utlyste vi at gode prosjekt mellom kommunane kunne søkje om midlar i Bulystprosjektet. Dermed oppstod «prosjekt i prosjektet», eit vellukka prosjekt! Barnehagane i Herøy og Ulstein laga saman til eit opplegg rundt kompetanseheving for alle tilsette i barnehagane i Herøy og Ulstein. Ein kurs kveld for alle tilsette og ein kurskveld for alle pedagogane. Anne-Kari Remøy frå Høgskulen i Volda var kurshaldar, og kurset har auka kompetansen samt gitt barnehagane handfaste tips. Skuleavdelinga i Ulstein har køyrt eit opplegg med Birgitte Fondevik frå Høgskulen i Volda. HO har vore inne i skulane for å observere, køyrt kurs for alle tilsette i Ulsteinskulen samt gitt konkrete tips inn i ulike situasjonar. Helsestasjonen i Ulstein har utarbeidd eit opplegg for heimebesøk av heimeverande innvandrarar, samt eit brev som forklarer kva helsestasjonen er og kva den kan bidra med. Dette kan nyttast av alle. Kyrkja i Herøy har laga ein film med presentasjon av ulike aktivitetar i kyrkja, fks Open barnehage. Dette er med på å få ned terskelen på å kome samt lettare få ut lett forståeleg informasjon om tilbodet. (Vedlegg)

- Vi arrangerte «Lysfest» i den nye lysløypa på Heid advent 2013. Dette var i samarbeid med Saniteten, grendalag, dugnadsgjengen på Heid og Marine Harvest. Eit utruleg koseleg arrangement som samla i overkant av 150 stk! Alle dei 150 faklane som vart sponsa av Marine Harvest vart vertfall brukte, og nokre utan. Vi arrangerer det same no i avsluttinga av prosjektet.

- Samlingar om kulturforståing ved Høgskulen i Volda, blant anna med Hildegunn Valen Kleive, og på «Internasjonal veke».

- Iryna Jensen frå Ukraina utfordra oss til å vere med på eit prosjekt «Verdas barn for fred» våren 2015. Det var interessant, og nokre lærarar i kommunen tok utfordringa på strak arm. Det resulterte i at ein pakke med teikningar og forteljingar frå born i Herøy vart sendt til Ukraina, og vi fekk ein pakke tilbake. Det heile vart vist fram i ei flott utstilling på biblioteket.

- Vi har hatt fokus på språkbruk i dokument, på heimesider og velkomstbrev. Mykje informasjon er tilpassa og det har blitt betre tilrettelagt og lettare å finne. Ein god del informasjon har blitt omsett til engelsk og dei største morsmålsgruppene, blant anna skriv om kontaktmøte og hårlus som skulane har delt ut. Elles er vi gjort merksame på at folkehelseinstituttet har ei nettside med svært mykje god informasjon på mange ulike språk. Denne side har blitt betre og betre og er god å bruke.
- Språkkafe på biblioteket starta opp hausten 2015. Her har det vore godt oppmøte, mellom 20 og 30 stk. Ein fin møteplass for folk frå både Norge og andre land, med både noko program eller oppsett tema men også god tid til prat, diskusjon og speling. Dette vil halde fram. Kanskje Ulstein kan få til det same?
- Prosjektet har ved fleire anledningar vore i media. (Nokre oppslag ligg ved)

Utfordring 1: Språk og manglande norskkunnskapar hos arbeidsinnvandrarar
Situasjonsforståing:

Mange tek ikkje norskopplæring, av ulike grunnar. Fks kan det vere at dei må ta kostnaden sjølv, bedriftene dei jobbar i legg ikkje til rette for slik opplæring, ikkje varierande nok tilbod på tidspunkt, manglande motivasjon hos den enkelte. Dette gir ein risiko for at mange blir ståande på sida av det norske samfunnet utan mulegheiter for å vere ein fullverdig deltakar.

Tiltak i bulystprosjektet:

- Fokus på språkbruk i dokument, på heimesider og velkomstbrev. Mykje informasjon er tilpassa og det har blitt betre tilrettelagt og lettare å finne. Ein god del informasjon har blitt omsett til engelsk og dei største morsmålsgruppene.
- Synleggjort nettsida til folkehelseinstituttet med svært mykje god informasjon på mange ulike språk.
- Målretta info på fleire språk på kommunane sine heimesider
- Tilbod om samfunnskurs med norsktrening. Annonsert gjennom lokalaviser, heimesider og facebooksider.
- Språkkafe på biblioteket i Herøy.

Vurdering av tiltaka:

Tiltaka har vore gode og målretta. Eg meiner også at dette med språkbruken, den vil ein halde fram med å vere bevisste på. Også tilrettelegging av informasjon på morsmålet

trur eg vi vil bruke i større grad for å sikre rett forståing. Språkkafeen har blitt svært godt motatt i oppstarten, og dette tilbodet vil halde fram. Samfunnskurset med norsktrening var eit vellukka prosjekt med berre positive tilbakemeldingar. Dette utfordrar eg ulike partar om å ta ansvar for i framtida.

Behov for vidare oppfølging/vegen vidare:

- Særleg servicetorga må ha eit overordna overblikk på språkbruken i ulike dokument og på heimesider og facebook. Alle avdelingar må tenkje over om det er informasjon som bør omsettast til ulike morsmål, eller dele ut allereie ekstisterande informasjon.
- Biblioteket held fram med å arrangere språkkafe. Ulike partar som vert spurt om å bidra bør strekke seg langt for å kunne prioritere å stille med sin kunnskap.

Utfordring 2: Forholdet til det offentlege.

Situasjonsforståing: Mange slit med å forhalde seg til «det offentlege Norge», av ulike grunnar og på ulike måtar. Å bygge tillitsfulle relasjonar er vanskeleg, vanskeleg å forstå oppbygginga av vårt system, tidkrevjande å møte opp på nokre av dei offentlege etatane. Særleg forståinga for vårt barnevern har vore ei stor utfording og teke mykje tid.

Tiltak i bulystprosjektet:

- Barnevernet har vore inne på Marine Harvest tre gongar i løpet av eitt år for å ha informasjon til ei gruppe foreldre.
- «Foreldrekurs» med ulike tema; skule/SFO/PPT, barnehage, barnevern, helsestasjon/jordmor, servicetorg og NAV blant anna. Desse nemnte avdelingane var inne for å gi informasjon.
- «Foreldrekurs» for alle utanlandske foreldre i Herøyskulen. Fire samlingar med ulike tema over fire kveldar. SFO, PPT, morsmålsopplæring, barnevern, skulehelseteneste, helsestasjon, kulturskule, bibliotek, frivilligsentral, idrettslag, fritidsaktivitetar, grensesetting var nokre av tema vi hadde. Vi hadde besøk av ei helsesyster, barnevern, idrettslag og kulturskule kvar sin kveld.
- Samfunnskurset med norsktrening var med på å gi viktig informasjon om systemet vårt samt at vi var på besøk nokre stader og vi fekk møte representantar som ein kunne snakke med.
- Ein god del informasjon retta mot dei med born har blitt omsett til dei største morsmålsgruppene.
- Fagdag særleg tilrettelagd for barnevern/helsestasjon og PPT i september 2015
- Fleire av fagsamlingane har vore retta mot dette.
- Etter at Bulystprosjektet fekk tydeleggjort dei store utfordringane fks flytting av skattekontor og politi gjorde med situasjonen i kommunane på Ytre søre

Sunnmøre, gjekk ordførarane i desse kommunane ut i media samt sende brev til statleg hald. Vi fekk sett søkjelyset på denne problematikken.

Vurdering av tiltaka:

Tiltaka har vore gode og målretta. Det har kome gode tilbakemeldingar på alle dei ulike kursa som har vore, på samlingane barnevernet hadde på MH og på informasjon som har blitt tilrettelagd. Det har klart gitt betre forståing for vårt system. Det er mange som seier at dei vil halde fram med å møte denne gruppa for å gi viktig informasjon.Det er framleis ein del frustrasjon rundt tidsbruk som går med for å oppsøke offentlege kontor som er langt vekk. Det er vanskeleg nok med kontor som er i kommunane. (Vedlegg)

Behov for vidare oppfølging/vegen vidare:

- Vi håper ulike avdelingar vil ta ansvar for å skape møtepunkt mellom arbeidsinnvandrarar og seg sjølv for å gi informasjon og gi rom for dialog i åra framover. Vi utfordrar dykk alle til å tenkje over kva de kan gjere for å få til det.
- Staten må heilt klart vurdere konsekvensane av dei vala dei tek, og vurdere om dei skal desentralisere viktige funksjonar igjen.

Utfordring 3: Kulturforståing.

Situasjonsforståing: Generelt har det vist seg utfordrande å forstå kvifor vi gjer som vi gjer, både vi (norske) om dei (Innvandrarane)og dei om oss, er vanskeleg. Det går på alt frå barneoppdragelse, forhold til arbeidsgjevar til det offentlege tenesteapparatet vårt.

Tiltak i bulystprosjektet:

- Arrangert fagdagar, fagsamlingar og frukostseminar med ulike tema som har auka kunnskapen vår på dette emnet.
- Arrangert ulike kurs for å auke kunnskapen om Norge
- Har tilrettelagt for møtepunkt mellom arbeidsinnvandrarar og offentlege etatar slik ein kan skape rom for å stille spørsmål og dialog.

Vurdering av tiltaka:

Tiltaka har vore gode og målretta. Nokre kunne vore gjennomført på kortare tid enn det som vart brukt medan andre kunne hatt noko meir tid.

Behov for vidare oppfølging/vegen vidare:

Vi håpar at barnehage, skule og helsestasjon kan samarbeide om å arrangere samlingar som «Ett barn, to språk, fleire muligheter» i framtida. Det same håper vi at barnevern i desse kommunane kan arrangere fagsamlingar som set kulturforståing på agendaen også i åra som kjem. Vi ser kva slike samlingar har betydd, og viktigheita er stor!

Vegen vidare:

Vi har heilt sidan før oppstart vore svært opptatt av at prosjektet ikkje skulle vere avhengig av ein prosjektleiar. Derfor har prosjektleiar vore i tett dialog og samarbeid med styringsgruppa eller einskildpersonar i styringsgruppa, tilsette på fleire nivå i organisasjonane, politisk, i bedrifter og frivillige lag og organisasjonar. Det har vore mykje god vilje og ønskjer om kva prosjektet skal bety, men det har vore mindre med vilje til å faktisk bruke tid på tiltak som har vore sett i verk. Det er liten tvil om at prosjektet har betydd ein forskjell! For nokre einskildpersonar har dette vore svært viktig, på nokre områder ser ein endringar. Det viktigaste er at ein ser haldningsendring. I nokre avdelingar vert det gjort forskjellig på nye måtar og med eit større fokus på desse nye landsmennene våre. Men dessverre er det slik at nokre ikkje har sett verdien, og vil helst klare seg sjølv. Vi er ikkje heilt fornøgde med blant anna å få til involvering leiarane. Muleg dette ikkje var sterkt nok fokus på i «forprosjektet» og i startfasa av prosjektet. Vart denne delen litt for tilfeldig? Dette viser at forankring i leiarskap, både administrativt og politisk samt ein systematisk tanke bak eit prosjekt bør vere på plass før oppstarten av sjølve prosjektet.

«Å tenkje saman» eller « jobbe saman» har vore omgrep som prosjektleiar har vore opptatt av, det har blitt opplevd noko vanskeleg å få gehør for. Men alle har vore samde om at det høyrest fint og rett ut. Men det er noko usikkert kven som har ansvar for kva. Er det kommunen som har ansvar for alt? Er det bedrifta som har dei utanlandske arbeidarane som har ansvar for alt? Er det staten? Samfunnsansvar har vi alle. Eit inntrykk kan vere at ingen har vore veldig på offensiven, det er mykje «dei har ansvar for å gjere det» om dei andre... Er dette ansvarsfråskriving? Eg vil gjenta at samfunnsansvar har vi vel alle!?

Så ofte det har vore muleg har vi prøvd å snakke om aktuelle tema i prosjektet med ulike grupper og i media. Dette for at alle i lokalsamfunnet har skulle få mulegheita til å få med seg viktigheita av at også det vesle vi gjer som «vanleg» innbyggjar kan utgjere ein forskjell. Haldningane våre er viktige, og det gjeld alle innbyggjarar.

Konkrete utfordringar/forpliktande samarbeid:

Marine Harvest, køyre eit lite internt prosjekt med kulturforståing ved å leige inn Bjørn Christian Nørbeck.

Ulike avdelingar, særleg barnevern og helsestasjon, bør invitere seg inn i dei største bedriftene å ha informasjonsmøter ein gong i året, og bedriftene må legge til rette for at dette vert muleg.

Det er sterkt ønskjeleg at ulike avdelingar, bedrifter, lag og organisasjonar organiserer seg slik at dei årleg inviterer til informasjonsmøter og ein prat over kaffekoppen . (Fks at biblioteket inviterer til ei samling kvart år i september, idrettslaget kvart år i november, servicetorget kvart år i februar og ei bedrift kvar gong i april- og at dei inviterer andre til å vere der saman med dei på sine samlingar fks NAV, Frivilligsentral, kulturkonulent, norsklærar, ordførar/utvalsleiarar, barnevern. Berre fantasien kan sette grenser!) Kanskje dette kan kallast for «Tilflyttardag», men som temasamlingar/ samarbeid på tvers.

Ei utfordring til kommunane er å halde fram å samarbeide. Kva med at Herøy og Ulstein kvart anna år arrangerer ei fagsamling med kulturforståing som tema og inviterer den andre kommunen? Generelt gir samarbeid rundt fagsamlingar det muleg å arrangere fleire til same kostnad, så eg håper at mange avdelingar ser nytten og verdien av å gjere det.

Skape møter/møteplassar mellom innvandrarar, lokalbefolkning og representantar frå ulike organisasjonar/næringsliv/avdelingar i kommunen

Staten må heilt klart tenkje over kvar dei plasserer viktige avdelingar. Dei må også vurdere kva dei kan gjere av tiltak for å tilretteleggje for at fleire får lære seg norsk.

Media må halde fram med å fortelje dei gode historiene. Vi trur at fleire av dei oppslaga og reportasjane i media som har kome som følgje av prosjektet, i seg sjølv har vore med på å betre haldningane i regionen vår. Dette arbeidet må halde fram.

Dette har Bulystprosjektet betydd for meg!

«Bulystprosjektet har gitt meg mulegheit til å delta på seminar der eg får oppdatert kunnskap om språk og kultur som styrkar meg i møte med våre nye landsmenn. Prosjektet har gitt barnehagetilsette mulegheit til auke kompetansen i høve kulturforståing og språkutvikling. OG det er så bra at det har blitt innkjøpt verktøy som vil hjelpe barnehagepersonalet i møte med minoritetsspråklege barn som skal lære norsk.»

Laila Solhaug, barnehageleiar Herøy kommune

«Bulystprosjektet har mellom anna betydd at vi har fått informasjon på kurs om utfordringar som vi som fagfolk står overfor og utfordringar som dei som kjem til oss står overfor. Korleis samarbeide, møte andre kulturar og ikkje minst fått fokus på området felles forståing og ansvar som vi har for barna. Eg meiner vi som skal vere hjelparar treng meir kompetanse på dette området, og det har vi fått ein god del av gjennom Bulystprosjektet.»

Lilly Åse Skogen, Barneverntenesta i Herøy

«Fagdagen for tilsette innan barnevern gav nyttige perspektiv på nokre av dei utfordringane arbeidsinnvandringa gir, for det offentlege hjelpeapparatet, men også for eit lokalsamfunn. Det var også nyttig å få presentert dei meir psykologiske sidene ved migrasjon/integrasjon, og kva utfordringar dette gir for individet. Eg ser absolutt behov for meir kunnskap om slike prosessar og kulturforståing i vår teneste. Og så skulle eg, som eit resultat av min kjennskap til Bulystprosjektet, gjerne sett at det blir eit meir formalisert samarbeid mellom dei som rekrutterer arbeidsinnvandrarar og det offentlege apparatet. Skulle ønske prosjektet fekk halde fram eit par år til .....!»

Brynhild Solvang, den interkommunale barneverntenesta

«For meg har det vore både interessant og meiningsfullt å vere deltakar i styringsgruppa og på den måten ha fått vere med på styre utviklinga i prosjektet, ei oppgåve som tidvis har vore krevjande både for styringsgruppa og prosjektleiinga. Korvidt resultatet står i forhold til forventningane vil sikkert tida vise tydlegare. Dessutan har jo vanskelegare konjunkturar for tida vore med på å "forstyrre" sjølve grunnlaget for prosjektet. Men det var heilt naturleg for meg å anbefale eigen kommune om å delta aktivt i prosjektet, der målsettinga for vår del var å legge tilhøva for våre nye innbyggjarar så godt til rette, både i arbeid og fritid, at desse familiane ville velje å slå seg ned i regionen, og soleis vere med på utvikle våre lokalsamfunn vidare.»

Jan Berset, tidlegare ordførar i Ulstein

«Prosjektet har over tid skapt endra basis for å få til gode haldningar, det har skapt større forståing for kva arbeidsinnvandring er, og det har vore med å bryte ned og dempe fordommar både hos folk flest, i det offentlege, på arbeidsplassar og i sosiale samanhengar. Og prosjektet har også nådd fram til og har skapt grunnlag for betre integrering hos mange arbeidsinnvandrarar og familiane deira. I tillegg har det vorte gjennomført mange praktiske tiltak som har vore nyttige og som har nådd fram dit ein ønskte. Resultata av alt dette er vanskelege å måle, og erfaringane er at tid og alminnelege kvardagserfaringar i seg sjølv gjer at det farlege og skremande med alt nytt og annaleis forduftar, og når dette skjer samtidig med eit så god handtert prosjekt, får det gode og varande resultat. Og det har vore ein utvilsam styrke for prosjektet at vi har hatt ein engasjert, initiativrik, målretta og ikkje minst uthaldande prosjektleiar gjennom heile prosjektet si levetid.»
Magne Gurskevik, Kleven

«Dette prosjektet har for meg, hjelpt meg å lære meir om Norge og om Herøy kommune. Eg har fått snakke med mange flinke norske, og eg har fått møte mange nye og flinke utanlandske. Det har vore ei bra integrering av folk frå utlandet til det norske livet.»

Rima frå Litauen

«Det har vært en rekke hyggelige og informative møter hvor man kan få nyttig informasjon om kommunen og sosiale tjenester samt bli kjent med andre innvandrere og nordmenn og sist men ikke minst - blitt enda bedre kjent med det norske samfunn og bedre integrert til det.»

Neringa frå Litauen

NOTAT

Til: Rådmannen
Frå: Skuleleiar

EVALUERING AV PILOTPROSJEKT «INNFØRINGSGRUPPE FOR MINORITETSSPRÅKLEGE ELEVAR»

Prosjektet starta 20.august 2015. Viser til tidlegare innsendt søknad om midlar, der bakgrunnen for prosjektet var definert. Det skulle vere eit tilbod for minoritetsspråklege elevar som var i ungdomsskulealder når dei kom og skulle starte på grunnskule/norskopplæring.
Vi såg raskt at tilbodet kunne omfatte også elevar på mellomtrinnet (5.-7.trinn), sidan behovet for intensiv norskopplæring vart stort også der.
Det vart tilsett lærar med høg kompetanse innanfor fagområdet. Stillinga vart kombinert med undervisning i norsk for minoritetsspråklege vaksne.

Elevar i innføringsgruppa har kome frå Ytre Herøy ungdomsskule, Bergsøy skule og Einedalen skule. Undervisninga har blitt gitt i klasserom ved YHU.

Oversikt over elevar i innføringsgruppa (pr.des.2015):
-Ytre Herøy ungdomsskule:
    9.trinn: 2 elevar frå Serbia og Litauen
    10.trinn: 1 elev frå Syria
-Bergsøy skule (Borga):
    5.trinn: 2 elevar frå Syria og 1 elev frå Serbia
    6.trinn: 1 elev frå Serbia
    7.trinn: 1 elev frå Syria og 1 elev frå Serbia
-Einedalen skule:
    5.trinn: 1 elev frå Tsjekkia

Dei fleste elevane bur på Bergsøya, dei andre har fått busskort og skuleskyss.
Nokre av elevane starta i august, andre har kome til etter kvart som dei har flytta hit i løpet av hausten.

Undervisning og læring
Elevane har fått undervisning i innføringsgruppa 12 t pr.veke, resten er dei elevar i ordinær klasse på eigen skule.
I innføringsgruppa arbeider ein etter "Læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar". Det er ein overgangsplan med tre nivå, og elevane som går i innføringsgruppa ligg på nivå 1 eller 2. Det vert ikkje sett karakterar i faget grunnleggjande norsk. Elevane har rett på særskilt norskopplæring til dei er ferdig med nivå 3 i læreplanen og kan fylgje ordinær læreplan i norsk.
Det er nødvendig med eit godt samarbeid mellom lærar i norsk og kontaktlærar på den skulen eleven høyrer til. Vi har erfart at dette ikkje alltid har fungert godt nok.

Det at elevane er fordelt på 5.-10.trinn har gått veldig fint i sjølve undervisninga. Elevane har sjølvsagt ulike interesser og er på ulike nivå i livet, men samtidig har dei det felles at dei er nye i Noreg og treng å lære norsk. Det er mykje det same dei treng å lære i starten, uavhengig av alder. Progresjonen har ofte meir å gjere med om dei har mykje eller liten skulebakgrunn frå heimlandet. Tilpassing og deling i grupper internt i gruppa, både etter nivå og alder, har gått fint for å tilpasse undervisninga. Elevane har stort sett fungert godt i

gruppa, uavhengig av alder, bakgrunn og morsmål. Det har vore noko meir utfordrande med ulik alder i friminutta og i det sosiale. Dei yngste vil gjerne ha meir leik, noko som er vanskeleg å legge til rette på uteområdet rundt YHU.
Det å ha tilbodet nært knytt opp mot Internasjonal skule har hatt ein kompetansemessig god effekt. Dette pga fagmiljø, struktur og tilgang til materiell.
I innføringsgruppa får elevane oppleve meistring frå første skuledag. Dette er viktig for at dei ikkje skal miste motivasjonen og gi opp. Det er lettare å legge til rette for tilpassing i denne gruppa, enn i eit klasserom med ordinær undervisning, særleg på ungdomstrinnet der fagspråket er meir komplisert og det vert stilt høge krav til elevane. I innføringsgruppa får elevane lære saman med andre elevar som er i same situasjon, og då får dei sjå at dei ikkje er åleine om å vere ny i Herøy og å ikkje kunne språket.

Vurdering av om tilbodet bør halde fram.
Utifrå dei erfaringane ein har gjort til no, meiner alle partar at tilbodet bør halde fram. Sidan dette har vore nybrottsarbeid, har ein også erfart og sett område som bør justerast i det ein går vidare.
Dette gjeld særleg rutinar for tettare kontakt mellom lærar i innføringsgruppa, kontaktlærar på skulen og heimane. Den tette kontakten er også viktig for at elevar i større grad skal få delta i aktivitetar som vil betre den sosiale integreringa inn mot elevar i eigen klasse. Dette kan vere deltaking i idrettsaktivitetar og praktiske-estetiske fag elles.
For neste skuleår, er det eit ønskje å auke timetalet, særleg i starten, slik at elevane får eit norsktilbod kvar dag. Dette vil vere eit spørsmål om ressursar og prioritering, samt ei vurdering utifrå mottak av flyktningar i denne aldersgruppa og statleg tilskot til opplæring av desse.
Så veit vi at gode norskkunnskapar er fundamentet for ei god integrering i lokalsamfunnet og høve til seinare utdanning og arbeid. Grunnlaget vert lagt i grunnskulealder, og vi må finne den beste og mest effektive måten å drive denne undervisninga på.

Konkusjon
Konklusjonen er at elevane som har delteke i dette tilbodet, har fått ei betre og meir systematisk norskopplæring enn det som elles hadde vore muleg. Dette sidan ein har samla ressursane, i staden for å spreie dei utover fleire skular, samt at ein gjennom dette også har samla undervisningsansvaret på **ein** lærar, med spesialkompetanse på området.

28.desember 2015
Sølvi Lillebø Remøy

Referatsaker

Referatsaker

VANYLVEN KOMMUNE
Servicetorget

Ordf. MAV

R-sak

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. | Saksbeh.
16 DES. 2015
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. | Dok.nr.
Kassasjon

Ordførar

Rådmann

Saksnr	*Løpenr/Arkiv*	*Dykkar ref.*	*Avd/Saksansvarleg*	*Dato*
2012/571	6581/2015 / 002		SER / NORAND	14.12.2015

MELDING OM VEDTAK

Kommunereforma - intensjonsavtale med Nordfjordkommunane

Kommunestyret handsama i møte den 08.12.2015 – sak 125/2015. Følgjande vedtak vart fatta:

1. Vanylven kommunestyre vil at arbeidet med å framforhandle intensjonsavtalar med nærliggande kommunar må fortsette. Vi skal forhandle med Sande, Ulstein, Herøy og Hareid, på lik linje som vi forhandlar med Selje, Vågsøy og Eid kommune.
Det skal gjennomførast ei rådgjevande folkeavstemning over dei ulike alternativa.

2. Vanylven kommunestyre betalar sin andel av kostnaden med arbeidet som vert gjort med intensjonsavtalen med Selje, Vågsøy, Eid og Vanylven kommune. Rekna etter folketalet vert Vanylven kommune sin del av totalkostnaden kr. 162.500,-.

Rett utskrift:
Vanylven kommune
Kåre Kvangarsnes
Konsulent

Kopi: Kommunane Selje, Vågsøy, Eid, Sande, Ulstein, Herøy, Hareid
Økonomileiar
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Fra: Pergunn Gjerdsbakk [mailto:pergunn@gjerdsbakk.com]
Sendt: 6. januar 2016 14:31
Til: Herøy ordførar
Emne: Samferdsel

Samferdsel.
Eit betydeleg antall menneske pendlar dagleg og ukentleg frå kommunene på Søre Sunnmøre til Ålesund og omvendt. Dette gjeld både arbeidstakarar og studentar.
No jobbar ei gruppe politikarar med ei mellombels hurtigbåtløysing på transportåra mellom Stadt og Ålesund/ Vigra i påvente av Stadt skipstunnel. Er Herøy kommune aktiv i denne saka med tanke på å legge inn eit stopp på hurtigbåtruta i Herøy?
(Fosnavåg/Mjølstadneset/Torvik) Dette er ei hurtigbåtrute som kan leve lenge, også etter tunnelen er ferdigbygd.
Her har vi ei god anledning å gjere Herøy til eit knytepunkt for alle kommuner på Søre Sunnmøre. Den kan vi ikkje la gå frå oss.

Med venleg helsing Pergunn Gjerdsbakk

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Formannskapet

Frå: Dokumentsenter og politisk sekretariat

Saksnr	Arkivkode	Dato
2015/518	082	20.11.2015

SPØRMÅL TIL REGLEMENTET FOR GODTGJERSLE FOR KOMMUNALE OMBOD GJELDANDE FRÅ 22.10.2015

Viser til vedtak i K-sak 110/15 og punkt 2, siste setning:
«Der representantar må møte på møter utover ordinære møter skal han/ho ha ei møtegodtgjersle på kr 600»

Det er behov for ei klargjering av dette punktet.

Er dette meint å gjelde for andre politiske møter utover dei fastsette møta som politisk sekretær sender innkalling til. Dette vil då t.d. vere møte i representantskapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Eller skal det også gjelde for andre typer møter som folkevalde møter på. Slik som t.d. kurs, workshop, andre politiske samlingar etc.

Med helsing

Hilde Bringsvor Skinnes
Politisk sekretær

Fra: Einar Heimdal [mailto:einar@reinhaldsverket.no]
Sendt: 16. desember 2015 12:05
Til: Arnulf Goksøyr; Per Kristian Furø 1 (per.kristian.furo@rolls-royce.com); Per Kristian Furø; Knut Erik Engh; Knut Erik Engh (knutengh@hotmail.com); Magne Gurskevik (magne.gurskevik@klevenmaritime.no); Per Botnen (perbotnen@me.com) ; Anders Riise; Dag Vaagen; Marion Flatøy Bringsvor (marion.bringsvor@gmail.com); Ann-Katrin Storøy; Ole Brubakk; Solveig Båtsvik (solveig.baatsvik@gmail.com); Gerd Kopperstad; Heidi Strand; Heidi Strand 2 (heidi.strand@tussa.com); Renathe Rossi-Kaldhol; Olav Sæter (olavsaeter@yahoo.no); Kristian Fuglseth; Ingebjørn Grimstad; Helge Støylen (hs@brimer.no); Anne Marthe Gjerde (endrstra@online.no); Jostein Støylen (jostein@vkus.no); Einar G. Løkken (einar.lokken@bdo.no) ; Camilla Fylling Moltu (camilla.moltu@bdo.no); George Fulford (fulford@fpadvokat.no) ; Einar Warholm (einar.warholm@dimo.no) ; Gro Anita Engh (gro_anita.engh@rolls-royce.com); Edel Kvalsund Goksøyr; Edel K. Goksøyr p (edelkg@hotmail.com); Margaret Leinebø (margaret.leinebo@sparebanken.no); Håkon Vestnes (heiakon@outlook.com) ; Ole Andreas Sæther (ole.andereas@gmail.com); 'ole.andereas@kindle.com'; Helene Jessen; Laila Fure; Rune-Johan Tarberg; Jostein Husøy; Linn Urke Osnes; Firmapost@reinhaldsverket.no; Lidvin Sundgot; Jan-Ove Hoddevik; Andreas Dimmen; Martine Holm; Olaus-Jon Kopperstad; Einar Vik Arset; Bent Arild Grytten; Asle Giske; Jarl Martin Møller; Jon Rune Våge; Fred Arnesen; Arne Runar Vik; Nils Yngve Nupen; Lars Hustad; Øyvind Vassbotn; Thor Sigmund Garvik; Kjetil Nesset; Oddbjørn Indregård; Kjell Martin Vikene; postmottak; Ulstein Postmottak; Postmottak Hareid; Sande Kommune; Mona-Grethe Ryssevik; Arkiv Herøy; 'arkiv@sande-mr.kommune.no'; 'ytre@smp.no'; 'redaksjon@heroynytt.no'; 'redaksjon@vikebladet.no'; 'redaksjon@vestlandsnytt.no'; 'endre@vestlandsnytt.no'
Emne: SSR - Ferdigsignerte protokollar frå møta i representantskapet 5/11 og 25/11, 2015

Hei !

Vedlagt finn de ferdigsignerte protokollar frå møta i representantskapet 5. og 25. november 2015.

Ha ei fin veke vidare!

Mvh
Einar Heimdal
SSR

HOVUDUTSKRIFT

FOR

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 25. november 2015
Tidspunkt.: Kl. 08.30 – 09.15

Som medlemmer møtte:
Arnulf Goksøyr (f.o.m. sak R26/15)
Knut Erik Engh, Magne Gurskevik, Per Botnen
Dag Vaagen, Marion Flatøy Bringsvor

Følgande medlemmer møtte ikkje: Mona Ryssevik, Thor-Sigmund Garvik, Per Kristian Furø, Anders Riise og Kjetil Nesset

Som varamedlemmer møtte: Kristian Fuglseth (for Anders Riise)

Frå administrasjonen møtte:
Einar Heimdal og Laila Fure

Saker som vart handsama: Sakene R24/15 – R26/15

Vedtakssaker:

SAK NR R24/15
GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak samr.:
Innkallinga og saklista vart godkjend.

Forts.

Forts.

SAK NR R25/15
VALG AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR)

Vedtak, samr.:
Per Botnen og Marion Flatøy Bringsvor skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar).

SAK NR R26/15
KONSTITUERING AV REPRESENTANTSKAPET

Vedtak, samr.:
Representantskapet gjorde følgande valg for valgperioden:

Leiar:	Knut Erik Engh
Nestleiar:	Arnulf Goksøyr
Valgkomité:	Anders Riise, Hareid, leiar
	Magne Gurskevik, Ulstein
	Solveig Båtsvik, Herøy
	Dag Vaagen, Sande

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Ulsteinvik, 26. november 2015

Knut Erik Engh
representantskapsleiar

Per Botnen

Marion Flatøy Bringsvor

Einar Heimdal
dagleg leiar

HOVUDUTSKRIFT

FOR

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 5. november 2015
Tidspunkt.: Kl. 10.00 – 12.35

Som medlemmer møtte:
Arnulf Goksøyr, Camilla Storøy, Per Kristian Furø, Karly Ingunn Teige
Knut Erik Engh, Magne Gurskevik (f.o.m. sak R19/15)
Anders Riise
Dag Vaagen, Marion Flatøy Bringsvor

Følgande medlemmer møtte ikkje: Annika Brandal og Per Botnen

Som varamedlemmer møtte: Olav Sæter (for Per Botnen)

Frå styret møtte:
George Fulford, Einar Warholm, Edel K. Goksøyr, Margaret Leinebø og Ole Andreas Sæther

Frå administrasjonen møtte:
Einar Heimdal, Laila Fure, Rune Tarberg og Linn Urke Osnes

Andre som møtte:
Revisor Einar Giljarhus Løkken og revisor Camilla Fylling Moltu

---

Saker som vart handsama: Sakene R14/15 – R23/15

Forts.

Vedtakssaker:

SAK NR R14/15
GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak samr.:
Innkallinga og saklista vart godkjend.

SAK NR R15/15
VALG AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR)

Vedtak, samr.:
Anders Riise og Olav Sæter skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar).

SAK NR R16/15
EVENTUELL KONSTITUERING AV REPRESENTANTSKAPET

Vedtak, samr.:
Saka blir utsett, og det blir kalla inn til eit kort konstitueringsmøte i slutten av november 2015.

SAK NR R17/15
REVIDERT BUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015 – 2018

Vedtak, samr.:
Representantskapet godkjenner revidert budsjett for 2015 og revidert økonomiplan for 2015 – 2018.

Forts.

SAK NR R18/15
BUDSJETT 2016, INKL. GEBYRREGULATIV FOR 2016 OG ØKONOMIPLAN 2016 – 2019

Vedtak, samr.:
Representantskapet vedtar følgande:
1) Budsjettet for 2016
2) Økonomiplanen for perioden 2016 – 2019
3) Låneopptaket til nye miljøstasjonar
4) Tar gebyrregulativet til etterretning og sender det over til kommunestyra for endeleg godkjenning der

SAK NR R19/15
STRATEGISK PLAN FOR SSR

Styret si tilråding til vedtak:
Representantskapet godkjenner ny strategiplan for perioden 2016 – 2019.

Forslag frå Anders Riise:
Representantskapet godkjenner ny strategiplan for perioden 2016 – 2019, med unntak av at punkt 4.2, delpunkt i), blir stroke frå planen.

Alternativ røysting: Styret si tilråding vs Riise sitt forslag.

Vedtak, 7 mot 3 røyster:
Representantskapet godkjenner ny strategiplan for perioden 2016 – 2019, med unntak av at punkt 4.2, delpunkt i), blir stroke frå planen.

SAK NR R20/15
PROSESSOPPSTART FOR REVISJON AV SELSKAPSAVTALE OG EIGARSTRATEGI

Vedtak, samr.:
Representantskapet vedtar at revisjonsarbeidet med eigarstrategien og selskapsavtala startar opp i januar 2016. Revidert eigarstrategi og selskapsavtale kjem då opp att på vårmøtet i representantskapet – før begge blir oversende til eigarkommunane for endeleg vedtak der.

Forts.

Orienteringssaker:

SAK NR R21/15
ØKONOMISK RESULTAT ANDRE TERTIAL OG ESTIMAT / PROGNOSE FOR 2015
Generell orientering om økonomien i 2015, utan at det vart gjort vedtak i saka.

SAK NR R22/15
ORIENTERING OM STATUS PÅ UTBYGGINGSPROSJEKTA
Generell orientering om dei tre utbyggingsprosjekta, utan at det vart gjort vedtak i saka.

SAK NR R23/15
ORIENTERING OM NY KOMMUNIKASJONSPLAN
Generell orientering om den nye kommunikasjonsplanen, utan at det vart gjort vedtak i saka.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Ulsteinvik, 10. november 2015

Knut Erik Engh
representantskapsleiar

Olav Sæter

Anders Riise

Einar Heimdal
dagleg leiar

Fra: Mette Grude [mailto:mette.grude@hero.no]
Sendt: 24. november 2015 12:10
Til: Olaus-Jon Kopperstad
Kopi: Kjartan Dirdal
Emne: Mottak for enslige mindreårige i Herøy kommune

Hei

Det vises til tidligere informasjon vedr. etablering av mottak for enslige mindreårige. Vi har i dag fått svar fra UDI regionskontor Midt om resultat og vi har fått avtale om å etablere mottak i deres kommune.

Sender denne mailen i første omgang og vil ta kontakt med dere i nær fremtid for å avtale videre informasjonsarbeid og samarbeid.

Tekst i tildelingsbrevet fra UDI 24.11.2015:
«Hero Norge AS – 40 plasser + 10 + 10 opsjonsplasser i Herøy kommune»

Med vennlig hilsen

Mette Grude
Regionsjef mottak for enslige mindreårige
Hero Norge AS

Altonagata 12, 4307 Sandnes
Direkte tlf: +47 51 60 18 95
Mobil: +47 917 17 586
E-post: mette.grude@hero.no
Heimeside: www.hero.no

Beskrivelse:
cid:image001.jpg@01CD29CF.92FC9BD0

R-fsu

KOPI

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vår dato
09.12.2015
Dykkar dato

Vår ref.
2015/5460/FMMRARNO/520
Dykkar ref.
AKL

Saksbehandlar, innvalstelefon
rådgjevar Arnt Erik Nordheim, 71 25 84 80

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2015/1707 Saksbeh. OJK
11 DES. 2015
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr.
Kassasjon

Søre Sunnmøre landbrukskontor
Dragsundvegen 6
6080 GURSKØY

Brevet dykkar 04.12.2015 – tilbakemelding på spørsmål om vedtakspraksis

Vi viser til førebels kontrollrapport i sak om organisering av interkommunale landbrukskontor 09.11.2015, og til motteken kopi av styrevedtak frå Søre Sunnmøre Landsbrukskontor (SSL) av 03.12.2015, sak 35/2015. Landbrukskontoret har den 04.12.2015 i tillegg stilt spørsmål om de i ein overgangsperiode, inntil eigarkommunane har funne ny løysing på organiseringa av samarbeidet, kan halde fram som tidlegare.

Bakgrunn for saka og vedtaket frå styret i SSL
Fylkesmannen konkluderte i kontrollrapporten med at kommunelova § 27 nr. 1 ikkje opnar for delegering av forvaltningsmynde til interkommunale selskap eller interkommunale styre, utan at det eventuelt ligg føre særskilt heimel for slik delegering gjennom særlov. Vi la derfor til grunn at SSL med dagens organisering ikkje kunne tildelast mynde til å gjere enkeltvedtak på vegner av eigarkommunane. Vi viser elles til den førebelse kontrollrapporten i sin heilskap.

Styret i SSL overlèt i vedtak 03.12.2015 til eigarkommunane å gjennomføre ei eventuell omorganisering av drifta ved kontoret, men peiker på at ei omorganisering uansett vil verte påverka av kva utfall kommunereforma vil få. Fylkesmannen ser at det kan vere naturleg å vurdere organisasjonsmodell og moglege deltakarkommunar som ledd i reformarbeidet, og vi tek vedtaket frå styret i SSL til vitande.

Spørsmålet om sakshandsaming og vedtaksmynde framover
Dersom forvaltningsvedtak i ein overgangsperiode vert gjort utan delegering i tråd med kommunelova, altså med såkalla personelle kompetansemanglar, kan dette føre til at enkeltvedtak vert ugyldige.

I tråd med forvaltningsrettsleg lære vil manglar ved avgjerder *som er til gunst for ein part og ikkje til skade for andre*, føre til at vedtaka vert *angripelege*. Dette inneber at avgjerdene står ved lag, trass i feilen, inntil dei vert *kjent ugyldige* av organet sjølv eller av overordna organ. Etter det kommunane har opplyst legg Fylkesmannen til grunn at hovuddelen av dei sakene SSL handsamar gjennom elektroniske løysingar som WESPA, Web-SAKA, ESTIL og ØKS vil vere avgjerder i denne kategorien. I alle høve føreset Fylkesmannen at personelle kompetansemanglar vil kunne reparerast av klageinstansen i eventuelle klagesaker der det er tale om delegert mynde frå departementet til kommunal landbruksforvaltning. Det vil også kunne spele inn om vedtak byggjer på sentralt fastsette satsar og objektive vilkår eller

kriterium, slik at avgjerdene følgjer direkte av regelverket og det er lite rom for lokalt skjønn.

For vedtak som *pålegg private byrder eller plikter*, som til dømes avkorting av tilskot, vil hovudregelen derimot vere at personelle kompetansemanglar medfører ugyldigheit. Også i slike tilfelle kan det tenkjast at klageinstansen kan reparere enkelte manglar ved ei klagehandsaming. Det må derimot leggjast til grunn at slike avgjerder i større grad byggjer på konkrete avvegingar og skjønn, og at partar som utgangspunkt har krav på å få vurdert saka i to instansar. For denne typen avgjerder, og for andre vedtak som inneheld vesentlege element av skjønn, rår Fylkesmannen derfor klart til at kommunane i ein eventuell overgangsperiode vel alternative handsamingsformer. Alternativ kan til dømes vere at SSL, på same måte som for andre sakstypar i dag, førebur saker for avgjerd av deltakarkommunane sjølv, enten politisk eller administrativt ved rådmannen i vedkommande kommune.

Avsluttande kommentar

Vi strekar under at vi med rettleiinga ovanfor ikkje legg føringar for korleis kommunane skal innrette organiseringa eller sakshandsaminga på landbruksområdet framover, men at ei slik vurdering tilkjem kommunestyra i Herøy, Ulstein og Hareid, jf. kommunelova § 6.

Som det elles går fram av brevet vårt 09.11.2015, legg Fylkesmannen til grunn at kommunane vil vurdere organiseringa av SSL, og i framtida leggje til rette for at formelle forvaltningsvedtak på vert gjort av nokon som er underlagt kommunalt instruksjonsmynde.

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)
fung. landbruksdirektør

Arnt Erik Nordheim
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi:

Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID

Pasient- og brukerombudet

Møre og Romsdal

PO

Ref. Eldreråd, folk/kst.

Herøy kommune
v/rådmann og ordfører
6090 Fosnavåg



Deres ref.:	
Saksbehandler:	Runar Finvåg
Direkte telefon:	71570900
Vår ref.:	15/15774-2
Dato:	08.12.2015

Har kommunen tilstrekkelig tilbud om sykehjemsplasser i forhold til lovkrav?

Dette brevet er sendt til samtlige kommuner i Møre og Romsdal. Vi ber om at brevet legges frem for kommunens Eldreråd og kommunestyre/bystyre til orientering.

Pasient- og brukerombudet viser til avgjørelse i tilsynssak fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 16.11.15 som fastslår at Giske kommune bryter loven ved ikke å tilby nødvendige helse- og omsorgstjenester i form av tilstrekkelig antall sykehjemsplasser. Saken ble omtalt i media (NRK og Sunnmørsposten) 19.11.15. Kommunens tilbud om sykehjemsplasser besto utelukkende av 8 plasser i skjermet enhet til personer med demenssykdom. Kommunen hadde i tillegg 65 omsorgsboliger i bokollektiv med heldøgns bemanning til bruk for personer med behov for andre helse- og omsorgstjenester. Dette var ikke tilstrekkelig i forhold til lovkravet og Fylkesmannen viser til at kommunen er forpliktet til å ha tilbud om langtids- og korttidsplasser i sykehjem – også for andre pasienter enn de som har en demenssykdom.

Det er forskjellige rettskrav til sykehjem i forhold til omsorgsboliger – uavhengig om de har heldøgns bemanning eller ikke. Sykehjemsforskriften stiller krav til innhold av tjenester på sykehjem, bl.a. legetjeneste, fysioterapitjeneste og sykepleietjeneste. Beboere på sykehjem har i tillegg til rettigheter jf. Pasient- og brukerrettighetsloven også definerte rettigheter jf. Sykehjemsforskriften kap. 4 *Om beboernes rettigheter*. Fylkesmannens vedtak viser også til at kommunen ikke kan plassere pasienter som ikke har demenssykdom på skjermet enhet i sykehjem beregnet til demenspasienter. Tjenester i omsorgsbolig (også omsorgsboliger i bokollektiv med heldøgns bemanning) er rettslig det samme som å bli tilbudt tjenester i eget hjem – og det stilles ikke de samme kvalitetskrav som til sykehjem.

Utviklingen av helse- og omsorgstjenestene går i retning av å styrke den hjemmebaserte omsorgen slik at befolkningen skal få bo hjemme lengst mulig selv når de får behov for hjelp. Denne strategien er det bred politisk enighet om. Mange kommuner sliter nå med økonomiske utfordringer og vi er kjent med at sykehjemsplasser legges ned som følge av økonomiske innstramninger. Dette gir grunn til vår bekymring om utviklingen av helse- og omsorgstjenestene både på kort og lang sikt.

Vi erfarer i dag at mange pasienter/brukere opplever svært høy terskel for å få sykehjemsplass. I tillegg er det stort press på institusjonsplasser for pasienter som blir utskrevet fra sykehus og trenger oppfølging fra kommunens helse- og omsorgstjeneste. Prognoser for fremtidig befolkningsutvikling viser at det for de neste 10-15 årene vil være behov for både flere institusjonsplasser og å styrke hjemmebasert pleie- og omsorgstjeneste. Vi ber derfor kommunene å sikre at de både har tilstrekkelig tilbud om sykehjemsplasser i tråd med lovkrav, og tilstrekkelig dimensjonerte hjemmebaserte helse- og omsorgstjenester. Dette må sikres både i et kort og langsiktig perspektiv.

Pasient- og brukarombodet i Møre og Romsdal
Astrups gate 9, 6509 Kristiansund • Besøksadresse: Astrups gate 9
Telefon +47 71 57 09 00 • mr@pasientogbrukerombudet.no • www.pasientogbrukerombudet.no

Med vennlig hilsen

Runar Finvåg
pasient- og brukarombod

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520

6404 MOLDE

Telefon: 700 84 670
Adresse: Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref: 2015/5460/FMMRATNO/520 Vår ref: AKL Dato: 04.12.2015

Uttale til Fylkesmannen på forvaltingskontrollen

Styret i Søre Sunnmøre Landbrukskontor gjorde slikt samrøystes vedtak i styremøte den 03.12.2015, sak 35/2015:

Styret i Søre Sunnmøre Landbrukskontoret tek førebels kontrollrapport frå Fylkesmannen datert 09.11.2015 til vitande. Vi ser ein må organiserer drifta ved kontoret i tråd med Fylkesmannen sine merknader. Styret overlet ei eventuell endring til eigarkommunane, men vil påpeike at det er ei særdeles uheldig tid for omorganisering, då det er avhengig av kva utfall kommunereforma vil få. Styret bed også Fylkesmannen sjå ei endring i samanheng med kommunereforma.

Rett utskrift av vedtaket
Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Kopi til:

Herøy kommune
Ulstein kommune
Hareid kommune

Fra: Anne-Kathrine Løberg
Sendt: 4. desember 2015 11:30
Til: Fylkesmannen i Møreog Romsdal (fmmrpostmottak@fylkesmannen.no)
Kopi: postmottak; Postmottak Hareid; Ulstein Postmottak; Wenche O. Labakk
Emne: Oversending av vedtak frå styret i Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Sjå vedlegg.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
landbrukssjef

Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
Telefon: 700 84 671/ 900 34 380
Epost: anne.kathrine.loberg@landbrukskontoret.no

Søre Sunnmøre Landbrukskontor
møteprotokoll

Utval:	Styret for Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Møtestad:	Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Møteleiar:	Styreleiar Wenche Osnes Låbakk
Dato:	03.12.2015
Møtestart:	15.00
Møteslutt:	16.55

Fast medlemmer som møtte:

Wenche Osnes Låbakk	leiar, representant for Ulstein kommune
Jarl Grimstad	styremedlem, Herøy kommune
Bjarne Kvalsvik	styremedlem, Herøy kommune
Hallgeir Teigene	styremedlem, Hareid kommune

Faste medlemmer med forfall:

Annika Brandal	styremedlem, Hareid kommune
Olav O. Dimmen	nestleiar, Ulstein kommune

Varamedlemmer med forfall:

Anders Riise	vara for Brandal, Hareid kommune
Oddny Våge Ulstein	vara for Dimmen, Ulstein kommune

Tilsett i administrasjonen som møtte:

Anne Kathrine Løberg	landbrukssjef
Kristin Myrene	tilsette sin representant tok del i sak 31/2015, 32/2015, 33/2015 og 35/2015.

Jmf.§ 5, tredje ledd: «Når styret handsamar saker som vedkjem dei tilsette, vert styret utvida med ein representant for dei tilsette, og styret tel difor i slike saker 7 personar.»

Sak 35/2015 vert handsama etter sak 31/2015.

Sak 29/2015 – godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak:
Styret godkjenner innkalling og sakliste.

Samrøystes vedtak:
Styret godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 30/2015 – godkjenning av protokoll frå møte 26.08.2015

Tilråding til vedtak:
Styret godkjenner protokollen frå styremøte den 26.08.2015

Samrøystes vedtak:
Styret godkjenner protokollen frå styremøte den 26.08.2015

Sak 31/2015 – meldingar

Tilråding til vedtak:
Styret tek meldingane til vitande.

Nytt framlegg frå leiar:

Styret tek meldingane punkt 1 og 3 til vitande. Punkt 2 vert ny sak 35/2015 - uttale til Fylkesmannen på forvaltingskontrollen.

Samrøystes vedtak:
Styret tek meldingane punkt 1 og 3 til vitande. Punkt 2 vert ny sak 35/2015 - uttale til Fylkesmannen på forvaltingskontrollen.

Sak 32/2015 – tilsetting av rådgjevar naturforvalting i 50% stilling

Tilråding til vedtak:
Styret vel å ikkje tilsette rådgjevar naturforvalting i 50 % stilling, men let stillinga stå vakant inntil vidare. Grunngjevinga er ut frå arbeidsbehovet ved kontoret på kort sikt.

Nytt felles framlegg:

Styret vel å ikkje tilsette rådgjevar naturforvalting i 50 % stilling, men let stillinga stå vakant inntil vidare. Grunngjevinga er ut frå at arbeidsbehovet ved kontoret har endra seg siste tida, og i påvente av kva utfall kommunereforma vil få.

Samrøystes vedtak:
Styret vel å ikkje tilsette rådgjevar naturforvalting i 50 % stilling, men let stillinga stå vakant inntil vidare. Grunngjevinga er ut frå at arbeidsbehovet ved kontoret har endra seg siste tida, og i påvente av kva utfall kommunereforma vil få.

Sak 33/2015 – budsjett for 2016

Tilråding til vedtak:
Budsjett 2016 for Søre Sunnmøre Landbrukskontor vert godkjent. Budsjettet går i balanse og syner ei omsetning på kr 2 757 900 Etter den prosentvise fordelinga mellom eigarkommunane vert kostnadane for eigarkommunane slik:

Herøy kommune	43 %	1 152 787
Ulstein kommune	29 %	777 461
Hareid kommune	28 %	750 652

Det vart peika på at den vakante 50% stilling må vere med i budsjettet for2016.

Styret kom med felles framlegg til vedtak:

Budsjett 2016 for Søre Sunnmøre Landbrukskontor vert godkjent. Budsjettet går i balanse og syner ei omsetning på kr 3 030 600 Etter den prosentvise fordelinga mellom eigarkommunane vert kostnadane for eigarkommunane slik:

Herøy kommune	43 %	1 270 048
Ulstein kommune	29 %	856 544
Hareid kommune	28 %	827 008

Samrøystes vedtak:
Budsjett 2016 for Søre Sunnmøre Landbrukskontor vert godkjent. Budsjettet går i balanse og syner ei omsetning på kr 3 030 600 Etter den prosentvise fordelinga mellom eigarkommunane vert kostnadane for eigarkommunane slik:

Herøy kommune	**43 %**	**1 270 048**
Ulstein kommune	**29 %**	**856 544**
Hareid kommune	**28 %**	**827 008**

Sak 34/2015 – justering av disposisjonsfondet

Tilråding til vedtak:
Saka vert lagt fram utan tilråding til vedtak.

Styret kom med felles framlegg til vedtak:
Styret tek signalet frå rådmennen i møte den 26.08.2015 til vitande og vel å regulere ned disposisjonsfondet til kr. 400.000,-. Utbetaling frå fondet skjer i samsvar med fordelingsnøkkel for innbetaling av driftstilskot frå kommunane.

Samrøystes vedtak:
Styret tek signalet frå rådmennen i møte den 26.08.2015 til vitande og vel å regulere ned disposisjonsfondet til kr. 400.000,-. Utbetaling frå fondet skjer i samsvar med fordelingsnøkkel for innbetaling av driftstilskot frå kommunane.

Sak 35/ 2015 - uttale til Fylkesmannen på forvaltingskontrollen

Styret kom med felles framlegg til vedtak:

Styret i Søre Sunnmøre Landbrukskontoret tek førebels kontrollrapport frå Fylkesmannen datert 09.11.2015 til vitande. Vi ser ein må organiserer drifta ved kontoret i tråd med Fylkesmannen sine merknader. Styret overlet ei eventuell endring til eigarkommunane, men vil påpeike at det er ei særdeles uheldig tid for omorganisering, då det er avhengig av kva utfall kommunereforma vil få. Styret bed også Fylkesmannen sjå ei endring i samanheng med kommunereforma.

Samrøystes vedtak:

Styret i Søre Sunnmøre Landbrukskontoret tek førebels kontrollrapport frå Fylkesmannen datert 09.11.2015 til vitande. Vi ser ein må organiserer drifta ved kontoret i tråd med Fylkesmannen sine merknader. Styret overlet ei eventuell endring til eigarkommunane, men vil påpeike at det er ei særdeles uheldig tid for omorganisering, då det er avhengig av kva utfall kommunereforma vil få. Styret bed også Fylkesmannen sjå ei endring i samanheng med kommunereforma.

Dragsund, den 03.12.2015

Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Wenche Osnes Låbakk
Styreleiar

Fra: Anne-Kathrine Løberg
Sendt: 10. desember 2015 10:01
Til: postmottak; Postmottak Hareid; Ulstein Postmottak
Kopi: Olaus-Jon Kopperstad; Einar Vik Arset; Bent Arild Grytten
Emne: SV: Protokoll frå styremøte 03.12.15 i Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Det var diverre ein feil i protokollen som vart sendt ut den 04.12.
Feilen er no retta opp og styreleiar har godkjend protokollen på nytt.
Ny versjon ligg ved.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
landbrukssjef

Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
Telefon: 700 84 671/ 900 34 380
Epost: anne.kathrine.loberg@landbrukskontoret.no

Fra: Anne-Kathrine Løberg
Sendt: 4. desember 2015 10:22
Til: 'postmottak'; Postmottak Hareid kommune; postmottak@ulstein.kommune.no
Kopi: Olaus-Jon Kopperstad; Einar Vik Arset; Bent Arild Grytten
Emne: Protokoll frå styremøte 03.12.15 i Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Sjå vedlegg.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
landbrukssjef

Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
Telefon: 700 84 671/ 900 34 380
Epost: anne.kathrine.loberg@landbrukskontoret.no

Fra: May-Ann Bruun [mailto:May-Ann.Bruun@ks.no]
Sendt: 3. desember 2015 11:53
Til: Aukra kommune; Aure kommune; Averøy kommune; Eide kommune; Fræna kommune; Giske kommune; Gjemnes kommune; Halsa kommune; Haram kommune; Postmottak Hareid; postmottak; Kristiansund kommune; Midsund kommune; Molde kommune; Møre og Romsdal fylkeskommune; Nesset kommune; Norddal kommune; Rauma kommune; Rindal kommune; Sande Kommune; Sandøy kommune; Skodje kommune; Smøla kommune; Stordal kommune; Stranda kommune; Sula kommune; Sunndal kommune; Surnadal kommune; Sykkylven kommune; Tingvoll kommune; Ulstein Postmottak; Resepsjon postmottak; Vestnes kommune; V-Postmottak; Ørskog kommune; Ørsta postmottak; Ålesund kommune
Emne: Protokoll frå Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal den 18. november 2015

Denne eposten er sendt postmottak i kommunane samt valde utsendingar til fylkesmøte i KS M&R, med vara.

Til
Kommunane i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune

Protokoll frå fylkesmøte i KS Møre og Romsdal den 18. november 2015, er lagt under lenkja her: http://opengov.cloudapp.net/Meetings/KS/Meetings/Details/359046 .

Med venleg helsing
May-Ann Bruun
Rådgjevar KS Møre og Romsdal
Adviser

Epost Email: may-ann.bruun@ks.no
Telefon Phone: (+47) 24 13 26 00
Mobil Cellular: (+47) 907 39 870
http://www.ks.no

Beskrivelse
KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON
The Norwegian Assosiation of Local and Regional Authorities

Delegerte saker frå avdelingane

DS 1/16 Sal av tomt 56/54 i Storeneset 18.12.2015 00:00:00